



Møteinnkalling

Utval:	Tysnes kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	15.05.2024
Tid:	10:00

Dersom nokon av dei andre medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Anne Kristi Alfstad
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/24 GK 6/24	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.04.2024 Politiske saker	2024/6	
PS 11/24	Årsmelding og årsrekneskap 2023 for Tysnes kommune - Uttale frå kontrollutvalet	2023/443	
PS 12/24	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028	2023/406	
PS 13/24	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028	2023/407	
PS 14/24	Henvending - Klage på kommunens rutiner for sakshandsaming	2022/307	
PS 15/24 PS 16/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval Eventuelt Referat saker	2023/479 2023/478	
RS 4/24	VS: Nytt fra FKT april 2024	2022/109	

GK 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2024/6-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	6/24	15.05.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 18.04.2024

Møteprotokoll frå møte 18.04.2024 er vedlagt.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Møterom Lunde
Dato:	18.04.2024
Tid:	10:00 – 11:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Kristi Alfstad	Leiar	H
Lars Heine Kåsa	Nestleiar	SP
Asbjørn Myklestad	Medlem	AP
Tor Magnus Hauge	Medlem	INP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Lorentz Lunde	Medlem	KRF

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arild Frøyseth	Lorentz Lunde	

Andre som møtte

Helge Inge Johansen Spesialrådgjevar i Vestland fylkeskommune

Anne Kristi Alfstad
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 07.03.2024	2024/6	
	Politiske saker		
PS 8/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/479	
PS 9/24	Eventuelt	2022/95	
PS 10/24	Konkurransesetjing av revisjonstenester for Tysnes kommune - Val av revisor	2023/371	

Godkjenningssaker

GK 3/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 18.04.2024 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 4/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 07.03.2024

Saksprotokoll 18.04.2024 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til protokoll frå møte 07.03.2024.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 07.03.2024 vart samrøystes godkjent.

Politiske saker

PS 8/24 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 18.04.2024 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått slik det kjem fram av innkallinga med unntak av møteprotokoll frå møte i tenesteutvalet 16.04.2024 som er flytta.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som vart gjennomgått i møte til orientering.

PS 9/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 18.04.2024 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen saker til eventuetsaka.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

PS 10/24 Konkurransetsetting av revisjonstenester for Tysnes kommune - Val av revisor

Forslag til innstilling

Kommunestyret vel,som revisor frå 01.07.2024 – 30.06.2028.

Saksprotokoll 18.04.2024 - Tysnes kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurranse messig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl.13, jf. forvl. § 13. Møtet i kontrollutvalet vart difor lukka med heimel i kommunelova § 11-5 under handsaming av denne saka.

Sekretariatet ved Helge Inge Johansen presenterte resultatet av den gjennomførte evalueringa av dei innkomne tilboda og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom mellom anna fram dette:

- Tilbydar 1 er Deloitte AS
- Tilbydar 2 er BDO AS

På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om at Deloitte AS vert innstilt som vinnar av konkurransen.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2024 - 30.06.2028.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/443-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	11/24	15.05.2024

Årsmelding og årsrekneskap 2023 for Tysnes kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at rådmann kjem i møte 26.09.2024 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2023 for Tysnes kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet om Årsrekneskapen for 2023
- 2 Rekneskap 2023 Tysnes kommune.pdf
- 3 Årsmelding 2023 Tysnes kommune.pdf
- 4 Revisjonsberetning 2023 Tysnes kommune.pdf
- 5 Revisjonsrapport 2023 Tysnes kommune.pdf
- 6 Revisors uttalelse forenklet etterlevelseskontroll 2023 Tysnes kommune.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 15.05.2024, behandla utvalet sin uttale til Tysnes kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå rådmann, motteke 30.04.2024
- Rådmann si årsmelding, motteke 30.04.2024
- Revisjonsmelding frå Deloitte AS, dagsett 15.04.2024
- Revisjonsrapport 2023 frå Deloitte AS nr. 12, dagsett 15.04.2024
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon

- Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll, dagsett 15.04.2024
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen
- I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 4. Her er medteke at netto negativt driftsresultat er kr. 3 639 614, og eit netto negativt driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr. 3 639 614.

Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

Etter vår mening oppfyller årsrekneskapet gjeldende lovkrav, og gir årsrekneskapet en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen i kommunekassen per. 31. desember 2023, og av resultatet for rekeneskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal rekneskapskikk i Norge.

Etter vår mening oppfyller den konsoliderte årsrekneskapet gjeldende lovkrav, og gir årsrekneskapet en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen i kommunekassen per. 31. desember 2023, og av resultatet for rekeneskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal rekneskapskikk i Norge.

Vidare har Deloitte konkludert slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 14-7, b):

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Nummerert brev nr. 12 - rekneskapsåret 2022 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 12 for rekneskapsåret 2023 frå Deloitte AS til kommunen, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet, vedlegg 5. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve nokre tilrådingar til kommunen på tilhøve som bør og kan forbetrast.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be rådmann om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 «Forenklet etterlevelseskonskontroll med økonomiforvaltningen» står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette leverte Deloitte AS «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltninga» dagsett 15.04.2024, vedlegg 6.

«Vi har utført attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i samband med Tysnes kommune si avgjerd og vedtak for økonomiforvaltninga på følgjande områder:

Kontroll av etterleving av kommunelova sine regler om internkontroll, herunder om kommunen har naudsynte prosedyrar og rutinar knytt til utlån, jamfør kommunelova § 25-1, 3 ledd bokstav b).

Kontrollen er utført i perioden 01.01.2023 – 31.12 2023.

Til slutt konkluderer Deloitte AS m.a. slik:

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Tysnes kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsene i kommunelova § 25-1, 3.ledd bokstav b) knytt til utlån.»

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Kommuneplan sin arealdel var nær ferdig i desember 2023, men det var trong for noko vidare arbeid også politisk. Etter handsaming i fleire formannskapsmøte vinteren 2024 kom planen opp til handsaming i kommunestyre i mars 2024 og vart då lagt ut til offentleg høyring. I 2024 vil det bli arbeid i samband med høyringa. Det kan elles nemnast at trafikktryggleiksplanen vart lagt ut til høyring i 2023.

Arbeid med ny barnehage på Onarheim kom i gang i 2023 etter at kommunestyret i januar gav rådmannen fullmakt til å lysa ut prosjektet med ei økonomisk ramme inntil kr. 50 mill.kr. i 2023 vart det også lagt fram ei forstudie for nytt basseng, det står framleis at noko saksvurderingar før eit nytt bassengbygg eventuelt går vidare til prosjektering.

Innan pleie og omsorg er det framleis utfordringar knytt til å rekruttere nok personell, særskilt er det utfordringar knytt til rekruttering på natt, helg og til ledige vikariat. Kommunen sine kostnader til vikarinntak var rekordhøgt i 2023. Innan for alle deler av verksemda er det fokus på å rekruttere, halde på og aktivere personell. Sjukefråværet i verksemda er framleis høgt og har ikkje gått monaleg ned etter to år med Covid.

Compilo har for alvor blitt teke i bruk i 2023 og talet på avviksmeldingar er mangedoble, rådmannen vurderer det som svært positivt og heilt naudsynt for å ha eit godt kvalitetsarbeid i verksemda.

Når det gjeld oppvekst så er det verdt å merkja seg at den positive omtalen har vore i media om Den blå skulen, sist i NRK. Merksemda er også retta mot det gode arbeidet som har vore gjort i arbeidslivsfag og dei flotte elevverksemdene som har vakse fram. Elevverksemdene har og tatt ansvar i samband med rehabilitering av ballbingen på Gjerstad.

Eit av dei områda som elles får litt fokus i årsmeldinga for 2023 er kommunikasjon og informasjon. Det har vorte gjort eit stort arbeid her etter at det vart frigjort ei delstilling til dette arbeidet. I løpet av 2023 har Tysnes kommune fått ein ny nettstad, men det aller største arbeidet er truleg gjort innanfor interkommunikasjon, kommunen har no fått eit godt intranett og månadsbrev vart innført hausten 2023.»

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Rådmann har lagt fram ei årsmelding som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2023.

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre høy etisk standard
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.

Sekretariatet har merka seg at desse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2023.

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i kommunen byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå kommunen.

- Det er ikkje avdekket vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen, verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet. Revisor peikar likevel på fleire forhold i sin revisjonsrapport 2023 som kan og bør betrast, vedlegg 3.
- Revisor har stadfesta i revisjonsmeldinga at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga.
- Det er ikkje meldt om misleghald til kontrollutvalet i 2023.
- Oversyn over statlege tilsyn i 2023 går fram av årsmeldinga

Vidare står det dette i kommunelova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»


Tysnes kommune har rapportert om internkontroll og statlege tilsyn på ei god måte i årsmeldinga.

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Økonomisk handleevne

Av rekneskapa for 2023 har sekretariatet merka seg eit netto negativt driftsresultat med kr 3.639.614 i kommunekassen og eit netto negativt driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapa på kr. 3.639.614, som utgjer eit netto negativt resultatgrad på - 0.98 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 0,8 % i 2023. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Tysnes kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2019 (+1,86 %), 2020 (+ 0,48 %), 2021 (3,13 %) ,2022 (3,96%) og 2023 (-0,98%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2023 er negativt. Det er svakere enn tilrådingane frå TBU og noko dårlegare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle drifts-utgifter, inklusive renter og avdrag er dekket. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Tysnes kommune har ei lånegjeld i 2023 tilsvarende 68,5 % av sum driftsinntekter, altså noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal var 62,5 % i 2020, 76 % i 2021 og 65,1% i 2022.

Tilsvarende er disposisjonsfondet på 22,53 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2023 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 5,04 %. Sekretariatet er ikkje kjent med om Tysnes kommune har eit eige måltal her, men statsforvaltaren i Nordland meiner dette bør vera under 5%.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Rekneskapsmessig meirforbruk i høve regulert budsjett
- Netto negativt driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Revisjonsrapport nr. 12
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2
- Resultat etter etterlevingskontrollen

Konklusjon

Tysnes kommune har i 2023 eit negativt driftsresultat på 0,98%, noko som er dårlegare enn landsgjennomsnittet (0,8 %), og svakare enn tilrådinga frå TBU (1,75%). Lånegjelda til Tysnes kommune er tilfredsstillande med 68,5 %, Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje må ha meir enn 75 % i lånegjeld. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 22,53% av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %.

På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2023 frå Deloitte AS meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be rådmann om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.



Til Tysnes kommune ved kommunestyret.

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2023

Kontrollutvalet har 15.05.2024 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023 for Tysnes kommune som er motteke frå rådmann 30.04.2024, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 15.04.2024.

Kommunen har i 2023 eit netto negativt driftsresultat på kr. 3 639 614, og eit netto negativt driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr. 3 639 614. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen/årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2023 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto negativt driftsresultat er på 0,98 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 68,5 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 5,04 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %.
- Disposisjonsfond er berekna til 22,53 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Kontrollutvalet registrerer at alle nøkkeltala er tilfredsstillande, med unntak av driftsresultat som er negativt. Gjeldsbelastning er tilfredsstillande og lånegjelda er noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Disposisjonsfondet er veldig tilfredsstillande.

Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Tysnes kommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 frå Deloitte. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 15.04.2024 og revisjonsrapport nr. 12 datert 15.04.2024, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2023.

Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

Kopi:
Formannskapet



REKNESKAP 2023

Tysnes kommune

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapsprinsippet til Tysnes kommune vert utarbeidd i tråd med rekneskapsprinsipp i kommunelova § 48, rekneskapsforskrifta § 7, samt god kommunal rekneskapsprinsipp.

Rekneskapsprinsippet er samanfallande med konsolidert rekneskap, då det ikkje er andre rekneskapsprinsipp enn hovudrekneskapsprinsippet.

I fylgje forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 7, er all tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen sjølv ført via drifts- eller investeringsrekneskapsprinsippet (anordningsprinsippet). Det skal ikkje førekoma rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar som berre vert ført i balanserekneskapsprinsippet.

Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er rekneskapsført brutto, det vil sei at det ikkje er gjort frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftene – og omvendt. Vidare er dei tatt med i årsrekneskapsprinsippet for vedkomande år, enten dei er betalt eller ikkje. For utgifter og inntekter som enkeltvis ikkje kan fastsetjast eksakt for tidspunktet for rekneskapsavleggjinga, vert det registrert eit anslått beløp. Justering mot korrekt beløp vert føretatt påfølgjande år.

For lån er det den delen av lånet som faktisk er brukt, som vert ført i investeringsrekneskapsprinsippet. Ubrukte lånemidlar er registrert som memoriapost.

Klassifiserings- og vurderingsreglar for anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld

I tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8, er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Desse er ført som langsiktige eigedelar i balanserekneskapsprinsippet. Eigedelar som ikkje oppfyller kravet til varig eige eller bruk, vert klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost og omløpsmidlar til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi (lågaste verdis prinsipp). Lågaste verdis prinsipp vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsprinsipp for rekneskapsføring av sikring.

Anleggsmidlar med avgrensa levetid, vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivingsperioden er i tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8 andre ledd. Avskrivning startar seinast året etter at anleggsmiddelet er anskaffa eller tatt i bruk. Ved verdifall som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet nedskrive til verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar vert vurdert til verkeleg verdi.

Gjeld som er tatt opp med formål i tråd med kommunelova § 50 vert klassifisert som langsiktig. Anna gjeld er kortsiktig. Langsiktig gjeld vert vurdert til opptakskost, og vert oppskriven ved varig aukning i forpliktinga. Kortsiktig gjeld vert vurdert til høgaste av opptakskost og verkeleg verdi. Dette vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsprinsipp for rekneskapsføring av sikring. Der kortsiktig gjeld vert vurdert likt som marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert det vurdert til verkeleg verdi.

Tap på fordringar

Kundefordringar vert vurdert til pålydande verdi med frådrag for moglege tap. Det vert årleg føreteke ein gjennomgang av kundemassen og konstaterte tap skal utgiftsførast. I tillegg vert det føreteke ein konkret gjennomgang av kundemassen for å kunne føreta ei avsetjing på kundar der risikoen for tap føreligg.

Meirverdiavgift

For dei relevante tenesteområda vert det nytta reglar i tråd med meirverdiavgiftslova. Dette gjeld sjølvkostområda kloakk, slam, renovasjon og feiing.

For dei øvrige tenesteområda vert det kravd meirverdiavgiftskompensasjon.

Sjølvkostutrekningar

Sjølvkost er fastsett i tråd med retningslinjer av Kommunal- og Regiondepartementet som framkjem i dokument H2140 (2003).

Pensjonar

Pensjonar vert ført i tråd med rekneskapsforskrifta § 13 om rekneskapsføring av pensjon.

Bevilgningsoversikt drift Tysnes kommune 2023

Tal i 1000 kroner	Note	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opprinneleg budsjett 2023	Rekneskap 2022
GENERELLE INNTEKTER					
Rammetilskot		-118 750	-129 519	-129 519	-93 310
Inntekts- og formuesskatt		-130 545	-113 054	-113 054	-155 166
Eigedomsskatt		-10 553	-10 500	-10 500	-10 480
Andre generelle driftsinntekter		-10 211	-4 813	-4 813	-25 520
Sum generelle inntekter		-270 058	-257 886	-257 886	-284 476
NETTO DRIFTSUTGIFTER					
Sum bevilgning, netto		255 172	247 983	237 603	239 845
Avskrivning	4	15 769	15 263	15 263	15 263
Sum netto driftsutgifter		270 940	263 246	252 866	255 108
BRUTTO DRIFTSRESULTAT		882	5 360	-5 020	-29 368
Renteinntekter		-3 392	-1 445	-1 445	-1 604
Utbytte		-89	-320	-320	-320
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar		-	-	-	-
Renteutgifter	8	10 494	9 991	9 991	6 286
Ådrag på lån	7	11 513	12 218	12 218	25 573
Netto finansutgifter		18 526	20 444	20 444	29 934
Motpost avskrivning	4	-15 769	-15 263	-15 263	-15 263
NETTO DRIFTSRESULTAT		3 640	10 541	161	-14 697
DISPONERING ELLER DEKKING AV NETTO DRIFSTRESULTAT					
Overføring til investering	10	783	700	700	713
Avsetning til bundne fond	10	782	510	510	2 940
Bruk av bundne driftsfond	10	-3 861	-950	-950	-2 674
Avsetning til disposisjonsfond	10	-	-	-	13 733
Bruk av disposisjonsfond	10	-1 344	-10 801	-421	-16
Dekking av tidlegare års meirforbruk		-	-	-	-
Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat		-3 640	-10 541	-161	14 697
Framført til inndekking seinare år (meirforbruk)		-0	0	0	-0

Økonomisk oversikt - Drift
Tysnes kommune 2023

Tal i 1000 kroner	Note	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opprinneleg budsjett 2023	Rekneskap 2022
DRIFTSINNTEKTER					
Rammetilskot		-118 750	-129 519	-129 519	-93 310
Inntekts- og formueskatt		-130 545	-113 054	-113 054	-155 166
Eigedomsskatt		-10 553	-10 500	-10 500	-10 480
Andre skatteinntekter		-	-	-	-
Andre overføringer og tilskot frå staten		-10 211	-4 813	-4 813	-25 520
Overføring og tilskot frå andre		-57 231	-26 345	-26 345	-44 691
Brukarbetaling		-12 134	-12 142	-12 142	-12 938
Sals- og leigeinntekter		-30 288	-31 586	-31 586	-29 490
Sum driftsinntekter		-369 711	-327 960	-327 960	-371 595
DRIFTSUTGIFTER					
Lønsutgifter	2	187 237	185 817	178 817	175 968
Sosiale utgifter	3	38 291	38 979	45 979	36 286
Kjøp av varer og tenester		107 793	76 599	67 399	94 276
Overføring og tilskot til andre		21 504	16 662	15 482	20 435
Avskrivning	4	15 769	15 263	15 263	15 263
Sum driftsutgifter		370 593	333 320	322 940	342 227
Brutto driftsresultat		882	5 360	-5 020	-29 368
FINANS					
Renteinntekter		-3 392	-1 445	-1 445	-1 604
Utbytte		-89	-320	-320	-320
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar		-	-	-	-
Renteutgifter	8	10 494	9 991	9 991	6 286
Avdrag på lån	7	11 513	12 218	12 218	25 573
Netto finansutgifter		18 526	20 444	20 444	29 934
Motpost avskrivning	4	-15 769	-15 263	-15 263	-15 263
Netto driftsresultat		3 640	10 541	161	-14 697
Netto driftsresultat i %		-1,0 %	-3,2 %	0,0 %	4,0 %
DISPONERING ELLER DEKKING AV NETTO DRIFTSRESULTAT					
Overføring til investering	10	783	700	700	713
Avsetning til bundne fond	10	782	510	510	2 940
Bruk av bundne fond	10	-3 861	-950	-950	-2 674
Avsetning til disposisjonsfond	10	-	-	-	13 733
Bruk av disposisjonsfond	10	-1 344	-10 801	-421	-16
Dekking av tidlegare års meirforbruk		-	-	-	-
Sum disponering		-3 640	-10 541	-161	14 697
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

Bevilgningsoversikt - Investering Tysnes kommune 2023

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opprinnelig Budsjett 2023	Rekneskap 2022
INVESTERINGSUTGIFTER				
Investering i varige driftsmidler	34 707	45 275	25 563	25 194
Tilskot til andre sine investeringar	45	-	-	-
Investering i aksjer og deler i selskap	783	700	700	713
Utlån av eigne midlar	3 981	-	-	7 201
Avdrag på lån	1 998	-	-	1 833
Sum investeringsutgifter	41 514	45 975	26 263	34 940
INVESTERINGSINNTEKTER				
Kompensasjon meirverdiavgift	-6 362	-8 907	-4 799	-3 841
Tilskot frå andre	-1 641	-954	-202	-580
Sal av varige driftsmidler	-4 012	-3 500	-6 022	-1 913
Sal av finansielle driftsmidler	-	-	-	-
Utdeling frå selskap	-	-	-	-
Motteke avdrag på utlån av eigne midlar	-3 016	-	-	-1 531
Bruk av lån	-26 328	-31 915	-14 540	-23 983
Sum investeringsinntekter	-41 359	-45 275	-25 563	-31 849
VIDAREUTLÅN				
Vidareutlån	-	-	-	-
Bruk av lån til vidareutlån	-	-	-	-
Avdrag på lån til vidareutlån	-	-	-	-
Motteke avdrag på vidareutlån	-	-	-	-
Netto utgifter vidareutlån	-	-	-	-
OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETTINGAR				
Overføring frå drift	-783	-700	-700	-713
Avsetting til bundne investeringsfond	1 035	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-302
Avsetting til ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-408	-	-	-2 077
Dekking av tidlegare års udekkja beløp	-	-	-	-
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-155	-700	-700	-3 092
Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0	0

Balanserekneskap
Tysnes kommune 2023

Tal i 1000 kroner		Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
EIGEDELAR	Note		
A. ANLEGGSMIDLAR			
I. Varige driftsmidler			
Faste eigedommar og anlegg	4	448 302	438 204
Utstyr, maskinar og transportmidler	4	12 857	12 920
II. Finansielle anleggsmidler			
Aksjer og andeler	5	12 760	11 977
Obligasjonar		-	-
Utlån	14	24 539	23 093
III. Immaterielle eigedelar			
		-	-
IV. Pensjonsmidlar	3	415 437	382 952
Sum anleggsmidler		913 894	869 147
B. OMLØPSMIDLAR			
I. Bankinnskott og kontanter		130 059	118 369
II. Finansielle omløpsmidlar			
Aksjer og andeler		-	-
Obligasjonar		-	-
Sertifikat		-	-
Derivat		-	-
III. Kortsiktige fordringar			
Kundefordringar		3 824	3 873
Andre kortsiktige fordringar		6 990	31 767
Premieavvik	3	40 070	15 860
Sum omløpsmidlar		180 943	169 869
Sum eigedelar		1 094 837	1 039 016
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. EIGENKAPITAL			
I. Eigenkapital drift			
Disposisjonsfond	10	-83 312	-84 656
Bundne driftsfond	10	-8 021	-11 099
Meirforbruk i driftsrekneskap		-	-
II. Eigenkapital investering			
Ubundne investeringsfond	10	-2 544	-2 952
Bundne investeringsfond	10	5 955	-4 919
Udekkede beløp i investeringsrekneskapet		-	-
III. Anna eigenkapital			
Kapitalkonto	11	-218 826	-204 755
Prinsippendring arbeidskapital drift		173	173
Prinsippendring arbeidskapital investering		-	-
Sum eigenkapital		-318 485	-308 209
D. LANGSIKTIG GJELD			
I. Lån			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7	-295 821	-267 431
Obligasjonslån		-	-
Sertifikatlån		-	-
II. Pensjonsforpliktning			
	3	-417 325	-399 466
Sum langsiktig gjeld		-713 146	-666 897
KORTSIKTIG GJELD			
I. Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		-23 193	-14 579
Likviditetslån		-	-
Derivat		-	-
Anna kortsiktig gjeld		-40 014	-49 332
Premieavvik		-	-
Sum kortsiktig gjeld		-63 207	-63 911
Sum eigenkapital og gjeld		-1 094 837	-1 039 016
MEMORIAKONTI:			
Ubrukte lånemidler		18 077	2 505
Andre memoriakonti		3 464	4 741
Motkonto for memoriakonti		-21 541	-7 246
Sum memoriakonti		-	-

Stein Kallm
Rådmann

11.04.24

Rolf J. Lunde
Økonomsjef

§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar

Driftsregnskapet	Sum
1. Netto driftsresultat	3 640
2. Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	- 3 078
3. Overføring til investering i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	783
4. Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 10 801
5. Budsjettert dekning av tidligere års merforbruk	-
6. Årets budsjettavvik (mer- eller mindreforbruk før strykninger)	- 9 457
7. Strykning av overføring til investering	-
8. Strykning av avsetninger til disposisjonsfond	-
9. Strykning av dekning av tidligere års merforbruk	-
10. Strykning av bruk av disposisjonsfond	9 457
11. Mer- eller mindreforbruk etter strykninger	0
12. Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets merforbruk etter strykninger	-
13. Bruk av disposisjonsfond for inndekning av tidligere års merforbruk	-
14. Bruk av mindreforbruk etter strykninger for dekning av tidligere års merforbruk	-
15. Avsetning av mindreforbruk etter strykninger til disposisjonsfond	-
16. Fremført til inndekning i senere år (merforbruk).	0

Investeringsregnskapet	Sum
1. Sum utgifter og inntekter eksklusive bruk av lån	26 483
2. Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	1 035
3. Budsjettert bruk av lån	- 31 915
4. Overføring fra drift i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 783
5. Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond i henhold til årsbudsjettet og fullmakter	- 408
6. Dekning av tidligere års udekket beløp	-
7. Årets budsjettavvik (udekket eller udisponert beløp før strykninger)	- 5 587
8. Strykning av avsetninger til ubundet investeringsfond	-
9. Strykning av bruk av lån	5 588
10. Strykning av overføring fra drift	-
11. Strykning av bruk av ubundet investeringsfond	-
12. Udekket eller udisponert beløp etter strykninger	0
13. Avsetning av udisponert beløp etter strykninger til ubundet investeringsfond	-
14. Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp).	0

1. Endring i arbeidskapital

Arbeidskapitalen til kommunen viser kor likvid kommunen er. Vidare uttrykkjer endringa i arbeidskapital utviklinga i kommunen sin betalingsevne. Utgangspunktet er balanserekneskapen og endringa av arbeidskapitalen som består av omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld i rekneskapsperioden, korrigert for ubrukte lånemidlar i tilsvarende periode. Tilsvarende finn ein endringa av arbeidskapitalen ved å sjå på anskaffing og bruk av midlar i drifts- og investeringsrekneskap.

Tal i 1000 kr

Balanserekneskap	31.12.2022	31.12.2023	Endring
Omløpsmidlar	169 869	180 943	11 074
Kortsiktig gjeld	63 911	63 207	-704
Arbeidskapital	105 959	117 736	11 778

Drifts- og investeringsrekneskap år 2023	Beløp	Sum
<i>Anskaffing av midlar</i>		
Inntekter driftsrekneskap	385 480	
Inntekter investeringsrekneskap	12 015	
Innbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	32 825	
Sum anskaffing av midlar	430 319	430 319
<i>Bruk av midlar</i>		
Utgifter driftsrekneskap	370 593	
Utgifter investeringsrekneskap	34 752	
Utbetalingar ved eksterne finanstransaksjonar	28 769	
Sum bruk av midlar	434 114	434 114
Anskaffing - bruk av midlar		-3 795

<i>Endring ubrukte lånemidlar</i>		
IB konto	2 505	
UB konto	18 077	
Endring ubrukte lånemidlar	15 572	15 572

*) Auking framgår som (+), og reduksjon framgår som (-).

Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskap	11 778
Differanse endring arbeidskapital balanse og drifts-/investeringsrekneskap	0

2. Ytingar til leiande personar og revisor

Godtgjersle til leiande personar kjem fram under. Med leiande personar meiner ein rådmann og ordførar.

Vidare vert honorar for revisjonstenester spesifisert. Revisjon inkluderer både rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon:

Leiande personar :	2023	2022
Løn og anna godtgjering til rådmann 1)	1 130 900	1 075 800
Løn og anna godtgjering til rådmann for verv i kommunal samanheng	-	-
Løn og anna godtgjering til ordførar	996 500	957 900
Løn og anna godtgjering til ordførar for verv i kommunal samanheng	-	-
	-	-
Revisjon :	2023	2022
Rekneskaps- og forvaltningsrevisjon	617 538	764 082
Rådgjeving	-	-
Sum	617 538	764 082

Fotnotar :

1) Rådmannstillinga er ei åremålsstilling.

Årleg kompensasjon for åremålsstillinga er kr. 75.000 pr. år (inkl. i beløpet ovanfor)

3. Pensjonsforplikting

Generelt om pensjonsordninga i kommunen :

Kommunen har sine kollektive pensjonsforsikringar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) samt Statens Pensjonskasse (SPK).

Tilsette som er i kommunens teneste ved fylte 62 år har rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar.

Regnskapsføring av pensjon :

Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen innehalda pensjonskostnader som er berekna ut i frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Ulikskap mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavvik som er berekna før 2011 skal inntekts- eller utgiftsførast lineært over 15 år, mens premieavvik berekna frå og med 2011 til og med 2013 skal inntekts- eller utgiftsførast lineært over 10 år. For premieavvik oppstått i 2014 og seinare er inntekts- eller utgiftstida 7 år.

Berekna pensjonsmidlar i balansen er ført som anleggsmidlar, mens berekna pensjonsforplikting er ført som langsiktig gjeld.

Estimatavvik :

Pensjonsmidlar og pensjonsforplikting i balansen er berekna størrelser. Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal det gjerast ei ny berekning av pensjonsforpliktinga som vart balanseført førre år.

I den oppdaterte berekninga skal nye grunnlagsdata og føresetnader leggjast til grunn.

Ulikskapen mellom førre års berekning av balanseført pensjonsforplikting (langsiktig gjeld) og ny berekning vert kalla estimatavvik for pensjonsforplikting.

Ulikskapen mellom førre års berekning av balanseførte pensjonsmidlar (anleggsmidlar) og ny berekning vert kalla estimatavvik for pensjonsmidlane.

Årets estimatavvik (ending langsiktig gjeld og anleggsmidlar) vert i sin heilhet ført mot kapitalkontoen i rekneskapen.

Rekneskap 2023	KLP	SPK	SUM	Arb.avg.
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.) frå akturar	15 431	2 524	17 956	
- Årets pensjonspremie frå akturar	39 805	3 596	43 401	
= Årets premieavvik	-24 374	-1 072	-25 445	-2 697
Akkumulert premieavvik :				
Akkumulert 01.01.23	13 918	423	14 340	1 520
+/- Premieavvik for året	24 374	1 072	25 445	2 697
+/- Resultatføring av tidl. års premieavvik	-3 582	26	-3 556	-377
= Akkumulert premieavvik 31.12.23	34 709	1 521	36 230	3 840
Pensjonsmidlar / Pensjonsforpliktingar :				
	KLP	SPK	SUM	
Pensjonsmidlar	397 886	17 551	415 437	
Estimat avvik pensjonsmidlar	-8 668	-925	-9 593	
Pensjonsforplikting	-390 650	-26 494	-417 144	
Estimat avvik pensjonsforplikting	4 457	-1 828	2 629	
Arbeidsgjevaravgift av pensjonsforplikting	767	-948	-181	
Føresetnader :				
	KLP	SPK		
Avkastning pensjonsmidlar	4,00 %	3,50 %		
Diskonteringsrente	3,50 %	3,50 %		
Årleg lønsvekst	2,48 %	2,48 %		
Årleg G-regulering	2,48 %	2,48 %		

4. Varige driftsmidler (anleggsmidler)

Anleggsmidler vert vurdert i tråd med rekneskapsforskrifta § 8. Følgjande anleggsmiddelgrupper vert nytta for avskrivning:

Anleggsmiddel-gruppe	Avskrivings-plan	Eigedelar
Gruppe 1	5 år	Edb-utstyr, kontormaskiner og liknande.
Gruppe 2	10 år	Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.
Gruppe 3	20 år	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjonar, forbrenningsanlegg og liknande.
Gruppe 4	40 år	Bustader, skular, barnehagar, idrettshallar, vegar og leidningsnett og liknande.
Gruppe 5	50 år	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheimar og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande.

Samla oppstilling :

Tal i 1000 kr.

	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	SUM eigedelar	Eigedelar utan	SUM FIGEDELAR
Tilgong pr. 01.01	18 830	12 464	38 624	276 093	271 451	617 461	16 380	633 841
Tilgong ila. året	1 168	1 490	3 014	21 460	770	27 902	-	27 902
Avgong ila. året	-	-	-	1 649	-	1 649	450	2 098
Tilgong 31.12	19 998	13 953	41 637	295 904	272 222	643 714	15 930	659 644
Akk. avskrivning per 01.01	14 256	6 195	11 402	87 990	62 874	182 717	-	182 717
Avskrivning i året	1 282	728	1 739	5 838	6 182	15 769	-	15 769
Nedskrivning	-	-	-	-	-	-	-	-
Akk. avskrivning per 31.12	15 538	6 923	13 141	93 828	69 056	198 486	-	198 486
Bokført verdi per 31.12.	4 460	7 031	28 496	202 075	203 166	445 229	15 930	461 159

5. Aksjar og andelar (anleggsmidlar)

Finansielle anleggsmidlar:

Selskap	Tal i kr.	
	Balanseført verdi	Eigarandel
A/L Biblioteksentralen	600	Liten
Vestskog BA	1 000	Liten
Onarheim Vassverk L/L	19 000	Liten
Tysnes Kraftlag	100	7,98 %
Lunde Vasslag	5 500	Part
KLP - eigenkapitalinnskott	12 149 764	
Våge Hamn AS	50 000	9,90 %
Opero AS	47 000	3,25 %
Fjord Norge AS	5 000	0,12 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	22 000	12,50 %
Tysnes Industri AS	351 000	67,10 %
Hordfast AS	104 000	3,78 %
Vann Vest AS	5 000	Liten
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	-	5,57 %
Sum	12 759 964	

6. Sal av finansielle anleggsmidler

Det er ikkje seld finansielle anleggsmidler i 2023.

7. Langsiktig gjeld og avdrag på lån

Tal i 1000 kr.

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
Startlån med flytande rente	28 110	16 036
Startlån med fast rente	5 600	9 672
Sum startlån	33 710	25 707
Ordinære lån med flytande rente	152 474	143 224
Ordinære lån med NIBOR berekning	36 071	17 837
Ordinære lån med fastrente	73 567	80 663
Sum ordinære lån	262 111	241 724
SUM LÅNEGJELD	295 821	267 431

Avdrag lån:

Avdrag	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
Betalt avdrag eks. utlån	11 513	25 573
Beregna minste lovlege avdrag	8 772	9 619
Differanse	2 741	15 954

Beregna minimumsavdrag (forenkla metode)	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
A. Avskrivning i året	15 769	15 263
B. IB Anleggsmidler (fratrukke anleggsmidler utan avskrivning)	434 531	436 097
C. IB Lånegjeld	241 724	274 837
Minimumsavdrag (A/B*C)	8 772	9 619

Langsiktig gjeld og avdrag :

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
Total lånegjeld IB	267 431	274 837
Startlån IB	25 707	27 541
Lånegjeld eks. startlån	241 724	247 297
Avdragsutgifter eks. startlån	11 513	25 573

8. Renter – sikring

Tysnes kommune sitt finansreglement seier fylgjande om låneporteføljen :

- Minimum 20% av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år)
- Minimum 20% av gjeldsporteføljen skal ha fast rente
- Resterande 60% skal verta vurdert ut i frå marknadssituasjonen

Rentebindingsavtalar pr. 31.12.23 (tal i kr.) :

Lån	Utløpsdato lån	Utløpsdato fastrente	Fastrente sats	Saldo 31.12.23	Kategori
KLP 2021	11.12.2051	08.12.2024	1,92%	14 000 000	Ordinært
KBN-20160458	27.12.2046	23.12.2024	1,98%	4 600 000	Ordinært
KLP 2020	12.12.2050	01.11.2025	1,28%	17 999 996	Ordinært
KBN-20150734	22.12.2045	22.06.2026	3,79%	14 666 720	Ordinært
KBN-20100960	23.12.2041	23.06.2027	3,25%	9 300 060	Ordinært
KBN-20190591	06.12.2049	05.12.2029	2,45%	13 000 000	Ordinært
HUS-13560088-50	01.02.2038	01.05.2033	2,98%	5 600 000	Startlån
				<u>79 166 776</u>	

Sum lån 31.12.2023 : 295 820 781

Andel fastrente : 27 %

9. Garantiansvar

Garantiansvaret innbefattar garantiar for tilsette sine lån, samt øvrege garantiar som kommunen har ansvar for. Eventuelle tap på garantiar eller innfriing av garantiar vert redegjort for under, samt eventuelle verknader på seinare års budsjett/rekneskap.

Tal i kr.

Garanti gitt til	Opprinneleg garanti	Garantibeløp 31.12.23	Utløp
Tysnes Industri AS	4 250 000	2 193 500	15.12.2039
Sum garantier	4 250 000	2 193 500	

10. Avsetjinger og bruk av avsetjinger

Beløp 1000 kroner

Disposisjonsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	84 656
Bruk av fondet i driftsregnskapet	kr	1 344
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondet (fotnote 1)	kr	-
Beholdning 31.12.	kr	83 312

Bundne driftsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	11 099
Bruk av fondene i driftsregnskapet	kr	3 861
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondene	kr	782
Beholdning 31.12.	kr	8 021

Ubundne investeringsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	2 952
Avsetninger til fondene	kr	-
Bruk av fondene	kr	408
Beholdning 31.12.	kr	2 544

Bundne investeringsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	4 919
Avsetninger til fondene	kr	1 035
Bruk av fondene	kr	-
Beholdning 31.12.	kr	5 955

11. Kapitalkontoen

Kapitalkontoen skildrar kor mykje kommunen har brukt av sin eigenkapital til å finansiera anleggsmidlar. Dette kjem fram som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukte lånemidlar.

Saldo 01.01.2023	-204 755
Auking av kapitalkonto (kreditposteringsar)	
Aktivering av fast eigedom og anlegg	-25 244
Reversert nedskrivning av fast eigedom og anlegg	-
Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar	-2 658
Kjøp av aksjar og andelar	-
Reversert nedskrivning av aksjar og andelar	-
Utlån	-4 481
Aktivert eigenkapitalinnskott pensjonskasse	-783
Avdrag på eksterne lån	-13 510
Auking pensjonsmidlar	-32 484
Reduksjon pensjonsforpliktingar	17 859
Reduksjon av kapitalkonto (debetposteringsar)	
Avgang fast eigedom og anlegg	2 098
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	13 380
Avgang utstyr, maskiner og transportmidlar	-
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	2 388
Avgang aksjar og andelar	-
Nedskrivning av aksjar og andelar	-
Avdrag på utlån	3 036
Avskrivning utlån	-
Reduksjon eigenkapitalinnskott pensjonskasse	-
Bruk av midlar frå eksterne lån	26 328
Reduksjon pensjonsmidlar	-
Reduksjon pensjonsforplikting	-
Urealisert kurstap utenlandslån	-
Saldo 31.12.2023	-218 826

12. Investeringsoversikt

Bygging av Onarheim barnehage vart starta opp i løpet av 2023, etter at prosjektet vart utsatt som følge av aukande byggeprisar gjennom 2022. Prosjektet er godt i gang, der forventna ferdigstilling vil vere i 3.kvartal 2024.

I tillegg til bygging av Onarheim barnnehage er det i løpet av 2023 gjennomført ein del mindre prosjekt.

13. Sjølvkost

Sjølvkost vert definert som den meirkostnad kommunen vert påført ved å produsera ei bestemt vare eller teneste. Kommunen må berekna dei faktiske kostnader innafør kvart tenesteområde og kontrollera mot dei rettslege rammer som er gjevne. Gebyrinntektene skal ikkje overstige kommunen sin sjølvkost over tid.

VAR-området :

2023 Etterkalkyle selvkost	Vatn	Avløp	Renøvasjon	Feiing	Totalt
Gebyrinntekter	4 736 176	3 349 893	5 213 391	1 149 802	14 449 262
Øvrige driftsinntekter	75 339	39 520	873	0	115 732
Driftsinntekter	4 811 514	3 389 414	5 214 264	1 149 802	14 564 994
Direkte driftsutgifter	3 845 232	2 519 973	4 946 393	997 594	12 309 193
Avskrivningskostnad	233 421	634 090	0	0	867 511
Kalkulatorisk rente (4,30 %)	191 880	564 594	0	0	756 474
Indirekte netto driftsutgifter	257 630	185 468	95 675	79 507	618 280
Sjåblongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	12 881	9 273	4 784	3 975	30 914
Driftskostnader	4 541 045	3 913 399	5 046 852	1 081 076	14 582 371
Resultat	270 470	-523 985	167 413	68 725	-17 377
Selvkostgrad (%)	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidie	695 812	1 393 426	100 458	83 482	2 273 179
Selvkostfond 01.01	0	0	0	100 360	100 360
+ Avsetning til selvkostfond	0	0	0	68 725	68 725
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (4,30 %)	0	0	0	5 788	5 788
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	0	0	0	174 873	174 873
Fremførbart underskudd 01.01	-1 690 453	-384 340	-1 004 681	0	-3 079 474
+ Inndekning av fremførbart underskudd	270 470	0	167 413	0	437 883
- Underskudd til fremføring	0	-523 985	0	0	-523 985
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (4,30 %)	-66 812	-27 766	-39 565	0	-134 143
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente)	-1 486 795	-938 091	-876 834	0	-3 299 720
Gebyrinntekter	4 736 176	3 349 893	5 213 391	1 149 802	14 449 262
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering og fond	4 465 706	3 873 878	5 045 978	1 081 076	14 466 639
Finansiell dekningsgrad (%)	106,1 %	86,5 %	103,3 %	106,4 %	99,9 %

Byggesak og oppmåling :

2023 Etterkalkyle selvkost	Private planar	Byggesaksplanar	Oppmåling	Utslippstillatser	Totalt
Gebyrinntekter	0	1 741 998	988 657	70 950	2 801 605
Øvrige driftsinntekter	3 870	39 956	168 902	0	212 727
Driftsinntekter	3 870	1 781 954	1 157 559	70 950	3 014 332
Direkte driftsutgifter	128 443	2 486 441	1 901 721	128 076	4 644 682
Avskrivningskostnad	0	0	18 156	0	18 156
Kalkulatorisk rente (4,30 %)	0	3 196	390	0	3 586
Indirekte netto driftsutgifter	25 450	226 659	113 191	10 270	375 570
Sjåblongmessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	1 272	11 333	5 660	513	18 778
Driftskostnader	155 165	2 727 630	2 039 118	138 859	5 060 772
Føreløpig resultat	-151 296	-945 676	-881 559	-67 909	-2 046 440
+ Subsidierting	151 296	910 125	881 559	0	1 942 979
Resultat	0	-35 551	0	-67 909	-103 451
Selvkostgrad (%)	0,0 %	65,7 %	52,9 %	100,0 %	59,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidie	-124 573	-668 936	-744 163	10 783	-1 526 889
Selvkostfond 01.01	0	35 551	0	0	35 551
- Bruk av selvkostfond	0	-35 551	0	0	-35 551
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	0	0	0	0	0
Fremførbart underskudd 01.01	0	0	0	-35	-35
- Underskudd til fremføring	0	0	0	-67 909	-67 909
- Kalkulert rentekostnad fremførbart underskudd (4,30 %)	0	0	0	-1 460	-1 460
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rente)	0	0	0	-69 404	-69 404
Gebyrinntekter	0	1 741 998	988 657	70 950	2 801 605
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering og fond	151 296	2 687 674	1 870 216	138 859	4 848 045
Finansiell dekningsgrad (%)	0,0 %	64,8 %	52,9 %	51,1 %	57,8 %

Slam :

2023 Etterkalkyle selvkost	Slambøtting
Gebyrinntekter	654 337
Øvrige driftsinntekter	1 746
Driftsinntekter	656 084
Direkte driftsutgifter	191 117
Indirekte netto driftsutgifter	97 038
Sjablommessig indir. kap.kostnad (5 % av ind.dr.kostn.)	4 852
Driftskostnader	293 006
Resultat	363 077
Selvkostgrad (%)	100,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter etter ev. subsidie	101 890
Selvkostfond 01.01	1 229 284
+ Avsetning til selvkostfond	363 077
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (4,30 %)	60 609
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	1 652 970
Gebyrinntekter	654 337
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering og fond	291 260
Finansiell dekningsgrad (%)	224,7 %

14. Utlån

Kommunen har pr. 31.12 lånt ut tilsaman kr. 24.538.616

Utlåna er satt saman slik :

Låntakar	Beløp 31.12.23	Finansiering
Startlån	21 493 603,89	Lån frå Husbanken
Næringslån	60 000,00	Eigne midlar
Forskotering spelemidlar	2 485 012,00	Eigne midlar
Lån Tysnesfest	500 000,00	Eigne midlar
	<u>24 538 616</u>	

15. Hendingar etter balansedag

Det er ikkje registrert særlege hendingar etter balansedag som vil skape direkte verknader for rekneskapet.

ÅRSMELDING 2023

Tysnes kommune



31. MARS 2024
VERSJON TIL REVISJON

Innhold

0. INNLEIING	4
1. ØKONOMI.....	6
2.PERSONAL OG ORGANISASJON	11
2.1 Styringsstruktur	11
2.2 Organisasjonsdemografi	12
2.3 Tilsette og vikarar.....	12
2.4 Rekruttering.....	13
2.5 Turnover - gjennomtrekk.....	14
2.6 Auka arbeidsdeltaking.....	14
2.7 Etikk	23
3.POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN	24
3.1. Politikk og samfunnsutvikling	24
3.2 Prosjekt.....	28
3.3 Digitalisering	29
3.4 Planarbeid.....	31
3.5 Internkontroll og tilsyn.....	32
4. TENESTEOMRÅDA	34
4.1 Sentraladministrasjonen	34
4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta.....	35
4.1.2 Val	35
4.1.2 IT	35
4.1.3 Informasjon og kommunikasjon.....	36
4.1.3 Innkjøp	39
4.1.4 Eignedomsskatt	39
4.1.5 Fast eignedom	39
4.1.6 Samfunnstryggleik og beredskap	39
4.1.7 Klima og energi	40
4.1.8 Økonomi og løn.....	40
4.1.9 Næring og reiseliv	41
4.1.10 Kultur, idrett og friluftsliv	41
4.1.11 Bibliotek	43
4.1.13 Tysneshallen.....	45
4.2 Oppvekst	45
4.2.1 Grunnskule	46
4.2.1.1 IT	47
4.2.1.2 Onarheim skule	47

4.2.1.3 Uggdal skule.....	47
4.2.1.4 SFO.....	48
4.2.1.5 Tysnes skule	49
4.2.2 PPT.....	50
4.2.3 Logoped.....	50
4.2.4 Blå skule.....	51
4.2.7 Vaksenopplæring.....	51
4.2.8 Kulturskulen.....	52
4.2.7 Barnehagar	52
4.2.8 Barn og familie.....	54
4.3 Helse og omsorg.....	59
4.3.2 Helseavdelinga	60
4.3.2.1 Psykisk helse	60
4.3.2.2 Legekantor og legevakt.....	61
4.3.2.4 Fysioterapi.....	62
4.3.2.5 Ergoterapi	63
4.3.3 Pleie- og omsorg.....	63
4.3.3.1 Institusjon	63
4.3.3.2 Open omsorg	65
4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma	68
4.3.4 NAV og Flyktningtenesta.....	69
4.3.5 Frivilligsentralen	71
4.4 Landbruk og teknisk.....	71
4.4.1 Stab teknisk etat	71
4.4.1.1 Byggjesak	72
4.4.1.2 Kart og oppmåling.....	73
4.4.2 Eining for brann og redning	75
4.4.2.2 Drift og vedlikehald	76
AVSLUTNING	79

0. INNLEIING

I 2023 var det igjen kommuneval og då tidlegare ordførar Kåre Martin Kleppe hadde varsla at han ikkje ønskte å stilla til attval var det klart at det ville bli ei ny politisk leiing av kommunen. Dette vart året der Tysnes kommune fekk sin første kvinnelege ordførar når Synnøve Bakke vart valt i konstituerande møte 5. oktober. I 2023 kom det også to nye parti inn i kommunestyre, Sosialistisk Venstreparti og Industri og Næringspartiet kom inn med tre representantar kvar i kommunestyre.

Også i den administrative leiinga kom det fleire endringar i 2023. Haakon Haaland fekk anna arbeid og Christophe Sundal vart ny kommunalsjef for teknisk, han tiltredde gjekk inn i stillinga seinhausten 2023. Kommunalsjef for oppvekst, Aud Kaldefoss, gjekk av med pensjon frå desember 2023. Det viste seg å vera vanskeleg å rekruttera ny kommunalsjef, men me var veldig glad for å få inn Lena Epland Sløgedal frå medio mars 2024.

Kommuneplanen sin arealdel var nær ferdig i desember 2023, men det var trong for noko vidare arbeid også er politisk. Etter handsaming i fleire formannskapsmøte vinteren 2024 kom planen opp til handsaming i kommunestyre i mars 2024 og vart då lagt ut til offentleg høyring. I 2024 vil det bli arbeid i samband med høyringa. Det kan elles nemnast at trafikktryggleiksplanen vart lagt ut til høyring i 2023. Planen kjem opp til slutthandsaming våren 2024, elles er arbeidet med planstrategi sentralt i 2024.

Arbeid med ny barnehage på Onarheim kom i gang i 2023 etter at kommunestyre i januar gav rådmannen fullmakt til å lysa ut prosjektet med ei økonomisk ramme inntil kr. 50 mill. Andersland Bygg AS vann konkuransen og er godt i gang med bygging av barnehagen. I 2023 vart det også lagt fram eit forstudie for nytt basseng, det står framleis att noko saksvurderingar før eit nytt bassengbygg eventuelt går vidare til prosjektering.

Innan pleie og omsorg er det framleis utfordringar knytt til å rekruttere nok personell, særskilt er det utfordringar knytt til rekruttering på natt, helg og til ledige vikariat. Kommunen sine kostnader til vikarinntak vart rekordhøgt i 2023. Innan for alle deler av verksemda er det fokus på å rekruttere, halde på og aktivere personell. Sjukefråværet i verksemda er framleis for høgt og har ikkje gått monaleg ned etter to år med Covid. I 2024 vert det gjennomført eit prosjekt saman med NAV arbeidslivssenter for to arbeidsplassar, resten av organisasjonen ser kva læring som kan hentast ut av desse prosjekta.

Compilo har for alvor blitt teke i bruk i 2023 og talet på avviksmeldingar er mangedobla, rådmannen vurderer det som svært positivt og heilt naudsynt for å ha eit godt kvalitetsarbeid i verksemda.


Når det gjeld oppvekst så er det verdt å merkja seg den positive omtalen som har vore i media om Den blå skulen, sist i NRK. Merksemda er også retta mot det gode arbeidet som har vore gjort i arbeidslivsfag og dei flotte elevverksemdene som har vakse fram. Elevverksemdene har også tatt ansvar i samband med rehabilitering av ballbingen på Gjerstad.

Eit av dei områda som elles får litt fokus i årsmeldinga for 2023 er kommunikasjon og informasjon. Det har vorte gjort eit stort arbeid her etter at det vart frigjort ei delstilling til dette arbeidet. I løpet av 2023 har Tysnes kommune fått ein ny nettstad, men det aller største arbeidet er truleg gjort innanfor internkommunikasjon, kommunen har no fått eit godt intranett og månadsbrev vart innført hausten 2023.

Årsmeldinga er også i år litt lang, men samtidig litt for kort til å gje ei rettferdig skildring av den samla drifta.

Rådmannen vil nytta høve til å takka tilsette og politikarar for godt arbeid og godt samarbeid gjennom 2023!

God lesing.

A handwritten signature in blue ink, appearing to be a stylized name, possibly 'J. A. H.', written in a cursive style.

1. ØKONOMI

Me vil her kort visa dei økonomiske hovudoversiktene, for meir detaljar knytt til økonomi viser me til rekneskapen og elles til gjennomgang av drifta vidare i årsmeldinga her.


Drift økonomisk oversikt

Økonomisk oversikt - Drift				
Tysnes kommune 2023				
<i>Tal i 1000 kroner</i>	<i>Rekneskap 2023</i>	<i>Regulert budsjett 2023</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2023</i>	<i>Rekneskap 2022</i>
DRIFTSINTEKTER				
Rammetilskot	-118 750	-129 519	-129 519	-93 310
Inntekts- og formueskatt	-130 545	-113 054	-113 054	-155 166
Eigedomsskatt	-10 553	-10 500	-10 500	-10 480
Andre skatteinntekter	-	-	-	-
Andre overføringer og tilskot frå staten	-10 211	-4 813	-4 813	-25 520
Overføring og tilskot frå andre	-57 231	-26 345	-26 345	-44 691
Brukarbetaling	-12 134	-12 142	-12 142	-12 938
Sals- og leigeinntekter	-30 288	-31 586	-31 586	-29 490
Sum driftsinntekter	-369 711	-327 960	-327 960	-371 595
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	187 237	185 817	178 817	175 968
Sosiale utgifter	38 291	38 979	45 979	36 286
Kjøp av varer og tenester	107 793	76 599	67 399	94 276
Overføring og tilskot til andre	21 504	16 662	15 482	20 435
Avskrivning	15 769	15 263	15 263	15 263
Sum driftsutgifter	370 593	333 320	322 940	342 227
Brutto driftsresultat	882	5 360	-5 020	-29 368
FINANS				
Renteinntekter	-3 392	-1 445	-1 445	-1 604
Utbytte	-89	-320	-320	-320
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-	-	-	-
Renteutgifter	10 494	9 991	9 991	6 286
Avdrag på lån	11 513	12 218	12 218	25 573
Netto finansutgifter	18 526	20 444	20 444	29 934
Motpost avskrivning	-15 769	-15 263	-15 263	-15 263
Netto driftsresultat	3 640	10 541	161	-14 697
Netto driftsresultat i %	-1,0%	-3,2%	0,0%	4,0%
DISPONERING ELLER DEKKING AV NETTO DRIFTSRESULTAT				
Overføring til investering	783	700	700	713
Avsetning til bundne fond	782	510	510	2 940
Bruk av bundne fond	-3 861	-950	-950	-2 674
Avsetning til disposisjonsfond	-	-	-	13 733
Bruk av disposisjonsfond	-1 344	-10 801	-421	-16
Dekking av tidlegare års meirforbruk	-	-	-	-
Sum disponering	-3 640	-10 541	-161	14 697
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

Driftsinntekter :

Etter rekordåret 2022 var me spent på korleis 2023 skulle kome ut skattemessig. Det er ei utfordring at svaret på dette fyrst vert kjent gjennom skatteinnbetalinga i november. For oss er november den store skattemånaden. Som venta rakk me ikkje opp til skatteinngangen i 2022. Fasiten for 2023 viste at me fekk ein skatteinngang før utjamning på 117%. Etter utjamning enda me på 105%.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i skatteinntekter mot landsgjennomsnittet gjennom åra 2013-2023 :



Skatteinngangen i 2023 førte til at me fekk inntrekk i rammetilskotet frå staten («utjamning»). Dette inntrekket utgjorde 12,9 mill.kr.


Utover den gode skatteinntekta fekk me totalt 9,3 mill.kr som havbruksmidlar. I 2023 bestod dette beløpet i sin heilhet av produksjonsavgift. Budsjettert beløp var 4,3 mill.kr. Neste år (2024) vil det verte ein ny runde med sal av konsesjonar, slik at samla utbetaling frå havbruksfondet vert større.

Driftsutgifter :

Utgiftene auka også gjennom året 2023. Årsveksten i konsumprisindeksen (KPI) for året vart 4,7%. Det var likevel gledeleg å sjå at straumutgiftene minka frå 2022 til 2023.

Samla lønsutgifter fråtrekt sjuke- og fødselsrefusjonar vart 5,3% lågare enn revidert budsjettert. Men i dette reknestykket må det også takast med at me leiger inn mykje eksternt personell på omsorgssenteret og open omsorg for å fylle turnusen. Samla innleige på desse to områda vart 24,7 mill.kr i 2023.

Tabellen nedanfor viser korleis driftsutgiftene er fordelt :



Løn og sosiale utgifter utgjør 61%. Dersom innleie av helsevikarar (24,7 mill.kr) vert lagt inn som løn aukar denne posten til 68%.

Finans :

Renter og avdrag hamna samla på budsjett. Eit positivt avvik på renteinntektene gjorde at netto finansutgifter vart lågare enn budsjett.

Disponering og avvik:

Opphavelag var budsjett for 2023 lagt opp som eit null budsjett, i revidert budsjett vart det lagt opp til eit netto driftsresultat tilsvarande - 10,5 mill. kr. Netto driftsresultat endte med eit netto driftsresultat tilsvarande kr. -3,6 mill.

Når me kom betre ut enn budsjett skuldast dette i all hovudsak at inntektene også i 2023 vart høgare enn budsjett.

For å dekke inn underskotet måtte me bruke 1,3 mill.kr av disposisjonsfondet.

Nedanfor vert rekneskapen vist per. Kostra-funksjon (tal i kr) :

Funksjon	Tekst	Rekneskap 2023	Rev.budsjett t 2023	Rekneskap 2022	Avvik mot rev budsjett
100	Politisk styring	4 451 201	3 855 014	3 261 223	15,5 %
110	Kontroll og revisjon	820 384	884 269	900 940	-7,2 %
120	Administrasjon	19 705 151	22 569 524	18 750 181	-12,7 %
121	Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	532 409	519 018	562 364	2,6 %
130	Administrasjonslokaler	1 131 936	1 221 689	988 596	-7,3 %
170	Årets premieavvik	-28 097 588	-24 483 708	-8 632 272	14,8 %
171	Amortisering av tidligere års premieavvik	3 888 043	0	3 270 106	#DIV/0!
172	Pensjon	93 723	0	92 930	#DIV/0!
173	Premiefond	-2 165 844	-2 165 844	-7 329 953	0,0 %
180	Diverse fellesutgifter	188 188	222 341	172 815	-15,4 %
190	Interne fordelingar	0	4 290 217	0	-100,0 %
201	Barnehage	32 484 066	33 110 554	28 777 107	-1,9 %
202	Grunnskole	46 150 477	44 175 955	43 421 467	4,5 %
211	Styrket tilbud til førskolebarn	0	0	0	#DIV/0!
213	Voksenopplæring	-878 370	-299 846	-454 524	192,9 %
215	Skolefritidstilbud	1 666 904	1 741 099	611 057	-4,3 %
221	Barnehagelokaler og skyss	3 838 274	2 862 075	3 354 307	34,1 %
222	Skolelokaler	11 262 568	9 496 198	10 458 088	18,6 %
223	Skoleskyss	1 453 700	1 800 000	1 336 037	-19,2 %
231	Aktivitetstilbud barn og unge	0	0	0	#DIV/0!
232	Helsestasjons- og skolehelsetjeneste	3 181 124	4 408 572	4 128 339	-27,8 %
233	Annet forebyggende helsearbeid	433 578	1 171 319	219 984	-63,0 %
234	Aktiviserings- og servicetjenester til eldre og personer med funksjonsnedsettelse mv.	3 747 896	6 046 015	6 050 569	-38,0 %
241	Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering	15 763 768	13 189 275	14 149 784	19,5 %
242	Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	3 074 835	2 231 376	1 820 070	37,8 %
243	Tilbud til personer med rusproblemer	0	0	7 017	#DIV/0!
244	Barneverntjeneste	5 042 618	5 066 590	4 386 199	-0,5 %
251	Barnevernstiltak når barnet ikke er plassert av barnevernet	608 047	763 862	762 782	-20,4 %
252	Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet	4 004 144	3 812 661	2 497 443	5,0 %
253	Helse- og omsorgstjenester i institusjon	45 876 739	39 845 882	35 417 118	15,1 %

254	Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	50 980 723	47 729 346	43 174 340	6,8 %
261	Institusjonslokaler	6 366 603	5 253 737	6 567 575	21,2 %
265	Kommunalt disponerte boliger	-209 131	-990 474	-219 391	-78,9 %
273	Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi	357 832	671 665	664 154	-46,7 %
275	Introduksjonsordningen	-6 940 827	260 380	-1 939 092	-2765,7 %
276	Kvalifiseringsordningen	0	0	600	#DIV/0!
281	Ytelse til livsopphold	2 081 746	1 726 028	2 639 954	20,6 %
283	Bistand til etablering og opprettholdelse av egen bolig m.v.	239 846	35 000	150 000	585,3 %
301	Plansaksbehandling	2 776 851	1 247 233	1 141 935	122,6 %
302	Byggesaksbehandling, opprettelse og endring av eiendom og eierseksjonering	1 407 070	937 914	639 159	50,0 %
303	Kart og oppmåling	1 547 688	1 479 496	1 150 030	4,6 %
325	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	799 614	663 789	852 987	20,5 %
329	Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	1 536 933	1 470 650	1 431 893	4,5 %
330	Samferdsel og transporttiltak	-353 542	-581 714	-351 785	-39,2 %
332	Kommunale veier	10 277 146	9 385 262	10 205 262	9,5 %
338	Forebygging av branner og andre ulykker	443 506	418 473	360 371	6,0 %
339	Beredskap mot branner og andre ulykker	6 695 109	4 963 096	4 884 160	34,9 %
340	Produksjon av vann	1 764 169	1 132 226	2 119 817	55,8 %
345	Distribusjon av vann	-2 141 841	-1 690 168	-1 235 134	26,7 %
350	Avløpsrensing	1 533 061	1 349 890	2 756 399	13,6 %
353	Avløpsnett og innsamling av avløpsvann	-1 646 770	-1 631 101	-1 365 259	1,0 %
354	Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l. på avløpsanlegg	-1 603 655	-47 463	-18 475	3278,7 %
355	Innsamling, gjenvinning og sluttbehandling av husholdningsavfall	-264 481	-314 923	644 534	-16,0 %
360	Naturforvaltning og friluftsliv	242 688	150 339	288 692	61,4 %
370	Bibliotek	1 374 103	1 297 731	1 430 149	5,9 %
377	Kunstformidling	41 258	0	-37 828	#DIV/0!
380	Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	276 555	210 000	171 886	31,7 %
381	Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	2 080 765	1 504 546	1 671 175	38,3 %
383	Kulturskoler	1 735 608	1 669 366	1 090 472	4,0 %
385	Andre kulturaktiviteter og tilskudd til andres kulturbygg	4 282 430	3 770 017	3 685 793	13,6 %

390	Den norske kirke	2 795 272	2 771 901	2 717 357	0,8 %
393	Gravplasser og krematorier	1 116 887	1 406 185	1 077 138	-20,6 %
800	Skatt på inntekt og formue	-141 094	-123 554	-165 645	14,2 %
		435	000	952	
840	Rammetilskudd og øvrige generelle statstilskudd	-128 960	-134 319	-118 830	-4,0 %
		278	000	053	
860	Motpost avskrivninger	-15 768 554	-15 262 922	-15 262 923	3,3 %
870	Renter, utbytte og lån	18 533 577	20 474 128	29 964 339	-9,5 %

2.PERSONAL OG ORGANISASJON

Under dette kapitlet vert det mellom anna rapportert om dei tilhøve som følger «aktivitets- og redegjøringsplikten» (ARP).

2.1 Styringsstruktur

Strategisk leiing er sett saman av rådmann, assisterande rådmann, kommunalsjef helse- og omsorg, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef teknisk og økonomisjef. Forutan strategisk leiargruppe, rapporterer stabs- og fellestenester til rådmannen.

Skular, barnehage og eining for barn og familie, rapporterer til kommunalsjef oppvekst.

Institusjonar, open omsorg, helse, frivilligsentralen og NAV rapporterer til kommunalsjef helse- og oppvekst.



Drift og vedlikehald og brann og redning rapporterer til kommunalsjef teknisk, i tillegg ligg byggesak, kart- og oppmåling til kommunalsjefen sin stab. Innanfor landbruk har Tysnes kommune eit vertskommunesamarbeid med Bjørnafjorden kommune. I 2023 stod stilling som kommunalsjef teknisk vakant i samband med foreldrepermisjon, kommunalsjef teknisk valgte å sei opp stillinga si sumaren 2023. Det vart tilsett ny kommunalsjef som tiltredde stillinga seinhausten 2023, ass. rådmann har dekkja opp for denne stillinga det meste av 2023.

I juni 2023 vart det gjort vedtak om ei endring av overordna styringsstruktur. Endringa innber at det vert oppretta ein ny eining for førebygging og helsefremjing. Eininga inneber ei samling av helsestasjon, skulehelsetenesta, ergo- og fysioterapi, psykisk helse for barn og unge vert også samla saman med resten av psykisk helse. Eininga vert tilført ressurs som einingsleiar. Parallelt med denne endringa vert eining for barn og familie oppløyst og barnevern vert samla

som ein stabsfunksjon knytta til kommunalsjef oppvekst. Jordmor vert overført til eining for helse som også er blitt styrka med ein formell rolle som avdelingsleiar for forkontoret, avdelingsleiaren er tenkt å avlasta kommuneoverlegen for nokre administrative oppgåver. Formelt tredje endringane i kraft frå mars 2024. Noko av årsaka til denne justeringa heng saman med endringa i barnevernslova, der det vert eit tydelegare skilje på den førebyggjande delen og forvaltningsdelen. For å sikra dette best mogleg, blir førebyggingsarbeidet liggande til ny eining.

2.2 Organisasjonsdemografi

Gjennomsnittsalderen for tilsette i Tysnes kommune er for tida 43 år, og me er blitt eitt år yngre sidan 2022. 88 av dei tilsette er 55 år og eldre. Det kan bety at me i næraste framtid vil måtte rekruttera fleire nye medarbeidarar. Me ser samstundes at det har vore ei viss avgang dei siste åra og at gjennomsnittsalderen har helde seg stabilt på om lag 43-45 år.

Gode rekrutteringsprosessar og kloke val kan føra til at ei naudsynt fornying i personalgruppa går fint. Me ser også at det er svært ønskjeleg å halda på den kompetansen seniorane våre har. Tysnes kommune er positiv til å vurdera overgang til avtalar om pensjonistløn der det kan vere mogleg. Under føresetnad av at me også i framtida lukkast med både seniorpolitiske tiltak og får ein arbeidsgjevarpolitikk som også er attraktiv for nye søkjarar.

2.3 Tilsette og vikarar

Pr 1. desember 2023 var det omlag 328 tilsette i Tysnes kommune, fordelt på 250 årsverk. Tala er henta frå KS sin PAI-statistikk og inkluderar fast tilsette, vikarar, lærlingar og tilsette i løna permisjon. I tillegg kjem tilsette på timeløn (ekstrahjelp/ringevikar) og vikarar frå vikarbyrå.

Totalt er det 38 nye ressursar på lønslistene i 2023. 9 av desse er tilsette med fast stilling, medan resten er vikarar, tilkallingsvikarar, tilsette som er på arbeidspraksis og ferievikarar. Same statistikk viser at 22 av desse ressursane er kvinner, medan 16 er menn.


Tala frå PAI-statistikken viser ei lita nedgang i tal på årsverk (sjå modell under). Ut frå at tala er henta på same tid, kan differansen ha samanheng med rapporteringsform eller pågåande rekrutteringar, då det er ingen av områda som har hatt planlagd reduksjon i årsverk gjennom året.

Kjønn	Ansatte 2022	Årsverk 2022	Ansatte 2023	Årsverk 2023	Endring i årsverk 2022-2023
Kvinner og menn	352	256	328	250	-2,1 %
Kvinner	282	210	258	201	-4,0 %
Menn	70	46	70	49	6,5 %

2.4 Rekruttering

Å rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft er viktig for at kommunen skal kunne utføra sitt samfunnsoppdrag, og fleksibilitet og omstilling vil halda fram med å vera ein del av dei tilsette sin kvardag framover. Knappeheit på arbeidskraft fører til auka konkurranse om fagfolka, og det er heilt avgjerande at kommunen klarar å omstilla seg. Det er eit særskilt stort behov for kvalifisert arbeidskraft innan helse og omsorg, men også innanfor skule og barnehage merkast ein stadig tøffare konkurranse om arbeidstakarar med relevant kompetanse. Dersom me ser på den

demografiske utviklinga i kommunen og landet elles, er det hovudsakleg innan helsesektoren me kjem til å ha eit auka ressursbehov framover. Utviklinga i talet på eldre, gjer at me må tenka nytt kring oppgåveløysing og organisering av kompetanse. Dette arbeidet er starta på gjennom oppfølgingspunkt i 100 %-prosjektet, og det må jobbast vidare med å sjå på premissa for korleis me skal organisera arbeidet vårt i framtida for å møte behova. Målet med dette arbeidet er å bidra til at Tysnes kommune står fram som ein attraktiv arbeidsgjevar både for tilsette og arbeidssøkarar.



Per 1. desember 2023 var det totalt 328 tilsette fordelt på 250 årsverk i Tysnes kommune. Tala inkluderer fast tilsette, vikarar, lærlingar og tilsette med løna permisjon. I tillegg kjem tilsette som er innleigd frå vikarbyrå. Det er ein nedgang på 2,1 prosent frå same tid året før. Dette kan skyldast at stillinga er sett i vakanse, eller av andre grunnar ikkje er gjort tilsetjing i pr 1.12.23.


Det har vore totalt 154 stillingar utlyst i 2023 fordelt på 98 rekrutteringsprosessar. Av dei til saman 254 søkjarane, var 174 kvinner og 80 menn. Ut frå den same statistikken, er det gjort 76 tilsetjingar. Av desse er størstedelen av rekrutteringane knytt til fast stilling, medan dei resterande er i mellombels tilsetjing, sjå diagram under. Samanliknar ein tala med oversikt over nye ressursar i lønssystemet, er mange av søkjarane interne kandidatlar som får endra stilling eller tilsetjingsform.

2.5 Turnover - gjennomtrekk

Turnover, eller på norsk gjennomtrekk, seier noko om personalomsetninga i verksemda. Normalt blir turnover knytt til den delen av tilsettgruppa som finn seg arbeid hos anna arbeidsgjevar, men også endring av stilling hjå same arbeidsgjevar vert rekna med i samla turnover.

I perioden frå 1.12.22 og 1.12.23 er 82,44 prosent av tilsettgruppa i Tysnes kommune den

same. Av desse er 80,71 prosent i same stilling, medan 4,19 prosent har endra stillingskode og/eller sektor. Den eksterne turnoveren ligg samla på 17,56 prosent. Denne delen av tilsettgruppa har anten starta å arbeida hos anna kommune, i ein privat bedrift eller er gått av med pensjon. Ser me på turnover per sektor, er det innan undervisning og helse prosenten er høgast. Om lag 3,44 og 3,37 prosent av dei tilsette det eine året, har får arbeid i anna kommune.



Den interne endringa skjer når tilsette kjem over i anna tilsettgruppe som følgje av auka kompetanse eller rolla. I Tysnes kommune er denne endringa størst blant tilsette i stillingar utan krav til formell kompetanse. Her går om lag 4,3 prosent over i tilsettgruppa som fagarbeidar. I tilsettgruppa adjunkt og stillingar med krav om 4-årig utdanning, vert 3,4 prosent av desse endra til adjunkt m/tilleggsutdanning. I dei andre stillingsgruppene er det mindre endringar i denne perioden. Det betyr at 7,7 prosent av tilsette i desse to stillingsgruppene har tileigna seg kompetanse som fører til ny stillingskode i løpet av året.

For å vere betre rusta for framtida, kan det vere naudsynt å kartlegge og analysere framtidige arbeidskraft- og kompetansebehov i kommunen.

2.6 Auka arbeidsdeltaking

Det er eit mål at Tysnes kommune skal arbeida for høg arbeidsdeltaking mellom alle grupper i samfunnet, dette gjeld også dei som elles kan stå i fare for å falle ut av arbeidslivet.

Lærlingar

Tysnes kommune har framleis hatt fokus på rekruttering, opplæring og utvikling av gode fagarbeidarar, eit arbeid me vil halda fram med.

Ut frå KS sine måлтаlet på lærlingplassar, to lærlingplassar per 1000 innbyggjar, skal Tysnes kommune ha om lag 6 lærlingar pr år. Tal på lærlingar vil variere ut frå søknadsmengd frå år til år, men me ser at me har høve og potensiale til å ta imot fleire lærlingar, særskilt innan helsefag. Her har me ein lærling som starta sitt fyrste læreår hausten 2023, og til saman to TAF-elevar. Innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, hadde me fire lærlingar som fullførte læretida i løpet av året, og tre lærlingar som gjekk vidare på det andre året sitt som lærling.


Det er ønskjeleg med enda fleire lærlingar, både innan fagområda som nemnt over, men også vera open for å ta imot lærlingar innan andre fag eksempelvis kontorlag, byggdriftsfaget, reinhaldarfaget mfl. Gjennom ei felles lysing etter lærlingar, opnar me opp for kandidatar innan andre fagområde å søkja.

Tysnes kommune er for liten til å fylle kompetansemåla for einsskilte fagutdanningar, men me har også hatt eit samarbeid med andre slik at lærekandidatar i andre verksemdar får arbeidspraksis i kommunen. Per i dag har kommunen mellom anna ein lærling som har fast arbeidstid i kommunen, men som vert fylgt opp av Atea.

Heiltidskultur

Ved utgangen av 2023 arbeidde til saman 47 prosent av alle tilsette i 100 prosent stilling. Dette talet viser stillingsstorleik per tilsett, som er tal på årsverk delt på tal på tilsette. Dette talet er opp 4 prosent frå året før. Medan kvinner sin heiltidsdel er på 45 prosent, arbeidde 54 prosent av menn i full stilling. Gjennomsnittleg stillingsstorleik i Tysnes var 76 prosent i 2023. Dette er ein auke med tre prosent frå året før. Samanlikna med gjennomsnittleg stillingsstorleik i Vestland fylke, så ligg me framleis litt under denne. For begge kjønn var gjennomsnittleg stillingsstorleik 82,7 prosent i fylke, og nokså jamt mellom kjønn med 82,9 prosent for kvinner og 82,2 for menn.

Det er skilnader mellom dei ulike tenesteområda når det gjeld heiltidsdel, og det er innan helse/pleie/omsorg at flest jobbar deltid. I 2023 arbeidde 33 prosent av tilsette i helse/pleie/omsorg i full stilling, medan den gjennomsnittlege stillingsstorleiken i same sektor var 71 prosent. Det er likevel ein positiv endring frå året før, då heiltidsandelen i 2022 i sektoren var på 28 prosent og gjennomsnittleg stilling på 65 prosent. Ser ein på tala frå 2020 har heiltidsandelen auka med 13 prosent innan helse. Ein medverkande årsak til den positive utviklinga, er truleg prosjekt «100 prosent» og overgang til årsturnus. Prosjektet og overgang til årsturnus har gjeve eit høgare fokus på heiltidsstillingar.



Modellen viser kor stor del av dei tilsette i sektorane som jobbar i full stilling. Tala er henta frå KS sin PAI-rapport.

Høg del av deltidstilsette er ein av dei største utfordringane norske kommunar har som arbeidsgjevar. Å byggje ein heiltidskultur krev at me tenkjer nytt rundt korleis tenestene, kompetansen og arbeidstida blir organisert. Gjennom prosjektet «100 prosent» var målsetjinga nettopp dette å auka heiltidsdelen. Prosjektet retta seg primært mot Tysnes omsorgssenter og Tysnes heimesjukepleie. Prosjektet har ført til auka fokus på heiltid, men me er likevel eit stykke unna målsetjinga. Prosjektet var avslutta hausten 2022, med vedtak om at det skal arbeidast vidare med å sjå på korleis me kan løyse rekrutteringsutfordringar knytt til enkelte stillingar, sjå på ulike arbeidstidsordningar som løysing og organisering av kompetanse.

Pr 1.1.23 kom det ei ny lovending i arbeidsmiljølova og det føl av ny § 14-1 b) at hovudregelen i arbeidslivet er heiltidsstilling. Det vil sei at me må arbeida vidare med dette arbeidet også i åra framover, og me må sjå om me kan finna gode løysingar også på tvers av sektorane for å mogleggjera heiltidsstilling.

Hausten 2023 vart det gjennomført ei kartlegging av deltid. Undersøkinga er ein del av «aktivitets- og redegjæringsplikten» (ARP). Det skal gjennomførast ei slik undersøking kvar anna år. Kartlegging var gjennomført i perioden 1.-15.november, og svara er henta inn via forms-skjema. Til saman har 135 tilsette svara på undersøkinga. Av desse har 52 respondentar deltidstilling. Om lag halvparten av desse svarar at dei jobbar meir enn sin faste stilling. Men her er det skilnad mellom tilsette helsesektoren og tilsette i oppvekstsektoren. Innan helse jobbar tilsette i deltidstilling utover stillingsprosenten sin og halvparten har eit ønskje om høgare stillingsstorleik, medan dei innan oppvekstsektoren oppgjer at dei er tilfreds med stillingsprosent og sjeldan jobbar utover eigen stillingsprosent. Sjølv om kartlegginga har låg svarprosent samanlikna med tal på tilsette, så er resultatata kjent med dei utfordringane me ser i kvardagen. Resultatet er gjennomgått med leiargruppa og organisasjonane.

Livsfasepolitikk

Tysnes kommune har ein livsfaseorientert personalpolitikk gjennom retningsline for livsfasepolitikk og seniorpolitiske retningsline. Dette inneber at personalpolitikken skal vere tilpassa dei behova tilsette har i alle fasar av yrkeslivet. Behova kan vere knytt til jobb, familie, fritid og livssituasjon.

Det er viktig å ha fokus på livsfasepolitikk, og retningslinene som vart vedteke i 2016 har trong for å reviderast. Det er etablert eit godt samarbeid med tillitsvalde og verneombod, og retningslinene skal drøftast med desse i .

Kjønnslikestilling

Tysnes kommune har til liks med alle arbeidsgjevarar i Noreg, ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å skapa meir likestilling og hindra diskriminering på arbeidsplassen.

Kjønnslikestilling har også i 2023 vore tema i samarbeidsmøta med organisasjonane, og me har drøfta på korleis me skal arbeide med dette hos oss. Det er semje om at arbeidet er viktig og skal prioriterast. I samarbeid med organisasjonane vart det i 2023 arbeidd fram ei mangfaldserklæring, som ligg til i alle lysingstekstar:

Mangfaldserklæring

Tysnes kommune ønskjer å spegle mangfaldet i befolkninga i rekrutteringa vår. Me oppmodar alle som er kvalifiserte til å søkje ledige stillingar uansett kjønn, alder, funksjonshemming og fleirkulturell bakgrunn. Det same gjeld dersom ein har hatt eit lengre opphald frå arbeidslivet. Me ønskjer å leggje til rette for inkluderande rekruttering.

Kjønnsfordeling

Tysnes kommune har målsetting å oppnå ei jamnare kjønnsfordeling innanfor dei ulike verksemds- og tenesteområda.

Tabellen under viser at av tilsettgruppa i Tysnes kommune i 2023, var 79 prosent kvinner og 21 prosent menn. Dei største tenesteområda, helse/sosial og oppvekst, hadde begge ein svært høg kvinnedel. Tenesteområdet teknisk sektor skil seg ut frå resten av tenesteområda med tydeleg hovudvekt på menn, medan det i sentraladministrasjonen er nokså jamt fordelt. Sentraladministrasjonen og oppvekstsektoren uendra frå året før, medan dei andre sektorane har ein liten oppgang i tal på menn.

<i>Sentraladministrasjon</i>	53	47	uendra
<i>Oppvekst</i>	86	14	uendra
<i>Helse og sosial</i>	89	11	3
<i>Teknisk sektor</i>	31	69	6
<i>Tysnes kommune samla</i>	79	21	2

Innan dei utvalt verksemdsområda er det stor overvekt av kvinnelege tilsette, men det er likevel ei positiv endring av tal på men frå året før i sektorane med unntak av barnehagar, som har hatt ein nedgang.

<i>Grunnskule</i>	83	12	2
<i>Bufellesskap</i>	88	12	4
<i>Omsorgssenter</i>	90	10	1
<i>Barnehagar</i>	94	6	-2


Kjønnsfordeling og stillingsgrupper

Tabellen under viser kjønnsfordeling for utvalt stillingsgrupper pr årsverk for 2023. I stillingar med krav om høgare utdanning (mastergrad, høgskuleutdanning med ytterlegare spesialutdanning og høgskuleutdanning) var det ei særleg høg del kvinner, men ikkje uventa ut frå den totale kvinnedelen i heile organisasjonen. Del menn var høgast strategisk leiargruppe, medan den er jamn for kapittel 5-stillingar. I dei to andre leiarkapitla er

<i>Stilling utan særskilt krav til utdanning</i>	62	10	72	86 %	14 %
<i>Fagarbeidarstilling</i>	67	26	93	72 %	28 %
<i>Stilling med krav om 3-årig høgskuleutdanning</i>	43	7	50	86 %	14 %
<i>Stilling med krav om høgskuleutdanning m/ ytterlegare spesialutdanning</i>	23	3	26	88 %	12 %
<i>Stillingar med krav om mastergrad</i>	1	2	3	33 %	67 %
<i>Stillingar i kap. 5</i>	9	9	18	50 %	50 %
<i>Avdelingsleiarar, kap. 3.4.3</i>	12	1	13	92 %	8 %
<i>Einingsleiarar, kap. 3.4.2</i>	6	3	9	67 %	33 %
<i>Strategisk leiargruppe, kap. 3.4.1</i>	2	4	6	33 %	67 %
<i>Totalsum i desse stillingsgruppene</i>	224	68	289	77 %	23 %

Kjønnsfordeling og alder

Ut frå at det er flest kvinnelege tilsette i organisasjonen vår, er det ikkje ei overrasking at kvinnedelen er høg på dei fleste alderstrinna. Det er pr Rapporten som er teke ut frå lønssystemet viser kjønnsdeling og alder per 1.12.23. På dette tidspunktet er det ingen menn under 20 år. Aldersgruppa 30-39 år har den jamnaste kjønnsfordelinga, og 23 prosent av mannelege tilsette er i denne gruppa.



Lønnsfordeling mellom kvinner og menn i ulike stillingsgrupper

Tilsette i Tysnes kommune er løna etter reglane i hovudtariffavtalen (HTA) i kommunal sektor. I underkant av 86 prosent av dei tilsette har stilling med hovudsakleg sentral lønsdanning (HTA kapittel 4) og løn i samsvar med garantilønstabellen for dei ulike stillingsgruppene og ansiennitetstrinna. Dette gjeld gruppe 1, 2, 3, 4 og 5 i modellen.

For tilsette i leiarstilling (gruppe 7, 8 og 9), samt tilsette i gruppe 6, blir løna fastset etter lokale forhandlingar.

Ved lokal lønsfastsetjing skal det takast omsyn til resultatoppnåing, kompetanse og ansvaret til den enkelte og kompleksitet i stillinga. Likeløn er eit tema som årleg blir drøfta med tillitsvalde før og under forhandlingane. Likeløn er òg ein del av vurderingsgrunnlaget til arbeidsgjevar, og er ein del av arbeidsgjevarstrategien gjennom lønspolitiske plan.

Gr. Stillingsgrupper

		Gj.snitt månadsløn kvinner	Gj.snitt månadsløn menn
1	Stilling utan særskilt krav til utdanning	35.181	33.900
2	Fagarbeidarstilling	40.402	42.632
3	Stilling med krav om 3-årig høgskuleutdanning	46.478	47.608
4	Stilling med krav om 3-årig høgskuleutdanning med ytterlegare spesialutdanning	49.162	49.211
5	Stilling med mastergrad	49.342	49.629
6	Stillingar i kap. 5	67.373	72.042
7	Avdelingsleiarar, kap. 3.4.3	55.214	60.875
8	Einingsleiarar, kap. 3.4.2	66.556	59.651
9	Strategisk leiargruppe, kap. 3.4.1	82.717	84.602

Tabell: Lønsfordeling pr stillingsgruppe fordelt på kvinner og menn. Løna er vist i grunnløn pr måned utan variable tillegg.

Tabellen under viser samanlikning av månadsforteneste for kvinner i prosent av menn si løn, for perioden 2019-2022. Generelt ligg kvinner sin månadsforteneste noko lågare enn tilsvarande tal for menn. Dersom me samanliknar stillingar med same stillingskode er løna i realiteten lik.

	2021	2022	2023
Justert for	Kvinner si månadsforteneste i prosent av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i prosent av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i prosent av menn si forteneste
<i>Ujustert</i>	88,7	86,6	86,1
<i>Alder</i>	88,7	86,6	86,1
<i>Stillingsgruppe</i>	99,4	98,2	97,1
<i>Stillingskode</i>	99,9	100,3	100,1
<i>Utdanning</i>	95,8	93,8	93

Tabellen uttrykkjer kva del av løna til kvinner av menn si løn ville vore, dersom kvinner og menn hadde hatt same årsverkfordeling innan kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgrupper eller -kode, bør brukast som mål på kjønnskilnaden i løn, ettersom tabellen i stor grad held utanfor den delen av lønsskilnaden som skuldast yrkesval.

Sjukefråvær


På landsbasis viser sjukefråværet ein aukande trend gjennom 2023, og i 4.kvartal var sjukefråværet på det høgaste sidan den koronaprega starten av 2022. I kommunesektoren var sjukefråværet høgare i andre halvdel av 2023, enn i same periode i 2022(kjelde: <https://www.ks.no/fagomrader/statistikk-og-analyse/fravar/okende-sykefravar-i-2023/>). I Tysnes går sjukefråværet ned i fyrste og andre kvartal, medan det har ein stigning igjen i fjerde kvartal. Samla sjukefråvær i heile organisasjonen ligg på 9,7 prosent, som er ein nedgang frå året før (11,4 prosent). Trenden som viser i kommune-Noreg er såleis ikkje like aktuell for Tysnes, men samla har me likevel eit høgare sjukefråvær enn kommunesektoren på landsbasis i 2023 (7,7 prosent).

Samla sjukefråvær i Tysnes kommune var i 2023 på 9,7 prosent. Dette var ein reduksjon på 1,87 prosent frå året før. Måлтаlet for samla sjukefråvær i kommunen er framleis 4 prosent. Dette måлтаlet har ikkje vore justert sidan IA-avtalen vart fornya i 2019. Ut frå korleis sjukefråværet har vore dei siste åra, kan det vere fornuftig å ha tilpassa måltal for kvar sektor der kvar sektor lagar ein handlingsplan som visar kva tiltak som kan setjast i verk for å nå sine måltal.

Modellen til høgre viser fråværsdelen delt inn i kortidsfråvær og langtidsfråvær. Av det samla sjukefråvær i 2023, utgjør kortidsfråværet 23,2 prosent. Med kortidsfråvær meiner me fråvær opptil 16 dagar, både eigenmeldt og legemeldt. Av samla kortidsfråvær er om lag halvparten eigenmeldt fråvær. Det vurderer me som positivt og i tråd med formålet med avgjersla om å utvida retten til eigenmelding i heile arbeidsgjevarperioden på 16 dagar. Denne avgjersla vart gjort av administrasjonsutvalet i slutten av 2021, som ei vidareføring av eit nasjonalt koronatiltak.



Som figuren under viser, var det samla sjukefråværet i 2023 på same nivå som 2021, og ein reduksjon frå 2022. Sentraladministrasjonen og helse og omsorg har begge ein auke i sjukefråvær, medan teknisk etat har ein merkbar nedgang med berre to prosent unna kommunen sitt måltal.



Langtidsfråvær, fråværet som er utover 56 dagar, er på 25 prosent. Det vil sei at den delen som er mellom 16 og 56 dagar utgjer resten av fråværet.

Samla sett er sjukefråværet framleis altfor høgt, men me skal òg ha med oss at mange tilsette også er veldig friske.

Arbeid med nærvær og sjukefråværsoppfølging vil vera viktige fokusområde framover. Me må sikra at det vert vurdert tilrettelegging og tilpassing for tilsette med målsetjing om å skapa helsefremjande arbeid. Det er samstundes viktig å få vurdert om det er særskilte arbeidsmiljøfaktorar som også slår ut for denne gruppa. Medarbeidarundersøkinga 10-faktor kan gje positiv påverknad på arbeidsmiljøet då det vil få meir fokus gjennom etterarbeid og handlingsplanar, og kan såleis påverka nærværs-prosenten.

Forsterka sjukefråværsatsing

Det vart etablert eit samarbeid med NAV arbeidslivssenter, hausten 2023. Arbeidslivssenteret tek utgangspunkt i IA-avtalen sine verkemiddel og tiltak, og skal saman med partssamansatt arbeidsgruppa frå Heimebaserte tenester og Uggdal skule, jobba systematisk og kunnskapsbasert med sjukefråvær på desse to arbeidsplassane. Samarbeidet skal gjere leiarane, tillitsvalte og verneombod betre i stand til å jobba systematisk med HMT og førebyggjande arbeidsmiljøarbeid på sine arbeidsplassar, med målsetjing om auka nærvær (reduisert sjukefråvær).

Desse to arbeidsplassane er valt ut frå at dei over tid har hatt eit høgt sjukefråvær og at dei samstundes har hatt endring i leiargruppa. Me har eit mål om at arbeidet dei går i gong med saman med arbeidslivssenteret, og erfaringar dei gjer seg, kan overførast til dei andre einingane. Dette arbeidet vil ha oppstart i begynnelsen av 2024.

Arbeidsmiljø og HMT

Ivaretaking av fullt forsvarleg arbeidsmiljø er fast tema i arbeidsmiljøutvalet (AMU). I årshjulet til HMT-arbeid vert avdelingane sine HMT-planar handsama i AMU i 2.kvartal.

Handlingsplanane er utarbeida med utgangspunkt i ei risikovurdering og vernerunde. I starten av 2023 gjennomførte me ei 3-delt opplæring i risikovurdering og utarbeiding av handlingsplan. Opplæringa gjekk til verneleiarar og verneomboda med målsetjing om å bruka desse verktøya enda betre.

Som følgje av ei vurdering av verneområda og kompleksiteten til dei ulike avdelingane, blei Tysnes legekontor skilt ut som eige verneområde. Legekantoret har tidlegare vore knytt til rådhuset. Det vart gjort ei likeleis endring på Onarheim skule og barnehage, der desse vart rekna å vere to verneområde. Det blir også meir tenleg i fortsetjinga når Onarheim barnehage flyttar inn i nytt bygg.

Implementeringa av Compilo har vore arbeidd vidare med i året som var og snart er alle einingane integrert med denne løysinga. Det er det framleis nokre arbeidsplassar innan oppvekst som ikkje har tilgang, men målsetjing om at alle skal ha brukartilgang i løpet av fyrste del av 2024.

Den lovpålagt HMT-opplæringa av vernetenesta og leiarar, vert gjennomført som e-læring. Opplæringa vert gjeve fortløpande til nye verneombod, i tillegg har samtlege av AMU-medlemmane teke kurset. Det er viktig for Tysnes kommune at alle verneombod har gjennomført godkjent HMT-kurs. Samstundes vert det lagt til eit oppfriskingskurs for leiarane 2.kvart år.

I samarbeid med bedriftshelsetenesta er det utarbeida ein samarbeidsplan med planlagt HMT-tiltak for 2023. I tillegg til planlagde tiltak, vert bedriftshelsetenesta nytta når det er behov for særskilt oppfølging, både på einingsnivå og til enkelttilsette. I 2023 er det mellom anna utført målretta arbeidshelseundersøkingar for yrkesgrupper det er krav om, yrkesvaksiner, helseundersøkingar for nattevakter, arbeidsplassvurdering og ulike målingar av mellom anna støy, lys og luftkvalitet. Bedriftshelsetenesta delteke på møter i AMU og Akan-utval.

2.7 Etikk

Fokus på etiske retningslinjer er også ein del av introduksjonsprogrammet for nyttilsette i verksemda. Det vert elles arbeid med etisk refleksjon i høve til personal- og avdelingsmøter. Dei ulike arbeidsplassane varetek dette litt ulikt, nokre avdelingar har etikk som eit fast punkt på møter, medan andre legg opp til å gjera det til eit større tema på einskilde møter med case. Barnehagane plar til dømes å ha etikk som eit av hovudtema på planleggingsdagane i august, då dette er månaden med flest nyttilsette.

Som ein del av arbeid knytt til etikk, kan det nemnast at AKAN-kontakt har besøkt alle avdelingar/einingar med informasjon om AKAN, rutinar, arbeidet i AKAN. I denne presentasjonen har det vore lagt vekt på involvering frå tilsettgruppa gjennom diskusjons av ulike problemstillingar.

Gjennom året er det også sett høgare fokus på personvern, dette har mellom anna ført til etiske refleksjonar knytt til innsamling av brukardata. Ei følgje av etisk refleksjon på dette område er mellom anna at kommunen ikkje lenger nyttar Google Analytics for utvikling av eigen nettstad.

Det er sett opp eit eige samtaleopplegg som skal gjennomførast på alle arbeidsstader knytt til sjukefråvær, korleis snakkar me om det og kva opplysingar er det naudsynt å dela.

Gjennom 2024 skal etiske retningslinjer for verksemda evaluerast. Dette arbeidet vert teke opp i organisasjonen og saman med fagorganisasjonar og vernetenesta før det vert lagt fram som vedtakssak for kommunestyre hausten 2024.

3.POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN

3.1. Politikk og samfunnsutvikling

I senter for all vår verksemd står dei politiske vegvala og strategiane som vert meisla ut gjennom dei politiske prosessane.

Den politiske organisasjonen var i 2023 slik:



Forutan denne overordna strukturen har kommunen også ein rekkje råd og underutval, nedanstående tabell viser politisk aktivitet målt i tal på saker i siste år fordelt per utval for 2019 -2023:

Tab. 3.1 handsama saker delt per utval	2019	2020	2021	2022	2023
Kommunestyre	75	85	50	49	69
Formannskap	87	116	94	102	71
Tenesteutval	37	35	31	26	18

Landbruk/teknisk/Utval for landbruk/teknisk	103	81	92	95	90
Administrasjonsutval	9	15	10	14	4
Arbeidsmiljøutval	18	13	17	13	12
*Eldreråd/Råd for eldre og menneske med funksjonsnedsetjing	3	3	4	4	3
*Ungdomsråd	-	1	4	6	6
*Sakkunnig nemnd	4	9	7	4	1
*Sakkunnig ankenemnd	1	1	1	1	0
Tilsetjingsutval	63	49	46	57	-
Valstyre	15	-	9	-	14
SUM	402	408	365	371	288

*1 sak pr.møte

For å gje eit meir utfyllande bilete av det politiske arbeidet har me også teke med eit oversyn over dei som Kommunestyre handsama førre år:

Tab 3.2: Saker til handsaming i kommunestyre 2023	Møtedato	Sak
Kommunestyre	28. februar	<p>Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid – 2022</p> <p>Tilstandsrapport barnevern</p> <p>Busetjing av flyktningar i Tysnes kommune 2023</p> <p>Val av valstyre – kommune og fylkestingsvalet 2023</p> <p>Debatthefte I</p> <p>Debatthefte 2023</p> <p>Søknad om fritak for eigedomsskatt for Rekkjetunet Færevåg</p> <p>Eigedomsskattesats og fritak 2023</p> <p>Ny selskapsavtale Sunnhordlandsrådet IKS</p> <p>Plan for kommunal kriseleiing (KKL)</p> <p>Onarheim barnehage – kostnadsreducerande tiltak</p> <p>Delfinansiering – gangveg Onarheim</p> <p>Ymse – kommunestyret – februar 2023</p>
	15. juni	<p>Rekneskap for Tysnes kommune 2022</p> <p>Årsmelding fro Tysnes kommune 2022</p> <p>Finansforvaltningsrapport pr. april 2023</p> <p>Innkjøp av revisjonstenester – ny konkurranse – fullmakt til kontrollutvalet</p> <p>Avtale med syns- og audiopedagogisk teneste</p> <p>Tilstandsrapport for grunnskulen 2023</p> <p>Prinsippvedtak – Organisering av IKT i Tysnes kommune</p> <p>Endringar i overordna styringskultur</p> <p>Evaluering av selskapsavtale – Bergen og omland friluftsråd</p> <p>Økonomirapportering 1. tertial</p> <p>Ymse kommunestyret juni 2023</p>
	26. september	<p>Overføring av mynde frå Tysnes kommune til Sunnhordland interkommunal miljøverk</p> <p>Regulering av budsjett for 2023</p>

		<p>Forskrift om gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg</p> <p>Justert oppmoding om busetting av flyktningar</p> <p>Samarbeidsavtale for Vest brann og redningsregion KOF</p> <p>Søknad om endring i salsløyve for alkohol – Bruntveit Handel AS</p> <p>Søknad om støtte til Tysnesfest</p> <p>Namnesak 2015/14 i Tysnes kommune</p> <p>Reglement for Tysnes ungdomsråd</p> <p>Ettergodtgjersle ordførar</p>
Konstituerande møte	5. oktober	<p>Kommunestyrevalet 2023</p> <p>Val av formannskap 2023 – 2027</p> <p>Val av ordførar 2023 – 2027</p> <p>Val av varaordførar 2023 – 2027</p> <p>Val av kontrollutval 2023 – 2027</p> <p>Val av Tenesteutval 2023 – 2027</p> <p>Val av leiar i Tenesteutvalet 2023 – 2027</p> <p>Val av nestleiar i Tenesteutvalet 2023 – 2027</p> <p>Val av utval for Landbruk/teknisk 2023 – 2027</p> <p>Val av leiar for utval Landbruk/teknisk 2023 – 2027</p> <p>Val av nestleiar for utval Landbruk/teknisk 2023 – 2027</p> <p>Val av valnemnd 2023 – 2027</p> <p>Val av representant og vararepresentant til årsmøte i KS</p>
Kulturpris 2023: Kari og Helge Drange – kulturløa på Drange	14. desember	<p>Finansforvaltningsrapport pr. 31 august 2023</p> <p>Budsjett 2024 – 2027 – Framlegg til vedtak</p> <p>Tilskot til verna kulturminne i Vestland 2024</p> <p>Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2024</p> <p>Omorganisering til Region Sunnhordland IKS og Sunnhordlandsrådet</p> <p>IPR</p> <p>Administrasjonsutval 2023 – 2027</p> <p>Val av eldreråd 2023 – 2027</p> <p>Val av råd for menneske med funksjonsnedsetting 2023 – 2027</p> <p>Vigselsmynde – fullmakt til å gjennomføra vigsel i Tysnes kommune</p> <p>Val av nye medlemmer til ungdomsrådet 2023 – 2025</p> <p>Val av tilflyttingsnemnd 2023 – 2027</p> <p>Innkvarteringsnemnd 2023 – 2027</p> <p>Dyrevernsmemnda i Sunnhordland 2023 – 2027</p> <p>Kommunal representant i kyrkjeleg fellestråd 2023 – 2027</p>

	Val av medlem til Agnes og Olav Berge sitt stipendiefond 2023 – 2027 Kontaktperson i plansaker for born og unge 2023 – 2027 Rådsmedlem i Sunnhordland folkemuseum- og sogelag 2023 – 2027 Val av representant til stiftinga kystsogevøkene 2023 – 2027 Val av representant til styra i helseføretak under Helse Vest RHF 2023 – 2027 Suppleringsval – kontrollutval 2023 – 2027 Suppleringsval formannskap 2023 – 2027
--	--

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak. Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Ei sak som ikkje er fylgt opp er strategiplan for innkjøp, denne var oppe til kommunestyre for handsaming, men vart sendt attende for vidare utgreiing. Saka må fremjast i 2024. Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold. Det vert arbeidd med eit system for å sikra at det vert ført og rapportert vedtaksoppfølging løpande frå 2024.

3.2 Prosjekt

Investeringsporteføljen til Tysnes kommune har i 2023 bestått av fleire små og store prosjekt. Det har samstundes vore ei utfordring av stilling som teknisk sjef har vore vakant store deler av året, ass. rådmann har fylt funksjonen i samband med endring av personell.

I 2023 har administrasjonen jobba med følgjande investeringsprosjekt

Prosjekt	
Onarheim barnehage	Under arbeid
Bustadfelt Sauabakkane	Under arbeid
Statleg sikring Peralio friluftsområde	Under arbeid
Aktivitetspark Kyrkjevatnet	Under arbeid
Plasthall i Eredalen	Utgår
Rehabilitering av symjehallen	Under arbeid
Utviding av kontorkapasitet i rådhuset	Ung
Enøk-tiltak i eksisterande bygg	Under arbeid

Oppgraderingar i IKT infrastruktur	Under arbeid
Fagsystem sosiale tenester	Fullført
Fagsystem barnevern	Fullført
Fagsystem byggesak (eByggesak)	Fullført
Migrering av AD-kontrollarar	Utgår
Framsikt (økonomiplan og årsbudsjett)	Under arbeid
Utbetring nødnett i Eredalen	Under arbeid
Vaktbil brannvesenet	Fullført
Utviding og oppgradering av leidningsnettet	Fullført
Ny slamavskiljar m.m ved hovedkloakk Lunde	Under arbeid
Oppgradering slamavskiljar og utsleppsledning ved Sauabakkane	Under arbeid
Trafikksikring etter trafikksikringsplanen	Utført
Asfaltering av kommunale grusvegar	Utført
Parkering i tilknytning til omsorgssenteret	Utført

3.3 Digitalisering

I 2023 er det innført fleire nye fagsystem, i 2023 var kommunen nøydd til å skifta ut fleire system som då var «end of life». I høve til kommunen sitt sak- og arkivsystem vart ES skifta ut med Elements om lag frå årsskifte. I tillegg har Tysnes kommune teke i bruk Modulus barnevern som er eit nytt fagsystem for barnevernet. I høve NAV sosial er Visma velferd teke i bruk. E-byggesak er innført for byggesaksavdelinga. I tillegg har kommunen gått vidare med digitalisering innan utsending og mottak elektronisk innan fleire fagfelt. Kommunen har også starta opp med system for digital kommunikasjon med m.a. pårørande gjennom det nyleg innførte systemet DigiHelse. Me har eit moderne og framtidretta IT-system, samstundes er krava til digitalt tilgjenge og gode løysingar stadig aukande.

Tysnes kommune har delteke i det digitale samarbeidet i Vestland fylke som heiter Digi Vestland. DigiVestland arbeider opp mot KS, og gjennom Fiks-plattformen får me stadig tilgang til nye digitale løysingar. Me er med i ulike faggrupper innan DigiVestland, der erfaringsutveksling med andre kommunar i fylket står sentralt. DigiVestland har utvikla seg til å bli ein god støttespelar for kommunane, ved at kommunane kan nytta godt av andre sine erfaringar og løysingar.

Eit anna satsingsområdet har vore datatryggleik. I 2023 har revisjonen fått oppdrag frå Kontrollutvalet med å gjennomføra forvaltningsrevisjon innan personvern og GDPR. Dei har sett på system og rutinar, og hatt spørjeundersøkingar mellom dei tilsette. Dei har påvist fleire område der me har forbedringspotensiale, særleg innan kunnskap hos brukarane og den generelle tryggleikskulturen. Her er me i gang med opplæring og informasjon, i tillegg til utarbeiding av betre rutinar.

Det vert i dag nytta sertifisert personell frå Atea til å gjera dei IT-tekniske konfigurasjonane for oss, i tillegg til å ha ekstern overvaking av kommunen sitt system frå utsida av oss. Eit anna større eksternt firma køyrer jamlege testar for å sjekka for sårbarheiter. Tysnes kommune er også med i HelseCERT og KommuneCERT, der desse statlege instansane hjelper kommunane med overvaking og råd om IT-teknisk tryggleik. Regjeringa oppretta KommuneCERT hausten 2023, og skriv m.a. følgjande på sine nettsider:

«– Norske kommuner opplever stadig oftere at datasikkerheten er under press, og flere har signalisert et behov for mer hjelp fra nasjonale myndigheter. Derfor oppretter vi nå et responsmiljø som skal bidra til å gjøre kommunene bedre rustet til å håndtere digitale hendelser og trusler, sier digitaliserings- og forvaltningsminister Karianne Tung.

Den sikkerhetspolitiske situasjonen i verden gjør at trusselbildet er i endring, og det er et kontinuerlig arbeid å sikre seg mot uønskede og tilsiktede hendelser.

– Dette skaper usikkerhet og gjør fremtiden vanskelig å forutse. Det er derfor viktig å øke vår digitale motstandsdyktighet og gjøre oss bedre rustet til å håndtere digitale hendelser, sier Tung.

Regjeringen etablerer derfor et responsmiljø som kommunene kan knytte seg til – et KommuneCERT (Computer Emergency Response Team).»

6. desember 2023 hadde Tysnes kommune besøk av ein seniorrådgjevar frå NSM (Nasjonal Sikkerhetsmyndighet). Rådgjevaren meinte me hadde gode tryggleiksløysingar innan IT-systema våre. Det vart gjennomført foredrag for leiarar og for formannskapet om IT tryggleik, under dette kunnskap, haldningar, åtfærd og tryggleiksskultur. Eit av dei viktige forbedringspotensiala ligg i å heva kunnskapsnivået hos brukarane, ei slik kompetanseheving er naudsynt for å få på plass ein god tryggleikskultur.

På slutten av 2023 tok kommunen kontakt med Høgskulen på Vestlandet (HVL), avdeling Bergen, med førespurnad om dataingeniørstudentar kunne vera interessert i å skriva bacheloroppgåve om IT-tryggleik i Tysnes kommune. HVL var svært interessert i dette, og i vårsemesteret 2024 skal 3 studentar i gang med bacheloroppgåva om tryggleik innan IT i

Tysnes kommune. Samarbeid med HVL kan hjelpe til at verksemda blir betre innanfor IT tryggleik gjennom dei tilrådingar om forbetringar som vil følgja ei slik oppgåve.

Ei av hovudutfordringane til kommunen innan IT er å heva den generelle IT kunnskapen i verksemda. I desember 2023 starta me også opp KS læring med modular innan IT tryggleik, GDPR og personvern. Desse vil verta vidareført i 2024.

IT handlar også om risikoar og sårbarheit. Det er gjort ein del grep for å redusera digital sårbarheit og risiko, gjennom 2023 har arbeidet innanfor GDPR og personvern vorte styrkt. Det vart peika ut nytt Personvernombod som tiltredde formelt i januar 2023, i forkant vart det gjennomført opplæring i samsvar med datatilsynet sine tilrådingar. Compilo er teke i bruk som avvikssystem og det er gjennom 2023 registrert x antal avvik knytt til personvern og GDPR.

Bruk av kunstig intelligens er etter kvart kome ut av startgropa og er noko som vil utfordra oss både innanfor utdanning og arbeidsliv dei nærmaste åra. KI kan vera eit fantastisk verktøy, men må understøttast av menneskeleg skjønn og kjeldekritikk. Det er også viktig å sjå på dei etiske og personvernmessige utfordringar som følgjer bruk av KI. Tysnes kommune har utarbeidd eit utgangspunkt for etiske avvegingar og retningsliner for bruk av KI, desse er framleis under arbeid, men det er von om at dei kjem på plass i løpet av våren. Etter at desse rammene er det lagt opp til at det vert etablert ei tverrfagleg arbeidsgruppe for å uforska feltet vidare.

I juni 2023 gjorde kommunestyre vedtak om å utgreia framtidig IT drift i verksemda. Stadig større krav til digitale løysingar, samarbeid og meir fokus på organisasjonsutvikling som følgje av digitaliseringa er sterkare drivarar for IT samarbeid enn sjølve driftssituasjonen.

3.4 Planarbeid

Planarbeid er viktig for å sikra ei samla utvikling av Tysnessamfunnet, det kan skiljast mellom det heilt overordna planarbeidet som gjerne gjeld kommuneplanar og kommunedelplanar og reguleringsplanarbeidet.

Kommuneplanar og kommunedelplanar

2023 har vore nytta til arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Med bakgrunn i arealplanutvalet sine silingar er det utarbeidd utfyllande konsekvensutgreiingar for samtlege innspel, i tillegg er det utarbeidd plankart, planomtale med vidare. Det lukkast ikkje å få planen klar for handsaming innan året, men planen er fylgt opp i 2024 og er no sendt på høyring.

I 2023 vart det også arbeidd med kommunedelplan for trafikktryggleik. Planprogram vart vedteke våren 2023 og planen vart lagt ut til offentleg ettersyn i desember 2023. Me ventar at planen vert slutthandsama våren 2024.

Arbeidet med ny kommunedelplan for vassforsyning vart starta i 2023 og vil venteleg koma til vedtak i 2024.

Tysnes kommune har vore i kontakt med Bjørnafjorden for å sjå på ein mogleg fredingsplan for hummar, men dette initiativet er ikkje teke vidare.

Reguleringsplanar

Statens vegvesen har arbeidd vidare med reguleringsplan for ny E-39, Hordfast. Tysnes kommune har akseptert at bandlegging av planområde vart forlenga i påvente av planen. Det er gjennomført fleire møter med SVV gjennom året og dei ventar at planen vert oversendt for politisk vedtak i 2024. Tidlegaste moglege vedtaksdato vil vera vinteren 2025.

I 2023 stadfesta *Kommunal- og Moderniseringsdepartementet* reguleringsplan for Elsakervågen. Kommunestyre hadde gjennomført eigengodkjenning av plan med motsegn, noko som fører til at mynde for endeleg vedtak ligg til departementet. Ei følgje av at departementet overtok prosessen i denne planen var at Statsforvaltaren også trekte sitt motsegn til reguleringsplanen for Alsaker Brygge Sør.

Det vart gjennomført mekling knytt til framlegg til reguleringsplan for Godøysund. Meklinga hadde bakgrunn i motsegn både frå Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune. Status på vidare arbeid med denne planen er uviss.

Reguleringsplan for utviding av småbåthamn på Gjerstad vart sendt på høyring i 2023. Det vart også plan for fritidsbustader på Laukhamar. Tysnes kommune har hatt dialogmøte med Statsforvaltaren kring begge desse planane i 2024, plan for utviding av småbåthamna går venteleg greitt igjennom, mens det synes å vera ein litt lengre prosess for planen på Laukhammar.

Det var elles fleire planinitiativ gjennom 2023, mellom anna kan nemnast plan for Kubbervik, plan for Mandelhuset og fleire møte knytt til Smievoll. Det vart gjennomført politisk forankring for planinitiativet på Kubbervik i november 2023, dei andre planane reknar me med vil koma opp i løpet av 2024.

3.5 Internkontroll og tilsyn

Kommunelova § 25-2 inneheld nye formuleringar når det gjeld rapportering av internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn der det står dette:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»

Rådmannen meiner at det er hensiktsmessig å følgja dette opp i årsmeldinga.

Internkontroll og avvik

2023 er Tysnes kommune sitt første driftsår med Compilo, vårt digitale internkontrollsystem. Sidan implementeringa for om lag eitt år sidan, har organisasjonen gått gjennom ein læringsprosess med systemet. På grunn av utfordringar knytt til organiseringa av IT og den splittinga Tysnes kommune har mellom oppvekstområde og resten av kommunen, var det innleiingsvis nokre hindringar som no er meir under kontroll. Skular og barnehagar kom stort sett inn i Compilo seinhausten 2023.

Me held fast på visjonen om at alle tilsette skal ha tilgong til Compilo, og at det skal vere ein naturleg del av deira arbeidsrutinar. Systemet er brukarvenleg og intuitivt og det er gjennom året registrert auka aktivitet. Fleire tilsette rapporterer avvik og kjem med forbetringstilrådingar. Dette er eit positivt teikn som viser at Compilo vert stadig meir integrert i vår arbeidskultur.

Statistikken frå året som gjekk viser ein stadig aukande bruk av systemet. I januar 2023 blei det rapportert 287 innloggingar, medan talet i januar 2024 dobla seg til 636. Dette reflekterer ein auke i engasjementet frå våre tilsette. Kommunen har òg sett ein aukiing i rapporterte avvik, noko som indikerer ein auke i merksemda rundt kvalitetskontroll og kontinuerleg forbetring.

I løpet av det føregåande året blei det rapportert 450 avvik, og no, halvvegs gjennom februar, er det allereie dokumentert 185 avvik. Samanliknar me talet på rapporterte avvik, var det 16 i januar 2023, medan det i januar 2024 var 79 rapporterte avvik.

Det er gledeleg å sjå denne utviklinga. Nokre av avvika krev umiddelbare tiltak, medan andre er ein del av eit lengre løp med kontinuerleg arbeid. Overordna sett bidreg avvika til endring, forbetring og utvikling. Det krev motivasjon og fokus frå både leiarar og tilsette for å oppretthalde den positive trenden me ser no.

Det kontinuerlege arbeidet med Compilo er ein del av den overordna strategien for å sikre kvalitet og effektivitet i kommunen. Gjennom å adressere avvik og implementere forbetringstiltak, bidreg tilsette og leiarar til ein stadig betre tenesteleveranse til våre innbyggjarar.

I det første året med Compilo har det overordna målet vore å få alle med samt sikre at eventuelle hindringar for å dokumentere eit avvik eller eit forbetringstilråding blir eliminerte. Kommunen planlegg i 2024 å ta i bruk ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse) og årshjul. ROS vil vere eit styringsverktøy for leiarane, medan årshjulet skal fungere som ein kommunikasjonskalender. I 2024 vert det ògså arbeidd vidare med å overføra eksisterande rutiner og retningsliner til Compilo.

Temabaserte tilsyn

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med brannøvingsfelta til Tysnes kommune i 2022, tilsynet viste nokre avvik som vart fylgt opp og svara ut i november 2023.

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med Tysnes skule, alternativ opplæringsarena seinhausten 2022. Tilsynet var lukka i mai 2023 med endring i kommunen sine rutiner for spesialpedagogiske tiltak der barnet sitt syn og barnet sitt beste skal gå tydelegare fram i vurderingar.

I april 2023 gjennomførte Statsforvaltaren tilsyn med NAV sosiale tenester i Tysnes kommune. Tilsynet avdekte ingen avvik og tilsynet var avslutta i juni 2023.

Innanfor barnehageområde gjennomfører kommunen sjølv tilsyn, dette skjer i samarbeid med regionen. I 2023 vart det gjennomført skriftlege tilsyn med alle barnehagar, det er ikkje gjort vurderingar som tilsa trong for stadlege tilsyn førre år.

Kartverket gjennomførte dokumenttilsyn knytt til Tysnes kommune sitt arbeid med matrikkelføring. Tilsynet avdekkte ingen avvik.

I 2023 vart det også gjennomført forvaltningsrevisjon. Tema for forvaltningsrevisjonen i 2023 vart Informasjonstryggleik og personvern. Rapporten vert lagt fram for kommunestyre i løpet av 2024 og vil vera nyttig i kommunen sitt vidare arbeid.

Det er for 2024 varsla tilsyn med kommunen si oppfølging av arbeid med folkehelse, grunnopplæring og miljø og klima. Per tidspunkt er det ikkje avklara nærare tema for tilsyna.

Individuelle saker

Forutan temabaserte tilsyn har kommunen også tilsyn knytt til handsaming av einskildsaker.

I samband med Tysnes kommune si oppfølging av ei sak om skulemiljø vart det avdekt avvik. Kommunen legg dette til grunn og nyttar tilbakemeldingane til å følgja opp sine rutiner.

4. TENESTEOMRÅDA

I følgjande kapittel vil me kort gå gjennom dei ulike tenesteområda, gjennomgangen vert gjort etter budsjettkapitel.

4.1 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- post, arkiv og fellestenester
- kvalitet
- personal
- innkjøp
- kultur
- næring
- plan

Ein del av sentraladministrasjonen sine arbeidsområder er naturleg omtala gjennom kapitla økonomi, politikk, internkontroll, plan, IT, prosjekt, internkontroll, utvikling og personal.

4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta

Den 1. januar 2023 runda Tysnes kommune ein pilepæl i form av nytt saks- og arkiv system, Elements Cloud med noark-standar, som igjen medfører at systemet er godkjent for elektronisk arkivkjerne. Frå den dagen var det slutt på papir-mapper i saks- og møtebehandling. I løpet av mars vart modul for eByggesak kobla på, slik at handsaming av byggesaker kan følgja faste milepæler, med innlagte frister, som gjer det oversikteleg for saksbehandlarar og leiarar.

I tillegg har det blitt gjort integrasjon av Visma flyt skole og Visma barnehage, som gjer at desse fagsystema kan bruka Elements sin godkjente elektroniske arkivkjerne. Som ein følge av denne oppgraderinga, har kommunen også fått ein ny layout på innsynsløysinga vår. Barnevern og NAV sosial har også skrifta fagsystem i 2023. begge desse systema er tilrettelagt for elektronisk arkivkjerne.

Fellestenesta/arkivet har i 2023 arbeida med opplæring på nytt fagsystem for brukarar, i tillegg til å laga nye rutinar og prosedyrar for dei ulike felta. Møtemodulen var også ny, og den medførte ein heilt anna måte å produsera sakspapir i forkant og møteprotokollar i etterkant.

I nær framtid vil Tysnes kommune nå ein ny milepåle ved at det ikkje lenger vil vera meir arkiv på papir.

Fellestenesta er ansvarleg for å leggja til rette det praktiske rundt kommunal vigsel. I 2023 var det 14 vigslar gjennomført i kommunal regi, som er eit normalår. Dei føregåande år har det vore ein overvekt som har gifta seg på Haaheim Gard, det er det i år også, men ikkje i så stor grad som tidlegare. Det har vore vigsel på Mandelhuset, på e-brygga i Våge, heimevigsel i Uggdalsdalen, på Godøysund/Solstråleøya og på rådhuset. I tillegg til vigslar Hatlevik og ordføraren, har både Leite og Pedersen, i tillegg til rådmannen, gjennomført vigsel.

4.1.2 Val

2023 var det igjen tid for kommune- og fylkestingsval. Kommunestyre hadde sitt konstituerande møte 5. oktober 2023 og Tysnes fekk då sin første kvinnelege ordførar!

Sjølve valg gjennomføringa gjekk fint. Grendatun vart nytta til førehandsrøysting og som valting for Uggdal på sjølve valdagen. Det vart registrert to avvik knytt til tilgjengelege røystesetlar i valavlukka, eitt på valdagen og eitt under førehandsrøystinga. I evalueringa etter valet er det mellom anna stadfesta trong for å kjøpa inn nye hyller for røystesetlar for å unngå tilsvarande avvik frametter.

4.1.2 IT

IT avdelinga er drifta vidare som tidlegare. Under kap. 3 er det nemnt ein del punkt som går særskilt på IT.

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet.

I juni 2023 gjorde kommunestyre eit prinsippvedtak om å greia ut framtidig driftsmodell for IT i Tysnes kommune.

4.1.3 Informasjon og kommunikasjon

Kommunikasjon er eit nytt område i Tysnes kommune, med 0,45 årsverk til arbeidet frå og med 01.01.23. Stillinga ligg i rådmannen sin stab.

Tidleg i 2023 vart det utfordrande å få nytta heile den avsette resursen, då kommunikasjonsrådgjevar samstundes gjekk inn i rolla som personvernombod og med stort personvernfokus i 2023, og tillegg til at det var fleire større tilsetjingsprosessar i perioden.

Oppgradering av nettsida

Nettsidene www.tysnes.kommune.no og intranett er sentrale i ansvarsområde.

Arbeidet med overgang til oppdatert nettside vart påbegynt i 2022, og i august 2023 vart oppdatert løysing publisert. Alt innhaldet er flytta, artikkel for artikkel, og det er oppretta nye interne koplingar.

Innsikt, utvikling og personvern

Me har tidlegare nytta Google Analytics for nettsidestatistikk. Med omsyn til personvern vart dette avslutta i 2023. Eit analyseverktøy er nyttig i arbeidet med utvikling av innhaldet og strukturen på sidene, samstundes er det viktig bruke eit verktøy der me ikkje samle inn meir informasjon om besøkande enn me trenger, jf. personvernprinsippet om formålsbegrensing. Det veg ekstra på vurderinga at sida inneheld tenester som er viktig for mange, og der ein ikkje har høve til å vele alternativ leverandør. Tenester frå Google er ikkje gratis, men betalt med personopplysningar av våre innbyggjarar og tenestemottakarar.

Med oppgraderinga på nettsida, kjøpte me tilgang til analyseverktøy gjennom nettsideleverandøren. Dette verktøyet er installert lokalt hos leverandøren og inkluderer difor heller ingen under leverandør med tanke på personopplysningar. Dette verktøyet gir informasjon basert meir på sanntid, og det er utfordrande å sjå utvikling over tid. Nyttan av dette verktøyet må vurderast vidare i 2024.

Innsikt og tilbakemeldingar på nettsida

Oppgraderinga gav oss tilgang til funksjonen «Fann du det du leita etter?», der besøkande på nettsida kan gi ein tilbakemelding. Me dette får me viktig innsikt til arbeidet med vidareutvikling av nettsida og innhald, og vert opplevd positivt for dei som kan gi beskjed om at dei ikkje finn det dei forventar. Sidan august 2023 er det motteke 68 meldingar, og fleire har ført til små eller store endringar på nettsida. Dei som har lagt igjen e-post adresse, har alle fått tilbakemelding frå redaksjonen.

Etikk og ansvar på nettsida

I arbeidet med nettsidene har det vore fokus på klart språk og universell utforming. Me har innhald som kan være viktig for einskildmenneske som skal vareta sine rettigheter. Innhaldet skal være tilgjengeleg på alle flater og skal skrivast i eit enkelt språk. I 2023 kom krav om tilgjengelegheitserklæring på alle offentlege nettside. Med oppdatert nettside og fokus på klarspråk, oppfylte tysnes.kommune.no så godt som alle punkta i erklæringa.

Bildebruk er haldt til eit minimum på den nye nettsida, både for å lette arbeidet med universell utforming, samt at det er i tråd med korleis internett vert brukt. Fenomenet «banner blindness» viser at nettbrukarar kan oppleve bilete som forstyrrende element. I tillegg vert innhald oftare vist i andre grensesnitt som t.d. rett i eit Google-søk, der bilete ikkje blir vist. I den grad bilete vert brukt, både her og på Facebook, er ein bevist på å vise fram eit mangfald av personar og kjønn.

Digitale skjema

Me har over mange år hatt fullt abonnement på løysinga KF-skjema, der me berre har nytta oss av ein veldig liten del av katalogen. I kartlegging gjort i 2023 viste at dei skjema som var i bruk, kunne erstattast av søknad gjennom fagsystem. Det er laga ein prioritert utforming av skjema. Der det ikkje er mogleg å nytte digital søknad i fagsystem, t.d. Visma barnehage eller eByggesak, bygger me eige søknadsskjema i nettsida. Om personvern vurdering gjer skjema gjennom nettsida uaktuelt, vert det laga skjema som kan fyllast ut digitalt, i tråd med universell utforming.

I 2023 er det oppretta fleire søknadar på kulturområdet i nettsideløysinga, og det er starta dialog om skjema på området brann og redning.

Fokus på intranett

Intranett er prioritert kanal for interkommunikasjon. For at tilsette skal bruke intranett, må det opplevast relevant og har ein verdi. Me har i 2023 hatt fokus på å bygge godt innhald og å gjere kanalen betre kjent og meir attraktiv.

Det har i 2023 vore oppretta og redigert i 135 artiklar på intranett, av desse har omlag 25 vore publisert som nyheit, hovuddelen i siste halvåret. Det er oppretta ein eigen «arbeidsgjevarportal» på intranett som vil bli vidareutvikla med mål om å bli eit stad der leiarar kan finne relevant informasjon for oppfølging og utvikling av tilsette.

I desember publiserte med julekalender på intranett. Det var høve til å svare på spørsmål kvar vekedag i desember, med dagspremiar og hovudpremie. Alle svare var mogeleg å finne på intranett. Det var varierende engasjement frå dag til dag på dei 16 lukene. Samla kom det inn 415 svar.

Intranett og våre interne kommunikasjonskanalar har i tillegg vore snakke om og vise fram på møte med Fagforbundet sine tillitsvalde, og på personalmøte i Open omsorg.

Intern kommunikasjon

Informasjonsbrev vart lansert i november 2023 og vert utgitt månadleg. Det er i hovudsak fire målsetjingar med informasjonsbrevet: støtte opp bygging av ein følelse av fellesskap og stoltheit på tvers i organisasjonen, sikre ein kanal der flest mogeleg kan nås, styrke intranett

som kanal for å tileigne seg informasjon, samt å gjere interne kanalar meir attraktiv som publiseringskanal og sikre strukturer for å løfte gode saker internt.

Utvida leiarteam eig innhaldet og er ansvarleg for å spele inn aktuelle saker.

Innspel og aktivitet

Meldingar om endringar og publisering i våre kanalar, skal sendast til redaksjonen. I 2023 kom det om lag 200 e-postar i innboksen.

Rekruttering og omdømme

Me fokus på rekruttering til Tysnes omsorgssenter er det tatt 360% bilete for å publisere på nettsidene og til brukt i rekruttering. Det er kjekt å vise fram moderne, flotte lokale, og det kan bidra til å senke terskelen for å søke seg til eit sted ein ikkje er kjent frå før.

Med annonsering og «content marketing» har Tysnes vore vist fram i fleire magasin i løpet av 2023. Med ein to-sides annonse i magasinet «Flytt heim til Vestland» ønska me å vise fram tilbud til barne og unge, og for å løfte fram frivilligheita. Saka handla om klatreklubben som gjev gratis, lavterskel tilbud om klatring til barn og unge, og viste samstundes andre mogelegheiter i og rundt Tysneshallen. Magasinet følgde med Bergens Tidene i juni. April media produserte innhaldet. Med dette fekk me tekst og bilete som kan nyttast i eigen kanalar og anna marknadsføring.

I 2022 kjøpte me innhaldsmarknadsføring av Bladet Sunnhordland for å vise fram det gode arbeidsmiljøet ved Tysnes Omsorgssenter. Denne saka vart også publisert i ein fulldistribuert utgåve av Bladet Sunnhordland i mars 2023, samstundes med at me hadde stillingslysingar i same avis. Me hadde same saka I sommaravisa til Bladet Tysnes, som del av ein to-siders annonse der også «stipendavtalen» vart løfta fram.

Facebook og «push-kanal»

Tysnes kommune har vore på Facebook sidan 2021, og ved utgangen av 2023 har sida 1045 følgjarar. Bruken er varierende. Facebook er einast «push-kanalen» me har på overordna nivå, det vil sei der me treffer folk som ikkje aktivt oppsøker t.d. nettsida. Samstundes som Facebook opplevast som effektiv god kanal til å nå ut, er det viktig å være bevist på at Facebook er problematisk med omsyn til personvern. Nettopp personopplysningar er ein viktig del av forretningsmodellen til Facebook, og det skal aldri være naudsynt å være på Facebook for å få tilgang til kommunen sine tenester. På grunnlag av dette har me i 2023 starta vurdering av alternative, eigde kanalar for å erstatte bruken. Kjøp av eigen innbyggjarapp var spilt inn til budsjett i 2023 og vert jobba vidare med i 2024.

I 2023 har me posta 30 innlegg på Facebook, 22 av desse har vore lyste stillingar. Nokon stillingar har skapt engasjement, som fastlege, sommarvikarar i pleie og omsorg og helsesjukepleiar, medan saka med aller mest engasjement var deling av vinnaren av kulturprisen 2023.

4.1.3 Innkjøp

Tysnes kommune er knytt til Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum saman med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Kommunane har eit godt etablert samarbeid mot Haugalandet og Vestland fylkeskommune. Samla sett gjev dette samarbeidet oss både god kompetanse og fleire ressursar på innkjøp. Samarbeidet har hatt eit betydeleg etterslep på fornying av utgåtte avtalar, men med styrking av mannskapet siste halvår er det mål å vera ajour innan utgangen av 2024.

Det er i perioden inngått nye avtalar på m.a. asfaltlegging, leasing av kopimaskiner (inkludert sikker utskrift for alle einingar) og leasing av bilar. Når leasing-avtaler på bilar har gått ut har me bytt til EL-bilar der det har vore hensiktsmessig og til fossilbilar der dette av ulike årsaker har vore den beste løysinga. Slitasjen på tenestebilar er dessverre stor på grunn av den generelt dårlege vegstandarden på Tysnes.

4.1.4 Eigedomsskatt

Tysnes kommune har dei seinare åra halde samla inntekt frå eigedomsskatt på kr. 10,5 millionar, så også for 2023.

Ei meir rasjonell og forståeleg utsending av den årlege eigedomsskatten har ført til mindre misforståingar hos mottakarane, mindre administrativt arbeid og ein reduksjon i porto-kostnader samanlikna med tidlegare år.

Talet på klager er lågt. Nye objekt som kjem inn, eller vert endra dette året er rundt 100, noko som også er lågt. Samla er eigedomsskattegrunnlaget i Tysnes for svært stabilt å rekne.

4.1.5 Fast eigedom

I samband med sal av gjennomgangsbustaden på Tomyro har det vore ein lag veg med handsaming i fleire rettsinstansar. Me er glad for at den saka no endeleg fekk si avslutning våren 2023.

Den kommunale utleigebustaden på Sauabakkane vart selt i 2023.

På nokre punkt manglar me endeleg avklaring knytt til framlagde avtaler for sal, det gjeld mellom anna sal av Stallen og kjøp av areal frå Opplysningsvesenet sitt fond i Peralio. Arbeid med grunnforhandlingar for Svevågen er ikkje avklara.

Avtale om leige av kai på Heningen går ut i januar 2025 og det er teke initiativ for å forhandl om ny avtale her.

4.1.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har hatt stort fokus også i 2023, mellom anna som følgje av krigen i Ukraina.

I 2022 vart det vedteke ei ny overordna ROS analyse, oppdatert plan for atomberedskap og plan for kommunal livskrisegruppe. I februar 2023 gjorde kommunestyre nytt vedtak om plan for kommunal kriseleiing. Mot slutten av 2023 vart det også klart at kommunen sitt krisehandsamingsverktøy skulle skiftast ut. Det vart gjennomført ei samøving med beredskapsetatane i 2023 der også KKL deltok. I 2024 er det planlagt to øvingar.

Frå 2023 har representantar frå kommunen si kriseleiing også delteke i naudetatane, helse og Raude Kross sine faste beredskapsmøter.

4.1.7 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen. Det er også lagt til rette for og gjennomført tiltak inn mot energiøkonomisering av kommunale bygg. Til slutt kan nemnast tiltak for elektrifisering av kommunen sin bilpark.

Det er stor trong for å revidera klima og energiplanen for Tysnes.

4.1.8 Økonomi og løn

I 2023 fekk avdelinga ny lønsmedarbeidar etter at førre lønskonsulent gjekk av med pensjon. Avdelinga bestod gjennom året av økonomisjef, rekneskapskonsulent og lønsmedarbeidar. I løpet av 2024 vil innkjøp bli ein del avdelinga.

Lønsarbeidet er av ein slik karakter at månadshjulet må fylgjast utan stopp, samstundes som faget er spesialisert. Med krav om korrekt og rettidig løn samt lønsrapportering via A-meldinga er kommunen avhengig av å leige inn timehjelp ved ferie og fråvær. Det vert stadi arbeidd med å digitalisere innhenting av variabel løn, for dermed å redusere den tradisjonelle papirflyten.

På rekneskap er det gjennomført digitalisering av stønad til livsopphald, ved at NAV-sosial har innført Visma Velferd som sitt sakshandsamingssystem. Ved hjelp av dette systemet får me ferdige betalingsfiler som vert vidaresendt til bank. Behovet for manuelle betalningar er dermed redusert vesentleg.

Me har vidare satt fokus på å redusere refusjon av interne kontantutlegg, ettersom dette er tidkrevjande for økonomiavdelinga. Slike innkjøp kan stort sett løysast ved hjelp av innkjøpssystemet vårt eller ved at leverandør/butikk sender EHF-faktura.

I løpet av 2024 har me som ambisjon å sei endeleg stopp til inngåande faktura som ikkje er på EHF-formatet. Me er i ferd med å rettleia lokale leverandørar som framleis sender oss faktura på papir/e-post.

4.1.9 Næring og reiseliv

Innanfor næring medverka Tysnes kommune til to næringssamlingar i 2023, forutan dette vart det nytta ein del timar frå Atheno til å hjelpe verksemder under etablering og det vart også nytta noko midlar til å hjelpa eksisterande verksemder med trong for endring.

I høve til kontroll av sjenkeløyver og løyver for tobakkssal er det gjennomført tre kontrollar per løyvehavar. Det er ikkje avdekt vesentlege avvik gjennom kontrollane.

Tysnes kommune yt årleg eit driftstilskot for å sikra at landbruksnæringa har tilgang til veterinærtjenester. I 2023 har det vore store problem med å sikra ei tilstrekkeleg veterinærdekking og det er føresett at kommunen sitt årlege driftstilskot må aukast noko.

Det vart i 2023 gjort ein ny avtale om drift av turistinformasjon med Våge Hamn. Det vart samstundes lagt opp til at turistinformasjon for framtida skal lysast ut på anbod.

Tysnes kommune gav eit tilskot tilsvarende kr. 180.000 til gjestebryggje i Lunde hamn. Det vart også gjev driftstilskot tilsvarende kr. 66.000 til Geopark Sunnhordland.

Kostnader til reiseliv er noko høgare enn budsjett og det er trong for ein samla gjennomgang av dei avtalene som ligg til dette område i 2024.

4.1.10 Kultur, idrett og friluftsliv

Tysnes kommune har samla eitt årsverk avsett til kulturområde. Det har vore fleire endringar dei siste åra. I 2023 overtok biblioteksjefen deler av kulturområde, dette omfatta ikkje idrett. Det vart tilsvarende tilsett i ei delstilling ved folkebiblioteket. Gjennom året har det vore delvis vakante stillingar og noko omprioritering mellom idrett og plan.

Sentrale oppgåver som ligg til det samla kulturområde er kontakt med frivillige lag og organisasjonar i kommunen, handsaming og utvikling av ulike tilskotsordningar, kulturminnevern, allment kulturarbeid, idrett, friluftsliv, sekretær for ungdomsrådet, reiseliv, sakshandsaming og drift av Tysneshallen..

Ungdomsråd

Det har vore eit godt arbeid i ungdomsrådet også i 2023, totalt er det gjennomført 7 møter gjennom året. Møta er gjennomført som dagmøter. Dette er i samsvar med dei erfaringane Ungdomsrådet gjorde i 2021. Hausten 2023 vart det arbeidd med reglement for ungdomsrådet, reglementet vart vedteke av kommunestyre i september.

Ungdomsrådet deltok med to medlemmer på fylkesting for ungdom i 2023.

Kommunestyre gjorde val av nye medlemmer i sitt møte desember 2023. Rådet skal etter nytt reglement ha 7 medlemmer, men 2024 vert det ein overgangsperiode for å tilpassa ungdomsrådet til nytt reglement.

Kulturprisen

Helge Drange og Kari Adele Grønås mottok kulturprisen for 2023. Frå ordføraren sin tale heiter det at:

«Prisen får Kari og Helge for deira utrettelege innsats for å ta vare på den store samlinga av verktøy og reiskap frå garden, og for deira innsats for å formidle kunnskap om lokalhistoria frå 1850 og fram til i dag»

Friluftsliv

I 2023 forskoterte Tysnes kommune midlar til Lundegrend IL i samband med bygging av trapper til Tysnessåta frå Myrdal. Det vart også forskotert til Båtlaget Njord for tiltak knytt til båtlaget sitt anlegg. Forskoteringa var forankra i kommunestyre sitt vedtak om å oppretta eit fond for å sikra at gjennomføring av gode prosjekt ikkje vert utsett grunna forseinkingar med omsyn til utbetaling av spelemidlar og mva. refusjon

Det vart også gjeve tilskot til Tysnes Næringsråd for organisering av stolpejakt.

Plan for friluftslivets ferdselsårer må takast opp vidare i 2024.

Allment kulturarbeid

Det vart delt ut kr. 160 000 i almenne kulturmidlar for 2023, totalt var det 12 lag som fekk tildelt støtte. 13 ulike lag fekk støtte gjennom nærmiljømidlar, det var sett av kr. 111.000 til dette. Forutan desse ordningane vart det som tidlegare år tildelt støtte til

I tillegg vart det, som vanleg, delt ut kulturmidlar på kr. 160 000,- og kr. 100 000,- til kjøp av dirigenttimar frå Kulturskulen, til eit kor og dei tre korpsa i kommunen. Kr. 150 000,- vart fordelt på åtte idrettslag.

I løpet av 2023 fornya Tysnes kommune avtale om årleg driftsstøtte til Kulturløo på Drange, det vart også arbeidd med fornying av avtalen på Årbakka som vart lagt fram for kommunestyre på nyåret i 2024.

Lokalhistorisk arkiv vart rydda i 2023, her har Tysnes kommune vore heldige ved at Ernst Berge Drange har teke på seg dette arbeidet. Det arbeidet som står att no er å laga digital katalog og vurdere om heile arkivet kan gjerast digitalt tilgjengeleg. Det er innleia dialog med Vestland fylkeskommune knytt til vidare oppfølging.

Tysnesfest kom i 2023 i ein vanskeleg situasjon, dette førte til at Tysnes kommune skreiv vekk nokre uteståande krav og gav eit rentefritt lån i storleik kr. 500 000 for at festivalen skulle kunne driva vidare også i 2024. Tilskot til festivalen var 2023 samla kr. 550.000,-

Kulturvern

Tysnes kommune hadde for 2023 sett av kr. 60.000 til tilskot til vern av kulturminne i kommunen. I 2023 gjorde kommunestyre vedtak om å tildela Årbakka handelsstad kr. 40.000,- til sikring av gråsteinsmur og kr. 20.000,- til sikring av grunnmuren på Rekkjetunet. Forutan desse søknadane vart også søknad om stønad til Håkastova og lafta årestove på Lundaneset fremja i den fylkeskommunale tilskotsordninga.

Gjennom 2023 har det vore arbeid opp mot Vestland fylkeskommune og grunneigarar i høve til å følgja opp skjøtselsplan for Årbakkavodlen.

Kommunedelplan for kulturminne vart vedteken våren 2020, det er gjennomført eit samarbeid med plan for vurdering av kulturminne i samband med kommuneplanen sin arealdel.

Det er samarbeida med kulturkontoret for å følgja opp QR prosjektet . Det er lagt ut informasjon om desse på Tysnes kommune si heimeside. Prosjektet vert fylgt opp i samarbeid med Tysnes gjeve meirsmak og Kulturkontoret AS

Kommunen er medlem av Sunnhordland museum og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. Bygningsvernkonsulenten ved museet vert nytta til rådgjeving i samband med restaureringsplanar, det vart gjennomført synfaringar saman med museet i 2021.

Spelemidlar

Det er i 2023 gjennomført eit arbeid for oppfølging av søknader om spelemidlar. Det vart m.a. gjennomført utbetaling av spelemidlar til ulike anlegg ved Tysnes skule. Dekke til ballbingen på skulen vart skifta ut og det er gjort avtale med arbeidslivsfag på Tysnes skule om utskifting av treverket rundt banen.

Totalt vart det søkt om fem ordinære anlegg og eitt nærmiljøanlegg i 2023.

4.1.11 Bibliotek

Biblioteket hadde 465 aktive lånarar i 2023. Det vil seie at om lag kvar sjette tysnesing lånte ei eller fleire bøker i fjor. Når ein også tar med i vurderinga at mange familiar deler på eit lånekort, må ein seie at biblioteket når ganske breitt ut.

Sortert etter postnummer viser tala at reiseveg påverkar bibliotekbruken til vaksne lånarar. Uggdal (5685) er litt underrepresentert samanlikna med Tysnes (5680), medan Lundegrend og Onarheim ligg relativt lågt sett opp mot folketal.

Utlånet av fysiske media nådde ny rekord med 9269 utlån. Det vil altså seie eit snitt på over 3 titlar per innbyggjar. I 2022 var landsgjennomsnittet 2,15 medan snittet i vestland var 2,22. Dei gode tala skuldast i stor grad at me gjer det veldig godt på barnebøker. Årsaka til dette er samansett. Biblioteket har over fleire år hatt eit romsleg mediebudsjett som i stor grad har dekkja etterspurnaden. Dessutan er biblioteket aktivt brukt av Tysnes skule og mange barnefamiliar nyttar no meirope samtidig som det er trening og anna aktivitet i hallen. Når det gjeld utlånet frå vaksenavdelinga ligg utlånet rundt landsgjennomsnittet. Tendensen nasjonalt er at utlånet av bøker for vaksne er minkande, medan me på Tysnes ser ei lita auke noko som er positivt.

Utlånet av digitale bøker var på 376 utlån. Dette er noko lågare enn forventa. Digitale lånarar er gjerne knytt til fleire bibliotek samtidig og me går truleg glipp av mange utlån på grunn av dette. Elles er marknadsføring viktig og mange er nok ikkje klar over det rikhaldige digitale tilbudet til biblioteka. Den typiske digitale lånaren møter gjerne ikkje fysisk på biblioteket og ein må då gjerne finne andre måtar å nå desse på.

I fjernlånsordninga lånte me ut 462 titlar, medan me lånte inn 391 bøker/dokument frå andre bibliotek. Desse tala viser at sjølvforsyningsgraden er god og ligg innafor Nasjonalbiblioteket sine anbefalingar. Innlånet er i hovudsak pensumbøker og anna faglitteratur som me ikkje har ressursar til å kjøpe inn sjølv.

Biblioteket koordinerte seks forfattarbesøk under Falturiltu, med Unni Vik, Ruth Lillegraven og Ørjan Z Johansen. Det var fullt hus (og meir til) då Halvor Folgerø hadde føredrag under Husflidsmessa, medan Oddgeir Bruaset held føredrag i det gamle tinghuset i oktober. På hausten starta Open hall opp igjen med *ADHD Norge Tysnes lokallag* som hovudarrangør. Open hall er ein verdifull lågterskel møteplass som introduserer biblioteket for nye brukarar.

Nokre nøkkeltal:

Aktive lånarar

0-13 år	145
14-18 år	94
19-44 år	107
45 år og eldre	119
Institusjonar (andre bibliotek, skuleklassar, barnehagar etc.)	147

Meirope

Innloggingar	1237
--------------	------

Førstegangslån bøker:

Faglitteratur barn:	1381
Skjønlitteratur barn:	4781
Faglitteratur Vaksen:	867
Skjønlitteratur Vaksen	1961

Bestand

	Bestand	Tilvekst
Faglitteratur barn	926	114
Skjønnlitteratur barn	4474	598
Faglitteratur voksen	2310	258
Skjønnlitteratur voksen	5182	774

Totalt vart det kjøpt in 1744 nye bøker. Av desse var 891 frå Kulturrådets innkjøpsordning.

Meir detaljert statistikk vert tilgjengeleg via SSB og Nasjonalbiblioteket sine nettsider i løpet av våren/sommaren.

4.1.13 Tysneshallen

Det er igjen full aktivitet i hallen, det er trening og kampar for fotball, handball, innebandy for ulike aldersgrupper.

I 2023 er det gjort ein del Enøk tiltak i Tysneshallen, dette gjeld mellom anna utskifting av lyssystem, men også service og oppgradering av varmeanlegget i Tysneshallen. Generelt er utgifter til hallen gått noko opp, mellom anna som følgje av at det er rydda i IK system for Tysneshallen.

Tysneshallen er 20 år i 2024, det betyr mellom anna at det er mogleg å søkja spelemidlar for vøling og oppgradering. I 2023 vart det søkt midlar frå Bufdir som går på å skape gode møteplassar, kommunen fekk kr. 166.000,- i støtte førre år. Totalt har Tysnes kommune fått kr. 400.000 over tre år. Midlane er innarbeidd i økonomiplanen og vert nytta dei næraste tre åra.

4.2 Oppvekst

Oppvekst har i 2023 bestått av eining for barnehage, Tysnes skule, Onarheim skule, Uggdal skule og eining for barn og familie.

Alle skular og barnehagar jobbar jamt med *Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis*. Dette er ei nasjonalt kompetanseheving i regi av UDIR, og målet er at alle barn og unge skal oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule.

Tysnes kommune har etter kartlegging i alle einingane valt å ha følgjande fokus i desse åra:

2022/2023: Overgangar

2023/2024: Inkludering, relasjonsbygging og fellesskapane undervisning og -aktivitetar

2024/2025: Fleir-pedagog system

Målet for dette arbeidet inneverande skule- og barnehageår er å sikre ein trygg og god kvardag for borna, med stort fokus på at den einskilde vert inkludert. Uansett kva alder barna

har og kva eining dei er på, vil det vere avgjerande at dei vaksne har etablert eit felles syn på barn.

I barnehagane har fokuset i 2023 vore tema som går mykje på vaksenrolla i alle aktivitetar og situasjonar i barnehagen. Vaksenrolla har fått ein større og viktigare betydning. Foredrag og fagdagar med blant anna Pål Roland, og arbeidet i leiargruppene og personalgruppene, fører til at me blir betre på møte barna der dei er. I det legg me at det er viktig å forstå barna sine kjensler og handtere det deretter framfor å la eigne kjensler styre korleis me møter barna.

Skulane og barnehagane jobba våren 2023 med dei store og små overgangane som elevane møter i skulen.

Hausten 2023 har fokus vore på inkluderande praksis. Det er då arbeid med korleis me kan skapa ei undervisning som famnar om alle.

Inkluderande læringsmiljø med fokus på varierte læringsarenaer, elevmedverknad og utforskande arbeidsmåtar vore overordna tema. James Nottingham held for andre år på rad foredrag på planleggingsdag ved skulestart om inkluderande og utfordrande læringsmetodar som fokuserer på framgang meir enn resultat.

BTI- prosjektet er fylgt vidare opp gjennom 2023, mellom anna er handlingsretteleiarer og stafettloggen teke aktivt i bruk. Desse verktyøya er viktige for å sikra barn og unge tidleg innsats med fokus på heilskap i tenestene me tilbyr.

Regional Kompetanseheving (REKOMP) er den nye måten å gjennomføre felles kompetanseheving ute i den enskilde barnehage. I Tysnes kommune har alle 4 barnehagar delteke i dette, dei to siste held på no. Dette er eit prosjekt som går over 2 år.

Tysnes kommune har i 2023 fått midlar til desentraliserte kompetansehevingstiltak. Skulane har jobba i lag med Høgskulen Vestlandet innanfor nærare avgrensa temaområder. Tysnes skule har jobba rundt temaet «Elevmedverknad» som ein del av inkluderande praksis. Uggdal skule har hatt fokus på inkluderande læringsmiljø på varierte læringsarenaer.

4.2.1 Grunnskule

Tysnes kommune har 3 skular, Onarheim skule 1.-7. trinn, Uggdal skule;, 1.-4. trinn og Tysnes skule 5.-10. trinn.

Målet for alle skulane er:

Ein skule der kvar einskild elev nyttar sitt faglege potensiale og blir eit trygt og sjølvstendig menneske.

Alle skulane held på med felles satsingsområde. I tillegg held skulane på med implementering av læreplanen LK20. Alle skulane våre er sertifiserte Olweus-skular, som viser at anti-mobbearbeid og trygge, gode arbeidsmiljø er i fokus.

4.2.1.1 IT

Arbeidet i 2023 har vore prega av stabilisering av drift av elevmaskiner og Google Workspace. Det er også arbeidd mykje med tryggleik på elevmaskiner, først og fremst kva programvare ein tillèt og rutinar rundt pålogging.

2023 vart det gjennomført eksamen for første gong etter covid-19. Det vart ein del arbeid med oppsett av eksamensprofil.

Oppvekst har innført to-faktor autentisering med app på telefonen for Office365. Tidlegare vart det nytta tekstmeldingar.

Funksjonaliteten i Visma har blitt utvida med Arkiv og ny portal for føresette og sjølvbetjening. Føresette kan no søke om fri, SFO-plass og redusert foreldrebetaling i Visma. Me har også fått oppretta SFO tilstades-status. Det er blitt innført varsel om høgt fråvær til føresette i skulen og innsyn for føresette i undervegsvurdering.

Dei tilsette har gjennom gått kurs i IT tryggleik i regi av KS.

4.2.1.2 Onarheim skule

Onarheim skule hadde hausten 2023, 40 elevar. Lærarstaben var auka med eit årsverk frå hausten 2023. Dette har gjort at skulen vart firedelt, med om lag 10 elevera per gruppe. Assistentar tilsett i SFO har fått auka stillingsstorleiken, med at me har nytta SFO-tilsette i skulen i tillegg.

Onarheim skule er spesielt sårbare ved fråvær av tilsette. Det er svært vanskeleg å få tak i vikarar.

Dette året har skulen hatt eit spesielt fokus på overgangar, inkluderande praksis og forståing for elevane sine ulike kjensleuttrykk. I samarbeid med barnevernet er det gjennomført Cos¹ kurs for alle lærarar.

Hausten -23 deltok mellomtrinnet vårt i First Lego League. Denne satsinga har gjeve skulen eit løft i høve til tverrfagleg undervisning, inkluderande praksis og samarbeid.

4.2.1.3 Uggdal skule

Uggdal skule hadde hausten 2023 10,5 pedagogstillingar og 6,5 pedagogiske medarbeidarar, ved sida av 100 % rektor og avdelingsleiar i 50% stilling. Hausten 2023 hadde skulen 102 elevar, det er venta ein lite auke i elevtalet for skuleåret 2024/2025.

Hospiteringsdagane i juni var også i år ein suksess, og førsteklassingane var tidleg trygge ved skulestart. Uggdal skule samarbeider med Høgskolen på Vestlandet i Desentralisert kompetanseheving (DEKOMP). Elevane medverka aktivt i å planlegge bruken av «Det grøne klasserommet» og bak skulen har flittige vaksne og elevar bygd skulehage og dyrka solsikke- og erteplantar.

¹ COS står for Circle of Security og er i utgangspunktet eit foreldrerettleingskurs som skal gje foreldre betre verkøy til å forstå barnet sine behov.

Kartleggingsprøvene til Udir er gjennomført på 3.trinnet. Disse prøvane gjev oversikt over elevar som ligg kring grensa for uro. Elevar som skårar lågt eller under gjennomsnittet, får tilbod om intensivopplæring. Skulen har ingen elevar som gjennomfører nasjonale prøvar, men det vert lagt vekt på kva læring som kan trekkast frå nasjonale prøvar for 5. klassingane på Tysnes skule.

I 2023 har 3 prosent av elevane krav på spesialundervisning. Opplæring i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar vert gjeven av pedagog 10 undervisningstimar i veka, samt at lærar med relevant språkbakgrunn er faglærar og styrkjer undervisninga på andre og fjerde trinn 16 undervisningstimar i veka.

Uggdal skule er ein god plass å vera, med tilsette som er opptatt av å gjera skuledagen god for både elevar og kollegaer. Måten borna vert møtt på og synet på læring vitnar om ein kultur med eit godt verdigrunnlag. Dette er noko nye tilsette legg merke til og kommenterer. Å få arbeide med 102 born i alderen 6-10 år er givande på alle måtar.

Elevane utgjer ein herleg barneflokk, alle med sine egne styrker og interesser. Å legge til rette for både danning og utdanning inneber å la elevane ta ein aktiv rolle i si eiga læringsreise både fagleg og sosialt. Når det buttar imot er det viktig at laget rundt barnet står samla og bidrar kvar på sitt vis. Av ulike årsaker har skulehelsetenestetilbodet vore noko redusert dette året, og me vonar dette vil bli betre i 2024. Samarbeidet med barnevernstenesta, BUP og PPT har vore godt

4.2.1.4 SFO

Begge skulane med småskuletrinn har tilbod om SFO fem dagar i veka. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn, og leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Det er stort fokus på fysisk aktivitet, og gymsalen er mykje i bruk. Sosial trening er også ei viktig del av arbeidet på SFO, og det leggst til rette for mykje frileik blant elevane. Det er lagt stor vekt på samarbeid mellom SFO for dei to skulane, kulturbussane er stundom nytta for å samla borna som nyttar tilbode på Uggdal og Onarheim skule.

Det vart opent tilbod i SFO i vinterferie og haustferie. Vinterferien vart det totalt 12 barn som nytta seg av tilbodet i løpet av veka i Uggdal. Onarheim vart stengt grunna manglande påmelding. I haustferien vart det totalt 15 barn i Uggdal som nytta seg av tilbodet. I haustferien vart også Onarheim ope, då det var totalt 8 born som nytta tilbodet. Det vart også gjeve tilbod om SFO i august før skulestart, borna var då samla på Uggdal.

I 2022 vart gymsal og SFO lokala på Uggdal skule oppgradert. Dei tilsette er svært nøgde med oppgraderinga då det har betra leiketilhøva og kjøkenfasilitetane monaleg. Det er og blitt betre lyd- og ljostilhøve, med montering av nye veggplater og fleire vindauge.

Tabellen under viser tal på born med SFO plass per 31. desember, det har som oversikten viser vore ei monaleg auke i tilbode i perioden frå 2018 til 2023.

Barn med SFO tilbod	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Uggdal SFO	35	30	43	48	69	73
Onarheim SFO	12	12	11	14	16	25
Tysnes skule						1
SUM	47	42	54	62	85	99

4.2.1.5 Tysnes skule

Tysnes skule hadde hausten 2023 192 elevar fordelt på 5.-10 trinn. Alle trinna er delte med 2 kontaktlærarar.

To elevar på mellomtrinnet og fire elevar på ungdomstrinnet får særskilt norskopplæring. Ein av desse elevane er nykomen minoritetsspråkleg elev som starta i haust. Elevane er delt i to grupper, ei for begynnaropplæring og ei for vidarekomne. Dette utgjer omlag 85 % lærarstilling. Dersom Tysnes kommune tek imot nye flyktningar i 2024, vil me oppretthalda desse gruppetilboda.

4,7 % av elevane ved Tysnes skule fekk hausten 2023 vedtak om spesialundervisning.

Behovet for deling i samband med ulike spesialfag som til dømes kroppsoving, mat og helse, kunst og handverk, språkval og valfag er om lag som før.

Tysnes skule har ca. 21 100 % stillingar, rektor i 100% stilling og 2 avdelingsleiarar i 50% stilling kvar. I 2023 hadde skulen om lag 4 årsverk som miljøarbeidar/pedagogisk medarbeidar. Skulen har eitt årsverk som kontorkonsulent, denne ressursen vert delt med dei andre skulane. Skulen er og praksisskule for lærarstudentar frå HVL avd. Bergen.

I tillegg til felles satsingsområde for skulane i Tysnes, satsar skulen på lesing og leselyst. Alle klassane ved Tysnes skule har fått tildelt faste tider på biblioteket.

På mellomtrinnet er det sett av tid til stillelesing fleire dagar i veka. Lærar les høgt for klassane. Det er også oppretta mikrobibliotek i amfia der elevane kan låne bøker utanom biblioteket si opningstid. På ungdomstrinnet er det sett av ein skuletime i veka til bibliotek og stillelesing.

Skulen gjennomfører årleg ei Olweus-undersøking. Den årlege spørjeundersøkinga er viktig for skulen, fordi den gjev oss ein indikasjon på korleis stoda er på vår skule. Me har sett ei negativ endring det siste skuleåret når det gjeld mobbing i gutegruppa. Det er vanskeleg å seie eksakt kva som er grunnen til dette. Me ser samstundes at mobbing blant jenter er lågare i år og at mobbetala totalt sett er lågare enn i fjor. Resultata etter spørjeundersøkinga viser at me må oppretthalda trykket på førebyggjande arbeid mot mobbing. Elevar som vert mobba 2-3 gonger i månaden eller meir vert utsett for verbal mobbing, mobbing som går på utsjånad og løgn og rykte. Mobbinga går i stor grad føre seg på skuleplassen, gang og korridorar, i klasserommet både i timane og utanfor timane. Tysnes skule set inn tiltak og arbeidar og intensiverer vakthaldet på dei stadane som mobbinga går føre seg.

Skulen har sett av ein time i veka til sosial kompetanse per klasse. Anna kvar veke held klassane klasse møte etter Olweus-standard. Anna kvar veke har ein fokus på ferdigheiter innan sosial kompetanse som samarbeid, empati, ansvar, sjølvkontroll og sjølvhevdning. I desse timane bruker skulen *Livet og sånn* på alle trinn i sosialkompetanseundervisninga. Dette er eit opplæringsmateriell for folkehelse og livsmeistring.

Hausten 2023 hadde skulen fire saker knytt til læringsmiljø, såkalla §9a saker. Ei av sakene er lukka, det vert arbeidd vidare med dei andre.

Skulen tilbyr ulike valfag i ungdomsskulen:
Friluftsliv- kan tilby jegerprøven og båtførerprøven.

Trafikk- tilbyr trafikalt grunnkurs. Eleven må ta mørkekjøringsdelen hos trafikkskole. Sal og scene- set opp teaterframсыningar ein gong i året. I år var det Kardemomme by. Fysisk aktivitet og helse
Gruppene er store, så det er ynskjeleg med 1-2 valfag i tillegg.

Hausten 2023 vart Tysnes skule praksisskule for lærarstudentar frå HVL, Bergen. 4 lærarar tok på seg rolla som praksislærarar. Me har hatt 16 studentar fordelt på 4 grupper i løpet av hausten, og det har vore berre positive tilbakemeldingar både frå lærarar og studentar.

Tysnes skule deltok på First Lego League i haust i Tysneshallen. Skulen stilte med 8 lag. Eit lag på 7.trinn fekk 2.plass og vart invitert til Mo i Rana til Skandinavisk finale. Det var ikkje budsjett til at klassen fekk nytta seg at premien.

Det er blitt ein tradisjon at 10.trinn lagar til show på våren, så også i 2023. Forestillingane er populære og går for fulle hus!

4.2.2 PPT

Tysnes kommune har PP-teneste i lag med Fitjar og Stord. PPT deltek på møter i lag med rektorar og styrarar. Hovudfokuset på samarbeidet dette året har vore Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. I tillegg til systemarbeid på dei ulike skulane driv PPT kartlegging av elevar som vert meldt opp grunna ulike vanskar. Målet er å få til ei tilpassa opplæring der alle elevar er inkludert. PPT vert difor nytta til systemarbeid i klassane, for at undervisninga skal tilpassast og omfatta alle elevane våre.

Tysnes skule hadde tilsyn på Alternative opplæringsarenaer. Dette har gjort at PPT har endra rutine sine for å leggja meir vekt på barnet sitt beste og barnet sitt syn i samsvar med barnekonvensjonen art. 3 og 12

4.2.3 Logoped

I Tysnes har me vore heldige og hatt ein lærar som har teke vidareutdanning som logoped. Denne stillinga har vore brukt litt ulikt gjennom åra, avhengig av stillingsstorleik, ulike vedtak om logoped og spesialundervisning. Når det har vore rom for det, har logopeden og vore nytta til å gje rettleiing til dei som jobbar direkte med barna. Dei par siste åra har me hatt underskot på pedagogisk personale og logopeden har i større grad gått inn i ordinær undervisning.

Logopedtilbodet våren 2023 var tilsvarande 36 % stilling, i tillegg til intensivopplæring ved Uggdal skule. 14 barn hadde oppfølging av logoped gjennom vårhalvåret; 6 skulebarn og 8 barnehagebarn i dei fire barnehagane. Enkelte barn har hatt einetrening, men dei fleste var i små grupper. Treningsøktene var på ca 30 min.

Hausten 2023 var det i utgangspunktet berre barn med einskildvedtak som fekk logopedtilbod, då større del av stillinga har gått til undervisning i 1.kl. Det har vore to barn som har hatt einskildvedtak; tilsvarande 15 % stilling for logoped. I den eine barnehagen har logopedtilbodet vore gjennomført på avdeling. I den andre barnehagen vart det etablert ei lita språkgruppe, der to barn til fekk vere med. Dei fekk såleis eit lågterskeltilbod saman med barnet med vedtak. Det har ikkje vore rom for å gje lågterskeltilbod i dei andre barnehagane, heller ikkje på skulen. Likevel fekk logoped høve til å gje språkstøtte og noko uttaletrening kombinert med arbeid med metaspråkleg medvit og leserttleiing i 1.klasse.

Me har arbeidd med ASK; Alternativ og Supplerande Kommunikasjon, språkforståing, kommunikasjon og samhandling, turtaking og artikulasjonstrening.

Det har vore vanskeleg å finne rom for «nye» barn med utfordringar som blir oppdaga gjennom året. Logos- og anna kartlegging har vorte utført ved behov, men i mindre grad enn tidlegare år.

Logos-testen blir nytta på elevar frå 2.-10.kl som har lese- og skrivevanskar, og gjev eit godt bilete på elevane sine styrkar og vanskar når det gjeld lesing og rettskriving. Testen blir brukt til å diagnostisere dysleksi. Me har eit par logos-sertifiserte lærarar i kommunen, men ynskjer at me får nokon fleire.

4.2.4 Blå skule

Dette året har det som vanleg vore eit særst godt og sjøsterkt mannskap ombord i sjarken. Det faste mannskapet er gutar frå 5kl til 9.kl. Den blå skulen er ein alternativ opplæringsarena som gjer at einskilde elevar får betre moglegheiter til å visa meistring og trivnad. Klassane består av faste elevar og elevar som vekslar på å delta. Einskilde elevar har hatt fast tilbod i periodar. For alle elevar som har fast tilbod vert kompetansemåla kommunisert til føresette.

Blå skule samarbeider og er ei viktig hamn for elevverksemdar slik som Experto og Fiks & Fisk. Våren 2023 lagde elevverksemdene trapp på Erleholmen, på Store Godøy laga dei mur og tilhøyrande sti for ein hytteeigar.

På den Blå skulen vert skulefag inn i det praktiske arbeidet. Matematikk, naturfag, kroppsøving, mat og helse, historie, norsk og kunst og handverk er fag som lett lar seg kombinere med livet på Solstråleøya.

Den Blå skulen har hatt vitjing av NRK både i 2022 og i 2023. I mars 2023 var det vitjing av sjølvaste Norge Rundt. Resultatet kan de sjå på følgjande lenkje:

<https://tv.nrk.no/serie/norge-rundt/2023/DVNR04001223/avspiller>

4.2.7 Vaksenopplæring

Tysnes kommune busette ukrainske flyktningar også i 2023 . Vaksenopplæringa tilbyr begynnaropplæring i norsk til gruppa i introduksjonsprogram.

Elevane ved vaksenopplæringa er ei samansett gruppe som omfattar både flyktningar og personar som kjem til Tysnes i samband med familiesameining. Pr. 31.12.2023 var elevtalet 20 elevar, men 24 elevar har hatt norskundervisning i løpet av 2023.

Vaksenopplæringa er lokalisert ved Tysnes skule og har sitt undervisningslokale på loftet i ungdomsskulen og i BUA i Tysneshallen. Dersom elevtalet aukar i løpet av 2024 er det trong for eit klasserom til. Dette vert utfordrande for Tysnes skule, fordi me no ikkje har fleire ledige rom. Då må i så tilfelle vaksenopplæringa flyttast.

4.2.8 Kulturskulen

Pr. 1.10 2023 var desse faga i sving: piano, gitar, bassgitar, slagverk, song, messing, teater, musikkleik, dans og snikkarverkstad. Undervisninga går føre seg på skulane og i Tysneshallen.

Kulturskulen sel timar til korps, og desse laga held eit godt nivå. Dette er: Onarheim musikklag, Tysnes skulekorps og Tysnes musikklag tilsaman ca. 80 medlemmer.

Skuleåret 2023-24 er det pr. 10.oktober 2023 slik fordeling på fag/undervisning :

Einskildundervisning:	Gruppeundervisning:
24 på piano	5 musikkleik
7 på song	33 teater
5 på messing	7 snikkarverkstad
12 på gitar	9 messing
1 på bassgitar	14 dans
6 på slagverk	3 slagverk

Tab 4.8: Elevar i kulturskulen	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Elevtal	55	52	85	91	107	126

Tabellen over viser ei veldig god auke i aktivitet for kulturskulen dei seinare åra.

Skulen nyttar til saman 5 lærarar i undervisninga og kjøper tenester til snikkarverkstad og teaterkoordinator. Der sett av 30 % stilling til administrasjon og leing, noko som vert opplevd å vera lite.

Tilhøva i ny skule er betre enn før. Det er lettare å få til små konsertar/ fellestimar i desse lokala. Arbeidstilhøva er ikkje så gode på Uggdal og Onarheim skule.

Teatergruppa sette opp «Annie» i Grendatun, våren 2023, med stor suksess. Elles er det arrangert huskonsertar/fellestimar i dei ulike faga.

Målet frå førre år om å få til danseundervisning er nådd. I 2024 er det eit mål å starta opp fiolinundervisning, dette ser ut til å gå i orden!

4.2.7 Barnehagar

Tysnes kommune har stort sett jamne fødselstal år for år. I 2023 kom det 31 nye tysnesingar til verda. 37 barn gjekk frå barnehage til skule ved inngongen til nytt barnehageår. I 2023 er det totalt 37 born som skal byrja i skulen til hausten.

Tal barn fordelt på barnehagar	2019	2020	2021	2022	2023
Vågsmarka	28	28	28	30	33
Stjernereiso	67	67	61	68	71
Lunde	36	40	47	40	36
Onarheim	29	26	27	28	19
Totalt	156	161	163	166	189

Tabellen syner kor mange plassar det er i kvar barnehage i forhold til areal.

Tal plassar i barnehagane	Kapasitet, areal	2021/2022	2022/2023	2023/2024
Vågsmarka	42	42	42	42
Stjernereiso	96	94	96	96
Lunde	72	64	56	48
Onarheim	42	37	38	23

Tabellen syner kor mange plassar det er i kvar barnehage i forhold til areal.

Vågsmarka barnehage fyller opp med søsken og barn som har plass i ein annan barnehage og ynskjer overflytting. Her er skjeldan plass til nye søkjarar. Personalgruppa er stabil og her er lite utskifting av personell.


Stjernereiso starta barnehageåret 2023/2024 med noko ledig kapasitet på grunn av nye søkjarar som hadde oppstart ut over hausten. Innan 31.12.23 var barnehagen full. I tillegg til barn som søkte plass til hovudopptaket kom det nokre søknader utover vår og sommar. Det kom også flyktningar med barn som trong barnehageplass i desember. Ved å gjere nokre organisatoriske endringar med omsyn til kva avdeling barn var på, og tilpassingar i høve barn med deltids plass kunne me tilby plass til alle. Personalgruppe er rimeleg stabil.

Lunde barnehage har meir stabil personalgruppe dette barnehageåret enn førre. Det er likevel nokon som er ute i permisjon og tilsette som jobbar reduserte stillingar.

Onarheim barnehagen har hatt ein noko krevjande personalsituasjon- Her har me ikkje lukkast med rekrutteringa, og har hatt dispensasjonar frå utdanningskravet. (dette kjem fram i diagrammet under). Her har også vore eit særleg press på tilsette.

Alle barnehagane har hatt midlar frå statsforvaltaren til å drive med symjeopplæring for førskulebarna. Dette er eit veldig godt tiltak.

Alle barnehagane har læring i barnehageåret 2022/2023. Dette er ein viktig ressurs for barnehagane, og barnehagane er ein viktig læringsarena for lærlingane.



For fakta og tal for kvar barnehage, kan ein sjå her:

<https://barnehagefakta.no/sok?q=tysnes>

Barnehagane har i stor grad vidareført satsingsområda ein har hatt igjennom fleire år, her vil me nemne fokus på språk, psykososialt miljø, og livsmeistring. I 2022 starta me også opp BTI arbeidet i større skala, og barnevernsreforma/ oppvekstreforma tar mykje tid.

4.2.8 Barn og familie

Eining barn og familie er samansett av tenestene; helsestasjonen- og skulehelsetenesta, psykisk helse for born og unge, samt barnevernstenesta.

Eininga er etablert med felles leiing for dei tre tenesteområda, og ligg under ansvarsområdet til kommunalsjef for oppvekst.

4.2.8.1 Helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjon og skulehelsetenesta har to 100 % stillingar som helsesjukepleiar.

Helsesjukepleier i skulehelsetenesta har permisjon frå 20% av stillinga si. Helsestasjonslege er på helsestasjonen kvar torsdag, og i 2022 annakvar torsdag på Helsestasjon for Ungdom (HFU). Dette utgjer omlag 20 % legeressurs.

Det er tilsett sjukepleiar i 100 % stilling som helsesjukepleiar med føresetnad om vidareutdanning. Det har i periodar vore mangel på personal, dette har ført til at dei minste borna er blitt prioritert.

Det er helsestasjonslege knytta til verksemda i 20 % stilling, helsestasjonslege er fast på helsestasjonen ein dag per veke og bidrar på helsestasjon for ungdom kvar annan torsdag.

I tillegg har kommunen 50 % stillings som fysioterapeut med ansvar for barn og unge, deler av denne stillinga er knytt til helsestasjonen.

Første møte med helsestasjonen er heimebesøk til nyfødde, 7-10 dager etter heimkomst. Alle barn/foreldre får tilbud om å bli fylgt opp kvar måned det første halve året. Først ved heimebesøk når barnet er nyfødt, etter dette er det lagt oppfølgingspunkt når barnet er 6 veker, 3 mnd., 4 mnd., 5 mnd. og 6 mnd. Dei fleste familiar har minimum to møte med helsestasjonen før 6 vekers konsultasjonen. Mange treng hyppig oppfølging i starten i forhold til ammerettleiing, vektoppgang/trivnad og støtte i den nye rolla som foreldre.

Alle barn får minimum 10 konsultasjoner det første leveåret. Dersom ein reknar ca. 30 fødsler pr år har helsestasjonen minimum $30 \cdot 14 = 420$ faste konsultasjoner i året. Mange familier treng tettare oppfølging/veiledning i perioder.

Aktivitet	2020	2021	2022	2023
Heimebesøk av jordmor innan tre døgn	32,3 %	80,0 %	66,7 %	36 %
Heimebesøk av helsesjukepleiar til nyfødde	90,3 %	84,0 %	90 %	100 %
Undersøkte gr.skule 1. trinn	123,9 %	101,5 %	49,3 %	72,7 %
Undersøkte ved 2 års alder	71,2 %	98,6 %	91,4 %	59 %
Undersøkte ved 4 års alder	42,9 %	160,0 %	59,5 %	87,2 %
Undersøkte 8. leveveke	119,4 %	100,0 %	86,7%	100 %

Ein del familiar med dei eldste barna på helsestasjonen får ikkje den tette oppfølginga dei gjerne har behov for, og det er gjerne desse familiare som ikkje tek kontakt med helsestasjonen av seg sjølv for rettleiing, råd og støtte. Det er behov for eit betre system/rutinar for oppfølging av desse barna og familiare, og kapasitet og ressursar nok i helsestasjonen til å følgje tilstrekkeleg opp dei som treng det.

Fagansvarlig helsesjukepleiar er med i kriseteamet, og i periodar går arbeid med til oppfølging av familiar gjennom kriseteamarbeid. Fagansvarleg helsesjukepleier gjennomførte Kriseteamskulen basisdag 3 og 4, i regi av RVTSvest, våren 2023.

Helsesjukepleier i helsestasjon og skulehelsetenesta er med i ansvarsgrupper og er koordinator for individuell plan til barn som treng ekstra oppfølging og koordinerte tenester.

Helsesjukepleiar i skulehelsetenesta har fram til september 2023 vore til stades på Tysnes skule to dagar i veka, på Uggdal skule ein dag i veka, og på Onarheim skule ca. anna kvar veke.

Helsesjukepleiar i skulehelsetenesta har saman med jordmor og helsestasjonslege drifta helsestasjon for ungdom, tilbudet er tilrettelagt i tilknytning til lokala kommunen disponerer på Treffstaden i Våge. Tilbodet er lite besøkt og hausten 2023 har det ikkje vore tilbod som følgje av frávær/vakansar i tenesta.

Det er trong for å setja av meir ressursar til oppfølging av arbeid med internkontrollsystem i 2024.

4.2.8.2 Jordmor

Jordmortenesta i Tysnes kommune har arbeidd for å gje kontinuerleg oppfølging og omsorg til dei gravide og nyfødde. Mange gravide har utfordringar i høve graviditeten sin, og treng difor ekstra oppfølging. Av dei 28 kvinnene som har født på Tysnes i 2023, har alle vore i kontakt med jordmor før eller etter fødsel.

Jordmortenesta har som alle andre tenester også til tider vore påverka av sjukdom/sjuke born-dagar. Dette har løyst seg i samarbeid med legekantoret som har utført fysiske kontrollar, og jordmor i etterkant ved telefonkontakt med dei gravide.

Jordmor sa den 31.01.23 opp stillinga si i Tysnes kommune grunna tilbod om arbeid i anna kommune. Ho hadde siste arbeidsdag 30.04.23. Stillinga er pr 31.12.23 utlyst for 3. gong.

Kommunen inngjekk avtale med Helse-Fonna om kjøp av jordmortenester, tilsvarande 40% stilling (2 dagar pr veke), med tilbod om oppfølging for dei gravide på Tysnes ved Stord sjukehus/poliklinikk, frå 1. juli 2023.

Det er no tilsett ny jordmor, avtalen med Helse-Fonna held fram til ny jordmor tiltrer stillinga.

4.2.8.3 Psykisk helse for barn og unge

Kommunen har ei 100 % stilling som psykisk helsearbeidar for barn og unge. Denne har fram til 01.06.23 vore ein del av forebyggjande tiltaksteam, og jobba med enkeltsaker.

I tillegg til tildeling av saker frå forebyggjande tiltaksteam, har psykisk helse for barn og unge i 2023 hatt ansvar for drift av Treffstaden for ungdom, 2 gonger i veka og koordinator for individuell plan. Det har og vore arrangert ungdoms-LAN.

Forebyggjande tiltaksteam vart etablert i slutten av 2020, med målsetjing å hjelpe barn og familiar innanfor rammene av forebyggjande psykisk helsearbeid. Teamet har etter oppstart hatt ulike samansetnader av fagpersonell. Frå juni 2022 til juni 2023 var det samansett av kommunepsykolog som også var koordinator for teamet, psykisk helsearbeidarar for born og unge, fordelt på 3 ulike fagpersonar med ulike utdanning og bakgrunn, samt familierapeut.

Målgruppa for tilbodet var born og unge (0-18 år), og føresette som sjølv, eller i følgje med andre tok kontakt med teamet, andre med ansvar for born som til dømes lærarar og tilsette i barnehagar.

Teamet har gjeve tilbod i form av

- tidsavgrensa samtaletilbod og møter med ungdom, familiar og nettverk
- foreldrerettleiing,
- rettleiing av tilsette som jobbar med born og familiar
- foredrag og kompetanseheving hos tilsette i kommunen
- Psyko-edukasjon/undervisning til foreldre, born, unge, elevar/klassar
- Vise veg til å samarbeide med andre tenester og tilbod

Dei vanlegaste årsaka til at familiar tok kontakt med førebyggjande tiltaksteam i 2023 var bekymring for åtferdsvanskar/sosiale vanskar, angstsymptom, nedtemtheit blant ungdom og utfordringar heime.

Psykisk helsearbeidar og kommunepsykolog har i løpet av første halvår gjennomført angstmestringskurs (12 gruppesamlingar) for elevar på mellomtrinnet, og foreldremøte i tilknytning til desse. Det har ikkje vore drift i tiltaksteamet heile året grunna endringar i personalgruppa. I samband med etablering av eining for helsefremjing og førebygging er det ein føresetnad at tilbodet skal reetablerast.

4.2.8.4 Kommunepsykolog

Stillinga har lagt til Eining barn og familie, men har og arbeida på tvers av avdelingsgrenser, og systematisk mot skule, barnehage og andre tenester. Psykologen gav tilsette rettleiing og kvalitetssikra kommunen sitt psykososiale tilbod.

Stillinga vart ikkje lyst ut på nytt etter at kommunepsykologen sa opp si stilling, men det er inngått ein rammeavtale for kjøp av psykologkompetanse. Kommunen har såleis knytta til seg psykologkompetanse i samsvar med krav i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2.

4.2.8.4 Barnevern

Barnevernstenesta i Tysnes kommune består av 3 kontaktpersonar/sakshandsamarar i 100% stilling, einingsleiar/barnevernsleiar i 100% stilling, samt tiltaksarbeidar i 100% stilling. Dei har følgjande kompetanse: barnevernspedagog (3), barnehagelærer(1) med tilleggsutdanning, barne og ungdomsarbeidar (1) med tilleggsutdanning.

I tillegg kjøper kommunen vakttenester frå Bergen kommune.

Barnevernet er fyrst og fremst ei hjelpeteneste for sårbare barn, unge og deira familiar. Samstundes opnar barnevernslova for svært inngripande tvangstiltak.

Det stiller store krav til barnevernet sitt arbeid og at rettstryggleiken for born og foreldre blir ivaretatt på ein god måte.

Alle, under 18 år som oppheld seg i Noreg, er omfatta av lova. Frå ein er 18-25 år, kan barnevernstenesta gje tiltak i form av ettervern, til unge som har hatt tiltak før fylte 18 år, dersom den unge sjølv ynskjer det.

I den nye barnevernslova som trådde i kraft 01.01.2023, er barneperspektivet styrka. Barn sitt beste er eit grunnleggjande omsyn for barnevernet. Barn sin rett til omsorg og vern, retten til familieliv, samt minste inngreps prinsipp, får eit lovuttrykk i den nye lova.

Hovudvekta på barnevernstenesta sin innsats vert lagt til lovpålagte oppgåver i form av handsaming av uro meldingar, gjennomføring av undersøkingar, oppfølging av hjelpetiltak og omsorgstiltak.

For året 2023, har Tysnes barnevernsteneste lagt ein del ressursar ned i førebyggjande og tverrfagleg samarbeid gjennom:

- Bidra med ressursar til drift av Treffstaden for ungdom 2 gonger i veka
- Bidra med ressursar til Gaming-gruppe i Aktivitetssenteret 1 gong anna kvar veke for unge vaksne

- Delteke på personalmøte på alle skular og barnehagar der tema har vore melding til barnevernet
- Oppretta kontaktperson – ordning på alle skular og barnehagar, med faste jamlege møte punkt for å bidra til auka tverrfagleg samarbeid, og bistå i systemarbeid.

Tabellane under viser tal saker for året 2023.

Tal på barn med tiltak i 2023						
	I løpet av året			På Slutten av året		
	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak
Tal barn	6	2	26	6	2	21

Tabellen over syner talet på saker i Tysnes barnevernsteneste for 2023. Tala i rubrikken «i løpet av året» syner totalt tal saker som tenesta har arbeidd med i løpet av året. Tala i rubrikken «i slutten av året» er status per 31.12.23 «Omsorg» er tala for antal barn kommunen har omsorg for og er lovheimla i bvl § 5-1, og «hjelpetiltak» syner tal på barn som har frivillige tiltak etter bvl § 3-1. «Tilsyn andre kommunar» er barn som bur i fosterheim i kommunen (plassert av andre kommunar).

	Tal meldingar	Meldingar som er lagt vekk	Undersøkingar i alt	Avslutta undersøkingar i alt	Vedtak etter bvl.	Undersøkingar over 3 mnd
2021	26	10	16	16	17	1
2022	23	4	22	13	4	0
2023	26	5	21	19	13	0

Tysnes barnevernteneste ser effekten av styrkinga av tenesta med ei 100% stilling frå 2022, og at ein i større grad enn før er rusta til å handtere dei mest alvorlege barnevernssakene, som er dei ein skal stå att med når måla for oppvekstreforma er nådd. Samstundes har styrkinga ført til at ein har klart å etablere strukturar for samhandling, samt å bruke delar av barnverntenesta sine ressursar på førebyggjande tilbod som t.d. Treffstaden.

Krava i oppvekstreforma og i den nye barnevernslova., vil føre til praksisendring for barneverntenesta, ei utvikling ein ser på som positiv, men også krevjande.

Det er mellom anna knytt ei viss uro til avvising av familiar som tidlegare gjerne fekk hjelp gjennom barnevernet, men som no vert tilvist førebyggjande tenester som rette instans. Det er svært mykje godt førebyggjande arbeid som vert gjort på mange einingar som møter born og unge i Tysnes kommune, men det vert viktig å bruka arbeidet med «Plan for førebyggjande arbeid for born og unge» til å skape ei oversikt over desse, og sikre at ressursfordelingar er fornuftig ut frå innbyggjarane sine behov, samt i tråd med kva forskning viser.

For Tysnes barnevernteneste har den største utfordringa, og utviklingsområdet, vore å ta i bruk nytt fagsystem, Modulus Barn.

Tenesta vil halde fram med prioritering av dei etablerte samhandlingsarenaene og vidareutvikle det tverrfaglege arbeidet i kommunen, samt system for brukarundersøking/tilbakemelding frå brukarar.

Utviklingsprosjektet med Kvinnherad og Austevoll i regi av Statsforvaltaren vart avslutta pr 31.12.23, og legg vidare føringar for utvikling innan barnevernfagleg kvalitet knytt til analyse, vurdering, og avgjerder, samt utvikling av tiltaksvifta i kommunen.

4.3 Helse og omsorg

Helse og omsorg består av fire einingar og frivilligsentralen: NAV med Flyktingtenesta, Open omsorg, Helse med legekontor og legevakt, og institusjonen Tysnes omsorgssenter.

Helse og omsorg yt tenester etter Lov om kommunale helse og omsorgstenester, folkehelselova, pasient og brukar-rettigheits lova, sosialtenestelova mm.

2023 har vært prega av prisvekst og renteoppgang, samt den pågåande uroa i Europa. Tenestene har vore fleksible, og samarbeider godt om å nå måla om å sikre innbyggjarane tilgjengelege helsetenester av god kvalitet. Helse og omsorg skal bidra å fremje god folkehelse på ein slik måte at alle innbyggjarane kan klare seg sjølv best mogleg, lengst mogleg.

Det var i 2023 vedteke ei ny organisering på tvers av oppvekst og helse og omsorg som gjer at me i 2024 vil samle tenester i ei ny eining, som skal ligge under helse og omsorg. Føremålet med organiseringa er å møte dei nye krava kommunen har til å arbeide førebyggjande. Eininga skal heite eining for førebyggjande og helsefremjande tenester. Eininga vil bestå av psykisk helse for barn og vaksne, fysio- og ergoterapi, helsestasjon og skulehelseteneste. Nye funksjonar som t.d. barnekoordinator og SLT-koordinator vil ligge til eininga, saman med funksjonen koordinerande eining; tenester inn mot individuell plan og koordinering.

I 2023 har helse og omsorg hatt fokus på å implementere strategiane for Leve heile livet, og satsinga på at fleire skal kunne bu trygt heime. Det er vidare sett fokus på den demografiske utviklinga som syner at det vert fleire eldre, lågare berekraftsbrøk og større behov for komplekse tenester til innbyggjarane. Helseføretaka har mindre tid til rehabilitering og oppfølging etter gjennomført behandling, og meir av disse oppgåvene vert overført til kommunen. Utviklinga syner at me må omstille og utvikle oss for å møte dei krava til kapasitet og kompetanse som trengs for å ivareta oppgåvene innan helse og omsorg. Helse og omsorg har fått på plass ein strategisk kompetanseplan. Planen skal bidra til å rekruttere, behalde og aktivere tilsette med rett kompetanse.

Det er gjennomført Informasjonsmøte 65+, som skal sikre informasjon om korleis ein kan legge til rette for sin eigen alderdom. Informasjonsmøte skal vidareføre føremålet med førebyggjande heimebesøk ved å gi informasjon og rettleiing om bustadtilpassing og planlegging av eigen alderdom, i ei ny form. Det skal vere mogleg å teikne seg på for å få meir tilpassa informasjon, anten i heimen eller ved individuell samtale. På møte i 2023 var det 18 påmeldte, og to av desse ønskte vidare oppfølging. Infomøta skal haldast annakvart år. Kommunen deltek i nettverk for aldersvennlege samfunn.

I lys av utfordringane nemnd over er det sett av midlar til velferdsteknologi i budsjett for 2024. Kommunen deltek i samarbeid om innkjøp/leige av velferdsteknologi, og har søkt midlar til innføring av dette. I 2023 har kommunen innført [Digihelse](#) i deler av verksemda. Digihelse gjer at innbyggjarane kan kommunisere med den kommunale helsetenesta, sjå og endre avtalar og kommunisere på vegne av pårørande i den same løysinga.

For 2024 vil helse og omsorg ha fokus på å iverksette og implementere organisasjonsendringar som tidlegare nemnd. Sektoren vil å ha fokus på tiltak og strategiar som gjer oss i stand til å møte dei framtidige utfordringane demografi og redusert berekraftsbrøk gir oss.

4.3.2 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, fysioterapi, ergoterapi og psykisk helse for vaksne. Kommuneoverlegen leiar til vanleg den samla tenesta. For 2023 har kommunalsjef leia tenestene fysioterapi, ergoterapi og psykisk helse for vaksne. I 2024 vil disse avdelingane ligge til eining for helsefremjande og førebyggjande tenester saman med helsestasjon og skulehelseteneste.

4.3.2.1 Psykisk helse

Psykisk helseteneste for vaksne har hatt 3 årsverk knytt til tenesta for oppfølging og behandling på individ og gruppenivå. Tenesta fekk auka ressursar med 0,5 årsverk frå medio 2023. Ressursane er fordelt på to 100 % stillingar psykiatrisk sjukepleiar, og to 50 % stillingar som psykisk helsearbeidar/assistent. I tillegg er det timeressursar knytt til brukaroppfølging, støttekontakt og drift av aktivitetssenteret.

Inntil medio 2023 var det eit stort trykk på tenesta med hyppig tilvising frå ulike teneste. Det siste halvåret har talet på tilvisingar gått ned. Det er ikkje grunn til å tru at tal på personar med psykisk helse utfordringar har hatt ei drastisk nedgang. Nedgangen kan ein setje i samanheng med fråvær og utskifting av tilsette i samarbeidande tenester. Med grunnlag i at kommunen har større ansvar for oppfølging og behandling, og at det er høg terskel for å få rett til hjelp i spesialisthelsetenesta er det grunn til å tru at det framleis er eit stort behov og at fleire skulle ha vore tilvist tenesta.

Auka krav til kommunal teneste får konkrete konsekvensar i arbeidskvardagen. Det oppstår spenningar og dilemma knytt til ei stadig prioritering som må gjerast mellom brukarar med lettare psykiske lidningar og brukarar med omfattande psykiske lidningar og ruslidningar. Med større krav til behandling i kommunen blir det fleire oppgåver. Kommunen har per i dag ikkje heildøgntilbod for pasientgruppa, og tenesta er berre tilgjengeleg for brukaren på dagtid. Eit døgntilbod som for eksempel bufellesskap vil kunna gje brukarar trygge rammer og god struktur i kvardagen.

Det er oppretta tett samarbeid med psykomotorisk fysioterapeut, dette samarbeidet gjev effektiv og god behandling. Samarbeidet viser gode resultat. Tenesta har også eit visst samarbeid med spesialisthelsetenesta då i første rekkje Stord DPS.

Psykisk helseteneste både i gruppe og individuelt har motteke rettleiing frå psykolog.

Psykisk helseteneste driv dagsentertilbod ved aktivitetssenteret i Våge, to dagar a 4 timar pr. veke. Målet med tilbodet er å bryte isolasjon, auka livskvalitet og livsmeistring. I 2023 har det vore 10 faste brukarar i løpet av 2023. Mange av brukarane vert henta og køyrd til og frå tilbodet. Då er det viktig å ha tilgjengeleg bil, både til transport av brukarar og til utflukter/turar.

Større krav og forventning til kommunen for tett oppfølging og behandling av pasientar gjer at me har måtta tileigna oss nye og effektive arbeidsformer. Tenesta ser for seg å jobba vidare med å få på plass kompetanse for å kunna driva gruppetilbod. I 2023 har psykisk helse for vaksne delteke på «Nasjonale konferanse om psykisk helse» ved Modum Bad, der temaa var traume og livskriser, spiseforstyrning, angst og depresjon, stress utbrentheita og meistring.

Vidare har tenesta delteke på Septemberkonferansen der temaet var «Traumer og krig». Og på webinar om flyktningars psykiske helse.

Som valdskoordinator har fagleiar for psykisk helse vaksne tett samarbeid med krisesenteret. Det er viktig for å sikre eit godt samarbeid mellom kommunen, krisesenter og politi. Det er anbefalt at kommunen har oppdatert planverk for sitt arbeid mot vald. Det er føreteke ei kartlegging i tenestene, men me har ikkje plan på plass enno.

Psykososialt kriseteam

Fagleiar for psykisk helse for vaksne er leiar for psykososialt kriseteam, og har i regi av rolla delteke på kompetanseprogram for kriseleiarar. Programmet inneheld 5 samlingar x 2 dagar, frå februar 2023 til januar 2024. Hovudmålet er at deltakarane i programmet skal utvikle sin mellommenneskelege kompetanse som kriseleiar og slik få eit godt grunnlag for å lukkast når det skjer ei krise.

Fire medlem frå kriseteamet har gjennomført kurset «Helhetlig debriefing» i regi av RVTS. Kurset har fokus på korleis ein kan lære av kriser og katastrofar ved hjelp av metoden «Helhetlig Debriefing». Eit viktig aspekt ved metoden er at kriser ikkje berre er belastande, men også gode moglegheiter for læring og utvikling.

Me har hatt to hendingar i løpet av 2023 kor kriseteamet var sett i beredskap. Det var i begge tilfella vurdert å ikkje vere behov for oppfølging frå teamet.

4.3.2.2 Legekontor og legevakt

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønspraksis, og legetenesta i Tysnes er samla i eitt legekontor. Det er tre legeårsverk knytt til legekontoret, i tillegg til dette kjem inntak av LIS1- lege to gonger i året.

Det vart i sommar leigd inn ekstra vikar for ferieavvikling. Det var gjennomført lokale forhandlingar knytt til fastlønn og lønn for legevakt, og Tysnes kommune har nytta tilskotordninga frå helsedirektoratet [«tilskudd til styrking av legevaktjenesten i distriktkommuner»](#) for å gjere dette.

Tysnes kommune vart frå april 2022 godkjent som utdanningsinstitusjon for allmennlegar i spesialisering. Det er krav om at alle allmennlegar som arbeider på fastlegekontor skal være enten spesialistar i allmennmedisin eller under utdanning, med mål om å bli spesialist. To av legane vart godkjende spesialistar i 2023 og det er ved utgangen av 2023 berre ein lege som er under utdanning i allmennmedisin. Nytt av 2023 er at Tysnes kommune også har søkt godkjenning som utdanningsinstitusjon i samfunnsmedisin. Desse tiltaka gjer oss meir attraktive som arbeidsgivar, og er med på å sikre naudsynt kompetanse.

Legetenesta har blitt stabilisert i siste del av 2023, med tre fast tilsette legar med eiga fastlegeliste. I tillegg er det eitt årsverk LIS1-lege og kommuneoverlege. Det er for tida god dekning på legekontoret med faste tilsette. På landsbasis er det krevjande å rekruttere fastlegar, legetenesta i Tysnes har likevel klart å rekruttere og behalde legar.

Det er 2 faste årsverk knytt til forkontor og laboratorieteneste ved legekontoret. Det er tilsett ny kontorleiar som tiltrer stillinga frå mars 2024.

Tysnes har lokal legevakt. Dei tre fastlegane deler på legevakt saman med turnuslegen og kommuneoverlegen. Dette gjev då ei 5-delt vakt når alle er i funksjon. Me har også andre leger å spele på til legevakt. Tysnes kommune gjev forutan tilbod også til Kvinnherad

kommune der me dekker område Ølve og Hatlestrand. Det er naturleg at også denne avtalen vert vurdert i samband med ei heilskapleg gjennomgang av dagens vaktordning.

Tysnes kommune kjøper tenester knytt til legevaktsentral i Sunnhordland Interkommunale legevakt. Dette gjev oss god oversikt og statistikk, og er ei kvalitetssikring av tenesta.

Eit stadig større innslag av digitale tenester gjer oss meir sårbare og meir tilgjengelege. Dette stiller krav til fokus på personvern og informasjonstryggleik. Tilgjengelegheita gjer at det er fleire kanalar inn til oss, og stiller krav til svar og svartid. Det har vore eit stort fokus på personvern og IT sikkerheit i 2023, og dette arbeidet tek me med oss inn i 2024.

4.3.2.4 Fysioterapi

Organiseringa av fysioterapitenesta i kommunen var uendra frå 2022, med 1,5 årsverk i kommunale stillingar og 1,9 årsverk i driftstilskot for private praktiserande fysioterapeutar.

Tenesta har redusert treffa for "Gruppe for personar med Parkinsonssjukdommar" og avvikla "Psykomotorisk – røyrslegruppe". Til tross for dette viser rekneskapstal ei inntekt i form av eigenandel for 2023 ved fysioterapi (individuell – og gruppeoppfølging) på 111,663 i 2023 samanlikna med 110,175 i 2022. Nye fysioterapitakstar var truleg årsaka til denne differansen.

I årsmeldinga for 2022 vart det peika på nokre sentrale fokus vidare, "meir heilskaplege lokale helseoppfølgingar for brukaren, opparbeiding av førebyggjande tilbod til barn og unge gjennom eit meir kroppsleg perspektiv, førebygging av sårbarheit blant tenestene og kompetanseheving gjennom kvardagspraksis". Førebygging av sårbarheit blant tenestene vart høgst prioritert dette året gjennom ressursdeling på tvers av fagfelt (ergoterapi og psykisk helse).

Ergoterapi er ein svært viktig fag i arbeid med rehabilitering og habilitering. Det har vore noko utfordringar med ressursar i begge tenestene, dette fører igjen til at ambisjonsnivået for tenesta må reduserast. For å redusere konsekvensar som følgjer av mellombelse vakanser er det i 2023 lagt større vekt på samarbeid og ressursdeling.

Omorganiseringa i helsetenestene til ny eining vart presentert i mai 2023. Mål om å samle tenester på tvers av fagfelt og danne ein ny eining under namnet "Førebyggjande og helsefremjande tenester" virka både spennande og svært naudsynt. Utviklinga skapte håp og forventingar om å ha moglegheit til å førebygge fagleg sårbarheit, fordele arbeidsbelastinga og ikkje minst ei meir tverrfagleg helseoppfølging til brukaren. Omorganiseringa vil tre i kraft i mars 2024.

Nedanfor følgjer ein kort oppsummering av prioritert arbeid som stetta andre sentrale fokus:

1. Førebyggjande arbeid til barn og unge:

a. Rettleiingstilbod med fokus på kropp og kjensler vart gitt til elevar i 8. klasse i tre delar (haust 2023 og gjennom våren 2024) i samarbeid med skulehelsetenesta. Tilbodet vart presentert på foreldremøte ved skulestart haust 2023. Planlegginga involverte kontaktlærarar og helsesjukepleiar.

b. Kommunefysioterapeuten vart invitert til Arbeidsgruppe Plan for førebyggjande arbeid for barn og unge. Det vart fleire møtedeltakingar gjennom året saman med denne gruppa.

2. Kompetanseheving i kvardagspraksis – deltaking på kurs:

a. Behalde tverrfagleg samarbeid med psykisk helse gjennom tverrfagleg brukaroppfølging og felles grupperettleing.

b. Deltok på fagmøte med Open omsorg med fokus på "debriefing" i utfordrande pasientcase og utarbeiding av ein felles handlingsplan.

c. Kommunefysioterapeut deltok på Årsmøteseminar for Psykomotorisk Fysioterapi 2023 og Septemberkonferansen 2023.

3. Andre viktige bidrag frå fysioterapitenesta:

- a. Gjennomført 2 timars rettleiing i ergonomi for reinhaldarar i kommunen.
- b. Presentasjon av ergo- og fysioterapitenesta til Tysnes Helselag og Informasjonsmøte for eldre 65+.
- c. Skriftleg bidrag til bassengsak i kommunen med vekt på helse.
- d. Digitalisering i helsetenesta: tok i bruk appen "Friskus" og kvalitetssystemet Compilo. Deltok på vurderingsmøter, felles digital helseplattform og Digihelse i fysioterapitenesta.

4.3.2.5 Ergoterapi

Ergoterapitenesta består av ein ergoterapeut i 80 % stilling. Ergoterapeuten arbeider med habilitering og rehabilitering, kartlegging av funksjon, tilrettelegging og førebygging. Vidare vert det gitt rettleiing i høve bustad- endring, tekniske hjelpemiddel og ergonomiske tiltak. Eit av måla innan ergoterapi er å stimulere til aktivitet og deltaking. Ergoterapeut er med i tverrfagleg Inntaks- og rehabiliteringsteam, er kontaktperson til NAV hjelpemiddelsentral (HMS) og bindeledd til Tysnes Industri AS og hjelpemiddeloppfølging/lager.

Tysnes kommune har avtale med Tysnes industri om mottak, levering, lagring og retur av hjelpemiddel. Avtalen omfattar i tillegg montering, enkle reparasjonar og tilpassingar. Samarbeidet med Tysnes industri er godt etablert og fungerer svært bra.

I løpet av året har det vore noko fråvær i ergoterapitenesta. Dette har ført til avvik knytt til tilvising og tenesteutvikling. Fysioterapitenesta, open omsorg og Tysnes industri har bidrege med oppfølging i høgt prioriterte saker ved fråvær.

4.3.3 Pleie- og omsorg

Under dei kommunale pleie- og omsorgstenestene ligg institusjon og open omsorg som også har ansvar for tenester for funksjonshemma.

4.3.3.1 Institusjon

Rekneskapen syner at drifta dette året overstig budsjetterte midlar, med eit meirforbruk på om lag 3,5 mill. Dette skuldast delvis auka stillingsstorleikar og auka lønskostnader. Me har og nytta ekstra ressursar på pasient med særleg behov. Me har framleis fokus på nøktern bruk av lønsmidlar, men ser at drifta er krevjande og i liten grad tillèt å unngå eksterne vikarar ved fråvær.

Pris på innleige har hatt ein auke etter siste innkjøpsavtale. Tysnes omsorgssenter hatt fullt belegg gjennom store deler året, og inntekter av brukarbetaling er omlag som budsjettert

Tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse er framleis variabel. Rekruttering er utfordrande, til liks med andre kommunar i Vestland, men også nasjonalt. Særleg helgeavløysarstillingar, og vikariat er krevjande å fylle med kompetent personell. Me arbeidar aktivt og systematisk for å legge til rette for at tilsette utan formell kompetanse, får praksis fram til fagbrev. I løpet av året som gjekk, fekk me på denne måten ein ny helsefagarbeidar, og fleire andre har tatt teoridelen. Me har framleis ein solid stab av «kjernetilsette» i verksemda, og stabile tilhøve på leiarsida.

Tilsynslegetenesta er god og stabil. Institusjonen har 8 timar pr veke til denne funksjonen. Fysioterapitenesta er god og stabil. Ein del permisjonar, vikariat, ekstraordinære tiltak og vakante helger gjer at det framleis er naudsynt med bruk av innleidde vikarar.

Eininga har nytta vikarbyrå gjennom heile året. Mange av vikarane er fagfolk som har arbeidd her i mange år og er godt kjende. I ferietida hadde me rundt 10 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er høgare, ser verksemda det vert nådd gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane. ØHD² tilbodet pålegg oss å ha sjukepleiar på vakt heile døgeret.

Årsplan vart utarbeida for dette året. Dette har gjort det mogeleg å lage ein plan for heile året, involvere tilsette, og i noko grad dekke eige fråvær. Personale gjev uttrykk for å vera nøgde med denne ordninga.

Kompetanse/ Utvikling

- Tre tilsette er i program for tilrettelagt praksis med mål om fagbrev.
- Seks tilsette har fullført vidareutdanning palliativ eldreomsorg , Verdighetscenteret
- Ein tilsett har fullført fagbrev, helsefag.
- Ti tilsette har fullført Demensomsorgas ABC, tverrfagleg vidareutdanning.
- Resima (Ressurser i møte med agressjon) kurs for 24 tilsette var gjennomført
- Det er to TAF lærlingar tilsett i verksemda
- Alle tilsette har tilgang og nyttar NHI e- læringsportal
- Alle tilsette har tilgang til VAR, ein nettbasert prosedyre- og kunnskapsbase for helsetenesta.
- Me har delteke i fagdagar og lunsjundervisning v/ ØHD nettverk Helse Fonna
- Ein tilsett deltek i nettverk for palliasjon/lindrande behandling
- Ein leiar deltek i læringsnettverk om systematisk oppfølging av personar med demens og deira pårørande.

Me arbeider systematisk med internkontroll og kvalitetsutvikling, og har ein innarbeida kultur for avviksregistrering og revisjon av rutinar. Det arbeidast systematisk med HMT i verksemda. Me har systematisk etisk refleksjon i personalgruppa.

Eininga har hatt fokus på oppgåvedeling dette året, og m.a har hovudkjøkken overtatt produksjon av lunsjmåltid. Dette har frigjort tid for personale til meir fokus på sosialt samvær og aktivitetar.

Tilbakemeldingar frå brukarane er jamt over gode, og me har som mål å ha god dialog med dei me skal yte tenester til. Det er valt to bebuarrepresentantar, og det vert kalla inn til møte med desse om lag kvar tredje månad. Det vart arrangert møte for bebuarar og pårørande

² øyeblikkelig hjelp døgntilbod

15.11.23, kor det var høve til å koma med innspel til drifta og tilbodet. Om lag 10 personar møtte.

Det har vore organisert mange kulturtilbod for bebuarane. Takka vera frivillig arbeid, har dette ført til mange lyspunkt, med konsertar fleire gongar i månaden.

Dagtilbodet for personar med demens har gjeve tilbod til 18 brukarar gjennom året. Dette fordelt slik at det vert plass til inntil åtte personar pr opningsdag.

- Det vart gjeve 116 korttids/ rehabiliteringsopphald fordelt på 57 personar.
- 36 personar var registrerte med langtidsopphald gjennom året.
- ØHD var i bruk til saman 76 døger, fordelt på 24 personar. Dette er ein nedgang frå førre året, då det var 87 døger.
- Eininga har vore i stand til å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus innan fristen.

Eininga ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarleg teneste, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Tenesta skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Omsorgssenteret har aktiv bruk av rehabilitering. Gjennom tverrfagleg samarbeid med heimetenesta, fysio- og ergoterapitenesta og legesida, vert korttidsplassane nytta til å setja brukarane i stand til å klara seg heime lengst mogeleg. Det er planlagt internundervisning for tilsette ved institusjonen av fysioterapeut for systematisk rehabilitering av bebuarane som er der etter dette føremålet.

Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg framleis som det kritiske punkt i drifta vår. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leiing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møte utfordringane.

4.3.3.2 Open omsorg

Open omsorg består av heimetenesta, bufellesskapa på Haugen og i Vågsmarka og Dagsenteret i Grendatun.

Heimetenesta

Heimetenesta yt tenester til om lag 170 brukarar i form av helsehjelp i eigen heim og praktisk bistand, oftast omtalt som heimesjukepleie og heimhjelp. Heimetenesta har også ansvar for drift av 60 tryggleiksalarmar. Dei som mottek tenester hjå avdelinga er i hovudsak eldre innbyggjarar i kommunen, men også andre med behov for hjelp/tenester i heimen. Open omsorg si primæroppgåve er å gje hjelp til å ivareta grunnleggjande behov. Dette i form av helsehjelp og praktisk bistand med mål om at innbyggjarane i kommunen skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

Gjennom dei siste åra har me sett at brukarane som kjem frå sjukehusa og ut frå omsorgssenteret har eit større hjelpebehov, meir samansette problemstillingar, noko som krev meir fagkompetanse. Det er ønska politikk at flest mogleg skal få sine tenester i heimen. Brukarane har høg alder og meir redusert eigenomsorgsevne slik at det i periodar har vore naudsynt å styrkja talet på tilsette, då særleg på helg og kveld. At me er ein kommune med lange avstandar har også ein innverknad her.

Sjukefråvær og vakante stillingar har gjort det naudsynt å leige inn eksterne vikarar. Det er til liks med institusjon utfordringar med å skaffe kompetent arbeidskraft, spesielt til vikarstillingar.

I tillegg til sjukefråvær, var det i 2023 utført mange oppgåver utanom direkte tenesteyting, som krav at ein erstatta personell. Døme på dette er tillitsvalt- og verneombod. Avdelinga har også personell som er HTV, med mykje arbeidsoppgåver knytt til vervet. Kreftkoordinator er medlem av kreftkoordinator nettverk i Vestland og av palliativt nettverk Helse Fonna-sunnhordlandsregionen og sit også i driftsgruppa der. Helsefagarbeidar som er einaste høyrslkontakt i kommunen nyttar tid av jobb i heimetenesta. Same helsepersonell saman med ein sjukepleiar bistår ergoterapeut med handsaming av hjelpemiddel. I fråvær av ergoterapeut i 2023 har det vore ekstra mykje oppgåver her.

Fagutvikling og deltaking på kurs er eit fokus, og ein har lagt til rette for at tilsette skal kunne tileigne seg kunnskap på ulike måtar.

Eininga er stor, og arbeidsoppgåvene for mange for ein avdelingsjukepleiar med ansvar for omlag 150 brukarar i heimesjukepleie. Einingsleiar har tenesteansvar for heimehjelp. Det store talet brukarar er krevjande både i form av tidsbruk og ivaretaking av komplekse behov. Stadig fleire bur i eigen heim eller i leilegheit, også dei med liten evne til eigenomsorg, noko som gjer at ein hjelper menneske med dei fleste av dagleglivets aktivitetar. Einsemd er ein kjend utfordring, og noko me ser hos brukarane. Dette er ikkje ei utfordring me kan løysa med heimesjukepleie eller heimehjelp. Det er emosjonelt belastande for dei tilsette i å oppleva at ein ikkje tilstrekkeleg kan motverka einsemd hos menneske ein treff i arbeidskvardagen.

Det vart tilsett personell i nye stillingar som vart skipa i 2022. Den eine stillinga vart utlyst med 40% av stillinga med oppgåver med tenestetildeling. Dei siste åra har det ikkje vore ressursar i eininga til å følgje opp vedtak. Det har i 2023 vort arbeidd for at dei som tek imot tenester skal ha oppdaterte vedtak og at heimebesøk og at gode vurderingar for tenesta til den einskilde er gjennomført. Dette er eit ressurskrevjande arbeid, men svært viktig for at ein gir tenester etter behov i tråd med aktuelt lovverk.

Kontorkapasiteten er blitt ei utfordring med fleire tilsette på jobb. Mykje av tida er ein ikkje på kontoret, men logistikken er slik at mange er på kontoret samtidig og treng arbeidsplass og arbeidsro for førebuing om morgonen, dokumentasjon, registrering og opplæring. Det vart i sommar oppretta fleire arbeidsplassar, med kontor plass for avdelingsleiar saman med einingsleiar og ein ekstra kontor plass på møterom. Kreftkoordinator og sjukepleiar med tenestetil-delingsansvar har arbeidstid tre dagar i veka på dagtid og treng arbeidsplass som gjer det mogleg å ha samtalar på kontor og rolege omgivnader for vedtaksskriving etc. Det jobbast med løysingar innan dei rammene ein har til rådvelde.

I 2023 har me fått gjennomført følgjande:

- Einingsleiar starta vidareutdanning i arbeids- og organisasjonspsykologi 30 studiepoeng
- To sjukepleiarstudentar har vært i praksis hos oss.
- To TAF-elever har hatt elevtid i heimetenesta frå august 2023
- Alle tilsette har tilgang til GLUP E- læringsportal
- Alle tilsette har tilgang til VAR, nettbasert oppdatert prosedyre og kunnskapsbase for helsetenesta
- Fem tilsette fullførte vår -23 ABC Demensomsorg
- Alle tilsette har delteke på Resima-kurs

- Nettverk demens: 3 deltakarar frå kommunen som skal identifisere ønska løp for brukarar med demens saman med demensteam og leiarar i kommunen for brukargruppa.
- Deltaking i nettverk for digital heimeoppfølging, avdelingssjukepleiar deltek
- Leiarar og verneombod har delteke på kurs innan HMT og risikokartlegging.
- Avdelingsleiar var på leiarkonferanse i regi av NSF.
- Me har hatt fagmøte kvar veke med ulike tema, både samarbeid med andre einingar samt internundervisning.

Kreftkoordinator

Kommunen har kreftkoordinator tilsett i 20% stilling. Kreftkoordinator har base på i kontora til open omsorg. Kreftkoordinator er et lågterskel-tilbod. Det er ikkje krav om tilvising frå lege. Kreftramma, pårørande eller helsepersonell kan ta direkte kontakt med kreftkoordinator, og tenesta er gratis.

Kreftkoordinator er medlem av kreftkoordinator- nettverk i Vestland, samt medlem av palliativt nettverk Helse Fonna- Sunnhordlandsregionen. Kreftkoordinator er vidare kontaktperson i Brystkreftforeninga Bjørnafjorden og nærliggande kommunar.

Tal for 2023 viser at det i Tysnes kommune er 16 kvinner og 19 menn med nyoppdaga kreftdiagnose. Det er 91 kvinner og 139 menn som lever med kreftdiagnose.

Tal aktive pasientar varierar gjennom året, og det er observert at det er ein auke i pasientgruppa som er i eit palliativt løp, noko som inneber direkte arbeid med pasient i samarbeid med heimesjukepleie, lege, psykisk helse og fysio- og ergoterapeut. I dette løpet er det kreftkoordinator si oppgåve å hjelpa pårørande. Palliativt løp reknast i denne samanheng som når sjukehuset har informert om kort forventta levetid, mindre en 6 mnd., med livslengande behandling på sjukehus og smerteretta behandling som stråling o.l. Tilbakemeldingar frå pasientar og pårørande er at det er viktig å ha ein kontaktperson som koordinerer og ivareteke fleire tenester på vegne av brukar eller pårørande.

I 2023 er [pakkeforløp for pasientar med kreft i heim](#) iverksett, og det er kreftkoordinator som føl opp dette løpet frå kommunen sin side.

Omsorg pluss

Bustader tilknytt Tysnes omsorgssenter er atterhalde for dei med høgast tenestebehov i open omsorg. Kriterier for tildeling vert gjort etter lokal forskrift. Det er sjølvstendige bu-einingar, regulert med husleigekontrakt mellom kommunen og brukar. Bebruarane vert betent av open omsorg. Tenesta ser at omsorgsbustadene i omsorg pluss er ei ønska buform for dei med store omsorgsbehov, og at det er trong for fleire tilsvarande bustader med tett oppfølging.

Trygde- og omsorgsbustader

Gjennom 2022 har me hatt ledige omsorgs/trygdebustader å tilby til dei som har søkt om det. Me ser at bustadene ikkje møter forventna standard, og det vart vedteke i budsjett og investeringsplan å nytte to mill. pr år til oppussing av bustadene. Dette vil gi attraktive, sentralt plasserte bustader med universell utforming til dei som av ulike årsaker ikkje klarer, eller kan bu i eigen heim.

4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufellesskap, Vågsmarka og Haugen og dagsenteret. Organisatorisk ligg tenestene her til open omsorg, dagsenteret er knytt til avdelinga Haugen bufellesskap.

Haugen bufellesskap

Haugen Bufellesskap har ansvar for 4 bebuarar i ulike aldersgrupper, og oppfølging av 1 tenestemottakar utanfor bufellesskapet. Tenestemottakarane i bufellesskapet har tett oppfølging, og er definert som ekstra ressurskrevjande.

Det er gjort noko nødvendig vedlikehald på huset, men det er to leilegheiter som det er eit stort ønske om at skal bli pussa opp. Me starta på eit prosjekt i hagen, og har som mål å bygge ein pergola. Det har blitt bygd blomsterkassar av reste materiale, og alle har vore delaktige i deloppgåver.

Det er p.t 13,6 årsverk knytt til Haugen bufellesskap.

Me har hatt fokus på kompetansehevande tiltak gjennom året, og dei som deltok på demensomsorgas ABC synes dette var veldig nyttig kunnskap.

På Haugen og dagsenteret har me mellom anna gjennomført følgjande kompetanseheving:

Tre tilsette frå Haugen bufellesskap, og tre tilsette frå dagsenteret har deltatt på

Demensomsorgas ABC, som blei avslutta våren 2023.

Fire tilsette reiste på SOR konferanse i Bergen, der tema var positiv adferdsstøtte (PAS).

Fem tilsette deltok på Workshop om Helse og omsorgstjenestelovens kapittel 9, arrangert av Habiliteringstenesta i Haugesund.

Fire tilsette hadde presentasjon til kollegaer om utviklingshemming og angst.

Avdelingsleiar går 3. året på master i organisasjon og leiing, helse og velferdsleiing.

Alle tilsette har tilgang til NHI/GLUP e-lærings portal.

Alle tilsette har tilgang til VAR, nettbasert oppdatert prosedyre og kunnskap for helsetenesta.

Dagsenteret

Det er p.t. 3,18 årsverk knytt til dagsenteret, fordelt på 5 tilsette, der det er 50 % stilling som fagleiar.

Dagsenter har tilbod til 9 personar, 5 av desse bur i bufellesskap, medan dei andre bur heime, eller på studiestad.

I 2023 er det blitt utført nødvendig oppgraderingar av bygget. Det er likevel utfordringar knytt til bygget, det gjeld mellom anna heis, toalettfasilitetar og manglande uteområde. Dagsenteret har fått nytte uteområde til omsorgssenteret der har vore dyrking av grønsaker og blomster som set alle i sving. Dette vert vidareført til neste sesong. I økonomiplanen er det sett av midlar til oppdatering av uteområde ved Rådhuset, det er von om at dette vil gje ein betre driftssituasjon.

Dagsenteret har samarbeid med fellestenesta i rådhuset, Joker Uggdal og Tysnes folkebibliotek om arbeidstrening. Kafè Maka vert drifta av 4 personar med tett oppfølging gjennom året. Det er eit viktig tiltak for dei som har sitt tilbod der.

Vågsmarka bufellesskap

Vågsmarka bufellesskap gav i store deler av 2023 tenester til 3 bebuarar. Ein bebuar døde i oktober. Bebuarane har hatt tett oppfølging med tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande. Ein viktig del av vårt arbeid er å leggje til rette og oppretthalde sosiale forhold, aktivitetar og liknande, som t.d fritidsklubb, dagsenter, friluftsliv etc.

Nokre av bebuarane er blitt meir pleietrengande, og treng såleis meir oppfølging i høve til stell og somatiske tilstandar. Det er eit godt samarbeid med heimetenestene. Det er viktig då det ikkje er sjukepleiefagleg kompetanse tilgjengeleg i bustad. Soleis har me kunna ivaretatt bebuarane i heimen sin.

Det vert gjennomført fagteam for kvar bebuar ein-til to gangar pr. mnd. Her sikrar ein informasjonsflyt, drøftar risikoanalysar, tar opp utfordringar, vedtak, planer med vidare. Dette er med på å kvalitetssikre tenestene utifrå den einskilde bebuars behov. Alle tilsette er velkommen på fagteam, då kvar enkelt, uavhengig av stillingsprosent, er viktig for å kunne nå måla me sett oss og sikre god kvalitet på dei tenestene me skal gje.

Me har mykje god fagkompetanse og eit godt arbeidsmiljø i Vågsmarka. Alle tilsette er med å bidrar til at ein skal yte fagleg gode tenester.

Det er ein stor utfordring å rekruttere arbeidstakarar til helgestillingar, og det å dekke inn helg med kvalifisert personell, er ei stadig utfordring. I 2023 hadde Vågsmarka ei prøveordning med langvakter på helg. Dette var gjort etter ønske frå tilsette og i samarbeid med tillitsvalde og verneombod. Ordninga var frivillig, og gav også moglegheit til å auke stilling. Ordninga varte eit halvt år, og vart sagt opp av tillitsvalde, då ein såg at dei komplekse utfordringane nokre av bebuarane har, gjer det tøft å stå i ei vaktordning på 12,5 timer, sjølv med avlastning og bistand på tvers mellom tilsette. Det er mogleg ei slik ordning kan prøvast ut på nytt ved ein seinare anledning.

På slutten av 2023 byrja ein å jobbe mot ein oppstart av årsturnus i 2024.

Gjennom 2023 er det arbeidd for at alle tilsette skal auke sin grunnkompetanse.

- To tilsette var på SOR- konferansen i mai – 23, som omhandla PAS, Positiv åtferdstøtte. Dette er eit rammeverk for å kunne kvalitetssikre tenestene me gjer.
- Alle tilsette har fått nødvendig opplæring i bruk og føring av avvik i Compilo.
- Fire tilsette fullførte den tverrfaglege vidareutdanninga: Demensomsorgens ABC.
- Sju tilsette har vært på heildagskurs i kap.9 i regi av Seksjon Habilitering, Helse Fonna.
- Gjennomført kurs i nettportalen GLUP.no.

Brukarstyrt personleg assistent

I Tysnes har to brukarar gjort seg nytte av tenesta med brukarstyrt personleg assistanse (BPA), begge desse har valt Uloba som leverandør. Utover dette vert det gitt tilbod om miljøtenester i heimen, støtte/fritidskontakt, avlastning og omsorgsstonad.

4.3.4 NAV og Flyktingtenesta

NAV-kontoret består av ein kommunal del og ein statleg del. Eininga har 5 faste årsverk på den kommunale delen (inkl. leiar), og 1,8 årsverk på den statlege delen. NAV-leiar er leiar for både den kommunale og den statlege delen.

Den kommunale delen av NAV har tre hovudområde under kommunal velferd:

- sosialtenesta
- flyktingteneste
- husbankordningane startlån/tilskot og bustonad

Sosiale tenester inneber

- informasjon, råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving
- økonomisk sosialhjelp
- kvalifiseringsprogram (bistand og kvalifisering for arbeid)
- individuell plan
- mellombels bustad
- særskilte tiltak for rusmiddelavhengige

Flyktingtenesta har ansvar for

- busetting
- integrering
- introduksjonsprogrammet

Flyktingtenesta blir administrert av NAV. Tysnes Kommune vart oppmoda om å busetta til saman 25 flyktingar i 2023. I løpet av året vart 25 flyktingar med kollektiv beskyttelse busett etter avtale med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet – 17 vaksne og 8 barn. Alle mellom 18 og 55 år har takka ja og deltek i introduksjonsprogrammet. I 2023 hadde me 21 deltakarar.

I 2023 hadde me 212 vedtak om økonomisk sosialhjelp, dette er ein auke på 20 vedtak frå året før. Det var registrert 74 brukarar i sosialhjelpssystemet, som òg er ein auke på 19 brukarar samanlikna med året før. Auka kjem av busettinga av nye flyktingar samt dyrtida me no er inne i. Tre personar har fått tilbod om Kvalifiseringsprogram i 2023.

Ungdomsgarantien vart innført 1.juli 2023 og er ein forskriftsfesta styrking av ungdomsarbeidet i NAV og skal sikra individuelt tilpassa oppfølging så lenge det er behov for det. Målet er at fleire unge får høve til å fullføra utdanning og komme i ordinært arbeid. Ungdomsgarantien gjeld for personar frå fylte 16 år og fram til fylte 30 år.

NAV er i kontakt med i underkant av 30 ungdommar under 30 år. NAV jobbar aktivt med og har tett oppfølging av ungdommane. Målet er å få dei i arbeidsrelatert aktivitet. Ungdom som fell ut eller ikkje kjem inn på arbeidsmarknaden er ein høgt prioritert oppgåve for NAV. Det er særskilt ressurskrevjande då oppfølginga og dialogen med denne gruppa er veldig tett. Koordineringa og samarbeidet mellom statleg og kommunal teneste er viktig for å lukkast i dette arbeidet, samt samarbeidet med verksemdar og næringsliv. Arbeidet med denne gruppa vert framleis eit hovudsatsingsområde i 2024.

Våren 2023 gjennomførte Statsforvaltaren tilsyn med NAV Tysnes. Tema for tilsynet var NAV kontorets ansvar for å ivareta barns behov når familien søker om økonomisk stønad. Det vart ikkje avdekt lovbrøt ved tilsynet. I tilsynsrapport kjem det fram at NAV kontoret kartlegg familien sin situasjon og borna sine behov. NAV kontoret tilbyr oppfølgingssamtalar og har eit høgt fokus på barneperspektivet. Tilbakemeldinga frå Statsforvaltaren var at kontoret arbeider særskilt godt med barneperspektivet og vert brukt som døme i nasjonal samanheng.

NAV Vestland arrangerte våren 2023 for første gong eigen sikkerheitskonferanse. Konferansen er ein del av prosjekt for sikkerheitskultur i NAV Vestland. NAV kontoret har innført ein eigen sikkerheitskultur. Det er inngått samarbeidsavtale med lokalt politi og

psykisk helse, innført faste øvingar, gjort fysiske endringar på samtalerom og skaffa intern alarm.

Det er innført ei digital løysing for søknader om økonomisk sosialhjelp (Digisos). Dette forenkla tilgangen for brukarar og søknadsbehandling. For å kunne ta i bruk denne tenesta tok NAV i bruk eit nytt fagsystem (Velferd) i mars 2023.

Arbeidsløysa i Sunnhordland har halde seg låg i heile 2023 og me legg bak oss eit år med historisk låg arbeidsløyse. Det er venta at arbeidsløysa vil vakse noko i 2024, dette er mellom anna knytt til situasjonen i bygg- og anleggsnæringa, saman med at fleire av dei som har flykta frå Ukraina no registrerer seg som arbeidssøkarar. I 2023 registrerer NAV i interne system ein særleg god kontakt med arbeidsgjevarane i regionen. 2/3-delar av alle arbeidsgjevarar med 10 eller fleire tilsette i regionen har vore i kontakt med NAV i 2023.

NAV har som mål i 2023 at det skal rettast særskilt merksemd for unge under 30 år, som er heilt ledige, flyktningar. I tillegg til tidleg avklaring for personar med nedsett arbeidsevne. Ein vil gjere individuelle og konkrete vurderingar av hjelpebehov, og vere tilgjengeleg for, og ivareta dei vanskelegast stilte. I dette ligg spesielt barnefamiliar.

Tysnes Kommune er oppmoda om å busetta 40 flyktningar i 2024.

4.3.5 Frivilligsentralen

Tysnes Frivilligsentral lager ein eiga årsmelding som vert lagt fram for møte i formannskapet 07.03.23. Det vert gjort eit svært godt arbeid innanfor denne tenesta, og det har vore god utvikling av frivillig arbeid det siste året. Me oppmodar om å lesa meldinga i sin heilskap.

4.4 Landbruk og teknisk

Kommunalsjef med stabsfunksjonar er lokalisert på rådhuset og består av byggesak, kart og oppmåling samt prosjekt. Under teknisk etat sorterer einingane brann- og redning og drift og vedlikehald.

Budsjettkapittelet er delt i tre og består av stab teknisk etat, eining brann og redning, og eining drift og vedlikehald.

4.4.1 Stab teknisk etat

Under stab teknisk etat ligg byggesak, kart – og oppmåling, prosjekt og landbruk. Bjørnefjorden landbrukskontor er felles for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes.

Det vart handsama 80 politiske saker i meldingsåret.

Saker til politisk handsaming	2019	2020	2021	2022	2023
Utval for landbruk/teknisk	103	80	92	81	80

Utval for landbruk/teknisk handsamar saker innan etaten sitt samla arbeidsområde. Tabellen angjev alle type saker som har vore handsama politisk innan stab teknisk sitt ansvarsområde.

4.4.1.1 Byggjesak

Byggesak har i 2023 hatt ein del fråvær, men har framleis nytta svært lite ekstern konsulenthjelp. Tilsette på byggesak skal ha stor honnør for ekstra innsats som er lagt ned igjennom året i periodar med høgt fråvær.

Forutan politiske saker vert ein del saker også handsama på delegasjon. Tabellen under angjev saker som er handsama etter plan- og bygningsloven og forureiningsforskrifta. For saker handsama etter anna lovverk slik som til dømes jordlova og skoglov vert det vist til andre programområder.

Tabell 4.4.2: Handsama saker etter plan og bygningslova	2019	2020	2021	2022	2023
Total saksmengd	254	248	277	224	293
Delegasjonssaker	117	145	185	143	203

I 2023 vart det registrert inn 247 nye saker, av desse er 54 under handsaming. 73 saker har fått vedtak og 116 saker er endeleg avslutta. 4 saker gjekk ut. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid har vore innanfor frist for dei ulike sakstypane, dette betyr likevel ikkje at alle saker er innanfor frist.

Tabell 4.4.3: Gjennomsnittleg handsamingstid

	2021	2022	2023
Saker med 3 vekers frist	17 dagar	10 dagar	10 dagar
Saker med 12 vekers frist	64 dagar	43 dagar	32 dagar

Saker med 8 vekers frist	25 dagar	36 dagar	41 dagar
Saker med 6 vekers frist	31 dagar	28 dagar	25 dagar

4.4.1.2 Kart og oppmåling

Året vart hovudsakleg nytta til reduksjon av saks køen innafor oppmåling, her har det vore vore etterslep etter 2021 og 2022. Desse åra var det redusert bemanning. Etterslepet er no tatt inn igjen, men for ein god del saker vart gebyra avkorta som følgje av at handsamingsfristane ikkje vart halde.

Det vart også halde sluttmøte for dokumenttilsyn etter matrikkellova med kartverket. Resultatet synte at arbeidet etter matrikkellova i Tysnes kommune vert utført i tråd med lovkrava og det berre er minimalt behov for tilpassing av rutinar og malar.

Tabell 4.4.3:	2019	2020	2021	2022	2023
Oppmålingssaker					
Rekvirerte saker	41	54	88	50	33
Fullførte saker	47	55	45	55	74
Trend samla saksmengde	-6	-1	+45	-5	-41

Størst del av sakene var arealoverføringar (28) og oppretting av grunneigedom (14). Det vart også gjennomført grensejusteringar (2), samanslåingar (10) og handsaming etter eigarseksjonsloven (1). Resten var andre saker som nymerking, klarlegging, trekt sak m.m. (19).

Kart og planregister

Det vart ikkje gjennomført ny Geovekst kartlegging i Tysnes i 2023. Etter planen er neste kartleggingsrunde i 2026.

Det vart jobba med ajourføring av FKB-baser, hovudsakleg med data som kom inn i samband med byggesakshandsaming. Landmålte data for oppførte bygg og konstruksjonar vart ikkje motteke. Det var litt måling av kartobjekt ute i felten av kommunen. Overgangen til ny fagstandard for FKB 5.0 har føregått problemfritt i mai 2023.

Det vart jobba mykje med planregisteret. Her spesielt etterregistrering av gitte og avslåtte dispensasjonar frå vedtekne reguleringsplanar. Dispensasjonar handsama etter 01.01.2010 skal registrerast med vedtak og koordinatfestast i kommunens planregister

www.arealplaner.no. Dispensasjonsføring gir ein god oversikt om revisjonsbehov for planer og skal vere til hjelp under sakshandsaming. Om lag 50 % av registeret er gjennomgått.

Adressering og skilting:

Det vart tildelt vegadresser til adresseobjekt innanfor områdeadresseparsellar som var ferdig handsama i stadnamnsak.

Kommunen har 13 matrikeladresser som ikkje er gått over til vegadresser (0,4 %). Dette gjeld noko objekt som er knyt til områdenamn som ikkje er ferdig handsama. Kommunen har pt. 3.252 vegadresser.

Det vart påbegynt arbeidet med innføring av atkomstpunkt, prosessen vert vidareført i 2024.

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/punktet-som-gjor-en-forskjell>

Kommunale bustadtomter

For tida er 4 kommunale bustadtomter ledige. Det er 1 ledig tomt i Vågsmarka VI og 3 ledige tomter i Kattaland.

4.4.1.3 Landbruk

Bjørnafjorden landbrukskontoret er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Tysnes, Samnanger og Bjørnafjorden, der sistnemnte er vertskommune. Landbrukskontoret gjorde over 730 vedtak samla, og 259 av desse i Tysnes kommune.

Utfordringar knytt til kapasitet har likevel ført til at informasjonsarbeidet har blitt nedprioritert. Landbrukskontoret si største utfordring er å balansere daglege oppgåver med behovet for oppfølging og tilgjengelegheit for bønder, skogbrukarar og jegerar.

Ein viktig milepåle i 2023 var evalueringa av samarbeidsavtalen for Bjørnafjorden landbrukskontor.

Det auka behovet for kontroll og oppfølging av nye brukarar krev meir innsats enn før. Ein ser at fleire gardeigarar startar opp med sauehald i småskala, ofte utan grunnleggjande erfaringar innan dyrehald. Det er likevel eit omfattande regelverk som kvar eigar av husdyr må vere kjent med. Gjennom å leige inn eksterne ressursar (finansiert med stimuleringsmidlar frå staten), styrka ein kapasitet til å støtte og rettleie nye bønder, gjennomføre kontrollarbeid i samband med produksjonstilskot og sikra at krava vert oppfylte.

Veterinærtenester

Bjørnafjorden landbrukskontor har ansvar for å organisere veterinærteneste i distrikt 56 (Bjørnafjorden aust, Tysnes, Samnanger og Kvinnherad nord)

Med ein pensjonert veterinær og ein annan som har trekt seg frå avtalen, har ein kritisk mangel på veterinærtenester.

Per i dag har vi berre ein veterinær som i prinsippet må dekke heile distrikt 56 både på dagtid og nattetid – og i helgene. Utfordringa er at inntening i ordinær arbeidstid er lav. Dette

medfører at ein må køyre vakt for å ha nok inntekt. Med ein slik lønnsutsikt, er det vanskeleg å få nye veterinærar til å søke seg til området.

Den noverande bemanningssituasjonen i distrikt 56 er kritisk, og det er ein påtrengjande trong for å tiltrekke og halde på kvalifiserte veterinærar for å sikre dyrehelse og velferd i distriktet. Med auka tilskot og ein ny potensiell tilsett i vente, ser vi moglegheiter for forbetring i tenestetilbodet. Kommunane i distrikt 56 har auka det samla tilskotet til veterinærtenesta frå kr 450 000 til kr 900 000 per veterinær.

Arbeidet med oppfølging av bu- og driveplikt vart starta i 2023 som eit viktig skritt mot å sikre at landbruksressursane blir nytta i tråd med regelverk og samfunnsinteressene. I tråd med vilkåra for konsesjon, er det i dei fleste sakene eit vilkår at den nye eigaren må busette seg på landbrukseigedommen innan eitt år etter overtakinga, og vidare bu der i minst fem år. Dette tiltaket er viktig for å sikre at landbrukseigedommane blir halde i aktiv bruk og bidreg til lokal samfunnsutvikling og landbruksproduksjon.

4.4.2 Eining for brann og redning

Eininga vert leia av brannsjefen. Tysnes kommune er medlem i Vest Brann og redning som gjev noko organisatorisk støtte til utvikling av eininga.

I 2023 var det gjennomført 69 utrykkingar. Tabellen under viser fordeling på nokre oppdragstyper:



Brannordninga set krav til at Tysnes brann og redning skal ha 20 mannskap inkludert brannsjef. I dag er me 17 stk inkl. brannsjef. Det vert i desse dagar lyst ut etter ein 100% stilling som leder beredskap. Likevel har me behov for å tilsetje tre nye brannkonstablar for å imøtekomme brannordninga som ligg til grunn.

I 2024 har tenesta behov for 4 plassar på 1 dags kurs i vedlikehaldstrening i utrykkingskøyering, i tillegg er tre tilsette begynt på nettkurs i brannvern (forkurs til grunnkurset.)

Forutan ordinære øvingar har Tysnes brann og redning delteke på ein større skogbrannøving med andre brannvesen i vest brann og redingsregion. Ein har og delteke på ei felles øving med politi, helse og røde kors. Øvingsplassen i Uggdalsdalen er blitt godkjent med vilkår om nokre tiltak som gjerding, grusing og opprydding, resten av tiltaka er organisatoriske og er på plass.

Ei av utfordringane ein ser frametter jf. rekruttering er å få kvalifiserte personar som og har Kl. C sertifikat inn i beredskapen.

Alderssamansetninga blant mannskaa spenner frå ca. 30 til 59 år, med ei overvekt av personell i 30 40 årsalderen.

Interne mål er å ha fokus på kompetanseutvikling gjennom kursing og øvingar med kvalitet og evaluere hendingar og øvingar systematisk for å finne læringspunkt.

Tenesteområdet er mykje likt som føregåande år med brannsløkking, ulukker i trafikk, overflateredning, røykdykking, akutthjelpar teneste, akutt forureining, plivo og andre oppgåver mellom desse.

Det er ein auke i unødvendige automatiske brannalarmer og ein må sjå på måtar å få ned slike. Elles vil ein ha auka satsing og fokus på førebyggjande arbeid framover.

4.4.2.2 Drift og vedlikehald

Til eining for drift og vedlikehald ligg vedlikehald og reinhald av kommunale bygg, vegar, avløp, kyrkjegardar samt vassforsyning.

Kommunale bygg

Investeringsmidlar Enova-tiltak, desse blei brukt til kartlegging av aktuelle bygg, samt oppstart med overgang til Led-belysning i Tysneshallen. Tysneshallen har hatt eit større vedlikehald på vassboren varme.

Det har vore ein del reint vedlikehaldsarbeid på ein del av bygga, som skifte av kledning og vindauge, ny terrasse, nødvendig utandørsarbeid.

Tysnes omsorgssenter:

Det er utført ein del tilretteleggingsarbeid på ulike avdelingar. Ny parkeringsplass nedanfor TOS vart etablert og seinare asfaltet, det er lagt ned varmekablar opp gangstien omsorgssenteret. Det er kjøpt inn papp-presser for kjeldesortering, dette er eit økonomisk og tidssparande tiltak.

Tysnes skule:

Ila 2023 har det mellom anna vore arbeid med reklamasjonssak knytt til grasplen på nedsida av skulen. Totalentreprenøren gjekk i løpet av året konkurs og kommunen har måtte koste utbetring av anlegget. Det kan også nemnast at det Nytt klasserom, opprusting ballbinge.

Bassenget:

I samband med forstudie på nytt basseng vart det teke betongprøvar for kontroll og analyse frå eit eksternt firma. Det blei avslørt ein del korrosjon og etter rapporten blei det utført ein del mindre reparasjonar slik at ein kunne opne bassenget att.

Ny barnehage Onarheim:

Oppstart ny barnehage i 2024, driftsavdelinga har vore med på byggjemøte, dette gjer ein framtidig overtaking av bygget enklare. Ein har hatt ein del driftsrelatert påverking i byggjeprosessen.

Rådhuset:

Utviding kontor plassar teknisk, utvida møterom Onarheim, flytting bøttekott og nytt kontor ved sida av kantina.

Reinhald

Det er samla 9,85 årsverk knytt til denne avdelinga. Grunna ein del fråvær har det vore utfordringar med å ha tilstrekkeleg med personell tilgjengeleg til ei kvar tid. Dette har ført til at reinhalds-oppgåver har blitt utsett eller ikkje utført.

Reinhaldsgruppa fekk moglegheit til å stille til julesamling for dei tilsette i Tysnes kommune. Forarbeidet til denne samlinga hadde ein veldig positiv innverknad på gruppas arbeidsmiljø.

Veg

I 2023 har det vore god aktivitet sjølv om etterslepet også aukar. Kommunen var byggherre i vegutvidinga Lunde-Nymark. Vegdrift har også vore involvert i etableringa av ny parkering for omsorgssenteret og planlegging av overvassanlegg ved nye Onarheim barnehage.

Vegdrift har jobba med rullering av Trafikksikringsplan, og etablering av veglys i Dallandsbrekko opp mot fylke.

Det er komme noko ny asfalt i år, asfaltering tidlegare grusveg til Vevatne og asfaltering av botnlag Færavåg for å jamne ut dei verste partia. Her det leggjast eit slitelag etter kvart. Det er lagt ny asfalt på det dårlegaste strekket i Vattedalsvegen. Veggen frå Hillesvik til Sætre er utbetra med ny botnlag og slitelag..

Gangveg mellom Jensvoll og Tomyra er oppgradert for å handtere overvatn.

Det er skifta ei stikkveite på Jensvoll og ei på Sætre. Det er også etablert nokre nye møteplassar på Dalsvegen.

Dei siste to åra har me stabilisert to vegparti med ny oppbygging over gammal, Solheimsdalen 500 meter, Hillesvik 150 meter. Vegane har vore utsett for tele. Vegane har holdt seg godt på desse partia gjennom denne vinteren. Dette er ein god måte å forsterka vegar med låge trafikktalet og samtidig ha minst mogleg stengt veg. Her bør ein prioritere å ta dei verste partia på resterande vegnett over dei neste åra.

Siktrydding og kantsikring har vore eit prioritert område.

Avlaup

Tysnes kommune har 6 pumpestasjonar, 8 større slamavskiljarar og 2 bio-reinseanlegg.

Det er utført ein del vedlikehald og oppgraderingar på pumpestasjonar og samtidig er ein del arbeidsprosessar blitt forenkla. Det er utført spyling og kamerakontroll av hovudavlaupsleidningar. Dette som eit førebyggjande tiltak.

Vassforsyning

Ein har arbeidd med å leggja ein reserve inntaksleidning mellom Vågstjødno og reinseanlegget. Noko arbeid står att.

Reinseanlegga i Våge og Uggdal er oppgradert med eige naudstraums-aggregat, samt at bygga er sikra med varslingsystem opp mot brann.

Ny pumpelinje som forsyner høgdebassenget i Vågeområdet måtte leggjast om i Grønåsen. Dette blei eit større arbeid, som no er ferdigstilt.

Kyrkjegardar

Det har vore 46 gravferder og 9 urnenedsetjingar. Det har vore utført førefallande vedlikehald og rydda mykje i vegetasjon rundt gravplassane.

AVSLUTNING

Då har me vore gjennom årsmeldinga for 2023. Meldinga skal gje eit bilete av drifta og rammene rundt drifta som gjer kommunestyre i stand til å føre kontroll med den aktiviteten dei har vedteke for året. Det er alltid noko me kunne nytta meir tid og plass til, men det er vanskeleg å samanfatta drifta for ein så stor og kompleks organisasjon utan å også ha ein tanke for omfanget av meldinga.

Me har von om at meldinga også i år har vore ei god lesing!

Til kommunestyret i Tysnes kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tysnes kommune, som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 3.639.614 i kommunekassen, og eit negativt netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på kr 3.639.614.

Årsrekneskapen er samansett av:

- kommunekassa sin årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2023, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsolidert årsrekneskap, som består av balanse per 31. desember 2023, driftsrekneskap og investeringsrekneskap, for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller kommunekassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Tysnes kommune som økonomisk eining per 31. desember 2023, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lovar og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelova sine reglar og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brøt på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.
- hentar vi inn tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis om den finansielle informasjonen til rekneskaps-einingane som inngår i konsolidert årsrekneskap, for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre revisjonen av den konsoliderte årsrekneskapen. Vi har eineansvar for vår konklusjon om den konsoliderte årsrekneskapen.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i intern kontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Tysnes kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premissar for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premissar for bruken av løyvingane.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premissar for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premissar for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget av handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 15. april 2024
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi:
Kontrollutvalet
Rådmann
Styret

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur", De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2024-04-16 12:35:32 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Tysnes kommune
Att.: Rådmann
Rådhuset

5685 UGGDAL

15. april 2024

Revisjonsrapport nr. 12
(journalførast)

REVISJONSRAPPORT 2023

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2023. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å gje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil sei at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner kommunen si leiing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og oppretthalde ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-4 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 16-18.

Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Rutinar bank

Ved vår gjennomgang av kommunen sine rutinar knytt til utbetalingar frå bank, observerer vi at det berre er krav om ein godkjenner for å utføra utbetaling. Ei slik einefullmakt utset kommunen for uynskt risiko.

Kommunen har etablert ei rutine på at remitteringsbilag frå banken skal godkjennast av to personar etter utbetaling. Denne rutinen reduserer risikoen noko.

Vi tilrår kommunen å følgje opp sin bankforbindelse slik at rutinar for krav om to signaturar ved utbetaling frå kommunen sine bankkontoar kan etablerast.

Vi viser og til revisjonsrapport nummer 9 og tidlegare der tilhøvet vart teke opp.

Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane per 31.12.2023. Vi har lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendig og at eigedelar og utgifter er gyldige og eksisterer. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar som løn, tilskot og avdrag. Vi har og utført kontrollar av estimat som pensjon og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen, men har nokre tilhøve som vi vil peika på.

Manglande reversering av avsetning

Kommunen har gjort ein avsetning knytt til næringsfond på kr 483.750 i 2020 som framleis står som kortsiktig gjeld i balansen per 31.12.2023. Avsetninga skulle ha vore reversert mot utgifter da tilskotet vart utbetalt i perioden 2021-2022. Forholdet får ikkje påverknad på vår revisjonsmelding.

Fordring ressurskrevjande tenester

Kommunen har ein fordring knytt til tilskot ressurskrevjande tenester på kr 7.136.800 i balansen per 31.12.2023. I samband med vår kontroll ble det avdekka at fordringa er for høg med kr 500.800 som følgje av ein feil i berekninga i modellen som var nytta. Forholdet får ikkje påverknad på vår revisjonsmelding.

Forenkla etterleving av rutinar knytt til utlån

Revisor skal gjennomføre forenkla etterlevingskontroll av utvalde områder av økonomiforvaltninga med høg risiko. I 2023 er denne kontrollen retta mot utlån. Kommunen har outsourcet tenesta til Tysnes Sparebank fram til november 2023, herunder innkrevjing og oppfølging av manglande betaling. Det føreligg ikkje skriftleg avtale med banken knytt til tenesta som har vore utført for kommunen. Kommunen har vidare ikkje utarbeidd skriftlege rutinar knytt til oppfølging av utlån, og den faktiske oppfølginga knytt til kvalitetssikring av data har i 2023 vore mangelfull. Kommunen har hausten 2023 inngått avtale med Intrum, og vi tilrår kommunen å få på plass skriftlege rutinar i 2024.

Vi viser til eiga uttale for forenkla etterleving.

Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi vil avslutningsvis nytta høvet til å takke for samarbeidet.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur", De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."


Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2024-04-16 12:35:32 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 54D2W-3E0JF-V4OWZ-0K5QD-PT4NH-EEALQ

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Til Tysnes kommune

UAVHENGIG REVISOR SIN ATTESTASJONSUTTALE OM ETTERLEVING AV AVGJERDER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTINGA

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samband med Tysnes kommune si etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på følgjande områder:

Kontroll av etterleving av kommunelova sine reglar om intern kontroll, herunder om kommunen har naudsynte prosedyrar og rutinar knytt til utlån jamfør kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b).

Vi har kontrollert perioden frå 01.01.2023 – 31.12.2023.

Kriteria er henta frå:

- Kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b)

Leiinga sitt ansvar for etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga

Rådmannen er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at økonomiforvaltinga vert utøvd i tråd med avgjerder og vedtak, og at økonomiforvaltinga er gjenstand for tryggande kontroll.

Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirma som utfører revisjon og forenkla revisorkontroll av rekneskap samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tenester) har Deloitte AS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje ein uttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med kommunelova sine reglar og RSK 301 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for kor vidt det føreligg vesentlege feil eller manglar ved etterleving av avgjerder og vedtak i kommunen si økonomiforvalting på det området vi har føretatt forenkla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i høve RSK 301, inneber å utføra handlingar for å innhenta bevis for at avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerheit har klårt lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gjev derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Tysnes kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmingane i kommunelova § 25-1, 3. ledd bokstav b) knytt til utlån.

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltinga og til Tysnes kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis egna til andre føremål.

Bergen, 15. april 2024
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur", De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 163.116.xxx.xxx

2024-04-16 12:35:32 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: 4UZBP-QV5M6-DNE0W-TOJHU-G7JMB-2G654

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2023/406-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	12/24	15.05.2024

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Tysnes kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggja fram sak om plan for forvaltningsrevisjon for Tysnes kommune for perioden 2024 – 2028. Planen skal vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Utkast til plan for forvaltningsrevisjon i Tysnes kommune 2024-2028.pdf
- 2 Tysnes kommune ROV 2024 .pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kommunelova § 23-3 kan ein lese:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegera til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2024 – 2028
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 33/23 frå møte 23.11.2023:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Tysnes kommune, verksemda i kommunen sine selskap og av Tysnes kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i mai 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggest fram for kommunestyret i juni 2024.

Denne saka gjeld forslag til plan for forvaltningsrevisjon, jf. første del av punkt 2 i vedtaket over. Prosessarbeidet med plan for forvaltningsrevisjon har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for eigarskapskontroll.

Vidare går det fram av punkt 3 i vedtaket over at det var tenkt at prosessmøte 2 skulle gjennomførast i møte i kontrollutvalet i april 2024. Det viste seg at Deloitte sitt kartleggingsarbeid ikkje blei ferdig tidsnok til at det lot seg gjera. Det betyr at prosessmøte 2 vert gjennomført i dette møtet i staden. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon som ligg ved som vedlegg 2 til denne saka skal også gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Deloitte vil redigere planen ut frå det som kjem fram i møtet og endeleg versjon av planen vert lagt ved saka som går vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Deloitte har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) m.a. gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, analyse av statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, intervju og elektronisk spørjeundersøking til administrative leiarar og heile kommunestyret. Det er gjennomført intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen.

Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid, i tråd med bestillinga frå kontrollutvalet, for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Det er vidare gjennomført prosessmøte 1 med kontrollutvalet i møte 07.03.24. Her vart det sett fokus på risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til selskapa der kommunen har eigarinteresser.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram i kontrollutvalet i dette møtet som vedlegg 1. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Tysnes kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Deloitte opplyser at datagrunnlaget i avgrensa grad er verifisert og dei tek difor atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

Dokumentet inneheld også analysegrunnlag som ligg til grunn for plan for eigarskapskontroll som skal handsamast i anna sak i dette møtet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når endeleg innstilling til plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2028 ligg føre etter møtet i kontrollutvalet 15. mai 2024 vert denne sendt til kommunestyret som vedtek planen, jfr. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2024 – 2028. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2027, medan ferdigstilling av plan for forvaltningsrevisjon for neste periode truleg skjer i 2028, med nasjonal frist ved utgangen av 2028.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innoom ei rekke område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for nokre av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett opp i ei uprioritert gruppe.


Av praktiske omsyn vert det tilrådd at det vert delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i planen, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette m.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført minst ei evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet pleier å senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til kommunestyret for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av kommunen sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2024 – 2028 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitere kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.



Tysnes kommune
Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028

Mai 2024

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	4
1.2	Krav til plan for forvaltningsrevisjon	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2024-2028	6
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	7
3.1	Standard og innsynsrett	7
3.2	Metode	7
3.3	Gjennomføring og rapportering	7

1. Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av:

- økonomi,
- produktivitet,
- regeletterleving,
- målinnfriing og
- verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

1.2 Krav til plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

I følgje kommunelova § 23-3 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Tysnes kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd har teke utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentlege selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Informasjon som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til administrative leiarar og folkevalde i kommunestyret
- Intervjuar med øvste administrative og politiske leiing i kommunen

På bakgrunn av risiko- og vesentlegvurderinga er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre og prioritert dei områda dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.

UTKAST

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2024-2028

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og mindre vesentlege å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og omfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll (sjå plan for eigarskapskontroll 2024-2028).

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1		

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følgje standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har også innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar, samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 234-6. Innsynsretten i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommune er avgrensa til verksemder som har avtalerettslege forplikningar ovanfor kommunen. Innsyn og undersøkingar skal berre omfatte det som er nødvendig for å undersøkje om kontrakten er oppfylt.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Analyse av statistikk
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka forvaltningsrevisjonsprosjekt at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om forvaltningsrevisjonsprosjekt til kommunedirektør før datainnsamlinga tek til. Kommunedirektør skal få høve til å kome med sitt syn på funna i kvar forvaltningsrevisjonsrapport. Uttalen frå kommunedirektør skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

¹ Sjå <https://www.nkrf.no/publikasjoner>

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS

Tysnes kommune

Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon
og eigarskapskontroll

Mai 2024

«Risiko- og vesentlegvurderingar for
forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll»

Mai 2024

Rapporten er utarbeidd for Tysnes
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhald

1	Innleiing	4
2	Organisering og nøkkeltal	7
3	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	10
4	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga	12
5	Risiko i kommunens eigarstyring og selskap	28
6	Forslag til forvaltningsrevisjons-prosjekter og eigarskapskontrollar	34
	Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal	38
	Vedlegg 2 Rekneskapsanalyse	45

Detaljert innholdsliste

1	Innleiing	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Forvaltningsrevisjon	4
1.3	Eigarskapskontroll	4
1.4	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll	4
1.5	Metode og gjennomføring	4
1.5.1	Prosessmøte 1 med kontrollutvalet	5
1.5.2	Dokumentanalyse	5
1.5.3	Analyse av statistikk	5
1.5.4	Intervju	5
1.5.5	Spørjeundersøking	5
1.5.6	Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase	5
1.5.7	Prosessmøte 2 med kontrollutvalet	5
1.5.8	Vedtak av plandokument	5
1.6	Lesarrettleiing	5
2	Organisering og nøkkeltal	7
2.1	Organisering	7
2.2	Finansielle nøkkeltal	7
2.3	Befolkningsutvikling	8
2.4	Kommunens eigarskap	8
3	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	10
3.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar av den kommunale verksemda	10
3.2	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar i selskap	10
3.3	Tidlegare gjennomførte eigarskapskontrollar	10
4	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga	12
4.1	Sektorovergripande funksjonar	13
5	Risiko i kommunens eigarstyring og selskap	28
5.1	Innleiing	28
5.2	Oversikt over kommunens eigarskap	29
5.3	Oversikt over identifiserte risikoområde knytt til kommunens eigarskap og i selskapa	31
6	Forslag til forvaltningsrevisjons-prosjekter og eigarskapskontrollar	34
	Vedlegg 1 Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal	38
	Vedlegg 2 Rekneskapsanalyse	45
Figurar		
	Figur 1: Organisasjonskart – Tysnes kommune	7
	Figur 2 Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap	28

Tabellar

Tabell 1: Løyve til ulike tenesteområde (beløp i 1000 kr)	8
Tabell 2: Oversikt over kommunens eigarskap i selskap	8
Tabell 3: Identifiserte risikoområder knytt til sektorovergripande funksjonar	13
Tabell 4: Identifiserte risikoområder knytt til oppvekst	18
Tabell 5: Identifiserte risikoområder knytt til helse og omsorg	22
Tabell 6: Identifiserte risikoområder knytt til teknisk sektor	25
Tabell 7: Oversikt over selskapa kommunen eig eller har eigerandelar i	30
Tabell 8: Identifiserte risikoområder i kommune si eigarskapsforvaltning og i kommunen sine selskap	32
Tabell 9: Prosjekt med høg risiko (raude)	34
Tabell 10: Prosjekter med middels risiko (gul)	35
Tabell 11: Eigarskapskontroll	36

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedtatt av kontrollutvalet i møte 23.11.24 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurderingar) av Tysnes kommune si verksemd og i selskapa der Tysnes kommune har eigarinteresser.

Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om verksemdene i kommunen og om selskapa der kommunen har eigarinteresser, for å identifisere område der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematisert og framstilt i dette analysedokumentet. Dokumentet dannar grunnlag for kontrollutvalets arbeid med planer for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2024-2028. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planer, som skal bli vedtatt av kommunestyret.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på informasjonen som har kome fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av føreliggjande dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som kan eller ev. bør følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar, dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering).

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll::

Kontrollutvalet skal minst én gang i valgperioden, og senest innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eigarskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering, og danne grunnlag for plan for eigarskapskontroll i perioden.

1.4 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegerere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale personar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekkja kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane

1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått relevant statistikk som til dømes KOSTRA-tall, tall frå kommunebarometeret, tenestepesifikke tall frå Udir, Helsedirektoratet, Bufdir mv., for å undersøke om det er områder der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med og gjennomsnittet for landet. Samanlikningane kan gi indikasjonar på risikoområder som det kan vere relevant å undersøke nærare.

1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi har intervjuar kommunedirektør, samt sentrale leiarar frå administrasjonen (5 personar). I tillegg har vi intervjuar ordførar, varaordførar og utvalisleiar (3 personar). Intervjua er gjennomført via Teams.

1.5.5 Spørjeundersøking

Administrative leiarar på nivået under kommunalsjefane og hele kommunestyret har vært involvert i ROV-vurderingane gjennom en undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingverktøy). I denne ble leiarar og politikare bedt om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet de har ansvar for eller kjenner særleg til, samt risikoområder knytt til selskap kommunen eigar.

1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Dun & Bradstreet SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-

vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom de føreliggjande finansielle nøkkeltala.¹

1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) og basert på desse, forslag til prosjekt. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd to plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organisering av og nøkkeltal for kommunen.

Kapittel 3 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

Kapittel 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområder innan dei ulike verksemdsområda. Risikoområder knytt til eigarstyring og selskap er omtalt i kapittel 5.

Risikovurderingane knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar. Forslaga er presentert i kapittel 6.

Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkjefølge. Prioritering og val av prosjekter skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta vekk prosjekt frå lista som her er presentert

¹ Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsregnskap til Brønnøysundregisteret. I

desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.

I vedlegg 1 presenterer vi ei utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal. I vedlegg 2 skildrar vi rekneskapsanalysen.

2 Organisering og nøkkeltal

2.1 Organisering

Tysnes kommune er organisert som en to-nivåkommune. Kommune har tre kommunalavdelingar med tilhøyrande tenesteområde, samt stabs- og fellestenester. Rådmann er øvste leiar for kommunen.

Dei tre kommunalavdelingane er:

- *Oppvekst*
- *Helse og omsorg*
- *Teknisk*

Figur 1: Organisasjonskart - Tysnes kommune



2.2 Finansielle nøkkeltal

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %.

Netto driftsresultat i Tysnes kommune var i 2022 på om lag 14,7 millionar kroner. Dette er 4,0 % av driftsinntektene, altså over det anbefalte nivået frå TBU.

For 2023 er det budsjettert med et netto driftsresultat på om lag 5 millionar, og for 2024 er det budsjettert med et netto driftsresultat på i 4,4 millionar. I 2025 er det budsjettert med eit netto driftsresultat 1,3 millionar. Vedtatt mål for kommunen er å ha eit netto driftsresultat som er større enn 0,8 prosent av driftsinntektene.

Tysnes kommune hadde i 2021 eit **disposisjonsfond** på 70,9 millionar kroner. Dette utgjorde 21,5 % av driftsinntektene dette året. Dette er høgare enn Riksrevisjonens anbefalte nivå for disposisjonsfondet storleik (5 %). Kommunen har vedteke eit måltal om at disposisjonsfondet skal vere minimum 15 prosent

av driftsinntektene. Samla disposisjonsfond var 84,7 millionar kroner i 2022.

Tysnes kommune si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var 274,8 millionar (medrekna startlån til vidare utlån). Dette utgjør 83,8% av sum driftsinntekter i 2021. Riksrevisjonens anbefalte nivå for lånegjeld, er på 75 % av driftsinntektene.

Tabellen under viser **tildelingar til dei ulike tenesteområda** i Tysnes kommune i 2022, 2023 og 2024. Merk at tal frå 2022 er rekneskapstal, mens tala for 2023 og 2024 er henta frå budsjetta til Tysnes kommune.

Som det går fram i tabellen under er det tenesteområda helse- og sosial og oppvekst som har dei største løyvingane.

Tabell 1: Løyve til ulike tenesteområde (beløp i 1000 kr)

Tenesteområde	R 2022	B 2023	B 2024
Sentraladministrasjon, stab og støtte	33 482 953 kr	31 432 084 kr	31 800 657 kr
Oppvekst	88 034 764 kr	83 620 288 kr	92 971 673 kr
Helse og sosial	104 341 630 kr	102 170 246 kr	103 906 686 kr
Teknisk og landbruk	32 683 773 kr	24 290 900 kr	29 948 687 kr
Totalsum fordelt til drift	238 202 875 kr	222 168 553 kr	258 627 702 kr

2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestenes tilpassast demografiske forhold og endringar.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar. For 2024 er innbyggjartilskotet før omfordeling 29 832 kroner per innbyggjar

Det går fram av tal frå SSB at Tysnes hadde en vekst/nedgang på 11 personar i 4. kvartal av 2023.

I planen «eit aldersvennleg Tysnes». går det fram at delen eldre i befolkninga i Tysnes kommune aukar meir enn i samanliknbare kommunar. Medan ein i 2021 har sju innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbyggjar som er 80 år og eldre, vil ein i 2040 ha fire

innbyggjarar i yrkesaktiv alder per innbyggjar som er 80 år og eldre. Det går vidare fram at den demografiske utviklinga vil påverke og få konsekvensar for omsorgstenestene og vil krevje nye løysingar og skape endringar på ei rekke område.

Tysnes kommune hadde 2922 innbyggjarar ved utgangen av 2023.

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at Tysnes kommune stort sett har jamne fødselstal år for år. I 2022 ble det født 31 nye innbyggjarar i kommunen og 41 barn gjekk frå barnehage til skule ved inngongen til nytt barnehageår.

2.4 Kommunens eigarskap

Tysnes kommune har ingen heleide selskap, men har eigarinteresser i tre interkommunale selskap og eitt kommunalt oppgåvefelleskap. Kommunen sine eigarskap, som vil bli nærare omtalt i kapittel 5, går fram i tabellen under:

Tabell 2: Oversikt over kommunens eigarskap i selskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eierdel
Tysnes industri	Varig tilrettelagt arbeid	AS	67,11%
Våge hamn	Drift av havne – og kaianlegg	AS	13,48 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKT	Distribusjon av elektrisitet	AS	12,5%
Tysnes kraftlag	Distribusjon av elektrisitet	AS	7,99%

Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	Behandling og disponering av ikke-farlig avfall	IKS	4,63%
Hordfast AS	Eiendomsforvaltning	AS	3,37%
Opero Holding AS	Annen undervisning- ikke nevnt annet sted	AS	3,3%
Interkommunalt arkiv Hordaland IKS	Drift av arkiver	IKS	1,92%
Krisesenter Vest IKS	Omsorgsinstitusjoner	IKS	1,61%

3 Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

3.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar av den kommunale verksemda

- Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern – 2023
- Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personalforvaltning - 2022
- Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaksbehandling - 2022
- Forvaltningsrevisjon av kapasitet og regeletterleving i pleie og omsorg - 2019
- Forvaltningsrevisjon av helsestasjon- og skulehelsetenesta - 2018

3.2 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar i selskap

- Selskapskontroll av Sunnhordland interkommunale miljøverk – 2012

3.3 Tidlegare gjennomførte eigarskapskontrollar

Det har ikkje blitt gjennomført eigarskapskontrollar i Tysnes kommune.

3.4 Tilsyn

Statsforvaltaren i Vestland har gjennomført fleire tilsyn med Tysnes kommune dei siste fire åra.

I 2023 blei dei gjennomført eit tilsyn med NAV-kontoret sitt ansvar for å ivareta barn sine behov når familien søker økonomisk stønad. I 2022 førte Statsforvaltar i Vestland tilsyn med brannøvingsfelt og rett til spesialpedagogisk hjelp. Mattilsynet gjennomført i 2022 eit tilsyn med drikkevatt og Arbeidstilsynet har mellom anna gjennomført med drifta av open omsorg. I 2021 gjennomførte Arkivverket tilsyn med arkivhold.

I 2024 er det planlagt tilsyn frå Statsforvaltaren i Vestland med elevane sitt utbytte av opplæringa og med kommunetilsyn med kommunens forsøplingsmyndighet (§ 28)





4 Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområder i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll som er identifisert innan dei respektive verksemdsområda for Tysnes kommune som er gjennomgått.

Overskriftene i kapittel 4.1-4.4 følgjer den administrative organiseringa i Tysnes kommune.

Risikonivå er i tabellane farga med raud som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risiko
	Høg risiko og/eller vesentlege område På områder som er merket med rødt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll, og/eller at det har store konsekvensar for kommunen dersom identifiserte risikoar skulle inntreffe.
	Middels risiko og/eller vesentlege område På områder som er merket med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for svikt, feil og manglar i målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, effektivitet og internkontroll, og/eller at det har middels store konsekvensar for kommunen dersom identifiserte risikoar skulle inntreffe.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og at vurderingane er baserte på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil presisere at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

4.1 Sektorovergripande funksjonar

Sektorovergripande funksjonar i Tysnes kommune er dei oppgåvene som ligg under rådmann og strategisk leiing, samt oppgåvene som er i stabs- og fellestenester. Rådmannskontoret sine hovudoppgåver er tilsyn med kommunal forvaltning og drift, samordning og koordinering av kommunen si verksemd, organisasjonsutvikling og personalarbeid, løn, planarbeid, årsmelding, budsjett, økonomiplanarbeid, næringsutvikling, koordinering av flyktningararbeid, kultur, miljø og eigedomsskatt.

Tabell 3: Identifiserte risikoområder knytt til sektorovergripande funksjonar

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
<p>Personalforvaltning og sjukefråvær</p> <p>I 2022 var sjukefråværet i Tysnes kommune 11,4% i årsmeldinga blir sjukefråværet i 2022 omtala som rekordhøgt. I 2023 var sjukefråværet minka til 9,7%.</p> <p>I intervju og spørjeundersøkinga blir det vist til at det generelt er høg gjennomtrekk av tilsette innanfor fleire område i kommunen. Det blir peikt på kor viktig det er å ivareta alle tilsette i kommunen for å unngå hyppige utskiftingar.</p> <p>I intervju blir det også vist til kommunen med fordel kunne utnytta ressursar på tvers av arbeidsstader innanfor same sektor. Det blir til dømes vist til at tilsette i helse kunne hatt fleire arbeidsplassar i kommunen og vore meir fleksible i kor dei gjennomførte vakter alt etter behovet.</p> <p>Både i intervju og i spørjeundersøkinga blir det kommentert at det kan vere risiko knytt til personalforvaltning i Tysnes kommune. Mellom anna blir det kommentert at det er høg turnover i fleire tenester, det blir stilt spørsmål ved om arbeidsmiljøloven blir følgt og korleis kommunen utfører tilsetjingsprosessar. Det blir vidare kommentert at kommunen slit med rekruttering og at mangel på kvalifisert arbeidskraft kanskje er den mest sårbare risikoen for å ikkje kunne levere lovpålagde tenester av god kvalitet og fare for fristbrot.</p> <p>Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av sjukefråvær og personalforvaltning i 2021.</p>	<p>Risiko knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none">• Sjukefråværsoppfølging• Organisering og planlegging av arbeid• Brot på arbeidsmiljøregelverk• Oppfølging og ivaretaking av tilsette
<p>Oppfølging av politiske vedtak</p> <p>I årsmeldinga for 2022 går det fram at det i 2006 blei gjort eit kommunestyrevedtak om system for oppfølging og effektuering av politiske vedtak. Det blir i årsmeldinga vist til at kommunen ikkje har fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar.</p>	<p>Risiko knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none">• Oversikt over politiske vedtak• Oppfølginga av politiske vedtak• Saksførebuing

I intervju blir det likevel peikt på av fleire at prosessen knytt til oppfølging av vedtak på noverande tidspunkt ikkje er tilstrekkelege.

Det blir vidare vist til at det ikkje finst ei oversikt over vedtak som blei gjennomført i sist periode. Frå politisk hald har det mellom anna blitt etterspurt ein oversikt over alle budsjettvedtak frå førre politiske periode, men dette er ikkje utarbeidd. Samtidig blir det peika på frå administrative leiarar at dei ikkje har opplevd det som utfordrande å følgje opp politiske vedtak. I intervju blir det vidare opplyst at administrasjonen no arbeidar for å utarbeide ei resestanseliste som skal leggjast fram for formannskapet og at dette truleg vil gi betre innsikt i oppfølgingspunkta i politiske vedtak.

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at fleire folkevalde opplever at informasjonen frå administrasjonen ikkje alltid er tilstrekkeleg og at oppfølging av vedtak ved nokre høve tar svært lang tid.

Beredskap

I intervju får revisjonen opplyst at strategisk leiing i kommunen har gjennomført ei overordna ROS-analyse knytt til beredskap i 2022/2023. Her gjennomgjekk ein 27 ulike scenario i kommunen. Desse var knytt til å oppretthalde produksjonen og basistjenester i kommunen til dømes i forbindelse med pandemihandtering. Ein oppdaga mellom anna sårbarheit knytt til vatnverket i kommunen.

Tysnes kommune sin plan for kommunal kriseleiing frå 2017, plan for helse og sosial beredskap frå 2006, plan for smittevern frå 2009, plan for livskriser frå 2008 og plan for atomberedskap frå 2009.

I prosessmøte med kontrollutvalet blir det peikt på ein generell bekymring for at den totale beredskapen ikkje er god nok.

Statsforvaltar i Vestland gjennomførte i 2019 eit tilsyn av kommunal beredskapsplikt i Tysnes kommune her gjekk det fram at Tysnes kommune har manglar ved det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet og at den heilskaplege ROS-analyse var mangelfull.

I 2022 gjennomførte Statsforvaltar i Vestland inspeksjon ved Tysnes kommune brann- og feiarvesen sine brannøvingsfelt. Her gjekk det fram at verksemda sin internkontroll har manglar, det manglar dokumentasjon

Risiko knytt til:

- Overordna beredskap
- Systematikk i beredskapsarbeidet
- Handtering av alvorlege hendingar
- Liv og helse

knytt til substitusjonsplikta og brannskummet PFAS er lagra meir enn eit år.

Informasjonstryggleik

Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik og personvern i 2023. I forvaltningsrevisjonen gjekk det fram at det på revisjonstidspunktet ikkje var etablert system og rutinar for arbeidet med informasjonstryggleik og personvern.

I intervju som er gjennomført blir det vist til at dette er noko kommunen har kontinuerleg fokus på. Mellom anna har ein gjennomført modular i KS-læring og det har vore arrangert foredrag med tilsette frå NSM. Samtidig blir det peika på at det alltid vil vere ein risiko knytt til informasjonstryggleik og at kommunen er sårbar på dette området på grunn av få tilsette og små faggrupper på dette område. Mykje av ansvaret for IT-tryggleik ligg til IT-leiar i kommunen. Det blir samtidig spørsmål ved om kompetansen knytt til informasjonstryggleik lengre ute i organisasjonen. Det blir også vist til kommunen kjøper informasjonstryggleikstenester frå eksternt konsultentselskap.

Fleire viser til at kommunen på tidspunktet for risiko- og vesentleghetsvurdering er i prosess der ein vurderer om Tysnes kommune skal gå inn i eit interkommunalt IKT-samarbeid. I prosessmøte blir det peikt på at det kan vere interessant å gjennomført prosjekt knytt til informasjonstryggleik på nytt om nokre år for å sjå om kommunen har følgd opp forvaltningsrevisjonen.

Risiko knytt til:

- Regelbrot
- Datainnbrot og tap av verdiar
- Personopplysningar på avvege
- Økonomiske konsekvensar

Journalføring og arkivering

Frå 1. januar 2023 har Tysnes kommune hatt Elements Cloud som sak- og arkivsystem. Det blir vist til at ein har arbeidd med å implementert det nye systemet.

I intervju blir det vist til at arkiv er eit viktig område, mellom anna med omsyn til å ivareta rettsvernet til innbyggjarane over tid, og at det kunne vore nyttig å få gjennomført ein forvaltningsrevisjon på dette området. Vidare blir det peikt på at talet på henvendingar til kommunen har auka som følgje av digital tilgjengelegheit, der innbyggjarane tek kontakt via ulike kanalar og at det er ein risiko for at kommunen ikkje klarar å arkivere/postjournalføre/svare ut henvendingane i tråd med gjeldande lover og regelverk.

Risiko knytt til:

- Regelbrot
- Tap av arkivmateriale
- Redusert tillit i befolkninga

Leverandør- og kontraktsoppfølging

I intervju blir det uttrykt at det er uvisse knytt til korleis kommunen følgjer opp inngåtte kontraktar.

I intervju går det fram at kommunen i byggeprosjekt der kommunen er byggherre gjennomfører vernerunder på byggeplassen der ein mellom anna har fokus på kontraktsoppfølging.

I årsmeldinga for 2022 går det fram at kommunen har innført eit nytt system for kontraktsoppfølging og at det framleis gjenstår eit arbeid for å gjere betre nytte av dei systema som har blitt innført.

Risiko knytt til:

- Brot på arbeidsmiljølov og på krav i tariff
- Kontraktsbrot

Offentlege anskaffingar

Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er derfor ein ibuande regulatorisk risiko på området.

Tysnes kommune er med i Sunnhordland interkommunale innkjøpsfora og støttar seg på dette. Kommunen har tilsett ein eigen innkjøpsressurs, som bidreg positivt i innkjøpsarbeidet.

I årsmeldinga blir det vist til at det i 2022 har blitt inngått nye innkjøpsavtalar på mellom anna trafikksikringsplanar, konsulenttenester for reguleringsplanar samt nye fagsystem for barnevern og helse- og sosial. Kommunen har også etablert nytt elektronisk betalingssystem, noko som blei gjennomført på slutten av året. Saman med oppgradering av kommune sine intranettsider skal dette bidra til at det er enklare å bestille varer og tenester for dei tilsette i kommunen.

I intervju blir det vist til det er ein høg risiko knytt til innkjøp i kommunen, då det framleis blir gjort «ad-hoc» innkjøp i kommunen som blir godkjent i ettertid. Det blir peikt på at det i liten grad er gjort ei behovskartlegging i førekant av desse innkjøpa og at sjølv om det kan vere snakk om små summar, så blir utgjert dette ein stor totalkostnad for kommunen. Det blir vidare vist til at det også har blitt inngått store kontraktar mellom anna knytt til IT utan at det har blitt gjennomført anbudsprosessar knytt til dette.

Risiko knytt til:

- Brot på regelverk
- Kostnadsineffektive innkjøp
- Økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp
- Kontraktsbrot

Internkontroll og kvalitetsarbeid

Tysnes kommune innførte Compilo som internkontrollsystem i 2021. I årsmeldinga for 2022 går det fram at innføring av systemet mellom anna skal sikre betre

Risiko knytt til:

oppfølging av avvik. Det er også tilsett ein kvalitetsrådgjevar som har ansvar for å sikre implementering og seinare bruk.

I intervju blir det peikt på at innføringa av Compilo har ført til ei vesentleg endring i internkontrollen og at ein har arbeidd for å etablere ein avvikskultur i kommunen. Ein gjennomgår også alle avvika som har blitt sendt inn til i eit fast møte i strategisk leiing. Samtidig blir det vist til at Compilo framleis er under implementering.

Det blir vidare peikt på det det er lite systematisk økonomisk rapportering internt i kommunen. Det blir mellom anna vist til at det i desember 2023 gjekk fram at Tysnes kommune hadde brukt fire millionar på vikarar utan at denne informasjonen var kome fram undervegs.

- Implementering og opplæring av nytt system
- Oppfølging av avvik
- Økonomirapportering

Klima, miljø og berekraft

Det framgår av årsmeldinga for 2022 at det i 2011 blei vedteke ein klima- og energiplan for Tysnes kommune. Det blir kommentert i årsmeldinga at det stor trong for å revidere denne planen.

Det blir vidare vist til at ein i planen har retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar og dette punktet har hatt mykje merksemd i organisasjonen mellom anna knytt til elektronisk bilpark.

Tysnes kommune har ikkje utarbeidd klimabudsjett eller klimarekneskap.

I følgje den norske stats kommunalbank (KBN) er sjøfart den største kjelda til utslipp i Tysnes kommune (88,6% i 2023). Det blir vist til at havnivået vil auke fram mot 2090.

Tysnes kommune (rådhuset og biblioteket) blei sertifisert som Miljøfyrtårn i 2021.

Risiko knytt til:

- Utdatert planverk
- Mangelfull etterleving av FN sine berekraftsmål
- Klimabudsjett og klimarekneskap

Kultur, idrett og friluftsliv

Tysnes kommune har samla eitt årsverk i kommunen som er avsett til kulturområde.

Tal frå KOSTRA viser at Tysnes kommune i snitt har tre utlån pr. innbyggjar. Dette er noko høgre enn gjennomsnitt for kommunegruppa. Vidare er det ein noko høgre del barn i alderen 6-15 år i kommunens kulturskule i 2022 og 2023 enn gjennomsnittet for KOSTRA-gruppa.

Tysnes kommune sin kommunaldelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er frå 2005 og det er ikkje utarbeidd en

Risiko knytt til:

- Utdatert planverk
- Manglande fritidstilbod til barn og unge
- Manglande oppfølging, forvaltning og rapportering av tilskotsmidlar

kommunedelplan for kultur, bibliotek og kulturskule. Kommunen sin kulturminneplan er frå 2020.

I intervju blir det stilt spørsmål ved om sakshandsaming, forvaltning, oppfølging og rapporteringar knytt til tilskotsordningar innanfor kultur- og idrettsfeltet blir tilstrekkeleg ivareteke. Det blir mellom anna stilt spørsmål ved kven som har ansvar for å følgje opp portalen der tilskotsmottakarar skal rapportere og korleis dette fungerer i praksis.

I prosessmøte som blei gjennomført med kontrollutvalet blir det stilt spørsmål ved om det er tilstrekkeleg med fritidstilbod for barn og unge i Tysnes kommune og om kommunen legg til rette for dette i tilstrekkeleg grad.

Kunstig intelligens

Kunstig intelligens er allereie og vil i framtida vere noko kommunen må forholde seg til og kunne dra nytte av i stadig større grad dei nærmaste åra.

Tysnes kommune har ikkje ein overordna strategi eller plan for bruk av kunstig intelligens. Iveretaking av personvern i samband med bruk av kunstig intelligens er eitt av risikoområda innanfor dette.

Risiko knytt til:

- Rettleiing og opplæring av tilsette i forsvarleg bruk
- Ivaretaking av personvern ved bruk
- Utnytte KI til å effektivisere og sikre kvalitet i arbeidsprosessar

4.2 Oppvekst

Oppvekstområdet i Tysnes kommune består av grunnskule, SFO, PPT, vaksenopplæring, kulturskulen, barnehagar og barn og familie. Det har nyleg blitt gjennomført ei organisasjonsendring i kommunen der barneverntenesta no er ein del av helsefremmande tenester. Barneverntenesta var tidlegare organisert under barn og familie.

Kommunen har tre grunnskular. Uggdal skule har elevar frå 1.-4. trinn, Tysnes skule har elevar frå 5.-10.-trinn og Onarheim skule har elevar frå 1.-7.trinn. Det er fire barnehagar i kommunen. Alle barnehagane er kommunale.

PP-tenesta i Tysnes kommune er organisert saman med Fitjar kommune og Stord kommune.

Tabell 4: Identifiserte risikoområder knytt til oppvekst

Revisjonstema og identifiserte risikoar

Risiko- og vesentlegvurdering

Individuell tilrettelegging², PPT og tilpassa opplæring

² Frå 1. august 2024 trer ny opplæringslov i kraft. Omgrepet «spesialundervisning» blir då erstatta med omgrepet «individuell tilrettelegging»

Tysnes kommune har PPT-teneste saman med Fitjar kommune og Stord kommune gjennom eit interkommunalt samarbeid.

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at kommunen nyttar PPT til individuelle kartleggingar og til systemarbeid i klassene for at undervisninga skal tilpassast og omfatta alle elevane.

I tal frå KOSTRA går det fram at talet på årstimar med spesialundervisning per elev med spesialundervisning var 189,1 i 2023. Talet for kommunegruppa var 162,3 årstimar.

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at det er det er høg risiko knytt til oppfyljing av spesialundervisningsvedtak. Det blir vidare kommentert at det med ny læreplan frå 2020 og ny opplæringslov frå 1. august 2024 kan vere nyttig å gjennomføre eit prosjekt der ein ser i kva grad dei kommunale planane for skulane i Tysnes er i tråd med desse planane.

Statsforvaltar i Vestland gjennomført tilsyn ved rett til spesialpedagogisk hjelp. Her blei det avdekka ein rekke avvik mellom anna knytt til innhald i vedtak og at kommunen ikkje tek stilling til kva som er det beste for barnet når kommunen gjer vedtak.

Risiko knytt til:

- Implementering og etterleving av ny opplæringslov
- Undervisning i tråd med enkeltvedtak
- Tilpassa opplæring

Barneverntenesta

I februar 2022 gjekk barneverntjenesten i Tysnes frå 4 tilsette til 5 tilsette. Det blir likevel peikt på store bemanningsutfordringar i tenesta både i intervju, prosessmøte, spørjeundersøkinga og i årsmeldinga frå 2022. Det blir vist til høgt sjukefråvær og vakanse, som i kombinasjon auke press som følgje av barnevernreforma, utgjer ein sårbarheit. Det blir også peikt på ei bekymring rundt at det er færre bekymringsmeldingar som kjem inn til barneverntenesta i Tysnes kommune samanlikna med andre kommunar i same kommunegruppe. Det blir derfor stilt spørsmål om informasjonsarbeidet i tenesta ut til andre tenester og til innbyggjarane blir ivaretatt. I 2023 blei det meldt 22 bekymringsmeldingar til barneverntenesta i Tysnes kommune.

Tal frå Bufdir viser at det i 2023 var fristbrot i 55,6 % av undersøkingssakene i Tysnes. Dette utgjer fristbrot i fem undersøkingssaker.

Tal frå Bufdir sitt kommunebarometer viser at det er omtrent like mange barn med barneverntiltak i forhold til innbyggjarar i aldersgruppa 0-17 år (2023) i Tysnes (3,7%),

Risiko knytt til:

- Manglande tenester til sårbare barn og familiar
- Manglande undersøkingar av bekymringsmeldingar
- Høgt sjukefråvær i tenesta
- Høg vakanse i tenesta
- Manglande kompetanse

samanlikna med fylket (3,5%) og Noreg (3,3%). Talet barn med hjelpetiltak i heimen av alle barn med tiltak 0-17 år er også omtrent likt som gjennomsnittet for Noreg og Vestland fylke.

Vidare viser tal frå Bufdir sitt kommunebarometer viser at Tysnes kommune har utgifter på kroner 255 105 pr. barn i barnevernet i 2023. Dette er noko høgre enn snittet for Vestland fylke (249 682 kroner) og noko høgre enn Norge (219 881 kroner).

Tal frå årsmeldinga frå 2022 viser at det i 2021 blei fatta 17 vedtak etter barnevernlova i 2021. I 2022 blei det fatta fire vedtak.

Tysnes kommune har inngått avtale med Bergen kommune, Barnevernvakten, om beredskap utanfor ordinær kontortid.

Kvalitet i grunnskulen

Elevane i Tysnes kommune scorar under landsgjennomsnittet i lesing, skrivning og rekning på 5. trinn og 8.trinn, medan 9. trinn ligg om lag på gjennomsnittet for resten av landet.

Risiko knytt til:

- Tilpassa opplæring
- Manglande kvalitet i opplæringa

I intervju blir det kommentert at ein gjerne skulle sett at elevane i kommunen presterte betre på nasjonale prøver.

Skulemiljø³

Alle skulane i kommunen er sertifiserte Olweus-skular.

I årsmelding 2022 går det fram at det har vore ei negativ endring det siste skuleåret og at fleire enn tidlegare rapporterer om verbal mobbing, mobbing som går på utsjånad og mobbing av seksuell betyding.

Risiko knytt til:

- Systematisk skulemiljøarbeid
- Etterleving av dokumentasjonsplikta i enkeltsaker
- Konsekvensar for enkeltelevar

I intervju blir det også kommentert at skulane i kommunen truleg kan bli betre på å dokumentere hendingar som fører til at barn ikkje har det trygt og godt.

I undersøkinga blir det også vist til enkeltopplevingar på skular i Tysnes der ein ikkje har fått den oppfølginga som framgår i lovverket og det har mangla dokumentasjon.

Barnehage

Tal frå SSB viser at 96,9 % av born i alderen 1-5 år har plass barnehage i Tysnes kommune.

Risiko knytt til:

³ Frå 1. august 2024 vil lova om trygt og godt skulemiljø går fram i kapitel 12 i opplæringslova (ikkje kap. 9A)

I årsmeldinga frå 2022 og intervju går det fram at det har vore utfordrande at fleire barnehagelærar har vore i permisjon eller anna fråvær. I intervju blir der også peika på at kvalifisert personell også blir tatt ut av drifta for å f.eks. bidra til planarbeid, noko som gjer at ein ikkje oppfyller bemanningsnorma.

- Bemanningsnorma
- Kommunen som tilsynsmynde
- Trygt og godt barnehagemiljø

Tal frå KOSTRA viser at Tysnes kommune har noko høgare netto driftsutgifter i prosent av kommunen sitt totale netto driftsutgifter enn kommunegruppa. I Tysnes kommune er talet 13,5%. I kommunegruppa er talet 11,7%.

Det framgår i undersøkinga at Tysnes kommune gjennomførte tilsyn innanfor barnehageområde i samarbeid med regionen. I 2022 blei det gjennomført tilsyn ved to av barnehagane i kommunen utan at det blei avdekt avvik her.

Sosiale tenester

Det framgår i årsmeldinga frå 2022 at NAV våren 2022 gjennomførte eigenvurdering av sosiale tenester til unge mellom 17 og 25 år i regi av Statsforvaltaren. Det blei ikkje avdekt lovbrøt eller forbetningspunkt knytt til tildeling og/eller oppfølging av tenestene økonomisk stønad og opplysning, råd og rettleiing.

Risiko knytt til:

- Internkontroll
- Lovpålagte oppgåver
- Utdatert planverk

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at familiar med sosial problem ikkje får den hjelpa dei treng frå NAV fordi tenesta har for liten bemanning og for dårleg internkontroll. Mellom anna blir det kommentert at kommunen sel kommunale husvære, samstundes som det er ei utfordring å finne mellombelse og permanente husvære for familiar i krise og busetjing av flyktningar.

Tal frå KOSTRA viser at talet for sosialhjelpstilfelle i Tysnes kommune har auka frå 46 til 57 frå 2022 til 2023. Samtidig har langtidstilfeller med sosialhjelp som hovudinntekt (6-12 månader) gått ned frå 11 i 2022 til 6 i 2023.

Tysnes kommune sin bustadsosiale handlingsplan er frå 2013.

Tenester til barn og familie

Eininga barn og familie er samansett av tenestene helsestasjon- og skulehelsetenesta, psykisk helse for born og unge samt barneverntenesta.

Risiko knytt til:

- Lovpålagte oppgåver

Tal frå KOSTRA viser at 36% av målgruppa har hatt heimebesøk av jordmor innan tre døgn etter heimkomst. Gjennomsnittet for kommunegruppa er 58,5%. Tysnes kommune er også under gjennomsnittet i kommunegruppa når det gjeld undersøkt grunnskule 1. trinn, undersøkt ved 2-års alder og undersøkt ved 4-års alder. Tysnes kommune ligg over gjennomsnittet når det gjeld undersøkt 8. leveveke (100%) og heimebesøk av helsesjukepleiar til nyfødde (100%).

- Reduksjon i stillingar knytt til psykisk helse til born og unge
- Fagkompetanse
- Sjukefråvær

I perioden 2021-2022 det tenesta hatt 1,3-1,5 ekstra stilling innanfor psykisk helsetenester til barn og unge. På grunn av bortfall av midlar har ein frå 31.12.22 gått tilbake til ei 100% stilling som psykisk helsearbeidar for born og unge i kommunen.

I spørjeundersøkinga går det fram bekymringar knytt til sjukefråvær på helsestasjon for barn og at dette medfører risiko for at dei ikkje klarar å følge opp sine oppgåver knytt til helsestasjon og barselomsorg. Det blir også kommentert at ein fryktar at barn ikkje får rett hjelp til rett tid.

4.3 Helse og omsorg

Helse og omsorg består av fire einingar: Helse, institusjon, open omsorg, NAV sosial, i tillegg til Frivillighetssentralen.

Tabell 5: Identifiserte risikoområder knytt til helse og omsorg

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
<p>Pleie og omsorg</p> <p>Fleire viser til at Tysnes kommune allereie har ei eldre befolkning og at dette er noko kommunen må ta omsyn til i samband med pleie- og omsorgstenester i framtida.</p> <p>Tal frå KOSTRA viser at utgifter pr opphaldsdøgn i institusjon er 6820 kroner for Tysnes kommune. For kommunegruppa er talet 5043 kroner. I tillegg er det nokon fleire innbyggjararar over 80 år og som brukar heimetenester enn gjennomsnittet i kommunegruppa.</p> <p>I intervju går det fram at Tysnes kommune har brukt 25 millionar på vikarar i pleie og omsorg i 2023. I intervju og i spørjeundersøkinga blir det peika på at det er utfordrande å ha tilstrekkeleg og kvalifisert personell på jobb på kveld, helger og natt. Tysnes kommune har ein innkjøpsavtale på vikarbruk og det gjerast avrop i tråd med denne når vikarar skal nyttast. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at høgt</p>	 <p>Risiko knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none">• Manglande bemanning• Manglande kompetanse• Manglande planlegging• Budsjettoverskriding• Praktisering av ulike rutinar og retningslinjer

sjukefråvær og stor grad av innleievikarar gjer at det over tid blir uforholdsmessige store utgifter knytt til å drifte eldreomsorga og at dette vil gå utover kommunen sin evne til levere lovpålagte tenester, då dette ikkje er berekraftig.

I spørjeundersøkinga blir det vist til at det er ein risiko at innbyggjarane i Tysnes ikkje får den helsehjelpa dei har behov for både når det gjeld både open omsorg og institusjon. Det blir mellom anna peikt på at det er for få institusjonsplassar og det derfor er ein risiko for at eldre som treng institusjon.

Det blir også kommentert at det er lite felles konsensus for kva reglar og rutinar som er gjeldande og dermed ulik praksis mellom ulike tenester innanfor pleie og omsorg.

Tenester til personar med utviklingshemming

I årsmeldinga for 2022 går det fram at brukarane av tenestene har blitt eldre og meir pleietrengande, noko som aukar behovet for tenester.

I årsmeldinga går det fram at det er utfordrande å rekruttere til helgestillingar i tenesta og at ein har lyst ut helgestillingar fleire gongar utan å få tilsett personale.

Det går vidare fram i årsmeldinga at det er behov for utbetringar med heisutforminga, toalettutforminga og manglande uteområde ved dagsenteret.

Risiko knytt til:

- Fagkompetanse i tenesta
- Tilrettelagte lokalar
- Brukargruppe i ny livsfase

Fysio- og ergoterapitenesta

Fysioterapitenesta hadde i 2022 1,5 årsverk i kommunale stillingar knytt til fysio- og ergoterapitenesta og 1,9 årsverk med fysioterapi med driftstilskot i 2022. I samband med budsjettet for 2023 går det fram at fysioterapitenesta la fram framlegg om å auke ressurs gjennom ein turnusfysioterapeut-ordning. Dette blei ikkje vedtatt i budsjettet.

Ergoterapitenesta i Tysnes kommune består av ein ergoterapeut i 80 % stilling.

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at fysioterapeutenesta i Tysnes kommune støtter satsingane i planen «eit aldersvennleg Tysnes» for dei over 65 år. Satsinga er mellom anna tverrfagleg, heilskapleg og systematisk tilnærming til den einskilde innbyggjar. Det blir kommentert at for å kunne verkeleggjere satsinga bør det oppfordrast til kompetanseheving blant fagpersonar i ulike fagfelt og det

Risiko knytt til:

- Framtidig fagkompetanse
- Kapasitet

må takast naudsynte val kring ressursfordeling både økonomisk og fagleg.

I intervju og spørjeundersøking blir det ikkje meldt om særskilte utfordringar knytt til fysio- og ergoterapitenesta.

Legetenester

Legetenesta i Tysnes har hatt ein ustabil situasjon dei siste åra. Kontoret har mellom anna hatt meirarbeid knytt til covid (2021-2022) og mottak av flyktningar. Det har også vore utfordrande å rekruttere fastlegar.

Tysnes kommune sin smittevernplan er frå 2009. I intervju går det fram at kommune nyleg har tilsett ny kommuneoverlege og at vedkommande vil få ansvar for å oppdatere denne planen.

I følge tal frå Helse Norge er det ikkje venteliste for å få tildelt fastlege i Tysnes kommune og det ingen innbyggjarar utan fastlege. Kommunen har pr. april 2024 tre fastlegar.

Tysnes kommune har eiga lokal legevakt. I følge kommunen si årsmelding for 2022 er det behov for å evaluere dagens legevaktsordning. Dette arbeidet har blitt satt på vent i påvente av ny kommuneoverlege. Det blir også vist til at eit stadig større innslag av digitale og IT-baserte tenester gjer kommunen stadig meir sårbar, både i høve kritisk infrastruktur som internett, telefoni og straum, men også i høve personvern og IT-tryggleik, og at det bør arbeidast vidare med å finne ein balanse i risiko og sårbarheit i møte med desse utfordringane.

Risiko knytt til:

- Sårbar bemanning
- Manglande legekompétanse
- Potensielle vikarkostnader
- Rekruttering
- Utdatert planverk

Rus og psykisk helse

Psykisk helseteneste for vaksne har i 2022 hatt 3,5 årsverk knytt til tenesta for oppfølging og behandling på individ og gruppenivå.

I årsmeldinga frå 2022 går det fram at kommunen tydeleg ser resultatet nedbygging av spesialisthelsetenesta og at det er forventa at kommunen skal ha låg terskel for å gje tilbod og innanfor kort responstid. Dette medfører mellom anna at det kan oppstå vanskelege prioriteringar mellom brukarar med lettare psykiske lidningar og brukarar med omfattande psykiske lidningar og brukarar med omfattande psykiske lidningar og ruslidningar. I prosessmøte blei det også peika på at innbyggjarar med ruslidningar og psykiske utfordringar i større grad må klare seg sjølv enn tidlegare.

Risiko knytt til:

- Auka press på tenestene
- Brot på lov og regelverk


I årsmeldinga for Tysnes kommune 2022 går det fram at talet på brukarar har auka med om lag 60 % frå 2017 til 2022.

Både i intervju og i dokumentasjon blir det peikt på at kommunen ikkje har ein plan for vald i nære relasjonar. Kommunen sin ruspolitiske handlingsplan er frå 2019.

4.4 Teknisk sektor

Tekniske tenester i Tysnes kommune består av avløpshandtering, brannvern og eksplosjonsvern, brøyting, feiing, gatelys, renovasjon, vassforsyning, vegbygging og vegvedlikehald.

Tabell 6: Identifiserte risikoområder knytt til teknisk sektor

Revisjonstema og identifiserte risikoar	Risiko- og vesentlegvurdering
Vatn og avløp	
<p>Tysnes kommune tok i 2020 over driftsansvaret for Tysnes Vassverk og Uggdal Vasslag (tidlegare private vasslag). I intervju går det fram at det var etterslep her og at kommunen no har tatt på seg ansvaret med å gjere naudsynte oppgraderingar.</p>	
<p>I årsrapporten frå 2022 går det fram at det på sjølvkostområdet for vatn, avløp og renovasjon i 2022 blei eit underskot på 3,7 millionar kroner. I intervju blir det stilt spørsmål ved om berekningsgrunnlaget for vatn og avløp er rett.</p>	
<p>Tal frå KOSTRA viser at gjennomsnittet for årsgebyr for avløpstenesta i Tysnes var 4780 kroner i 2023. Gjennomsnittet for årsgebyr for gjennomsnittet i kommunegruppa er 5529 kroner.</p>	
<p>I intervju blir det vist til at det er ein risiko knytt til vatn og avløpssystemet i kommunen, mellom anna knytt til avløp som ikkje renner der det skal. Det har også blitt oppdaga skittent vatn i vatn-prøvene som kommunen jamleg gjennomfører. Det blir også vist til at dei tekniske systema knytt til vatn og avløp inntil nyleg ikkje var sikra tilstrekkeleg med brannmur og VPN.</p>	
<p>I prosessmøte blei det kommentert at Tysnes kommune vil få høge utgifter framover, særleg knytt til avløp og reinseanlegg.</p>	
<p>I spørjeundersøkinga blir det kommentert at kommunen manglar ROS-analyser knytt til vatn og avløp.</p>	
	Risiko knytt til: <ul style="list-style-type: none">• Brot på lov og regelverk• Sjølvkost• Etterslep• Dårleg vasskvalitet• Kontroll av private avløpsanlegg

Landbruk

Tysnes kommune samarbeider med Bjørnafjorden og Samnanger om interkommunalt landbrukskontor. I Tysnes kommune si årsmelding frå 2022 går det fram at kontoret har vore prega av ein del sjukefråvær, turnover og vanskar knytt til rekruttering.

I prosessmøte blir det peikt på at det kan vere negativt for Tysnes å ha denne funksjonen utanfor kommunen, både fordi kontoret blir mindre tilgjengeleg for kommunen sine innbyggjarar og fordi det fører til usikkerheit knytt til kva verkemiddel Tysnes kommune har på dette området med tanke på å hindre nedlegging av gardar og landbruk.

I spørjeundersøkinga blir det kommentert at det er risiko knytt til natur og miljøomsyn, jordvern og at det er for låg terskel for at politisk nivå kan gje dispensasjonar.

Risiko knytt til:

- Sjukefråvær, kapasitet og tilgjenge
- Informasjonsarbeid
- Fokus på jordvern i planlegging

Brann og redning

I både Tysnes kommune si årsmelding frå 2022 og i intervju gjennomført i samband med ROV-vurderinga går det fram at budsjettet til brann og redning blei overskride. Dette skuldast mellom anna behov for skifte av utstyr. I intervju blir det vist til ein må arbeide for å halde budsjettmåla innanfor brann og redning, samtidig som det er utfordrande å planlegge kostnader på dette området.

I følge årsmeldinga set brannordninga krav til at Tysnes brann og redning skal ha 20 mannskap inkludert brannsjef. På tidspunktet for årsmeldinga var det 18 tilsette inkludert brannsjef.

Risiko knytt til:

- Økonomistyring og budsjettkontroll
- Kapasitet

Drift og vedlikehald

Tysnes kommune brukar betydeleg meir midlar på vedlikehald pr. kvadratmeter kommunal eigedomsmasse samanlikna med kommunegruppa. Tysnes kommune har høgare utgifter til vedlikehald per kvadratmeter enn kommunegruppa (186,7 kroner mot 116,4 kroner i kommunegruppa). Utgiftene til vedlikehald av skulelokale i Tysnes er 601 kroner pr. kvadratmeter, medan talet for kommunegruppa er 115 kroner.

Risiko knytt til:

- Vedlikehaldsetterslep
- Høge vedlikehaldskostnader

Plan og byggesak

I følge tal frå KOSTRA har Tysnes kommune behandla 71 saker med 12 vekers frist og 11 saker med tre vekers frist i 2023.

I følge årsmeldinga frå 2022 var gjennomsnittleg sakshandsamingstid for saker med tre vekers frist 10 dagar i 2022. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for saker med

Risiko knytt til:

12 vekers frist var 43 dagar. Frå årsmeldinga frå 2022 blir det vist til at sakshandsamingstida har gått jamt ned sidan 2020.

Tal frå KOSTRA viser 61 % av innvilga byggesøknadar i Tysnes kommune i 2023 medførte vedtak om dispensasjon frå plan. Gjennomsnittet for samanliknbare kommunar i kommunegruppa same året var på 18,1 % av innvilga byggesøknadar.

I intervju viser fleire til at dei ikkje opplever stor risiko knytt til plan- og byggesak. Samtidig blir det peikt på at det er rom for tolking i regelverket og at Tysnes kommune i for liten grad nyttar seg av dette tolkingsrommet. Det blir vidare peika på at byggesakskostnadane blir opplevd som for høge. Tal frå KOSTRA viser at byggesaksgebyr for oppføring av einbustad i Tysnes (16 500 kr mot 13 055 kr), gebyr for oppretting av grunneigedom (27 500 kr mot 19 232 kr) og gebyr for privat forslag til reguleringsplan (91 322 kr mot 45 079 kr) var betydeleg høgare enn for resten av kommunegruppa.

Tysnes kommune innførte sakshandsamingsprogrammet eByggesak. Dette har vore i drift sidan 1. mars 2023. Det blir peikt på at dette bidreg til å redusere risikoen i sakshandsaminga.

Revisjonen får opplyst at kommunen sin arealplan er forseinka og at ein no er i prosess med å revidere planen frå 2013.

Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaksbehandling i 2022. I intervju blir det peika på at kommune har arbeidd mykje med anbefalingane etter forvaltningsrevisjonen, men at det er framleis gjenstår noko arbeid på oppfølging av ulovleg bygg.

- Handsaming av dispensasjonssaker
- Høge sakshandsamingskostnadar
- Utdatert planverk
- Byggesaksgebyr

5 Risiko i kommunens eigarstyring og selskap

5.1 Innleiing

Basert på innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko knytt til kommunen sin **eigarstyring** og i kommunen sine **selskap**.

For å undersøka kommunen sin **eigarstyring** gjennomførast det **eigarskapskontroll**. Fokus er på kommunen sin forvaltning av eigarskapet (eitt eller fleire). Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styremedlemmar, opplæring av styremedlemmar og rapportering til kommunestyret. Selskap som er omfatta av eigarskapskontroll er AS, IKS, kommunalt oppgåvefelleskap (KO) og samvirkeforetak (SA).

Dersom det er behov for å gjera nærare undersøking av sjølve selskapet kan det også gjennomførast **forvaltningsrevisjon** av selskapet. Då vil ein kunne gjennomføra forvaltningsrevisjon av selskapet si drift og tenester, til dømes om selskapet driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. Det er også mogleg å kombinera eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap i ein og same undersøking. Figuren under gir ei illustrasjon av dei to formene for kontroll.

Figur 2 Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap



I 5.2 blir det presentert ei oversikt over alle selskap kommunen har eigarinteresser i. Vidare vil vi i 5.3 skildre konkrete risikoområde knytt til kommunen si eigarstyring og i kommunen sine selskap, basert på innhenta data og oversikt over alle selskap i 5.2. Vurderinga av konkrete risikoområde i 5.3 er basert på påvist risiko gjennom intervju eller andre data, samt tema knytt til eigarstyringa, eller selskap, som enno ikkje er undersøkt i Tysnes kommune. I tillegg er det andre element av risiko og vesentlegheit som er teke med i vurderinga, mellom anna knytt til storleik på eigardel, økonomi og føremål med selskapet. Desse elementa går fram av dei tre kolonnane lengst til høgre i tabellen i 5.2 og kan oppsummerast slik:

- **Heileigde selskap**, eller selskap der Tysnes kommune har ein vesentleg eigardel

- **Økonomisk risikoscore** – score basert på vurdering av tal for siste års inntening, soliditet, likviditet og effektivitet
- **Økonomisk verdiskaping** – selskap som forvaltar vesentlege økonomiske verdiar og/eller som kan gi økonomisk gevinst (utbyttemoglegheit) eller har tapspotensiale for kommunen
- **Tenestetilbod til utsette brukargrupper** – VTA-bedrifter (varig tilrettelagt arbeid) som tilbyr arbeidsplass til ei sårbar arbeidsgruppe
- **Utviklingsarbeid** – selskap som driv med utviklingsarbeid for å bidra til å nå viktige kommunale målsetjingar, til dømes knytt til
 - bustadtilbod
 - helse
 - ansvarleg forbruk og produksjon
 - klima og/eller berekraft
 - infrastruktur
 - næringsliv
 - innovasjon
- **Samfunnskritiske tenester** – selskap som tilbyr samfunnskritiske tenester direkte til innbyggjarane, til dømes innan vatn, renovasjon og avløp (VAR), energi eller brann og redning

I alle kommunen sine eigarskap, anten delen er stor eller liten, ligg det ein potensiell omdømmerisiko dersom selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar. Det same gjeld dersom kommunen sitt eigarskap ikkje blir ivareteke i samsvar med anerkjente prinsipp for god eigarstyring.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og vurderingane er basert på tilgjengeleg informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritera dei ulike områda, og avgjera rekkefølge for forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen eller i selskapa det gjeld.

5.2 Oversikt over kommunens eigarskap

Tysnes kommune har ingen heileigde selskap, men har eigarinteresser i seks selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og eigarinteresser i fire selskap der det også er private og/eller statlege eigarar. Heileigde og deleide selskap saman med andre kommunar kjem inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Desse selskapa har Tysnes kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigerskapskontrollar av.

Selskap kommunen eig saman med andre ikkje-kommunale aktørar kjem ikkje inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Det kan gjennomførast eigerskapskontrollar av slike selskap (sidan dette handlar om kommunen si forvaltning), men for å gjennomføre forvaltningsrevisjon som krev innsyn i selskapet, må dette skje ved at styret i selskapet samtykkjer til innsyn.

Tabellen under gir ei oversikt over selskapa kommunen har eigarskap i, med informasjon om bransjen selskapet er ein del av, selskapet sitt føremål og kommunen sine mål med eigarskapet, kommunen sin eigardel, vurdert økonomisk risikoscore og aktuelle nøkkelpunkt som seier noko om ibuande risiko og vesentlegheit. Talgrunnlaget for risikoscoren, samt utfyllande informasjon om selskapa ligg i egne tabellar i vedlegg 1.

Tabell 7: Oversikt over selskapa kommunen eig eller har eigerandelar i

Selskap	Bransje	Føremål/mål med eigarskap ⁴	Eigerandel	Økonomisk risikoscore ⁵	Annan aktuell risiko
Tysnes Industri	VTA-bedrift	Skapa varige arbeidsplassar for yrkeshemma med så låg arbeidsevne at det ikkje kan gjera seg nytta av andre arbeidstilbod.	67,11%	3,98	Tenester til utsette brukargrupper
Våge Hamn AS	Hamnetenester	Å utvikle og drive gjestehamn som sikrar Tysnes kommune som ein attraktiv aktivitet og ferieoppleving retta mot fastbuande og turistar som nyttar Tysnes kommune, samt annan tilhøyrande aktivitet som naturleg fell saman med dette, inkludert å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd.	13,48%	3,35	Utviklingsarbeid - infrastruktur
Region Sunnhordland IKS	Regional utvikling	Drive regionalt samfunns- og utviklingsarbeid. Selskapet skal bidra til auka samhandling, attraktivitet og verdiskaping i regionen. Selskapet skal vera sekretariat for Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (Sunnhordlandsrådet IPR) og for arbeidsutvalet til Sunnhordlandsrådet IPR.	12,5%	4,60	Utviklingsarbeid
Tysnes Kraftlag AS	Energi	Eiga aksjar i BKK AS. Selskapet kan også driva, delta i eller samarbeida med andre selskap om digital kommunikasjon, bygde- og næringsutvikling og andre aktivitetar med forretningsmessig tilknytning til Tysnes Kraftlag SA sitt konsesjonsområde per 1. januar 2018.	7,99%	4,40	Energiproduksjon Utviklingsarbeid
Sunnhordland Inter-kommunale Miljøverk IKS	Renovasjon	Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.	4,63%	4,31	Samfunnskritiske tenester

⁴ Einskilde selskap har lange føremål. For desse gir tabellen ein kortversjon, medan føremåla slik dei kjem fram i eigarskapsmeldinga kan finnast i tabellane med meir informasjon om selskapet i vedlegg 1.

⁵ Skala frå 1-5, der 1 er den lågaste mogelege poengsummen og 5 er den høgaste mogelege poengsummen.



Hordfast AS	Infrastruktur	Selskapet skal arbeida for å realisere ferjefri kyststamveg – E39 – i Hordaland. Selskapet skal særleg arbeida med tiltak som støtter opp om å få eit vedtak om å byggja ferjefri kyststamveg, samt få dette realisert.	3,37%	1,61	Utviklingsarbeid - infrastruktur
Opero Holding AS	VTA-bedrift	Skal via eigarskap i dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS utvikla og levera tenester som har fokus på å fremja arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidsliv, uavhengig av kva utfordringar dei forskjellige deltakarane har.	3,3%	3,58	Tenester til utsette brukargrupper
Inter-kommunalt arkiv i Hordaland IKS	Arkivtenester	Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6.	1,92%	NA	Interkommunalt samarbeid Lovpålagt teneste
Bergen og Omland friluftsråd	Regionalt samarbeid	Friluftsrådet si oppgåve er i samarbeid med medlemmene, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar å arbeide for: a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag til allment bruk. b) Større forståing for friluftslivets betydning, betre friluftskultur og utbreiing av friluftsliv.	1,92%	NA	Utviklingsarbeid
Krisesenter Vest IKS	Omsorgstenester	Selskapet skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova si § 2 a), b) og c).	1,61%	NA	Samfunnskritiske tenester – omsorgstilbod


5.3 Oversikt over identifiserte risikoområde knytt til kommunens eigarskap og i selskapa

Revisjonen er ikkje kjent med at Tysnes kommune har utarbeidd eigarmelding eller eigarskapsstrategi i denne eller førre valperiode. Det har ikkje vore gjennomført noko eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap i førre valperiode.

Under presenterer vi vurderingane av kor i Tysnes kommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Tabell 8: Identifiserte risikoområder i kommune si eigarskapsforvaltning og i kommunen sine selskap

Område/selskap og identifiserte risiko	Risiko- og vesentlighetsvurdering
<p>Overordna eigarskapsforvaltning i Tysnes kommune (eigarskapskontroll)</p> <p>Tysnes kommune skal i samsvar med kommunelova § 26-1 utarbeide ein eigarskapsmelding. Revisjonen kjenner ikkje til at kommunen har utarbeidd ei oppdatert eigarskapsmelding eller eigarstrategiar.</p> <p>I ROV utarbeidd i 2020 blei det påpekt at føreliggande eigarskapsmelding var frå 2013, og at kommunelova krev at kommunen skal utarbeide eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden. I intervju blir det også peika på at det er utfordrande å representere kommunen som eigar i generalforsamlingar utan eigarskapsmelding, då det ikkje er tydeleg kva kommunen har som mål med eigarskapet.</p>	 <p>Risiko knytt til</p> <ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for utarbeiding av eigarstrategiar• System og rutinar for oppfølging av eigarskap• System og rutinar for rapportering til folkevalde organ (kommunestyret, formannskapet og politiske utval)• Brot på kommunelova §26-1• Manglande oversikt over kommunens eigarskap
<p>Tysnes Industri (Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)</p> <p>Tysnes Industri er skal gi personar med behov for tilrettelagt arbeid eit tilbod om ein arbeidsplass.</p> <p>Verksemda er det største eigarskapet til kommunen, og skal ivareta ei sårbar gruppe. Det er difor viktig å sikre at eigarskapen blir følgt opp i samsvar med anerkjente prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing.</p>	 <p>Risiko knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none">• System og rutinar for oppfølging av selskapet• System og rutinar for økonomistyring



6 Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekter og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i Tysnes kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under. Prosjekta under er delt mellom dei som er vurdert med høg risiko (raude) og dei som er vurdert med middels risiko (gule). **Det er ikkje gjort noko prioritering innbyrdes mellom desse.**

Tabell 9: Prosjekt med høg risiko (raude)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Oppfølging av politiske vedtak	<ul style="list-style-type: none">• Oversikt over politiske vedtak• Oppfølginga av politiske vedtak• Saksførebuing
Leverandør- og kontraktoppfølging	<ul style="list-style-type: none">• Brot på arbeidsmiljølov og på krav i tariff• Kontraktsbrot
Beredskap	<ul style="list-style-type: none">• Overordna beredskap• Systematikk i beredskapsarbeidet• Handtering av alvorlege hendingar
Journalføring og arkivering	<ul style="list-style-type: none">• Regelbrot• Tap av arkivmateriale• Redusert tillit i befolkninga
Offentleg anskaffingar	<ul style="list-style-type: none">• Brot på regelverk• Kostnadsineffektive innkjøp• Økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp• Kontraktsbrot
Klima, miljø og berekraft	<ul style="list-style-type: none">• Utdatert planverk• Mangelfull etterleving av FN sine berekraftsmål• Klimabudsjett og klimarekneskap
Individuell tilrettelegging, PPT og tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">• Implementering og etterleving av ny opplæringslov• Undervisning i tråd med enkeltvedtak• Tilpassa opplæring
Barneverntenesta	<ul style="list-style-type: none">• Manglande tenester til sårbare barn og familiar• Manglande undersøkingar av bekymringsmeldingar• Høgt sjukefråvær i tenesta

	<ul style="list-style-type: none"> • Høg vakanse i tenesta • Manglande kompetanse
Kvalitet i grunnskulen	<ul style="list-style-type: none"> • Tilpassa opplæring • Manglande kvalitet i opplæringa
Skulemiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk skulemiljøarbeid • Etterleving av regelverk i opplæringslov
Tenester til barn og familie	<ul style="list-style-type: none"> • Lovpålagte oppgåver • Manglande fagkompetanse • Sjukefråvær
Pleie og omsorg	<ul style="list-style-type: none"> • Bemanning • Kompetanse • Planlegging • Budsjettoverskriding • Praktisering av ulike rutinar og retningslinjer
Tenester til personar med utviklingshemming	<ul style="list-style-type: none"> • Fagkompetanse i tenesta • Tilrettelagte lokale • Brukargruppe i ulike livsfasar
Legetenester	<ul style="list-style-type: none"> • Sårbar bemanning • Manglande legekompentanse • Potensielle vikarkostnadar • Rekruttering • Utdatert planverk
Rus og psykisk helse	<ul style="list-style-type: none"> • Kapasitet i tenesta • Brot på lov og regelverk
Vatn og avløp	<ul style="list-style-type: none"> • Brot på lov og regelverk • Sjølvkost • Etterslep • Vasskvalitet • Kontroll av private avløpsanlegg
Landbruk	<ul style="list-style-type: none"> • Sjukefråvær, kapasitet og tilgjenge • Informasjon • Fokus på jordvern i planlegging

Andre prosjekter (gule)

Tabell 10: Prosjekter med middels risiko (gul)

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Personalforvaltning og sjukefråvær	<ul style="list-style-type: none"> • Sjukefråværsoppfølging • Organisering og planlegging av arbeid • Brot på arbeidsmiljøregelverk • Oppfølging og ivaretaking av tilsette

Informasjonstryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • Regelbrot • Datainnbrot og tap av verdiar • Personopplysningar på avvege • Økonomiske konsekvensar
Internkontroll og kvalitetsarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Implementering og opplæring av nytt system • Oppfølging av avvik • Økonomirapportering
Kunstig intelligens	<ul style="list-style-type: none"> • Rettleiing og opplæring av tilsette i forsvarleg bruk • Ivaretaking av personvern ved bruk • Utnytte KI til å effektivisere og sikre kvalitet i arbeidsprosessar
Kultur, idrett og friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Utdatert planverk • Fritidstilbod til barn og unge • Oppfølging, forvaltning og rapportering i samband med tilskotsmidlar
Barnehage	<ul style="list-style-type: none"> • Bemanningsnorma • Kommunen som tilsynsmynde • Trygt og godt barnehagemiljø
Sosiale tenester	<ul style="list-style-type: none"> • Internkontroll • Lovpålagte oppgåver • Utdatert planverk
Fysio – og ergoterapitenesta	<ul style="list-style-type: none"> • Framtidig fagkompetanse • Kapasitet
Brann og redning	<ul style="list-style-type: none"> • Økonomistyring og budsjettkontroll • Kapasitet
Drift og vedlikehald	<ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehaldsetterslep • Høge vedlikehaldskostnadar
Plan- og byggesak	<ul style="list-style-type: none"> • Handsaming av disposisjonssaker • Høge sakshandsamingskostnadar • Utdatert planverk • Byggesaksgebyr
Forvaltningsrevisjon av Tysnes Industri	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av selskapet • System og rutinar for økonomistyring

Tabell 11: Eigarskapskontroll

Prosjekt	Aktuelle revisjonstema
Overordna eigarskapsforvaltning i Tysnes kommune	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for utarbeiding av eigarstrategiar

-
- System og rutinar for oppfølging av eigarskap
 - System og rutinar for rapportering til folkevalde organ (kommunestyret, formannskapet og politiske utval)
 - Brot på kommunelova §26-1
 - Manglande oversikt over kommunens eigarskap

Eigarskapskontroll av Tysnes industri

- System og rutinar for oppfølging av selskapet
 - System og rutinar for økonomistyring
-

Utvida risikoanalyse av selskap med rekneskapstal

Vedlegg 1

Selskaper som kommunen har full innsynsrett

Selskapa som er presentert i tabellane under er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Tysnes kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av. Informasjonen er i hovudsak henta frå www.proff.no og Dun & Bradstreet SmartCheck.

Tysnes Industri

Eigarar Tysnes kommune – 67,11%

Andre eigarar: Ikkje klart utifrå offentleg data. Kommunen har ikkje utarbeidd eigarskapsmelding.

Selskapet sitt føremål

Skapa varige arbeidsplassar for yrkeshemma med så låg arbeidsevne at dei ikkje kan gjere seg nytte av andre arbeidstilbod. Verksemda skal produsere varer og tenester for lokal industri, utvikling og produksjon av varer og tenester som kan seljast på den vanlege marknaden og handel. Selskapet sitt overskot skal vere i verksemda og disponerast til føremål som styrkjer drifta framover.

Informasjon om selskapet

Selskapet blei etablert i 1996 og har 13 tilsette.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	7 217	7 283	6 796	7 404	7 095
Driftsresultat	-559	109	422	364	-351
Årsresultat	-590	96	392	325	-383
Eigenkapital	6 534	7 124	7 028	6 636	6 312
Gjeld	3 373	3 531	3 890	3 913	3 809

Økonomisk risikoanalyse

Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
Kort sikt	1,00	5,00	5,00	2,40	3,98
Lang sikt	2,75	5,00	5,00	2,60	
Score	2,40	5,00	5,00	2,55	

Region Sunnhordland IKS

Eigarar Tysnes kommune – 12,5%

Andre eigarar: Kvinnherad, Etne, Fitjar, Austevoll, Stord, Sveio og Bømlo.

Selskapet sitt føremål Drive regionalt samfunns- og utviklingsarbeid. Selskapet skal bidra til auka samhandling, attraktivitet og verdiskaping i regionen. Selskapet skal vere sekretariat for Sunnhordlandsrådet interkommunalt politisk råd (Sunnhordlandsrådet IPR) og for arbeidsutvalet til Sunnhordlandsrådet IPR.

Informasjon om selskapet Er også kjent under namnet «Samarbeidsrådet for Sunnhordland». Selskapet blei etablert i 1981. Geopark Sunnhordland AS er eit heileigd dotterselskap.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	9 774	5 225	4 987	3 259	3 870
Driftsresultat	243	205	164	-134	297
Årsresultat	243	205	164	-134	297
Eigenkapital	2 426	2 184	1 979	1 815	1 949
Gjeld	1 893	1 823	2 347	2 676	4 884

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	4,50	5,00	5,00	3,80	4,60
Lang sikt	4,00	4,67	5,00	4,00		
Score	4,10	4,90	5,00	3,95		

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Eigarar Tysnes kommune – 4,63%

Andre eigarar: Stord, Kvinnherad, Bømlo, Sveio, Austevoll, Fitjar

Selskapet sitt føremål Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall. Selskapet skal, der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning. Bidra til miljøtiltak i eigarkommunane. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

Informasjon om selskapet Selskapet blei etablert i 1990.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	126 166	121 023	107 579	100 353	89 506
Driftsresultat	-2 297	2 594	1 980	7 475	10 587
Årsresultat	-1 545	1 400	1 522	6 790	10 656
Eigenkapital	200 546	202 092	200 692	199 170	192 380
Gjeld	98 249	88 885	78 396	78 621	80 216

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,75	5,00	5,00	3,80	4,31
	Lang sikt	3,50	5,00	5,00	3,60	
	Score	3,15	5,00	5,00	3,65	

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Eigarar Tysnes kommune – 1,92%

Interkommunalt samarbeid mellom Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Bjørnafjorden, Osterøy, Samnanger, Stord, Sveio, Bømlo, Ulvik, Vaksdal og Voss.

Selskapet sitt føremål

1. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6.

2. Selskapet skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet: ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv, utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane, lokale kurs om arkivfaglege emne, tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv, rettleiing om arkivfaglege spørsmål, rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv. Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte.

3. Selskapet kan etter avtale med den einskilde deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jfr. forskrift om offentlege arkiv, jf. forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 - 5-6.

Informasjon om selskapet

Selskapet blei stifta 22.05.2002, og er eigd av 24 kommunar i Vestland. Eigarane betalar inn årlege tilskot til drift etter vedtak i representantskapet. Tilskotet skal vera eit grunnbeløp samt eit kronebeløp per innbyggjar. Bømlo har per 01.01.2020 egedel på 4,4 %. Egedelalen skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av kvar enkelt eigar sitt årlege tilskot til selskapet. Eigardelane skal justerast ved innmelding og utmelding. Den einskilde eigar heftar uavgrensa for sine aktuelle eigardeler av selskapet sine samla forpliktingar.

Krisesenter Vest IKS

Eigar Tysnes kommune – 1,61%

Andre eigarar: Karmøy, Haugesund, Stord, Kvinnherad, Tysvær, Ullensvang, Vindafjord, Sveio, Sauda, Etne Suldal, Fitjar Bømlo, Bokn, Utsira

Selskapet sitt føremål Selskapet skal, på vegne av eigarkommunane, sikre etterleving av krisesenterlova si § 2 a), b) og c). Selskapet skal vera eit rådgjevande organ for eigarkommunane i etterleving av lova si § 2 d). Selskapet har ikkje som formål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunen.

Informasjon om selskapet Krisesenter Vest IKS er eit interkommunalt samarbeid mellom 16 vestlandskommunar, som blei stifta i 2011. Det ligg ikkje føre rekneskapstal for selskapet.

Bergen og Omland friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap

Eigarar Tysnes kommune – 0,7%

Andre eigarar: Bergen, Øygarden, Askøy, Alver, Bjørnafjorden, Kvam, Osterøy Austevoll, Vaksdal, Samnanger og Austrheim

Selskapet sitt føremål Friluftsrådets oppgåve er i samarbeid med medlemmene, offentlege etatar på ulike nivå og interesserte organisasjonar og arbeide for: a) Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag til allment bruk. b) Større forståing for friluftslivets betydning, betre friluftskultur og utbreiing av friluftsliv.

Informasjon om selskapet Selskapet var etablert i 1995.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	9 774	5 225	4 987	3 259	3 870
Driftsresultat	243	205	164	-134	297
Årsresultat	243	205	164	-134	297
Eigenkapital	2 426	2 184	1 979	1 815	1 949
Gjeld	1 893	1 823	2 347	2 676	4 884

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	4,50	5,00	5,00	3,80	4,60
	Lang sikt	4,00	4,67	5,00	4,00	
	Score	4,10	4,90	5,00	3,95	

Selskap der kommunen ikkje har full innsynsrett

Selskapa som er presentert i tabellane under er selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kommer inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardelar eller samvirkeforetak. Informasjonen er i hovudsak henta frå www.proff.no og Dun & Bradstreet SmartCheck.

Våge Hamn AS

Eigarar Tysnes kommune – 13,48%

Andre eigarar: Bedrifter og privatpersonar

Selskapet sitt føremål Å utvikle og drive gjestehamn som sikrar Tysnes kommune som ein attraktiv aktivitet og ferieoppleving retta mot fastbuande og turistar som nyttar Tysnes kommune, samt annan tilhøyrande aktivitet som naturleg fell saman med dette, inkludert å delta i samarbeid med andre selskap og føretak med liknande verksemd. Selskapet sitt overskot og tilgjengelege kapital skal sikre selskapet sitt langsiktige formål om å utvikle gjestehamn som ein attraktiv ferieoppleving i Tysnes kommune. Styret kan innstille på utbytte når drifta over tid ikkje er avhengig av ulike tilskot/gåver for å sikre årlege overskot, dette kan utgjere inntil 10% av overskot pr år.

Informasjon om selskapet Selskapet blei etablert i 2009.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	391	497	502	377	393
Driftsresultat	92	193	147	-53	143
Årsresultat	1	78	35	-125	29
Eigenkapital	687	687	609	574	699
Gjeld	1 887	1 851	1 987	2 087	1 800

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	2,75	4,14	2,75	4,20	3,35
	Lang sikt	3,00	4,33	2,00	4,20	
	Score	2,95	4,20	2,60	4,20	

Tysnes Kraftlag AS

Eigarar Tysnes – 7,99%

Andre eigarar: Bedrifter og privatpersonar

Selskapet sitt føremål Eige aksjar i BKK AS. Selskapet kan også drive, delta i eller samarbeide med andre selskap om digital kommunikasjon, bygde- og næringsutvikling og andre aktivitetar med forretningsmessig tilknytning til Tysnes Kraftlag SA sitt konsesjonsområde per 1. januar 2018 (seinare i vedtektene omtalt som

"konesjonsområdet"). Selskapet skal i tillegg ta del i eller støtte samfunnsnyttige tiltak og aktiviteter, samt fremja allmennyttige føremål til beste for innbyggjarane i konsesjonsområdet. Selskapet har som mål å vera ei levande kraft i lokalmiljøet. Selskapet har ikkje til føremål å skaffe eigarane økonomisk utbytte, men generalforsamlinga kan likevel etter framlegg frå styret, vedta å disponera inntil 10 % av overskotet, som utbytte til aksjonærane.

Informasjon om selskapet Selskapet blei stifta i 1946.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	791	728	726	752	541
Driftsresultat	-7 480	-10 441	-8 672	-4 297	-1 495
Årsresultat	8 295	3 364	1 829	9 299	239 363
Eigenkapital	367 304	360 111	366 443	364 797	356 425
Gjeld	14 749	20 246	11 837	8 053	11 009

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	3,00	5,00	5,00	3,00	4,40
	Lang sikt	4,00	5,00	5,00	2,40	
	Score	3,80	5,00	5,00	2,55	

Hordfast AS

Eigarar Tysnes – 3,37%

Andre eigarar: Kommunar og næringslivsorganisasjonar

Selskapet sitt føremål Selskapet skal arbeida for å realisere ferjefri kyststamveg - E39 - i Hordaland. Selskapet skal særleg arbeida med tiltak som støtter opp om å få eit vedtak om å byggja ferjefri kyststamveg, samt få dette realisert. Under dette bidra til eventuell forskotering eller delfinansiering av utgreingar og planar som er nødvendig for lokale og nasjonale vedtak.

Informasjon om selskapet Selskapet blei stifta 20.08.2010. Aksjekapital er på kr 148 000,- fordelt på 148 aksjar à kr 1 000,-.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	1 812	1 535	2 035	2 142	1 700
Driftsresultat	-147	-376	-104	-155	-181
Årsresultat	-147	-374	-102	-154	-180
Eigenkapital	-315	-168	206	189	343
Gjeld	2 227	2 269	2 034	2 103	2 190

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	1,00	1,00	2,00	2,60	1,61
	Lang sikt	1,00	1,67	3,25	2,80	
	Score	1,00	1,20	2,25	2,75	

Opero Holding AS

Eigarar Tysnes – 3,3%

Andre eigarar: Stord, Vestland fylkeskommune, Kvinnherad, Sveio, Fitjar, Bømlo, Etne, Vindafjord og Sør-Norge Aluminium AS.

Selskapets føremål Skal via eigarskap i dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS utvikla og levera tenester som har fokus på å fremja arbeidsdeltaking i det ordinære arbeidsliv, uavhengig av kva utfordringar dei forskjellige deltakarane har. Skal søka å styrka sine og dotterselskapa sin posisjon innanfor dei tenesteytande felt der det er naturleg med tanke på kompetanse og kapasitet, og som vil utvikla verksemda sin generelle styrke og føremål. Skal yte drifts- og servicefunksjonar i høve til dotterselskapa Opero AS og Ås barnehage AS. Har ikkje økonomiske føremål, og det skal ikkje delast ut utbytte. Eventuelt overskot skal vera i verksemda og komma føremålet til gode.

Informasjon om selskapet Ås barnehage AS, Opero AS og Opero Pluss AS er heileigde dotterselskap til Opero Holding AS.

Nøkkeltal (beløp i 1 000)	2022	2021	2020	2019	2018
Totalinntekt	6 795	5 623	21 660	37 484	38 388
Driftsresultat	159	55	219	205	633
Årsresultat	154	73	139	53	475
Eigenkapital	17 539	17 385	17 312	17 173	17 120
Gjeld	11 529	5 990	4 933	12 071	12 823

Økonomisk risikoanalyse	Indikatorar	Inntening	Soliditet	Likviditet	Effektivitet	Risikoscore
	Kort sikt	3,50	5,00	2,00	2,80	3,58
	Lang sikt	3,50	5,00	4,25	3,00	
	Score	3,50	5,00	2,45	2,95	

Rekneskapsanalyse

Innleiing

Om dokumentet

Vedlegg 2

Rekneskapsanalysen i denne rapporten ser på fire ulike område av eit selskap sin finansielle risiko. Desse områda er:

- Inntening
- Soliditet
- Likviditet
- Effektivitet

Kvar av desse områda med tilhøyrande nøkkeltal er beskrive i sine respektive avsnitt under.

Det er ingenting i vegen for å lesa dokumentet frå start til slutt, men dette dokumentet fungerer kanskje best som eit lite oppslagsverk for nøkkeltala som er nytta i rekneskapsanalysen.

Avgrensingar ved analysen

Denne rekneskapsanalysen er heilt lik for alle selskap uavhengig av bransje. Dette medfører nokre utfordringar for tolkinga av nøkkeltala. Til dømes kan det henda at nokre bransjar opererer med lange kredittider for både kundar og leverandørar utan at dette er noko problem, medan andre bransjar har kortare kredittider. Nokre bransjar er kapitalintensive og andre bransjar er arbeidsintensive, i tillegg til at det er ulike forretningsmodellar som påverkar resultatoppsett og innteningstidspunkt.

Det er derfor viktig å vera klar over kva for avgrensingar analysen har. Analysen må derfor først og fremst sjåast som eit hurtig overblikk og ein god indikasjon på den finansielle risikoen i eit selskap, men ikkje som ein endeleg fasit.

Likevel er det lagt ned eit betydeleg tankearbeid for å skapa ein rekneskapsanalyse som er så god som mogleg og treff best mogleg for flest mogleg selskap.

Inntening

Inntening og lønsamheit er sentrale omgrep i rekneskapsanalyse og refererer til den totale inntekta eller lønsamheita eit selskap skapar gjennom sin drift i ein bestemt tidsperiode. Inntening er berre ein del av rekneskapsanalysen, men den gir viktig innsikt i selskapet sin økonomiske helse. Inntening blir ofte vurdert i høve til tidlegare periodar, bransjestandardar og konkurrentar sine resultat for å vurdere selskapet sin yting og framtidige utsikter.

Lønsamheita til eit selskap blir ofte også vurdert opp mot kor mykje kapital som blir brukt for å skapa resultatet selskapet genererer. Då snakkar vi om rentabilitet på ulike nivå, til dømes driftsrentabilitet, totalrentabilitet og eigenkapitalrentabilitet.

Under følgjer ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for inntening som er nytta i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

Rentedekningsgrad

Om nøkkeltalet

Rentedekningsgraden viser i kor stor grad resultatet (før rentekostnader) kan dekke rentekostnadene. Eit nivå på 100% betyr at resultatet før rentekostnader er like stort som rentekostnadene og betyr at heile resultatet blir brukt til å dekke rentekostnadene. Eit nivå på 300% betyr at resultatet er tre gonger så stort som rentekostnadene.

Formel

$(\text{Annan rentekostnad} + \text{annan finanskostnad} + \text{Ordinært resultat før skattekostnad}) / (\text{Annan rentekostnad} + \text{annan finanskostnad})$

Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet ser på resultatata som blir skapte opp mot rentekostnadene. Det er viktig at innteninga er god nok til å dekke rentekostnadene. Derfor må ein rentedekningsgrad på 100% vera å rekna som eit minimum. For å få ein lysegrøn score i vår modell krevst det eit nivå på minst 300%. Under viser vi intervallane som blir nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
100 %	100 %	200 %	200 %	300 %	300 %	500 %	500 %

Driftsrentabilitet

Om nøkkeltalet

Driftsrentabiliteten viser kor stor avkastning (rentabilitet) drifta genererte sett opp mot driftskapitalen som er bunde i selskapet.

Formel

Driftsresultat / Gjennomsnittlege driftseigedelar

Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet relaterer til innteninga på drifta opp mot driftsmidlane som er bunde i selskapet. Ein driftsrentabilitet på 0% tilsvarer eit driftsresultat på 0. Ein bør forvente eit positivt driftsresultat og som ein tommelfingerregel bør driftsrentabiliteten ligge over alminneleg utlånsrentenivå. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-3 %	-3 %	0 %	0 %	5 %	5 %	10 %	10 %

Totalrentabilitet

Om nøkkeltala

Driftsrentabiliteten viser kor stor avkastning (lønsamheit) drifta genererte sett opp mot driftskapitalen som er bunden i selskapet.

Formel

Driftsresultat / Gjennomsnittlege driftseigedomar

Tolking av nøkkeltala

Dette nøkkeltalet relaterer til innteninga på drifta opp mot driftsmidlane som er bundne i selskapet. Ein driftsrentabilitet på 0% svarar til eit driftsresultat på 0. Ein bør forvente eit positivt driftsresultat, og som ein tommelfingerregel bør driftsrentabiliteten ligge over det vanlege utlånsrentenivået. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-2 %	-2 %	0 %	0 %	4 %	4 %	8 %	8 %

Eigenkapitalrentabilitet

Om nøkkeltala

Eigenkapitalrentabiliteten viser kva avkastning eigarane får på eigenkapitalen (risikovillig kapital).

Formel

(Ordinært resultat før skattekostnader + Annan rentekostnad + Annan finanskostnad) / Gjennomsnittlige totale eiedomar

Tolking av nøkkeltala

Dette nøkkeltalet bør ligge klart over det vanlege utlånsrentenivået, sidan eigenkapitalen tar større risiko enn utlånarar og dermed også vil krevje ein høgare avkastning. Ei fallgrube ved å bruke dette nøkkeltalet isolert sett er at selskap som har tapt delar av aksjekapitalen kan med eit svært beskjedent overskot kome ut med ein høg eigenkapitalrentabilitet. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
-5 %	-5 %	0 %	0 %	8 %	8 %	15 %	15 %

Soliditet

Soliditet er eit omgrep som blir brukt i rekneskapsanalyse for å vurdere kor solid og påliteleg ein selskap si økonomiske stilling er. Soliditet gir investorar, utlånarar og andre interessentar innsikt i kor godt ei bedrift er i stand til å handtere økonomiske vanskar og betene gjeld.

Det er lurt å samanlikne selskapet si soliditet med bransjen sitt gjennomsnitt og tidlegare periodar for å få eit meir heilskapleg bilete av bedrifta si økonomiske helse.

Der inntening ser på resultatata som er skapte over ein viss tidsperiode (for eksempel eitt år), er soliditet derimot eit augeblikksbilete på eit gitt tidspunkt (for eksempel per 31.12 i eit gitt år). Dette er ein grunnleggjande skilnad som det er viktig å vera klar over.

Under følgjer ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for soliditet som er nytta i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

Eigenkapitalandel

Om nøkkeltala

Eigenkapitalandelen viser kor stor del av selskapet sine eiedomar som er finansiert med eigenkapital. Det vil seie kor mykje eigenkapital det er i høve til totalkapitalen, som er selskapet sin balansesum (sum gjeld og eigenkapital).

Formel

Eigenkapital / Totalkapital

Tolking av nøkkeltala

Det er vanskeleg å gi eit klart svar på kor stor eigenkapitalandelen bør vere generelt, dette vil variere frå bransje til bransje. Dette nøkkeltala må derfor tolkast med litt varsemd. Men jo høgare eigenkapitalandelen er, jo høgare er soliditeten til bedrifta, alt anna likt. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
10 %	10 %	20 %	20 %	30 %	30 %	50 %	50 %

Tapsbuffer

Om nøkkeltala

Tapsbufferen viser kor stor eigenkapital selskapet har i høve til omsetninga (driftsinntektene). Dette nøkkeltalet viser derfor kor stort underskot (i prosent av inntektene) selskapet kan ha før eigenkapitalen er tapt, gitt at driftsinntektene for neste år blir like store som fjorårets driftsinntekter.

Formel

Eigenkapital / Totalinntekt

Tolking av nøkkeltala

Dette nøkkeltalet viser kor mykje eigenkapital selskapet har for å kunne stå imot framtidige tap. Det vil igjen avhenge litt frå bransje til bransje kva som er eit godt nivå. Dersom resultata i bransjen svingar mykje frå år til år og tapa i ein skilde år kan vere høge, bør tapsbufferen vere større enn i ein bransje der resultata er meir stabile over tid. På generelt grunnlag kan ein seie at jo høgare tapsbufferen er, jo høgare er soliditeten til bedrifta, alt anna likt. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
2 %	2 %	5 %	10 %	10 %	10 %	15 %	15 %

Likviditet

Likviditet er eit omgrep som blir brukt i rekneskapsanalyse for å vurdere kor godt eit selskap er i stand til å møte sine kortsiktige forpliktingar, som å betale rekningar, lønn til tilsette og gjeld. Dette avheng av selskapet si evne til å konvertere eigedomar til kontantar raskt og enkelt. Likviditet gir ein peikepinn på kor robust selskapet sin økonomi er og deira evne til å handtere økonomiske utfordringar.

I tillegg til nøkkeltal basert på balansestorleikar blir det ofte brukt kontantstraumanalysar for å vurdere selskapet sin evne til å generere kontantar frå drifta. Dette er ikkje nytta i denne analysen!

Til slutt kan det nemnast at høg likviditet gir ein tryggare økonomisk posisjon for eit selskap, men det er viktig å finne ein rett balanse mellom å ha tilstrekkeleg likviditet og å investere kapital i meir lønsame aktivitetar.

Under følgjer ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for likviditet som er nytta i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

Likviditetsgrad 1

Om nøkkeltala

Likviditetsgrad 1 viser kor store omløpsmidlane (kortsiktige eigedomar som forventast å verte gjort om til kontantar i løpet av eit år) er i høve til kortsiktig gjeld (betalingforpliktingar det næraste året).

Formel

Omløpsmidlar / Kortsiktig gjeld

Tolking av nøkkeltala

Dette nøkkeltala bør ligge over 1,3 for å kunne reknast som tilfredsstillande. Eit nøkkeltal på 1,3 betyr at ein har 30 % meir kortsiktige eigedomar enn kortsiktig gjeld. Under viser vi intervallane som er nytta for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
0,7	0,7	1	1	1,3	1,3	1,8	1,8

Likviditetsgrad 2

Om nøkkeltalet

I Likviditetsgrad 2 er varelageret, som reknast som det minst likvide omløpsmiddelet, trekt frå i utrekninga samanlikna med likviditetsgrad 1.

Formel

(Omløpsmidlar - Varelager) / Kortsiktig gjeld

Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet bør ligge over 1,0 for å kunne vurderast som tilfredsstillande. Eit nøkkeltal på 1,0 fortel oss at selskapet har like mykje likvide eigedomar som kortsiktige betalingsforpliktingar. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
0,5	0,5	0,8	0,8	1	1	1,4	1,4

Likviditetsgrad 3

Om nøkkeltalet

Likviditetsgrad 3 fortel noko om forholdet mellom dei aller mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei aller mest likvide midlane er bankinnskot, kontantar og liknande.

Formel

Bankinnskot, kontantar o.l. / Kortsiktig gjeld

Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet bør ligge over 0,33 for å kunne vurderast som tilfredsstillande. Eit nøkkeltal på 0,33 fortel oss at selskapet har bankinnskot, kontantar og liknande som kan dekke 4 månaders betalingsforpliktingar (12 månader * 0,33 = 4 månader), under føresetnad av at betalingsforpliktingane forfell jamt gjennom året. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
0,18	0,18	0,25	0,25	0,33	0,33	0,5	0,5

Likvider i prosent av sal

Om nøkkeltalet

Likvidar i prosent av sal er eit mål på kor mykje selskapet sine aller mest likvide midlar utgjer i prosent av årlege driftsinntekter.

Formel

Bankinnskot, kontantar o.l. / Totalinntekt

Tolking av nøkkeltalet

Dette nøkkeltalet bør ligge over 5% for å kunne vurderast som tilfredsstillande. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
1,5 %	1,5 %	3 %	3 %	5 %	5 %	8 %	8 %

Effektivitet

Effektivitet er eit omgrep som blir brukt i rekneskapsanalyse for å vurdere kor godt eit selskap nyttar ressursane sine for å generere inntekter, fortjeneste eller andre økonomiske resultat. Det handlar om å vurdere kor effektivt eit selskap styrer dei operative prosessane og ressursane sine for å oppnå økonomiske mål.

Ein høg grad av effektivitet kan indikere sunn verksemdsstyring og potensial for lønsam vekst, medan låg effektivitet kan signalisere ineffektiv bruk av ressursar og behov for forbetringar. Det er viktig å merke seg at effektivitet må vurderast saman med andre finansielle og operative faktorar for å få eit heilskapleg bilete av verksemda si yting.

Under følger ei forklaring til dei ulike nøkkeltala for likviditet som blir brukt i rekneskapsanalysen og korleis dei skal tolkast.

Gjennomsnittleg lagertid (i dagar)

Om nøkkeltalet

Gjennomsnittleg lagertid viser kor mange dagar varene ligg på lager i gjennomsnitt. Jo kortare lagertid, desto raskare er omløpshastigheita på varelageret.

Formel

Gjennomsnittleg varelager * 365 / Varekostnad

Tolking av nøkkeltalet

Høg omløpshastigheit på varelageret er positivt for likviditeten i selskapet. Det vurderast derfor betre jo lågare dette nøkkeltalet er. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
90	90	60	60	30	30	10	10

Gjennomsnittleg kredittid for debitorar (i dagar)

Om nøkkeltalet

Gjennomsnittleg kredittid for debitorar måler i gjennomsnitt kor lang tid det tar frå kunden fakturerast til kunden betaler. Jo kortare kredittid, desto raskare vil pengane sirkulere, noko som styrker verksemda si likviditet.

Formel

Gjennomsnittleg kundefordringar * 365 / Totalinntekt

Tolking av nøkkeltalet

Kva som er akseptabel kredittid, er vanskeleg å seie på eit generelt grunnlag sidan dette vil variere frå bransje til bransje. Men jo kortare kredittiden er, jo betre vil likviditeten til selskapet vere. Det blir derfor vurdert som betre jo lågare dette nøkkeltalet er. Under viser vi intervallane som er brukt for kvar nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
60	60	30	30	10	10	5	5

Gjennomsnittleg kredittid for leverandørar (i dagar)

Om nøkkeltalet

Gjennomsnittleg kredittid for leverandørar viser kor lang kredittid verksemda faktisk har til sine leverandørar.

Formel

Gjennomsnittleg leverandørgjeld * 365 / Varekjøp

Tolking av nøkkeltalet

Kva som er akseptabel kredittid, er vanskeleg å seie på eit generelt grunnlag sidan dette vil variere frå bransje til bransje. Eit klart faresignal er dersom kredittiden er lengre enn det ein kan forvente at verksemda har fått innvilga kreditt. Dette inneber at verksemda ikkje betaler sine leverandørar til avtalt forfallstid. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
90	90	60	60	30	30	10	10

Debitograd

Om nøkkeltalet

Debitorgraden viser kor stor del av ein månads omsetning som er utestående.

Formel

Kundefordringar * 12 / Totalinntekt

Tolking av nøkkeltalet

For eit selskap som normalt sett sel på kreditt, bør forholdstalet vere i intervallet 1,2 - 1,4. Er debitorgraden større enn 1,4 kan dette tyde på at kundereskontroen består av ein større del fordringar som har forfalle med meir enn 30 dagar. Jo høgare debitorgrad, desto større sannsyn for potensielle tap i fordringsmassen. Under viser vi intervallane som er brukt for kvar nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
1,8	1,8	1,4	1,4	1,2	1,2	0,8	0,8

Kreditorgrad

Om nøkkeltalet

Kreditorgraden viser kor stor del av ein månads omsetning som er bunden i leverandørgjeld.

Formel

Leverandørgjeld * 12 / Totalinntekt

Tolking av nøkkeltalet

For eit selskap som normalt kjøper inn på kreditt, bør forholdstalet vere i intervallet 0,8 - 1,0. Er kreditorgraden større enn 1,0 kan dette tyde på at leverandørreskontroen består av ein større del fakturaer som har forfalle med meir enn 30 dagar. Jo høgare kreditorgrad, desto større sannsyn for å pådra seg betalingsanmerkingar og bli belasta forsinkingsrenter. Under viser vi intervallane som er brukt for kvart nivå:

1	2	2	3	3	4	4	5
1,4	1,4	1	1	0,8	0,8	0,5	0,5



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (DTTL), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte provides industry-leading audit and assurance, tax and legal, consulting, financial advisory, and risk advisory services to nearly 90% of the Fortune Global 500® and thousands of private companies. Our people deliver measurable and lasting results that help reinforce public trust in capital markets, enable clients to transform and thrive, and lead the way toward a stronger economy, a more equitable society, and a sustainable world. Building on its 175-plus year history, Deloitte spans more than 150 countries and territories. Learn how Deloitte’s more than 450,000 people worldwide make an impact that matters at www.deloitte.no.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/407-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	13/24	15.05.2024

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Tysnes kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggja fram sak om plan for eigarskapskontroll for Tysnes kommune for perioden 2024 – 2028. Planen skal vidare til kommunestyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Utkast til plan for eigarskapskontroll i Tysnes kommune 2024-2028.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kommunelova § 23-4 kan ein lese:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2024 – 2028
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen sin eigarskap i selskap som planen skal baserast på.
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalget gjorde slikt vedtak i sak PS 32/23 frå møte 23.11.2023:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Tysnes kommune, verksemda i kommunen sine selskap og av Tysnes kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i mai 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggast fram for kommunestyret i juni 2024.

Denne saka gjeld forslag til plan for eigarskapskontroll, jf. andre del av punkt 2 i vedtaket over. Prosessarbeidet med plan for eigarskapskontroll har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Vidare går det fram av punkt 3 i vedtaket over at det var tenkt at prosessmøte 2 skulle gjennomførast i møte i kontrollutvalet i april 2024. Det viste seg at Deloitte sitt kartleggingsarbeid ikkje blei ferdig tidsnok til at det lot seg gjera. Det betyr at prosessmøte 2 vert gjennomført i dette møtet i staden. Forslag til plan for eigarskapskontroll som ligg ved som vedlegg til denne saka skal også gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Deloitte vil redigere planen ut frå det som kjem fram i møtet og endeleg versjon av planen vert lagt ved saka som går vidare til kommunestyret som fattar endeleg vedtak.

Deloitte har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) m.a. gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, analyse av statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, intervju og elektronisk spørjeundersøking til administrative leiarar og heile kommunestyret. Det er gjennomført intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen.

Det er vidare gjennomført prosessmøte 1 med kontrollutvalet i møte 07.03.24. Her vart det sett fokus på risikoar innanfor kommunen si eigaroppfølging av selskapa der kommunen har eigarinteresser.

Analysegrunnlag for plan for eigarskapskontroll vert lagt fram i kontrollutvalet i dette møtet. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av eigarskapskontrollar i Tysnes kommune, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Deloitte opplyser at datagrunnlaget i avgrensa grad er verifisert og dei tek difor atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

Dokumentet inneheld også analysegrunnlag som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon som skal handsamast i anna sak i dette møtet. Dokumentet ligg difor berre ved som vedlegg 1 til sak om plan for forvaltningsrevisjon til dette møtet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når endeleg innstilling til plan for eigarskapskontroll 2024 - 2028 ligg føre etter møtet i kontrollutvalet 20.06.2024 vert denne sendt til kommunestyret som vedtek planen, jfr. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 første ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det går fram at vedlagte forslag til plan for eigarskapskontroll skal gjelde i perioden 2024 – 2028. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2027, medan ferdigstilling av plan for eigarskapskontroll for neste periode truleg skjer i 2028, med nasjonal frist ved utgangen av 2028.

Ved utarbeiding av plan for eigarskapskontroll er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av forvaltninga av eigarinteressene og utøvinga av eigarinteressene. Vidare ei vurdering av kor det kan vera størst risiko for vesentlege avvik i høve lovar og forskrifter, kommunen sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

I dokumentet «Risiko og vesentlegvurderingar Tysnes kommune» som ligg ved sak om Plan for forvaltningsrevisjon til dette møtet er det lagt inn oversikt over kommunen sin eigarskap i selskap. Oversikta er basert på informasjon frå kommunen og relevante elektroniske kjelder. Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028).

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom ei rekke område som kan vera aktuelle for framtidige eigarskapskontrollar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for nokre av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett opp i ei uprioritert gruppe.

Av praktiske omsyn vert det tilrådd at det vert delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i planen, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette m.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført minst ei

evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringer i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet vil senda eigarskapskontrollrapportar over til kommunestyret for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av kommunestyret sine vedtak i samband med eigarskapskontrollar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for eigarskapskontroll 2024 – 2028 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitere kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for kommunestyret for endeleg avgjerd.



Tysnes kommune

Plan for eigarskapskontroll 2024-2028

Mai 2024

UTKAST

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til eigarskapskontroll	4
1.2	Krav til plan for eigarskapskontroll	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Eigarskapskontrollar 2024-2028	5
2.1	Eigarskapskontrollprosjekt	5
3.	Gjennomføring av eigarskapskontroll	6
3.1	Standard og innsynsrett	6
3.2	Metode	6
3.3	Gjennomføring og rapportering	6

1. Innleiing

1.1 Krav til eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 først ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøvar kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

1.2 Krav til plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

I følgje kommunelova § 23-4 femte ledd er det kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll, men kommunestyret kan delegerere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at planen for eigarskapskontroll skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Tysnes kommune. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om eigarskapsforvaltninga i kommunen, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og/eller selskap det kan vere aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll av.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område sett opp mot at kommunen utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Vurderinga er gjort både overordna og for det enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Informasjonsgrunnlaget som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativ leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til administrative leiarar og folkevalde i kommunestyret
- Intervjuar med øvste administrative og politiske leiing i kommunen

Informasjon som blei samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor kommunen si overordna eigarstyring, og for det enkelte selskap kommunen har eigarinteresser i. Informasjonen er samla i eit analysedokument som låg til grunn for utveljing og prioritering av eigarskapskontrollprosjekt.

2. Eigarskapskontrollar 2024-2028

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise eigarskapskontrollprosjekta.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap der også drifta i selskapet er omfatta av kontrollen (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028).

2.1 Eigarskapskontrollprosjekt

Tabell 1: Prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema

Om kommunestyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av eigarskapskontroll

3.1 Standard og innsynsrett

Revisor skal følge standard for eierskapskontroll (RSK 002) ved gjennomføring av eierskapskontroller.¹

Revisor har rett til å krevje innsyn i alle opplysningar, skildringar og dokument i kommunen som er nødvendige for å utføre sine oppgåver. Innsynsretten gjeld utan hinder av teieplikt. Dette går fram av kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Revisor har også innsynsrett i kommunen sine interkommunale selskap, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap, aksjeselskap der det ikkje er innslag av statlege eller private eigarar, samt i verksemder som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Dette går fram av kommunelova § 234-6.

3.2 Metode

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike eigarskapskontrollane avheng av endelege problemformuleringar i det einskilde prosjekt. Generelt bør det brukast ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Analyse av statistikk
- Testing av kontrollar og rutinar

Det er sentralt for å kunne gjennomføre vellukka eigarskapskontrollar at kontrollutvalet saman med revisor avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål og kva problemstillingar som skal bli undersøkte. Før ein eigarskapskontroll blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.3 Gjennomføring og rapportering

Revisor skal sende oppstartsbrev med informasjon om eigarskapskontrollen til den som utøver kommunens eigarfunksjon og til det aktuelle selskapet/de aktuelle selskapa før datainnsamlinga. Den som utøver kommunens eigarfunksjon og det aktuelle selskapet/de aktuelle selskapa skal få høve til å kome med sitt syn på funna i eigarskapskontrollen. Uttalen skal leggjast ved rapporten som blir sendt til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt kommunestyret saman med rapporten.

¹ <https://www.nkrf.no/publikasjoner>

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2024 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2022/307-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	14/24	15.05.2024

Henvending - Klage på kommunens rutiner for sakshandsaming

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå rådmann til møte 26.09.2024

Samandrag

Sekretariatet har motteke ei henvending gjeldande klage på vedtak i ei byggesak. Sekretariatet tilrår at ein ber om ei orientering frå rådmann gjeldande praksis i slike saker.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 VS: Forespørsel om kontroll av sak 19/259 - søknad om kai med flytebrygge Tysnes Kommune
- 2 Forespørsel om kontroll av sak 19 259 - søknad om kai med flytebrygge gnr 111 bnr 2.pdf
- 3 Fwd: Klage på kommunens saksbehandlingsrutiner
- 4 Kart innlevert med søknaden.pdf
- 5 Endelig avslag fra fylkesmannen.pdf
- 6 Fwd: Til medlemmer av kontrollutvalget for dokumentasjonsstøtte
- 7 Fortsettelse av føljetongen.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariat har motteke henvending frå Geir Vatne og Linda Ida Hjelmeland i brev dagsett 16.03.2024 gjeldande førespurnad om kontroll av sak 19/259 som var til handsaming i utvalsmøte landbruk/teknisk første gong 19.05.2020, gjeldande søknad om kai med flytebrygge for Gnr. 111, Bnr.2. Landbruk/teknisk vedtok å ikkje gje dispensasjon. I brevet er det opplyst om at Tysnes kommune avviste søknaden den 23.09.2019 i sak DS 114/19. Statsforvaltaren oppheva avvisningsvedtaket den 12.02.2020. Saka blei sendt tilbake til kommunen for handsaming. Tysnes kommune gjorde den 01.06.2021 vedtak om å godkjenne søknaden om kai, flytebrygge og landgang. Kommunen innvilga dispensasjon frå byggjeforbodet. Dette vedtaket blei oppheva av Statsforvaltaren i vedtak datert 19.10.2021.

Det er vidare opplyst at Tysnes kommune oversendte 3 klager til statsforvaltar frå naboar over Tysnes kommune sitt vedtak i denne byggesaka. Vedtaket vart påklaga. Klagene vart handsama i møte den 31.08.2021 der Utval for landbruk/teknisk opprettheld tidligare vedtak. I klage frå gnr. 111 bnr. 3 datert 29.06.2021 har klager lagt ved eit kart frå fagetaten. Her har både utval for landbruk/teknisk og sakshandsamar(ar) videresendt klage til statsforvalter utan å kvalitetsikre det som blei sendt. Kartet som er vedlagt beskrives som kart frå fagetaten.

I hendinga er det reflektert over korleis det er mogleg at denne saka kunne dra ut i over meir enn 2 år, samt korleis kart «godkjent av fagetaten kunne bli send som vedlegg til klage der klagene att på til vart handsama i utval for lanbruk/teknisk.

Sekretariatet har og motteke andre dokument i saka i epost dagsett 10.04.2024. Alle dokumenta er vedlagt saka.

Sekretariatet har send førebels svar 08.05.2024

«Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er engasjert som sekretariat for kontrollutvalet i Tysnes kommune.

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutvalet i Tysnes kommune motteke hendinga di dagsett 16.03.2024 gjeldande klage på sak i landbruk/teknisk 19/259. I tillegg har sekretariatet motteke to epostar dagsett 10.04.2024. Alle hendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar). Vi gjer merksam på at det ikkje er trygt å sende sensitive personopplysningar på e-post.

Hendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering i møte 15.05.2024. Utan at vi har vurdert hendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle enkeltsaker, hendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld hendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølvle vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det hendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Tysnes kommune har eigne retningslinjer for handtering av henvendingar (vedteke i KU-møte 13.10.2022, PS 18/22), der det i pkt. 7 står mellom anna om handlingsalternativ:

Kontrollutvalet sine handlingsalternativ kan vera:

- a. Kontrollutvalet vurderer at dette ikkje er ei sak som kontrollutvalet vil følgja opp og tek henvendinga til orientering. Saka vert avslutta.
- b. Kontrollutvalet vedtek å følgja opp henvendinga ved å be om meir informasjon. Utvalet kan for eksempel be rådmannen om å gje informasjon i neste møte. Utvalet kan også be sekretariatet om å henta inn meir informasjon.
- c. Kontrollutvalet vedtek å følgja opp henvending med ei kontrollhandling.»

Kontrollutvalet må diskutere saka ut i frå det som kjem fram av saksframlegget og vedlegg til saka. Dersom kontrollutvalet kjem til at ein treng fleire opplysningar om saka, er det mogleg å undersøke dette nærare og be om dette til neste møte. Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet ber om ei orientering frå rådmann.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om ei orientering frå rådmann til møte 26.09.2024.

Fra: Kontrollutvalet[Kontrollutvalet@vlfk.no]
Sendt: 18.03.2024 10:55:02
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: Forespørsel om kontroll av sak 19/259 - søknad om kai med flytebrygge Tysnes
Kommune

For vidare oppfølging.

HH

Fra: Vestland fylkeskommune <post@vlfk.no>
Sendt: mandag 18. mars 2024 10:44
Til: Kontrollutvalet <Kontrollutvalet@vlfk.no>
Emne: VS: Forespørsel om kontroll av sak 19/259 - søknad om kai med flytebrygge Tysnes
Kommune

Fra: Linn Ida hjelmeland <linnida_h@hotmail.com>
Sendt: lørdag 16. mars 2024 23:56
Til: Vestland fylkeskommune <post@vlfk.no>
Emne: Forespørsel om kontroll av sak 19/259 - søknad om kai med flytebrygge Tysnes
Kommune

Det er ikkje ofte du får e-post frå linnida_h@hotmail.com. [Les meir om kvifor dette er viktig.](#)

Hei
Vedlagt Forespørsel om kontroll av sak 19/259 - søknad om kai med flytebrygge
Tysnes Kommune.

Mvh
Geir Vatne & Linn Ida Hjelmeland

Geir Vatne
Lundavegen 44
5690 Lundegrend

Tysnes 16.03.2024

Sekreteriat for Kontrollutvalet
Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Forespørsel om kontroll av sak 19/259 – søknad om kai med flytebrygge Gnr. 111, Bnr. 2 Tysnes Kommune.

Søknad om kai med flytebrygge for Gnr. 111, Bnr. 2 blei fyrste gong oversendt til Tysnes kommune den 07.07.2019. Saka blei fyrst handsame 19.05.2020 i utvalsmøte Landbruk/Teknisk i sak PS 23/20 og den 18.06.2020 i sak PS 39/20....Landbruk/Teknisk vedtok å ikkje gje dispensasjon. Tysnes kommune avviste søknaden den 23.09.2019 i sak DS 114/19. Statsforvalteren oppheva avvissingsvedtaket den 12.02.2020. Saka blei sendt tilbake til kommunen for handsaming. Tysnes kommune gjorde den 01.06.2021 vedtak om å godkjenne søknaden om kai, flyttebrygge og landgang. Kommunen innvilga dispensasjon frå byggjeforbodet. Dette vedtaket blei oppheva av Statsforvaltaren i vedtak datert 19.10.2021. Tysnes Kommune oversendte 3 klager til statsforvalter frå naboar på gnr. 111 bnr.1, 3, 26,33 og 34 over Tysnes Kommune sitt vedtak i sak PS 39/21. Vedtak vart påklaga i skriv dagsett 07.07.21, 01.07.21 og 29.06.21. Klagene vart handsama i møte den 31.08.21 der Utval for Landbruk/teknisk opprettheldt tidlegare vedtak i PS 39/21. I klage frå gnr. 111 bnr. 3 datert 29.06.21 har klager lagt vedt et kart frå fagetaten. Her har både utval for landbruk/teknisk og sakshandsamar(ar) videresendt klage til statsforvalter utan å kvalitetssikre det som blei sendt. Kartet som er vedlagt i klagen beskrives som «kart fra fagetaten».

Vi forespør med dette kontroll utvalget til å kontrollere denne saka og korleis det var mulig at denne saka kunne dra ut over meir enn 2 år samt korleis eit kart «godkjend av fagetaten» kunne bli sendt som vedlegg til klage der klagene attpåtil vart behandla i utval for teknisk/landbruk.

Mvh

Geir Vatne og Linn Ida Hjelmeland

Fra: Anne Kristi Alfstad[akalfstad@gmail.com]
Sendt: 10.04.2024 11:30:42
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: Fwd: Klage på kommunens saksbehandlingsrutiner

Hei Helge Inge!

Videresender 2 mailer som eg har motteke ang klagesak i neste møte.
Dersom du vurderer at dei er aktuelle som grunnlag for at vi skal kunne ta eit standpunkt ynskjer eg at alle i KU får dei.

Mvh Anne Kristi

Videresendt melding:

Fra: Linn Ida hjelmeland <linnida_h@hotmail.com>
Dato: 10. april 2024 kl. 09:00:05 CEST
Til: akalfstad@gmail.com
Kopi: Geir Vatne <geirvatne@hotmail.com>, Kjell Vatne <kjell.vatne@hotmail.no>
Emne: Klage på kommunens saksbehandlingsrutiner

Klage på kommunens saksbehandlingsrutiner.

Lundegrend 10. april 2024.

Kontrollutvalget ved leier Ann Kristi Alfstad.

Søknad om byggeløyve flytebrygge med tilkomst via gangvei ble innlevert 07/07 2019. Vågen er langgrunn og samme løsning har nabo benyttet på 111/10. Tysnes kommune har senere godkjent denne som en akseptabel løsning.

Avslaget på tiltaket ble begrunnet med uklare grenser i sjø og at tiltaket ikke var på egen tomt. Klage ble sendt Statsforvalter som ikke delte dette synet. De skriver, «det er ikke åpenbart at tiltaket er plassert utenfor tiltakshavers grenser.» Statsforvalter viser til at bygningsmyndighetene ikke skal bruke ressurser på å avklare privatrettslige spørsmål.

Det er dette standpunktet Tysnes kommune ikke har tatt inn over seg i den videre behandlingen av saken. All saksgang videre er med uklare grenser som utgangspunkt. Det er ved tegning av «skisse» tatt stilling til privatrettslige spørsmål. Krav om dispensasjon fra 4 meters regel §29 noe som ikke var nødvendig osv. Tegnet «skisse» som ble brakt inn i saken av kommune ansatt Charles Lunde eier av 111/3 uten at dette omhandlet hans bruk 111/3. Dette ble levert med klagen til Statsforvalter. Kartet var tegnet av Tysnes kommune uten dato og signatur og merket fra fagetaten. Tiltakshaver var ikke gjort kjent med at «skissen» eksisterte og var vedlagt klagesak, noe som er en saksbehandlingsfeil. Under befaring med ordfører Kleppe ble kartet fremlagt og han nektet for at kartet

var tegnet av fagetaten i Tysnes kommune. I etterkant er dette innrømmet av kommunen. Mail fra Tommy Rene Stordal bekrefter dette, og at det er innlevert av Charles Lunde. «Skissen» fraviker det offisielle kartet som er brukt og skal brukes i byggesak. Alle Grensepunkt for de berørte gr.nr. er elektronisk innmålt og kontrollert av tiltakshaver. Alt dette ifm. med jordskiftesak for 111/26. Kartet kaller kommunen en «skisse» da det fraviker det offisielle kartet som skal brukes i byggesaker. Hvem er oppdragsgiver for å få tegnet «skissen»? Kan det være rett at hovedbruket 111/2 er utestengt fra å bruke sitt eget naust? Kart er dokumentasjon på fakta og det er ikke mulig å ha to kart som er forskjellig.

Med dette som utgangspunkt har det medført mye frustrasjon og bruk av penger på advokat brev.

Her var det også brudd på forvaltningsloven § 11 a som stiller krav om svar dersom ikke saken kan besvares. Brev ble sendt 9. oktober av adv. Roald Helgesen til Tysnes kommune og besvart 21. desember, 10 uker etter med utallige purringer. Det har også vært feil i tilbakemeldinger og det siste avslaget fra Statsforvalter fikk vi ikke oversendt.

Dette viser at Tysnes kommune ikke har vært villig til å ta Statsforvalter sine avgjørelser på alvor.


Håper dette er nok opplysninger til utvalget for å ta opp saken. Er det spørsmål kan de rettes til Kjell Vatne mob. 90795541 eller Mail kjell.vatne@hotmail.no


Vedlegg:

«Skisse»

Kart vedlagt byggesøknad

Siste avslag fra Statsforvalter (som til informasjon aldri ble sendt til søker)







Charles Edward Lunde
Lundavegen 65
5690 Lundegrend

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sunniva Nybøe Førland, telefon 55 57 21 38

Tysnes kommune - gbnr. 111/2, Grimslund - klage på etablering av kai og flytebrygge

Vi viser til oversendinga av klagesaka frå Tysnes kommune den 03.09.2021.

Vedtak

Statsforvaltaren opphevar Tysnes kommune sitt vedtak datert 01.06.2021, sak PS 39/21.

Bakgrunn for saka

Geir Vatne har søkt om å etablere ein kai på 18,9 meters lengde og flytebrygge på 6 meters lengde, i tillegg til landgang på eigedomen gbnr. 111/2. Det er opplyst at han leiger eit belteareal på Vetla Godøy. Vi tolkar det slik at trongen for kai er grunngeve med moglegheita for å sjå til dyr og frakte ut utstyr i samband med drifta.

Kommunen avviste søknaden den 23.09.2019 i sak DS 114/19. Det rettslege grunnlaget for avvisinga var pbl. § 21-6. Vi oppheva avvisingsvedtaket i vårt vedtak den 12.02.2020.¹ Det var ikkje «åpenbart» at tiltakshavaren mangla private rettar for å realisere tiltaket jf. pbl. § 21-6. Saka blei sendt tilbake til kommunen for handsaming.

I vedtak av 18.06.2020 gav kommunen avslag på søknaden om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjeforbodet i strandsona etter pbl. § 1-8. I ettertid har tiltakshavaren kravt at saka blir teke opp til handsaming på nytt.²

Tysnes kommune gjorde den 01.06.2021 vedtak om å godkjenne søknaden om kai, flytebrygge og landgang. Kommunen innvilga dispensasjon frå byggjeforbodet i pbl. § 1-8 andre avsnitt og avstandsregelen i pbl. § 29-4 andre avsnitt.

¹ Sak 2019/22803.

² Jf. brev av 11.01.2021.



Det sistnemnde vedtaket er påklaga av eigarar til naboeigedomane, gbnr. 111/1– Astrid Vevatne, gbnr. 111/3 – Charles Edward Lunde og representantar for gbnr. 111/ 26, 33 og 34 – Merethe Jenny H. Nordnæs og Terje Nordnæs.

Charles Lunde³ meiner at grensene som tiltakshavaren har presentert er vesentleg ulik grensene i kartet frå fagetaten, som han elles påpeikar er usikre grenser. Han viser til saksutgreiinga til vedtaket av 19.05.2020: «*Slik fagetaten ser det så ligg mesteparten av omsøkt tiltak på naboeigedom ...*». Lunde har òg sitert korleis tinglyst utskiftingsforretning skildrar eigedomsgrensa til gbnr. 111/3. I klagen spør Lunde korleis det kan gjevast dispensasjon når tiltaket òg ligg på naboeigedom. Charles Lunde stiller vidare spørsmål til om han skulle fått moglegheit til å uttale seg før vedtaket blei gjort. Vi viser elles til klagen.

Bente og Charles Lunde sendte inn tilleggsmærknad til oss den 23.09.2021. Dei vidaresendte vedlegg nummer ein til handsaminga av saka i utvalet for landbruk og teknisk den 19.05.2020 – *kartskisser basert på stiftelsesdokument for grenser*.

I klagen frå Astrid Vevatne⁴ blir det kravd at tilflott til arealet og retten til opplagsplass med vidare for bruka 1,2,3 og 4 blir ivareteke. Etter hennar syn blir tilflotten svært avgrensa som følge av løyvet på gbnr. 111/2 og utvidinga av ei gamal steinbrygge i vika. Når det gjeld dispensasjonen frå avstandskravet, påpeikar ho at grensene i vika er uklare. Vi viser til klagen i sin heilskap.

I klagen frå Nordnæs⁵ blir det vist til at tiltaket er omfattande i den tronge og langgrunne vika. Dei skriv at det er fleire andre eigedomar som har interesser og rettar på land og i sjøen som tiltaket vil ha betydning for. Det blir peika på at dispensasjonen frå avstandskravet opnar for å leggje kai og flytebrygge heilt inntil nabogrenser og slik potensielt redusere tilflott for gbnr. 111/33 og 34. Dei klagar òg på at det ikkje er tydeleg kva eigedomar som gjer det naudsynt å dispensere frå avstandskravet. Etter deira vurdering er det ikkje rom for å gje dispensasjon frå avstandskravet. Dei meiner òg at det er ein sakshandsamingsfeil at naboar ikkje blei varsla om at saka blei teken opp att. Vi viser til klagen i sin heilskap.

Geir Vatne har fått moglegheit til å kommentere klagane. Vatne har ikkje sendt inn kommentarar.

Klagane blei handsama i utvalet for landbruk/teknisk i møte den 31.08.2021, sak PS 45/21. Klagen blei ikkje teken til følge og saka blei sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert myndigheit til å avgjere klagesaker etter plan- og bygningsloven, sjå pbl. § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09. Forvaltningslova (fvl.) gjeld for Statsforvaltaren si sakshandsaming jf. pbl. § 1-9 første ledd. Statsforvaltaren kan «*prøve alle sider av saken og herunder ta hensyn til nye omstendigheter*». Vi «*skal vurdere de synspunkter som klageren kommer med, og kan også ta opp forhold som ikke er berørt av ham*» jf. fvl. § 34 andre ledd.

Vi kan stadfeste kommunen sitt vedtak, gjere om vedtaket eller oppheve det og sende saka tilbake til kommunen for heilt eller delvis ny handsaming jf. fvl. § 34 fjerde ledd.

³ Klage datert 29.06.2021.

⁴ Datert 07.07.2021.

⁵ Datert 01.07.2021.



Planstatus

Eigedomen er i kommuneplanens arealdel⁶ sett av til LNF-føremål. Sjøarealet er sett av til arealføremålet fiske (kaste- og låssettingsområde).

Krav til avstand frå nabogrense

I plan- og bygningslova § 29-4 andre avsnitt er det vedteke ein regel om kor nærme byggverk kan plasserast naboen sin eigedom:

«Hvis ikke annet er bestemt i plan etter kapittel 11 eller 12, skal byggverk ha en avstand fra nabogrense som angitt i forskrift eller som minst svarer til byggverkets halve høyde og ikke under 4 meter».

Føresegnene i lova gjeld for kai og brygger «så langt de passer» jf. pbl. § 30-4. Vi legg til grunn at avstandsregelen i pbl. § 29-4 passar for tiltak i sjø, jf. rundskriv H-8/15 pkt. 2.2.

Dispensasjon

Følgjande vilkår i pbl. § 19-2 andre avsnitt må vere innfridd for at det kan dispenserast frå plan- og bygningslovgivinga:

«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene».

Saka må vere tilstrekkeleg opplyst

Før det blir gjort vedtak om å gje eller avslå ein dispensasjonssøknad må saka vere tilstrekkeleg opplyst jf. fvl. § 17. Saka må vere så godt opplyst at det er mogleg å avgjere om vilkåra for å gje dispensasjon er stetta.

Statsforvaltaren si vurdering

Krav til saka si opplysing

Vi har kome til at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst til å vurdere dispensasjon frå avstandskravet i pbl. § 29-4 andre avsnitt. Vi grunngjev konklusjonen slik:

Utgangspunktet er at eigedomar langs sjøen strekk seg ut til marbakken, eller til ei djupn på to meter viss det ikkje kan påvisast ein marbakke jf. Høgsterett sin dom i Rt. 2011 s. 556. Matrikkelen viser berre ei hjelpelinje i sjøen for gbnr. 111/33 og 111/26, noko som ikkje avklarar yttergrensene i sjø for desse eigedomane. Vi ser ikkje at det er opplyst kor langt ut i sjøen eigedomane gbnr. 111/33 og 111/26 strekk seg og deretter kva som blir avstanden mellom tiltaket og desse eigedomane.

Vidare er det opplysingar i saka som gjer det usikkert om tiltaket i sin heilskap er plassert på gbnr. 111/2 sin grunn. I administrasjonen si saksframstilling til vedtaket av 18.06.2020 i sak PS 39/20 vart følgjande vurdering gjort «Slik fagetaten ser det så ligg mesteparten av omsøkt tiltak på naboeigedom, jf vedlagt kart (vedlegg nr1.) som syner grenser i sjø etter tinglyst dokument (grenser er ikkje oppmålt)».⁷

⁶ Tysnes kommune, KPA 2010-2022.

⁷ Utvalet konkluderte ikkje på spørsmålet om dispensasjon frå avstandskravet, men gav avslag på søknad om dispensasjon frå LNF og byggeforbodet etter § 1-8.



Vi kan ikkje sjå at utvalet, som har gjort vedtaket, har teke stilling til kor lang avstand det er mellom tiltaket og naboegedomane gbnr. 111/33 og 111/26. Vi kan heller ikkje sjå at utvalet har teke stilling om tiltaket er plassert utanfor eigedomsgrensa til gbnr. 111/2.

Opplysingar om avstand til nabogrenser er vesentlege opplysingar i ei sak om dispensasjon frå avstandsregelen i pbl. § 29-4 andre avsnitt. Funksjonen til avstandskravet er å sikre tilstrekkeleg avstand mellom plasseringa på eige grunn og naboen sin eigedom. Det er dessutan eit premiss for avstandskravet i pbl. § 29-4 at tiltak skal plasserast på *eige grunn*. I ei vurdering om dispensasjon frå avstandskravet er det derfor òg ei vesentleg opplysing om tiltaket er plassert utanfor eige grunn.

Saka er ikkje tilstrekkeleg opplyst når det gjeld tiltaket si plassering i relasjon til gbnr. 111/33 og 111/26 sine yttergrenser i sjøen jf. fvL. § 17. Vi kan ikkje så bort frå at feilen har fått betydning for avgjerda om å gje dispensasjon. Vedtaket er derfor ugyldig jf. prinsippet i forvaltningslova § 41.

Vi sender saka tilbake til kommunen for nærare opplysing av om tiltaket er plassert innanfor eller utanfor tiltakshavaren sin eigedom. Viss tiltaket er plassert på eige grunn, må det opplystast kva avstanden til naboegedomane er. Kommunen skal legge til grunn dei eigedomsgrensene i sjøen som er mest sannsynlege.⁸ Det krevjast derfor ikkje at det er heilt avklart kor grensene går for at kommunen skal gjere vedtak. Kommunen har ikkje myndigheit til å avklare dei privatrettslege eigedomsforholda i vika med juridisk binande verknad.

Avstanden til gbnr. 111/3 og 111/34

Vi ser at det i noko større grad ligg føre opplysingar om grensene i sjø for gbnr. 111/3 og gbnr. 111/34. Vi viser til grenselinjene for gbnr. 111/3, presentert i Lunde sin klage, som skal vere henta frå jordskifteverket sitt kartarkiv etter utskifting på Grimsland i 1895. Når det gjeld gbnr. 111/34 viser matrikkelen ei samanhengande linje, noko som kan tilseie at yttergrensa i sjøen er avklart for denne eigedomen.

Det er ikkje naudsynt for utfallet av klagesaka å konkludere på om avstanden til gbnr. 111/3 og gbnr. 111/33 er forsvarleg opplyst i saka. Kommunen må uansett ved ei ny vurdering av saka vere tydelege på kva avstand dei legg til grunn det er mellom tiltaket og desse eigedomane.

Rettleiing

Sidan vi tidlegare har gjort vedtak i same sakskompleks, vil vi presisere forskjellen mellom den strenge norma for avvise ein søknad etter pbl. § 21-6 og opplysingar som er naudsynte ved ei realitetshandsaming.

Kommunen skal avvise ein søknad viss «*det fremstår som åpenbart*» at tiltakshavaren ikkje har naudsynte private rettar jf. pbl. § 21-6. I vårt vedtak av 14.02.2020 skreiv vi at kommunen ikkje kunne avvise søknaden fordi ytre grenselinjer i sjøen ikkje er fastsett. Kommunen kunne altså ikkje la vere å handsame søknaden fordi grensene var uklare. Usikkerheit om tiltaket er plassert på eige grunn gjev ikkje grunnlag til å avvise ein søknad etter pbl. § 21-6.

Når kommunen handsamar søknaden er det derimot naudsynt å opplyse om eigedomsgrensene i vika nærmare. Grunnen er at kommunen må ta stilling til om avstandskravet mot naboegedomar i pbl. § 29-4 andre avsnitt er stetta og viss det ikkje er setta - om det er heimel til å dispensere frå avstandskravet.

⁸ Sjå Sivilombødet si sak 2011-237.

**Oppsummering**

Klagane har ført fram. Vi opphevar kommunen sitt vedtak av 01.06.2021 og sender saka tilbake til kommunen.

Sidan opplysingar om tiltaket si plassering og avstandar er vesentlege for utfallet søknaden om dispensasjon frå avstandskravet, finn vi ikkje grunn til å ta stilling til andre klagegrunnar.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

De kan krevje dekning av vesentlege kostnader som har vore naudsynte for å endre kommunen sitt vedtak jf. fvl. § 36. Kravet må sendast hit innan tre veker etter at de har mottatt vårt vedtak. Eige arbeid med klagen dekkast normalt ikkje.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
fagdirektør

Karen Elin Bakke
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Geir Vatne	Lundavegen 44	5690	LUNDEGREND
Linn Ida Hjelmeland	Lundavegen 44	5690	Lundegrend
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL

Mottakerliste:

Terje Nordnæs	Nattlandsfjellet 164	5098	BERGEN
Charles Edward Lunde	Lundavegen 65	5690	Lundegrend
Astrid Vevatne	Malkenesvegen 14	5690	Lundegrend
Merethe Jenny H Nordnæs	Nattlandsfjellet 164	5098	Bergen

Fra: Anne Kristi Alfstad[akalfstad@gmail.com]
Sendt: 10.04.2024 11:30:45
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: Fwd: Til medlemmer av kontrollutvalget for dokumentasjonsstøtte

Og her kjem Mail nr 2!
Mvh Anne Kristi

Videresendt melding:

Fra: Linn Ida hjelmeland <linnida_h@hotmail.com>
Dato: 10. april 2024 kl. 09:11:17 CEST
Til: akalfstad@gmail.com
Kopi: Kjell Vatne <kjell.vatne@hotmail.no>, Geir Vatne <geirvatne@hotmail.com>
Emne: Til medlemmer av kontrollutvalget for dokumentasjonsstøtte

Hei

Dersom ønskelig kan dette videre sendes til medlemmene i kontrollutvalget for en innføring i saken med støttedokumentasjon.

Til medlemmer av kontrollutvalget.

Vi er klar over at saksbehandling og resultater av den ikke ligger inne under kontrollutvalget sitt mandat. Men velger å legge med dokumentet kalt «føljetongen» som underbygger vår frustrasjon. Dette er en god læring om hvordan saksbehandling i byggesak ikke skal være. Tysnes kommune har brukt tre ulike grunner på sine avslag. Det også et krav i bygningsloven om veiledningsplikt, som har vært totalt fraværende. Gjennomgang av føljetongen vil også dokumentere det som saken til kontrollutvalget handler om.

Etter denne saken startet har kommunen godkjent to flytebrygger for hytte eiere i samme vågen. Konsekvensen av avslaget er at tiltakshaver som er fastboende måtte avslutte med 60 beitedyr på Vetle Godøy uten at det skal ha innvirkning på utfallet av denne saken.

Vedlegg: føljetong.

Mvh

Kjell Vatne

Fortsettelse av føljetongen.

Laget som en huskeliste.

Ordfører i Tysnes Kommune.

Dette er en fortsettelse på føljetongen du fikk sist.




Figure 1: Tidsforløp gitt til ordfører Kleppe om sakens gang

til møtet 3 september. Laila Hope hadde utallige unnskyldninger i telefonen og ba Kjell Vatne ringe på nytt uke etter uke men fulgte aldri opp det hun lovet. Halve telefonsamtalen benyttet Hope til å fortelle om den store arbeidsmengden som avdelingen var utsatt for. Etter mange samtaler kom det frem at det manglet en grense mellom 111/1 og 111/2. Denne grensen viser på gamle utskiftingskart og har en avstand på 9 – 10 m fra kai.

Det var også søkt om tilbygg på redskapshus(garasje) + snekkerbod. Det kommer da frem i en telefonsamtale med kommunen at denne saken kan behandles på delegasjon. Siste brevet i søknaden mangler det ifølge Hope oversiktskart og disp. fra vegkontoret. Jeg hadde kontakt med en kvinnelig saksbehandler tidlig i august som skulle undersøke om disp. fra vegkontoret var nødvendig. Avtalen var at hun skulle ringe dersom dette var nødvendig. Redskapshuset har vært byggemeldt og alt ok med vei myndighet tidligere. Tilbygget er attpåtil på den siden av bygget som er lengst vekk fra veien. Plantegning for redskapshuset foreligger samt tilbygget så hvorfor nytt.

Vi føler denne saken har vært ekstremt dårlig fulgt opp fra kommunen sin side og stiller spørsmål ved de rutiner som foreligger i forbindelse med mottagelse av bygge søknader.

Figure 2: Tidsforløp gitt ordfører Kleppe om sakens gang

Jeg Kjell Vatne har i mange år brukt store deler av min fritid til å hjelpe min sønn Geir Vatne og hans samboer Linn Ida Hjelmeland med å utvikle og sette istand deres felles gårds eiendom på Grimsland. Da gården ble kjøpt i 2008 hadde jeg all kontakt med Tysnes Kommune og fikk mye hjelp fra landbrukskontor og til utbyggings tiltak. Dette var viktig når du kom til en ny kommune.

De har store planer om å kunne få til noe som gjør at de kan bli boende på Tysnes og videreutvikle det arbeidet de har startet.

De fleste bygninger er restaurert og det er søkt om tiltak for å få tilgang til sjø, da de har forsøkt å leie ut et hus og da er kai nødvendig.

De har langt på vei oppnådd målet om selvberging men mangler tilgang til sjø for å få dette til.

Det var når byggemelding for kai og tilbygg på redskapshus ble sendt inn problemene startet. Når det gjelder bygging av kai ble søknaden avvist på grunn av uklare grenser ut i sjø.

Klage på vedtaket ble sendt videre til Fylkesmannen som ga klager medhold og saken sendt tilbake til komunnen for videre behandling.

Fylkesmannen mente at det ikke var overveiende sannsynlig at grensene var uklare.

Saken skulle opp i teknisk nemnd og i den forbindelse ble tidligere leder Berge kontaktet som umiddelbart kom på befaring. Saken kom ikke opp etter nok en ifølge kommunen mangel på dispensasjon for §29 om 4 metersregel fra nabotomt.

I forbindelse med kommune valg ble nytt utvalg etablert.

Leder Øystein Dalland kom på befaring og viste stor optimisme og anbefalte befaring med utvalget.

Kommunen var opptatt av at bnr. 33 og 34 sine retter ut i sjø ble ivaretatt. Eier av disse tomtene skriver i svarbrev på nabovarsel at bnr.34 var slippdelen av nøstetomtene, men ingen ting om rettigheter utenfor bnr. 33 som i skyldelings papirer står eier frem til hovedbrukes steinkai som tomten har rett til å bruke.

Det står ingen ting om at tomten har rettigheter utenfor steinkaien noe eier også var inforstått med. Hvorfor kommunen ivrer å ivareta hytteeier sine rettigheter kan stilles spørsmål med.

[Eier av 111/3](#) Charles Lunde var enig med at rester av gammel kai ut fra hans nøst kunne brukes og han ville få fri bruk av kaien. Alle utgifter skulle betales av utbygger. Tomten var ifølge ham selv og tidligere eier av 111/2 en servitutt og ikke en grunn han eide. Dette mente kommunen han eide noe som medførte dispensasjon fra 4meters regel som ikke var nødvendig dersom dette var en servitutt.

Av uvisse grunner gikk han tilbake på alt som var avtalt og han ville ikke ha noen kai i vågen. Byggemelding som først ble sendt dokumenterer dette. I ettertid har han gått imot tiltaket om kai og har selv lang ut lunner som kommer langt inn foran hovedbrukets nøst. Vi har aldri sett de i bruk, men det er viktig de ligger der til irritasjon. Hans grenser er inntegnet i kart og utskiftnings

papirer fra 1896 viser at grensen går rett frem i forlengelsen av naustet slik snoren på bilde viser.



Figure 3 Bilde av viken der omsøkt tiltak skulle ligge

Møte med partene og teknisk nemnd.

Ø. D. mente at det ikke var lett for partene som var mot tiltaket å hevde det samme med utvalget og partene tilstede. Spørsmålet ble aldri stilt av Ø.D på befaringen, men jeg spurte uten å få svar og ingen oppfølging av Ø.D.

Under befaringen ble ikke det omsøkte tiltaket omsnakt overhode, Ø. D. la ut et nytt forslag med kaien ut mellom bnr. 33 og 34. Forslaget ble tegnet samme dag og sendt Ø.D. Han tegnet det om og det ble sendt til eier av 111/33 og 111/34 med følgende rettigheter.

De skulle fritt få bruke innsiden av kaien og få gangrett frem til 111/33 og 111/34 som i dag ikke har veirett.

De måtte selvfølgelig ha lang frist for å svare og svaret ble nei.

Hva om svaret hadde blitt ja, måtte prosessen starte på nytt med nabovarsler, dispensasjon for nabogrense, byggetegninger osv.?

Hvor fikk nemnda mandat til endre planer?

Kort tid etter sendte 111/26 en byggemelding på en 8m lang kai i en vik de hadde beskrevet som for liten til en kai for hovedbruket.

Det stilles også spørsmål med svaret fra nemnd om å bygge videre på en kai som ikke er byggemeldt og beskrevet «som noe rusk» eiet av en hyttenabo og deler er bygget utenfor grensen. Det er underskrevet et dokument som viser enighet om hvor grensen mellom 111/1 og 111/2 går.



Figure 4 Epost fra Øystein Dalland juni 2020

Avslaget ble begrunnet med bygging i 100m belte og LNF område. Dette var vel kommunen innforstått med da byggemelding ble levert, men måtte vel ha et annet argument da det ble avslått med uklare grenser av fylkesmannen.

Under saken ble det sendt regning, purring og inkassokrav til tross for at jeg har melding fra Ø.D. om dette ikke var riktig. (Omtvistet beløp kan ikke inndrives, uten rettslig inkasso). I tillegg var det en av de som var imot tiltaket som var avsender fra kommunen (konen til Charles Lunde). Jeg stiller også spørsmål ved hvordan Charles Lunde som arbeider i Tysnes kommune kan uttale at han vet alt om saken. Der er vel regler om taushetsplikt som skal hindre dette.

Skulle det ikke være lettere å begrunne en kai til et gårdsbruk i et LNF område eller om kaien bare var til fritids formål?

Geir og Linn Ida har måtte avslå forespørsel om å beite Vetle Godøy med villsau på grunn av mangel på kai. Dette ville også bedret kulturlandskapet som de fleste vil beholde. I tillegg har Geir avstått fra flere jobber hvor bruk av båt er nødvendig.

Slik er det i LNF område.



Figure 5 LNF området....

Båtene 5 stk. tilhører hytte eiere mens eier av store deler av vågen ikke har mulighet å bruke nøstet som tilhører bruket.

Utdrag fra svar fra fylkesmannen.



Figure 6 Utdrag fra svar fra Fylkesmannen

De har vært med på budrunde på andre bruk og fortsetter å se etter en annen plass å starte på nytt og heller bruke eiendommen til fritidsbolig.

Det er mulig at skattebetalere er ikke noe kommunen prioriterer.

Er denne tilbakemeldingen representativ for kommunens holdninger?




Figure 7: Epost fra Laila Hope - manglar ved søknad

Utsnitt fra tilbakemelding 04•09•2019.

Var inntegnet på kart ,men kartet er mer en 6 måneder på grunn av sen behandling av kommunen.

Dette er et tilbygg på eksisterende bygg (redskapshus) som er byggemeldt og søkt om dispensasjon for byggegrense mot vei.

Tilbygget er på siden lengst fra veien, så hvorfor ny søknad?

Reagerer også på meldingen det kan komme flere spørsmål etter 7 måneder.

Avslag 23. september 2019.

Kommunen mente at det var åpenbart at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter og aviste søknaden.

Klage ble sendt Fylkesmannen hvor tiltakshaver fikk medhold.

Det var ikke åpenbart at tiltakshaver ikke hadde de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter.

Var det her saken begynte på nytt? Ble det for vanskelig å innrømme feil.

Det viktigste var å finne argument for å hindre godkjenning av byggemelding. Det måtte søkes dispensasjon fra 4m regel fra nabogrense til tross for at nabogrense var mer enn 4 meter.

Det ble i møte med ordfører nevnt, men han var positiv og mente at dette aldri var tilfelle, de ville helt klart ta det som læring.

Det var tilfelle, de ville helt klart ta det som læring.

Søknaden kan ikkje handsamast før grenselinjer ut i sjø er fastsatt eller at naboeigedommar/ brukarar er samd om bruk av område, jf plan og bygningslov § 21-6. *Privatrettslige forhold:*

§ 21-6. Privatrettslige forhold

*Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Dersom det fremstår som **åpenbart** for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, **skal** søknaden avvises.*

For å få ei betre forståing av søknaden og at det er fleire nabomerknader til omsøkt tiltak frå grunneigarar, var byggesak, Tysnes Kommune den 27.06.19 på synfaring i området. Ved vidare gjennomgang av søknad, finn ein at grenser ut i sjø ikkje er fastsatt. Søknad om tiltak er derfor ikkje realitetshandsama. Det er her ikkje teke stilling til søknaden.

Det visast vidare til plan og bygningslov § 21-2. Søknad om tillatelse:

§ 21-2 Søknad om tillatelse

Søknad om tillatelse skal være skriftlig og undertegnet av tiltakshaver og søker. Søknaden skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen skal kunne gi tillatelse til tiltaket.

Og til SAK 10 -Kapittel 5 *Søknad og dokumentasjon:*

§ 5-4. Opplysninger som skal gis ved søknad om tillatelse til tiltak

En byggesøknad skal gi de opplysninger som er nødvendige for at kommunen skal kunne behandle søknaden.

Kommunen har ansvar for behandlingen av søknader og kan be om flere opplysninger eller

Svar på brev 21. desember fra SD.

Beiting på Vetle Godøy ble tatt opp på befaring med Teknisk nemd og alle grunneiere tilstede 18. juni 2020. Det ble tatt opp av KV og i samband med at GV hadde mye arbeid i øyene og flere prosjekt han måtte si fra seg. Han ventet på en avklaring på byggemelding slik at han kunne svare på forespørsel om beiting. At vi var på et gårdsbruk som ble drevet fikk vel de fleste med seg.

Hva med kommunens plikter til veiledning i byggesaker. Er det utbygger som skal finne alle løsninger eller har bygnings myndighetene et ansvar om å rettlede. § 6-1

Det er også beskrevet i sakspapirer sendt til ordfører Kleppe i forkant av 2. møte der Kjell Vatne og Linn Ida Hjelmeland var tilstede. Kleppe ønsket vi tok kontakt med advokat som hadde orientert om LNF/100 metersbeltet/gårdsbruk.

Kopi av Mail fra Linn Ida Hjelmeland til utvalgsleder Øystein Dalland 20.juni



Figure 8 Kopi av epost med tilleggsargument for kai

Brevet fra Advokat Roald Helgesen levert 9. oktober og besvart 21. desember etter 10 uker med utallige purringer fra K V. Ingen tilbakemelding om at saken var mottatt og når vi kunne forvente svar.

Er dette etter forvaltningslovens bestemmelser?

Kontakt med Landbrukskontor 2 dager før møte 1. desember som ikke fikk tid til saksbehandling, men har kommet med positiv tilbakemelding

Brevet ikke tatt med på sakskart utvalgs møte 1. desember tross for lovnader fra SD om dette. Ble ettersendt uten kommentarer fra fra SD etter purring fra KV. Bilde under er fra sak 74/2020 ulovlig flyte kai for Erik Fjeldtvedt 111/10

Er kommunen grunneier siden spørsmålet stilles?

17:37 tor. 24. des. 37%

tysnes.kommune.no

Møte i UTVAL FOR LANDBRUK/TEKNISK den 01.12.2020 www.tysnes.kommune.no/ato/esaoff/document/sknad-om-dispensasjon-...

SAKSPROTOKOLL

HANDSAMING I UTVAL FOR LANDBRUK/TEKNISK 01.12.2020:

Etter drøfting av saka, la Øystein fram forslag om utsetting av saka til neste utvalsmøte. Utvalslrar ber om at administrasjonen kjem med ei saksutgreiing/gjennomgang i saka til neste møte mht mellom anna spørsmål om mellombels dispensasjon, jf § 19 i PBL, og spørsmål til om kommunen kan krevje jordskifterett for påvising av usikre eigedomsgrensar ut i sjø i vika på Grimslund.

VEDTAK I UTVAL FOR LANDBRUK/TEKNISK 01.12.2020:

Saka vert utsett. Vedtaket var samrøystes.

7.2 Spreidd bustad-, fritidsbustad - og næringsfremål mv.

- 7.2.1 Føremålet er landbruks-, natur-, og friluftsområde der spreidd utbygging er tillate. Heimel: PBL §§ 11-7 nr.5 pkt b.
- 7.2.2 Det skal utarbeidast detaljert utomhusplan før tiltak etter Pbl § 20-1 første ledd kan setjast i verk. Planen skal syne tomtedeling, plassering og hovudform på bygningar, veg- og parkeringsløysingar, materialbruk, høgder på terreng og bygg, vegetasjon/grøntareal og leidningsstrasar. Profilar og illustrasjonar skal syne volum og bygningsform, samt tilpassing til terreng og omgjevnad. Heimel: PBL § 11-1 nr. 2.
- 7.2.3 Eksisterande utbygde bustadeigedomar skal ha status som LNF-spreidd der tilbygg, påbygg, ombyggingar, og oppføring av garasjar og boder er tillate utan krav om reguleringsplan eller dispensasjonar, dersom vilkår i paragraf 7.2.4 er oppfylt. Desse eigedomane er ikkje avmerkt i plankart.
- 7.2.4 På eigedom som er bebygd med bustadhus kan det i LNF-område for spreidd bustadbygging etter enkeltvis søknad gjevast løyve til mindre tiltak (jf. PBL 2008 §§ 20-2 bokstav a og 20-3) i tunet. Mindre tiltak er tilbygg, påbygg, frittståande uthus/garasje og mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet. Område lenger vekk enn 25 meter frå bustadhuset er ikkje å rekne som del av tunet. Heimel: PBL § 11-11 nr. 2.
- 7.2.5 Ved plassering av nye tiltak skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre allmenne interesser. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne eller forstyrar heilskapen i verdifulle kulturlandskap. Heimel: PBL §§ 11-9 nr. 6 og nr. 7.
- 7.2.6 Det skal ikkje utførast tiltak etter Pbl § 20-1 første ledd som kjem i konflikt med område der det er registrert naturtypar eller truga/sårbare artar. Dette gjeld også for vegtilkomst. Heimel: PBL § 11-9 nr. 6.
- 7.2.7 Det skal ikkje utførast tiltak etter Pbl § 20-1 første ledd på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogsområde av høg bonitet. Dette gjeld også for vegtilkomst. Heimel: PBL § 11-11 nr.2.
- 7.2.8 Frådelingar eller byggeløyve må ikkje føre til auka trafikk gjennom gardstun. Heimel:

Figure 9: Punkt 7.2.4

Pkt.7.2.4. Gjelder ikke dette LNF område og ikke 100 meter strandsone?



Figure 10: Epost fra ØD med forslag om felles kai med Fjeldtvedt

Forslaget om felles kai ut fra Erik Fjeldtvedt,

111/10 en kai kommunen i sak 74/2020 innstiller på skal fjernes og ikke godkjennes, og utvalget utsatte behandlingen av.

Endelig avslag til Fjeldtvedt ble gitt i møte 26. januar 2021.

111/10 er i sin tid utskilt fra hoved bruk 111/1 og ikke hoved bruket 111/2 der det omsøkt tiltaket ligger.

Hvordan er det mulig å behandle en byggesøknad uten kai inntegnet på kart og ikke levert søknad om disp. fra nabogrense?

111/10 er i sin tid utskilt fra hoved bruk 111/1 og ikke hoved bruket 111/2 der det omsøkt tiltaket ligger.

Hvordan er det mulig å behandle en byggesøknad uten kai inntegnet på kart og ikke levert søknad om disp. fra nabogrense?

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Dispensasjon:

Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova vert det ikkje gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 11-6, vedteke arealbruk og § 1-8, byggjeforbodet i 100 metersbeltet langs sjøen, til utlegging av flytebrygge og utbetring/fasadeendring av eksisterande steinkai av del delen som kjem lengre ut en eksisterande steinkai på gnr.111 bnr.10

Med heimel i § 19-2 i plan- og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 11-6, vedteke arealbruk og § 1-8, byggjeforbodet i 100 metersbeltet langs sjøen, til utbetring /fasadeendring av eksisterande steinkai av den delen som ikkje går lengre ut i sjø enn eksisterande steinkai.

Hvordan lage noe felles med alle innspill dere har mottatt og dette skal også omfatte flytting av dyr og transport av tilleggs foring.'

Søknaden er ikke for å lage marina, men at hoved bruk 111/2 for tilganga til sjø.

Hvordan lage noe felles med alle innspill dere har mottatt og dette skal også omfatte flytting av dyr og transport av tilleggs foring.'

Søknaden er ikke for å lage marina, men at hoved bruk 111/2 for tilgang til sjø.

Søknaden har vært under behandling i 22 måneder og omfattet også redskap hus som ble godkjent langt over fristen på 12 uker, men det ble likevel sendt regning som ble betalt.

Foreldelses fristen for dette er 3 år. Dette er noe vi valgte å se bort fra men tiden er ikke utløpt.

redskap hus som ble godkjent langt over fristen på 12 uker, men det ble likevel sendt regning som ble betalt. Foreldelses fristen for dette er 3 år. Dette er noe vi valgte å se bort fra men tiden er ikke utløpt.

3 Tolvukersfristen etter § 21-7 første ledd

Ved lovendringen i 2003 ble det innført tidsfrister i byggesaksbehandlingen. Ifølge 1985-loven § 95 nr. 1 skulle saken behandles og avgjøres snarest mulig og senest innen 12 uker – se Ot.prp. nr. 112 (2001–02) s. 18 flg. og s. 126. Overskridelse av fristen fikk som konsekvens at kommunen måtte tilbakebetale byggesaksgebyret eller en del av det. Ordningen er videreført i § 21-7 – se Ot.prp. nr. 45 (2007–2008) s. 323. Lovbestemmelsene suppleres av byggesaksforskriftens kapittel 7.

Ifølge § 21-7 første ledd gjelder en frist på 12 uker for å avgjøre søknad om tillatelse til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2. Det følger av § 21-4 første ledd at 12-ukersfristen gjelder ved siden av fremdriftsplikten etter fvl § 11 a. Bygningsmyndighetene skal ta standpunkt til søknaden snarest mulig og senest innen 12 uker fra bygningsmyndighetene har mottatt en fullstendig søknad.

Her et et vedtak fra Landbruk/ teknisk som ikke er sendt Geir og Linn Ida

Vedr - Sak 19/259 - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR LØYVE TIL ETABLERING AV KAI OG FLYTEBRYGGJE GNR. 111 BNR. 2-GRIMSLAND- GEIR VATNE

I samband med at det er mottatte skriv til saka frå Advokat Roald Helgesen, vart saka lagt fram til drøfting under ymse i utvalsmøte den 01.12.2020.

Frå administrasjonen:

Skrivet frå advokat kan ikkje reknast som ein klage, men det er naturleg at det vert lagt fram for utvalet med sikte på å drøfte premissa i skrivet og eventuelt få ei vurdering av dette eksternt dersom det skulle vera ønskjeleg. Skrivet frå advokat tar heller ikkje opp andre problemstillingar som er relevante for handsaming av saka.

Dersom utvalet meiner at saka slik den er framstilt frå advokat ikkje vil endra utfallet av den endelege saka bør ein også vera varsam med å rå til at søkjar fremjar saka på nytt med dei kostnader som føl av ei slik sak.

Til søknad om utlegging av flytebrygge og oppføring av kai:

Kommentarar til skriv frå advokat:

Frå 7.1.1 i føresegn til kommuneplan:

-Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan først opp i 100-metersbeltet mot sjø dersom bygning/anlegg blir lokalisert til eksisterande tunskipnad.

Det står her mot sjø, ikkje i sjø...

Tunskipnad-

7.2.4 i føresegn til kommuneplan:

Område lenger vekk enn 25 meter frå bustadhuset er ikkje å rekne som del av tunet. Heimel:

PBL § 11-11 nr. 2.

-Ved plassering av skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre allmenne interesser. Heimel: PBL §§ 1-8 og 11-11 nr. 4.

I rettleiar Landbruk +, T-1443:2005 side 7,8,9.

Fagetaten er av den oppfatning at omsøkt tiltak krev dispensasjon frå PBL § 1- 8.

Uansett om det er tiltak innanfor landbruk, så må det søkjast om dispensasjon frå § 1-8.

Visar elles til saksutgreiing og tidlegare handsaming av søknaden.
I sist saksutgreiing står det på slutten:

Slik fagetaten ser det så ligg mesteparten av omsøkt tiltak på naboegedom, jf vedlagt kart (vedlegg nr 1.) som syner grenser i sjø etter tinglyst dokument (grenser er ikkje oppmålt). Det er ikkje teke stilling til privatrettslege forhold. Bygningsmynde skal ikkje bruke betydelige ressurser på å avklare privatrettslege spørsmål.

Utval Landbruk/Teknisk syns at tiltak er landbruksformål, men at det ikkje er innanfor *tunskipnad*. Utvalet visar til tidligare vedtak og til alle i vika sitt behov. Dersom tiltakshavar ønskjer å sende inn søknad på ny, må det innhentast uttale frå Bjørnefjorden Landbrukskontor Frå vedtak 18.06.2020:

Landbruk/Teknisk er positiv til at tiltakshavar skal kunna få tilkomst til sjø. Etter synfaring og forsøk på omforeint forslag/tiltak, ser ein imidlertid på det slik at ein i ei slik trang vik, med så mange rettar og impliserte, må søkja finne eit omforeint forslag som ivaretar fleire sine behov.

VEDTAK I UTVAL FOR LANDBRUK/TEKNISK 01.12.2020:

Storebotn, den 6.oktober 2020

**VEDR.GNR.111 BNR.2 I TYSNES – ETABLERING AV KAI OG FLYTEBRYGGE
- KRAV OM GJENOPPTAKELSE**

Tysnes kommune fattet 18.06.2020 slikt vedtak:

«Med heimel i §19-2 i plan- og bygningslova vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen i kommuneplanen, §11-6 i plan og bygningslova og dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8 «Forbod mot tiltak mv.langs sjø og vassdrag », til bygging av kai og utlegging av flytekai på gnr.111 bnr.2.»

Undertegnede er kontaktet av Geir Vatne i anledning ovennevnte vedtak.

Sakens faktum er at Geir Vatne som eier av Gbr.111/2 driver i dag aktiv landbruk med sauehold og storfe.

Som ledd i utvikling av gårdsdriften har han fått tillatelse til beite på Godøy. En avtale som vil innebærer et gunstig løft for gårdsdriften samtidig som kulturlandskapet på Godøy blir stelt og holdt i hevd.

Jeg vedlegger kopi av avtale mellom Geir Vatne og Kjersti og Gro Godøy.

Med denne bakgrunn vil Vatne foreta investeringer knyttet til kai og flytebrygge for å sikre transport av dyrene på en dyrevelferdsmessig god måte.

Det er derfor med forbauselse en i kommunens vedtak registrerer at søknaden er avslått med det grunnlag at det ikke innvilges dispensasjon fra kommuneplanens LNF område.

Dette oppfatter en klart og være en uriktig avgjørelse under henvisning til at tiltaket som ble omsøkt klart er innenfor LNF formålet.

I Plan- og Bygningsloven §1-8 fjerde ledd gjelder det generelle forbudet IKKE når det i kommuneplanens arealdel er gitt tillatelse til tiltak som blant annet skal tjene landbruket.

Slik tillatelse er gitt i «Føresegnene til kommuneplanen» Pkt.7.1.1 og pkt.7.1.2.:

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE PBL § 11-7 nr. 5

7.1 Landbruks-, natur – og friluftsområde (LNF)

7.1.1 Føremålet er landbruks-, natur-, og friluftsområde der tiltak i samband med stadbunden næring er tillate. Stadbunden næring vert definert som i rettleiar Landbruk +, T-1443:2005. Heimel: PBL § 11-7 nr.5 pkt a.

7.1.2 Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan først opp i 100-metersbeltet mot sjø dersom bygning/anlegg blir lokalisert til eksisterande tunskipnad. Naudsynte tiltak i landbruket vert definert som i rettleiar Landbruk +, T-1443:2005.

Område for stadbunden næring skal ikkje delast frå hovudbruket. Ved plassering av skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre allmenne interesser. Heimel: PBL §§ 1-8 og 11-11 nr. 4.

Det må fremstå som åpenbart at det omsøkte tiltaket er i samsvar med stadbunden næring og følgelig i samsvar med LNF formålet. Konsekvensen av dette er at Tysnes kommune sitt vedtak av 18.06.20 er ugyldig, og en krever at saken gjenopptas til fornyet behandling.

En krever også og bli holdt orientert om den videre saksgang.

VEDR. GNR.111 BNR.2 I TYSNES KOMMUNE - KRAV OM GJENOPPTAKING AV SAK

Det vert vist til skriv frå Dykk dagsett 9. oktober d.å.

I skrivet ber De om at sak om etablering av kai og flytebyggje vert teke opp at til ny handsaming grunna feil handsaming i utval for landbruk og teknisk sitt møte 16. juni.

Saka er ikkje handsama som klage då alminneleg klagefrist er gått ut, jf. forvaltningsloven (fvl.) § 28, men er vurdert etter reglar for omgjerung av vedtak, jf. fvl. § 35. Reglar om omgjerung av vedtak tjener både som rettsgrunnlag for ei eventuell omgjerung, men også som ei avgrensing på forvaltninga sitt høge til å gjera om eit vedtak. Etter forvaltningslova ligg det ikkje noko generell plikt til å handsama ein søknad om omgjerung, det følgjer heller ikkje ei slik plikt gjennom plan og bygningsloven.

I dykkar skriv tolkar me Dykk slik at De ber om omgjerung av vedtaket då det meiner at vedtaket som er gjort i saka er ugyldig, jf. fvl. § 35, 1. ledd, litra c.

I vedtaket så er det vist til at det ikkje vert gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i arealdelen i kommuneplanen og heller ikkje dispensasjon frå plan og bygningsloven sine føresegner om forbod mot tiltak i strandsona, jf. pbl. § 1-8. I høve til LNF føremålet er me samd i at det kan stillast spørsmål ved om det i det heile er trong for dispensasjon til dette tiltaket, i den grad vedtak om avslag berre kviler på denne vurderinga meiner me at det kunne vore grunn til å ta vedtaket opp til omgjerung. Når det er sagt så baserer det seg i stor mon på den tilleggsinformasjonen De har lagt fram om beiterett. Det er likevel ikkje tilstrekkeleg grunnlag for omgjerung av vedtak då dispensasjon også er avslått etter pbl. § 1-8.

Når det gjeld vurdering av dispensasjon etter pbl. § 1-8 viser De til 4. ledd:

Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har

Når det gjeld vurdering av dispensasjon etter pbl. § 1-8 viser De til 4. ledd:

Forbudet etter andre ledd gjelder ikke der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt oppføring av nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag som skal tjene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr.

De viser vidare til Føresegnene til kommuneplanen pkt. 7.1.1. og pkt 7.1.2, i samsvar med ovannemnde så er det i første rekkje strandsonevernet som er det kritiske punktet i denne saka og pkt. 7.1.2 er såleis det vesentlege vurderingsgrunnlaget:

Naudsynte bygningar og anlegg knytt til landbruksverksemd kan først opp i 100-metersbeltet mot sjø dersom bygning/anlegg blir lokalisert til eksisterande tunskipnad. Naudsynte tiltak i landbruket vert definert som i rettleiar Landbruk+, T-1443:2005. Område for stadbunden næring skal ikkje delast frå hovudbruket. Ved plassering av skal det særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap og andre almenne interesser. Heimel: PBL §§ 1-8 og 11-11 nr. 4.

I den aktuelle føresegna er det eit vilkår at «...bygning/anlegg blir lokalisert til eksisterande tunskipnad.» Pkt. 7.2.4 i Føresegnene til kommuneplanen gjev ei nærare avklaring av kva som vert meint med områdene tunskipnad:

Områder lenger vekk enn 25 meter frå bustadhuset er ikkje å rekne som del av tunet.

tunskipnad.» Pkt. 1.2.4 i Føresegnene til kommuneplanen gjev ei nærare avklaring av kva som vert meint med områenet tunskipnad.

*Områder lenger vekk enn 25 meter frå bustadhuset er ikkje å rekne som del av tunet.
Heimel: PBL § 11-11 nr. 2.*

Det omsøkte tiltaket fell såleis ikkje inn under fritak for dispensasjonssøknad etter pbl. § 1-8, 4. ledd då tiltaket ikkje etter kommuneplanen sin definisjon ligg inn under same tunskipnad.

Når det gjeld dispensasjon etter plan og bygningslova § 19-2 er dispensasjon aldri pårekeleg, men skal vera grunngeven frå søkjar med dei særskilte tilhøva som ligg til grunn for søknad om dispensasjon i den aktuelle saka. Me ser at det i denne saka er gjort ei ny grunngeving av dispensasjonssøknaden der det no er tilgong til beiteareal på Vetle Godøy som er det vesentlege punktet.

Me har på føresepurnad fått ei slik vurdering frå landbrukskontoret per e-post av 30. november:

Vi kan stadfeste at han driv med sau og noko storfe, og at han har fått leige nytt beiteareal på Godøy. Dette vil vere eit godt tilskot på areal som gjer det mogeleg for han å auke opp dyretalet. Han er sjølv sagt avhengig av å få til ei praktisk og god løysing slik at han kan få frakta både dyr og tilleggsfôr ut på øya på ein sikker måte.

Landbrukskontoret har ikkje vore på staden, så vi kan ikkje utale oss om kva som er naudsynt av tiltak for å få dette til, men vi meiner at dersom det er nødvendig med noko tilrettelegging ved sjøen på eigedomen kan dette reknast for å vere i tråd med LNF-føremålet.

Det kan neppe vera tvil om at søknad om dispensasjon samla sett er betre grunngeve med den tillegginformasjonen som er kome inn og såleis vil kunne takast opp til vurdering gjennom ein ny søknad.

Me kan ikkje sjå at det er grunnlag for omgjerung av vedtak i samsvar med forvaltningsloven § 35 då me ikkje kan sjå at det aktuelle vedtaket er ugyldig.

Side: 2

Det kan fremjast ein ny søknad om dispensjon ut frå at grunngeving for dispensasjonssøknaden no gjev ein vesentleg tydelegare kopling til landbruksføremålet. Me må likevel peike på at utval for landbruk og teknisk har gjeve uttrykk for at dei meiner at vika er trong og at det først og framst vil vera ønskjeleg å prioritera søknad om felles anlegg mellom fleire strandsitjarar i vika. Utvalet hadde skrivet Dykkar til drøfting i sitt møte 1. desember d.å. utan at det vart gjeve noko klar føring i saka.

Med helsing
Tysnes kommune

Brev ikke besvart pr. 10. februar 2021.

11:35 ons. 10. feb. 80%

Ferdig Vatne Geir . Tysnes kommune 11.01.2021.doc

MEDELEM AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING -

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL

Org.nr.979108443

E-Mail: helgesen@jussnett.no
Storebotn, den 11.januar 2021

www.jussnett.no

**VEDR. GNR.111 BNR.2 I TYSNES – ETABLERING AV KAI OG FLYTEBRYGGE
– KLAGE PÅ KRAV OM GJENOPPTAKELSE**

Det vises til rådmannens brev datert 21.12.2020. I nevnte brev er undertegnede ført opp med navn og uten adresse. Brevet er ikke mottatt av undertegnede men oversendt fra Kjell Vatne 28.12.20 som har mottatt dette pr. mail. En stiller seg undrende til dette.

I rådmannens brev blir det gitt avslag på gjenopptak av saken etter Tysnes kommunes vedtak av 18.06.20, men nå med en annen begrunnelse enn den som var gitt i avslaget av 23.09.19.

Ferdig

Vatne Geir . Tysnes kommune 11.01.2021.doc



Avslaget 18.06.20 er gitt med hjemmel i Pbl.bestemmelser og da under henvisning til 100 meters belte til sjø. Det er ikke gjort henvisning til kommuneplanens bestemmelser.

Dette mener en er en saksbehandlingsfeil som må medføre at saken må gjenopptas.

Det vises til mitt brev av 09.10.2020 hvor nettopp kommuneplanens bestemmelser er anført som grunnlag for gjenoptakelse.

Fra denne side er en av den oppfatning at Deres henvisning nå til Kommuneplanens pkt.7.2.4 ikke er en riktig tolkning av bestemmelsen. En oppfatter at dette står i motstrid til bestemmelsens pkt.7.1.1. og pkt.7.1.2. og tiltaket som er omsøkt kan ikke sees er nevnt i rettleier Landbruk+,t-1443.

En søknad som gjelder etablering av kai for dyrevelferdsmessig transport av sau for stell av et kulturlandskap på en øy på 500 da, kan selvsagt ikke oppfattes dithen at kaien må ligge nærmere tunet enn 25 meter for og kunne etableres uten dispensasjon. Denne forståelse fremstår som urimelig.

Under alle omstendigheter er et eventuelt dispensasjonsspørsmål behandlet utilstrekkelig. Det må fremstå som åpenbart at det omsøkte tiltaket er klart mer positivt enn det til ulempe.

I rådmannens brev av 21.12.20 blir det også anført at erklæringen om beitet på Vette Godøy var nye opplysninger. Dette medfører ikke riktighet da utvalgsmedlemmene på



I rådmannens brev av 21.12.20 blir det også anført at erklæringen om beitet på Vetle Godøy var nye opplysninger. Dette medfører ikke riktighet da utvalgsmedlemmene på befaring ble orientert om dette.


Dersom Tysnes kommune fastholder at kravet om gjenopptakelse skal avvises krever en at saken oversendes Fylkesmannen for klagebehandling.

En anfører også subsidiært at det under alle omstendigheter må gis oppreisning for oversittelse av klagefrist. Begrunnelsen for dette er at Vatne først i samtale med undertegnede ble oppmerksom på de anførte forhold.

Med vennlig hilsen

Roald Helgesen
Advokat

Mail til Rådmannskontoret 19 januar 2021 ikke besvart.



Som du ser har ikke kommunen tatt inn over seg fylkesmannens avgjørelse, om uklare grenser men skriver dette i mange tilfeller.

Det er også merkelig at det er tre forskjellige årsaker til avslag.

Mvh.

Kjell Vatne

I brev 11.02.21 fra Rådmann til adv. Helgesen sto det at utvalget L/T skulle ta stilling til saken.



Uttale fra Bjørnefjorden Landbrukskontor.





Saken var nevnt under ymse på møte i L/T 09. 03. 21 men kom ikke opp. Opplysninger fra Landbrukskontoret var at uttale måtte inn i god tid før møte 09.03.21 men ble ikke brukt.

Tok kontakt med Steinar Dalland 11.03.21 som opplyste at saken ikke var opp på utvalgsmøte 09.03.21 hvor saken lå under ymse.

Han fortalte at saken var sendt for en stund siden til Statsforvalteren.

Tok kontakt med Synnøve Førland og Nicolas Rodrigues som bekreftet at saken ikke var sendt.

Telefon kontakt med SD som trodde saken var sendt. Var irritert på henvendelsen ingen beklagelse om feilen som var opplyst.

SMS 19 mars til SD:

Hei


Er det mulig du kan fortelle hva som er tilfelle med saken på Grimslund? Er det som det står brev til adv. at det er L/T som skal avgjøre om de er villige til å ta saken opp igjen og når, eller skal den til uttale hos Statsforvalteren som du sa sist? Venter svar omgående. Ha en god helg 😊😊
Kjell

Fire telefon purringer.

Tilbakemelding etter fire dager 23.03.21.

Eg avventer tilbakemelding når sakshandsamar er tilbake og gir deg en tilbakemelding då, ventelig torsdag.

Er dette noe som bør skrives om, slik at det stemmer med kommunens holdninger?



Meldinger fra ØD 21 april

Det var midt i middagen... 😊 Me fekk informasjon om at saka var sendt til uttale hos Statsforvaltaren. Lure på om ho sa at den var komen tilbake også. Huska ikkje heilt... Dokumentet du spurde om var med i saka. 😊👍

Ble det gjort noe vedtak i saken? 😞

Neida, kun info om status. "Gjenopptakingskommisjonen" har sagt ja, og eg vil tru at den kjem opp på møte neste gang. 😊

Melding til SD 21.april

Hei.

Du snakket på høytaler sist vi snakket sammen. Vi var tre voksne personer som hørte du lovde svar med som du sa (med to streker under) i møte 20.april. Men saken ble fremlagt som en orientering???

Fristen du la inn til Statsforvalter var 26. april så du var sikkert klar over at dette ikke var tilfelle. Atter en gang skuffet og nok et punkt i oppsummeringen. 😞😞😞



SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

SØKNAD OM DISPENSASJON FOR LØYVE TIL ETABLERING AV KAI OG FLYTEBRYGGJE GNR. 111 BNR. 2

Sakshandsamar: Erik Andreas Kyvig

Arkivsak : 19/259 -
Arkivkode: GBR
111/2

Vedlegg: Skriv frå Statsforvaltaren i Vestland 19.10.21
Klager frå naboar
Tidlegare handsamingar

SAKSUTGREIING:

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr. 111/0002

Adresse: Lundavegen 44, 5690 Lundegrend

Tiltakshavar: Geir Vatne

Tiltak: Kai 18,9 meters lengde og 1,5 meters bredde. Flytebrygge 6 meters lengde og 2 meters bredde og landgang 3 meters lengde.

Saka gjeld

Statsforvaltaren har i vedtak datert 19.10.2021, vedteke å oppheve Tysnes kommune sitt vedtak om dispensasjon til oppføring av kai og utlegging av flytebrygge. Kommunen skal såleis vurdere søknaden på nytt.

Klage på vedtak fra 111/3

Er det mulig at fagetaten i kommunen tegner om grense kart for kommunens ansatte? Se figur 12 under kart tegnet av kommunen og sendt til Statsforvalter. Merk at dette kartet (figur 12) ikke er en del av saksdokumentasjonen og aldri oversendt til søker. Søker er heller aldri informert om at kart er oversendt til statsforvalter. Dette for å tilpasse klage på vedtak utført av samme kommune.

Til opplysning er kartet det stilles spørsmål ved utlevert av samme kommune.




Figure 11 Kart levert med klage fra Charles eier av 111/3





Figure 12: Kart tegnet av kommunen og sendt til Statsforvalter og som ikke er tilgjengelig i dokumentasjonspakken



Telefon med ordfører Kleppe 20/10 varighet 1time 11min

Figure 13: Opprinnelig kart innlevert med søknad

Telefon med ordfører Kleppe 20/10 varighet 1time 11min.

Det var her tydelig at Kleppe ikke hadde lest avslaget fra Statsforvalteren

Og måtte gå tilbake på sine påstander. Han mente det var avslag på vedtak i Landbruks/teknisk om dispensasjon men det var avslag på klage fra 111/1,3,33 og 34.

[Eier av 33](#) bestrider ikke i svar på nabovarsel at 111/2 eier steinkai og 33 har bare rett til å bruke hovedbrukes steinkai. De skriver at det er 34 som skal gi tilkomst til sjø (utslippsdelen) Det er kommunen som kommer med et kart som antyder at 33 eier utenfor hovedbrukes steinkai. Dette er privat rettslig forhold som kommunen ikke skal ta stilling til. Kommunen har helt fra byggemelding var innlevert antydnet at foretaket ikke er plassert på egen eiendom.

Han likte heller ikke at jeg antydnet om hvordan kartet fra « fagetaten» kom fra. Slik dette fremstår har ikke 111/2 noen rettigheter foran sitt naust. Bruksnummer er i stigende rekkefølge etter når tid salget var og 111/2 eide hele vågen i 1895 når dette kartet ble tegnet. Er det ikke krav om at kartet som leveres er mindre enn 6 måned gammelt ?

111/3 sin rett ut i sjø slik den er tegnet er ikke bestridet og teksten fra utskifting viser dette. Det som er bestridet er om 111/3 eier eller bare har en rett ut i sjøen.

Dette har alltid vært opplyst av tidligere eier av 111/2 og naboer. Charles Lunde beskriver en rett også i sitt første svar på nabovarsel og har tidligere bekreftet at dette var tilfelle. Naustet er

vedlikeholdt og bruken er ikke avhengig av eier/bruksrett men er dette en servitutt kan det ikke påberopes 4meters krav til nabo eiendom ut i sjø. Retten ut i sjø kan ikke blokkeres og det omsøkte tiltaket er ikke til hinder. Avstanden til denne retten er over 4meter der landgangen til flytebrygge er tilkoblet og øker utover.

Mail fra Kleppe. Han antyder feil i saksbehandling.



Dokumentasjon på at det er Charles Lunde som har levert kart.



★ **TS** **Tommy-René Stordal** i går
Til: Kjell Vatne >

SV: Spørsmål om hvilke kart som er gjeldene.

Hei!

Viser til korrespondanse kring sak 19/259. Kartskissa som 111/3 leverte er ei skisse utarbeidd for å synleggjera korleis grensene fortset ut i sjø. De står fritt til å rekvirera klarlegging av eksisterande grenser dersom de er ueinige i tolkinga frå kart og oppmåling. Utover dette visar me til Statsforvaltaren si avgjerd i saka.

Saka er med dette avslutta for vår del.

Med venleg helsing
Tommy-René Stordal
Fung. Rådmann

Tlf. [907 54 142](tel:90754142)
tomsto@tysnes.kommune.no

 Tysnes Kommune
Lørdagsvegen 30



Saksframlegg

Saksnr: 2023/479-4
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	15/24	15.05.2024

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av desse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Tysnes kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har i møte 23.11.23, sak PS 33/23, gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Asbjørn Myklestad
Formannskapet	Lars Heine Kåsa
Tenesteutvalet	Lorentz Lunde
Utval for landbruk og teknisk	Tor Magnus Hauge

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. Kommuneleven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang.

- Kommunestyret 07.05.2024
- Formannskapet 18.04.2024
- Tenesteutvalet
- Utval for landbruk og teknisk

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/478-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Tysnes kommune, Kontrollutvalet	16/24	15.05.2024

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader


Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Fra: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Sendt: 06.05.2024 13:36:41
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: Nytt fra FKT april 2024

Fra: Forum for kontroll og tilsyn <fkt@fkt.no>
Sendt: tirsdag 9. april 2024 09:56
Til: Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>
Emne: Nytt fra FKT april 2024



Ny veileder

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (NKRF) har samarbeidet om å utarbeide en veileder for risiko- og vesentlighetsvurdering, plan for forvaltningsrevisjon og plan eierskapskontroll.



Veiviser for å hindre data-angrep og digitale hendelser

KS har en pågående kampanje om informasjonssikkerhet og personvern for ansatte i kommuner og fylkeskommuner. Målet med prosjektet er å utløse en «refleks» hos ansatte som gjør at sikkerhet er noe som faller helt naturlig i den digitaliserte hverdagen.

Kampanjen består av ti temaer



Høyeste antall klager til Sivilombudet noen gang

Det fremgår av årsmeldingen at hele 30 % av alle klagen til Sivilombudet dreier seg om mangel på svar fra forvaltningen eller at det tar for lang tid å få en avgjørelse. Antallet slike klager har økt de siste årene. Det har også vært en økning i klager som gjelder utlendingssaker, offentlighet og innsyn.

Årsmeldingen



Anskaffelser topp tre blant kommunale risiko-områder

To undersøkelser i regi av foreningen NKRF – kontroll og revisjon i kommunene forteller om stor oppmerksomhet om anskaffelser i kommunale kontrollutvalg og blant de enhetene som står for revisjon i kommune-Norge.

Undersøkelsene



Register for statssekretærer og politiske rådgjevarar sine verv og økonomiske interesser

– Openheit om verv og økonomiske interesser er ein heilt sentral verdi i eit demokratisk samfunn. Med dette registeret følgjer vi opp tilrådinga frå Europarådets antikorrupsjonsorgan og legg betre til rette for at innbyggjarane kan ha tillit til politikarane, seier kommunal- og distriktsminister Erling Sande.

Registeret



De viktige planutvalgene

Landets planutvalg har en avgjørende rolle i å forvalte kommunenes planer i møte med private reguleringsplaner. For å støtte opp om dette viktige arbeidet har Våre steder, på vegne av KS, utarbeidet fire filmer som grunnlag for refleksjon i planutvalgene.

[Filmene](#)

Hold deg faglig oppdatert med FKT



Husk å melde deg på FKTs fagkonferanse 4. - 5. juni.

[Påmelding](#)



Copyright © 2024 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?
Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)

